**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

**Utvalg:** **Formannskapet**
**Møtestad:** **Voldsfjorden, Volda rådhus**
**Dato:** **10.05.2016**
**Tid:** **12:00**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.

Jørgen Amdam
ordførar

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 83/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 84/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 85/16 | **Vedtak av Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016-2028** |
| PS 86/16 | **Deltaking i prosjekt "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse"** |
| PS 87/16 | **Planid. 2014004 - Detaljreguleringsplan Urbakkfoten - Plan til offentleg ettersyn pbl § 12-10** |
| PS 88/16 | **Nasjonal transportplan 2018-2029 - Innspel til Statens vegvesen sitt handlingsprogram** |
| PS 89/16 | **Årsmelding 2015 - Volda kommune** |
| PS 90/16 | **Rekneskap 2015** |
| PS 91/16 | **Gjennomføring av energitiltak i energispareprosjektet (EPC)** |
| PS 92/16 | **Orienteringssaker** |
| OS 76/16 | **Kommunereform** |
| OS 77/16 | **Rv. 651 Volda ferjekai - Dispensasjon frå reguleringsplan** |
| OS 78/16 | **Vedkomande søknader om økonomisk støtte** |
| OS 79/16 | **Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen** |

PS 83/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 84/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Regine Solberg Aklestad | Arkivsak nr.: | 2015/632 |
| | | Arkivkode: | 141 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 85/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |
| | Kommunestyret | 26.05.2016 |

**VEDTAK AV KOMMUNEPLAN FOR VOLDA SAMFUNNSDELEN 2016–2028**

**Administrasjonen si tilråding:**
**I medhald av plan- og bygningslova §11-15 vedtek Volda kommunestyre Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 (datert 2.5.2016).**

**Vedleggsliste:**
1. Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028. Dato: 2.5.2016
2. Innspel til Kommuneplan for Volda – Samfunnsdelen

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
15. mars 2016 gjorde Formannskapet vedtak om å sende framlegg til Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 ut til høyring og offentleg ettersyn. Planen har vore ute til høyring i seks veker.

Innspela har vore diskutert i prosjektgruppa for kommuneplanarbeidet. Oversikt over innkomne innspel med kommentarar frå administrasjonen ligg som vedlegg 2 i saka.

Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 erstattar den tidlegare samfunnsdelen som vart vedteken i 1997.

**Saksopplysningar:**
I Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 vart det vedteken at rullering av samfunnsdelen skulle ha høg prioritet denne perioden. Planprogrammet for samfunnsdelen vart

vedteken av Volda kommunestyre 27. august 2015. Hausten 2015 og vinteren 2016 har det vore gjennomført ein rekke medverknadsprosjekt, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen.

*Justeringar i planen*
15. mars 2016 gjorde Formannskapet vedtak om å sende framlegg til Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 ut til høyring og offentleg ettersyn. Planen har vore ute til offentleg ettersyn i seks veker, og det kom 19 innspel til planen. Innspela har vore diskutert i prosjektgruppa for kommuneplanarbeidet. Nokre av innspela har ført til justeringar i planen, mellom andre:

- Det er lagt til eit nytt kapittel 2.2 om kommuneplanen sin handlingsdel og arealdel
- Det er lagt til informasjon om kommunereforma og Sunne kommuner i kapittel 2.3 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar
- Kapittel om hovudtema og overordna prinsipp er noko omskreve og flytta til kapittel 4 Mål og strategiar
- Nokre strategiformuleringar er spissa og omformulert.
- Nokre føringar for vidare arbeid med arealdelen er omformulert, og det er lagt til nokre nye føringar.
- Det er lagt til noko meir informasjon i kapittel 3 Utviklingstrekk, og i innleiingstekstane til hovudtema.

Ei fullstendig oversikt over innkomne innspel med kommentarar ligg som vedlegg til saka. Nokre innspel vil også bli teke med i vidare arbeid med handlingsdel og arealdel.

*Om planen*
Kapittel 3 i høyringsutkastet inneheld bakgrunn for arbeidet, inkludert beskriving av planprosessen og medverknad. Folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema i kommuneplanen.

Kapittel 4 inneheld utviklingstrekk, tal og statistikkar for Volda kommune.

Kapittel 5 inneheld ei kort skildring av situasjonen i Volda innanfor dei åtte hovudtema, og definerer mål og strategiar for planperioden. Kapittelet inneheld også føringar for vidare arbeid med arealdelen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fungere som kommunens overordna styringsverkty. Måla og strategiane som vert vedtekne i samfunnsdelen skal vere førande for kommunens prioritering av ressursar.

Om handlingsdelen til kommuneplanen
Kommunen skal, i følgje plan- og bygningslova §11-1 "*ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel*".

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen, sjå figur under. Handlingsdelen skal samordnast med kommunen sin økonomiplan, og kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere eit viktig grunnlagsdokument i vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.




**Vurdering og konklusjon:**

Høyringsutkastet er justert i nytt planframlegg, slik det kjem fram av vedlegg 2.

I medhald av plan- og bygningslova §11-15 vert framlegg til Kommuneplan for Volda Samfunnsdelen 2016–2028 (datert 2.5.2016), tilrådd godkjent. Det ligg omfattande medverknadsprosessar til grunn for det produktet som vert lagt fram.

Godkjent planprogram vil verte sendt ut til offentlege mynde og høyringsinstansar, og vere tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for planen. Både "Folkehelse" og "Klima og miljø" inngår i planen som eige tema.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fungere som kommunens overordna styringsverkty. Måla og strategiane som vert vedteken i samfunnsdelen skal vere førande for kommunens prioritering av ressursar.

Forslaget til mål og strategiar er eit resultat av ein samla prosess der det også er gitt politiske føringar. Plandokumentet viser ambisiøse og gode intensjonar i heile kommunen. Den økonomiske målsettinga om at kommunen skal ha eit driftsresultat på 1,75 % av inntektene er i samsvar med tilrådinga frå Teknisk beregningsutvalg for kommunal økonomi. Måltalet er vurdert ut frå behovet for å kunne ha ein sunn økonomi. For inntektsnivået i 2016 vil dette utgjere ca 12 millionar kroner for Volda kommune. Kommunestyret kan påverke dette ved å skaffe seg høgare inntekter og/eller redusere i driftsutgiftene. Det ligg i dei ibuande forventingane både til innbyggjarane og frå staten at kommunen skal levere gode tenester. Det er derfor viktig å sjå dei framtidige tenestene i høve til kvalitetsindikatorar som seier nok om utviklinga i tenestene, og korleis tenestene i Volda kommune er i høve til samanliknbare kommunar. Inntektssystemet legg opp til at kommunane skal drive effektivt og tek ikkje omsyn til om kommunar vel å drive dyrare enn statleg normert nivå. Som følgje av endringar i infrastruktur og demografi mv så er Volda kommune etter staten sin modell for utgiftsbehov snart på gjennomsnittet. Rådmannen finn det rett å gjere kommunestyret merksam på at det kan liggje prioriteringskonflikter mellom kravet til sunn økonomi/økonomisk handlingsrom og målsetting om tenesteyting og tenestestruktur når ein kombinerer dette med  det høge gjeldsnivået. Dette er problemstillingar som ein må kome attende til i samband med handsaming av handlingsprogram/økonomiplan og komande budsjett.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
"Samfunnstryggleik" inngår i planen som eige tema.

**Naturmangfaldlova:**
Planen inneheld føringar arealdelen, og har m.a. som mål å arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Regine S. Aklestad<br>planleggar |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

# KOMMUNEPLAN FOR VOLDA

## SAMFUNNSDELEN 2016–2028

Dato: 2. mai 2016
Vedteken av Volda kommunestyre x.x.xxxx

# FORORD VED ORDFØRAREN

Utarbeiding av kommuneplanar er eit viktig og utfordrande arbeid. Alle skal med i prosessen og alle interesser skal bli høyrd. I Volda starta arbeidet med denne planen i god tid før valet i 2015 og med omfattande medverkingsprosessar, der spesielt Ungdomsrådet har gjort ein framifrå innsats. Det er ungdomen vi spesielt arbeider for når tidsperspektivet er både 10 og 20 år. Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for planen. Korleis kan vi utvikle samfunnet vårt slik at vi skaper betre livssituasjon for alle? Dette er noko som krev aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og sivilt samfunn.

Samstundes med kommuneplanprosessen har Volda forhandla med Ørsta om kommunesamanslåing. Både kommuneplanen og arbeidet med intensjonsavtalar fører til prioritering og fokusering for å møte utfordringar og moglegheiter i framtida. La meg peike på nokre sentrale punkt i intensjonsavtalen med Ørsta og som også er førande for denne kommuneplanen:

- Visjonen er å bygge eit tydeleg regionsenter med større samla attraktivitet og avanserte tenester for heile regionen.
- Ivareta og utvikle arbeidsplassar.
- Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.
- Nynorsk er del av ein felles identitet.
- Volda-Ørsta kommune skal vere attraktiv for busetjing av familiar og unge.
- Vidareutvikling av tenestetilbod skal bygge på eksisterande struktur for skular, sjukeheimar og helse.

Kommuneplanlegging er prosessar for sams viljedanning og maktbygging. Om det er brei semje om mål og strategiar og desse er tydeleg prioritert, gir det grunnlag for samarbeid for handling og samfunnsutvikling. Kommuneplanen vil vere ei aktiv rettesnor for utvikling av samfunnet vårt lokalt, kommunalt og også regionalt. Kommuneplanen gir perspektiv og viser aktuelle mål og strategiar både for private og offentlege interesser. Dette er Volda kommune som samfunn sin plan!

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/økonomiplan. Nærleiken mellom sentrale delar av Ørsta og Volda og der hovuddelen av innbyggarane i dag bur, gir viktige utfordringar for sams arealplanlegging for å kunne bruke og verne sentrale ressursar. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi klare signal til den meir detaljerte utviklinga av samfunnet vårt så vel som til kommunen som organisasjon.

Volda 29.2.2016

Jørgen Amdam
Ordførar

# 1 INNHALD


| | | |
|---|---|---|
| | Forord ved ordføraren | s. 2 |
| 1 | INNHALD | s. 3 |
| 2 | BAKGRUNN | s. 4 |
| 2.1 | Om kommuneplanen og kommuneplanen sin samfunnsdel | s. 4 |
| 2.2 | Om kommuneplanen sin handlings-del og arealdel | s. 4 |
| 2.3 | Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar | s. 5 |
| 2.4 | Prosess og medverknad | s. 6 |
| 2.5 | Visjon for prosessen | s. 6 |
| 3 | UTVIKLINGSTREKK | s. 7 |
| 3.1 | Om Volda | s. 7 |
| 4 | MÅL OG STRATEGIAR | s. 10 |
| 4.1 | Hovudtema og overordna prinsipp | s. 10 |
| 4.2 | Folkehelse som overordna og førande prinsipp | s. 10 |
| 4.3 | Attraktivitet (folk, næring, trivsel) | s. 12 |
| 4.4 | Busetting | s. 14 |
| 4.5 | Volda i regionen | s. 16 |
| 4.6 | Volda sentrum | s. 18 |
| 4.7 | Folkehelse | s. 20 |
| 4.8 | Klima og miljø | s. 22 |
| 4.9 | Tenester | s. 24 |
| 4.10 | Samfunnstryggleik | s. 26 |
| 5 | KJELDER | s. 28 |

*Kulturlandskap, Årset. Foto: Regine S. Aklestad.*

# 2 BAKGRUNN

## 2.1 Om kommuneplanen og kommuneplanen sin samfunnsdel

**Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:**
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig."

**Om kommuneplanen sin samfunnsdel i plan- og bygningslova, § 11-2 og 11-3:**
"Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen."

## 2.2 Om kommuneplanen sin handlingsdel og arealdel

**Handlingsdelen**
Om handlingsdelen i plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-3: "Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig."
"Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur under. Handlingsdelen skal vise kva kommunen ynskjer å gjennomføre dei neste fire åra.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere eit viktig grunnlagsdokument i vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.




*Handlingsdelen si rolle i kommuneplanen.*

**Arealdelen**
Om arealdelen i plan- og bygningslova, §11-5:
"Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk."

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi grunnlaget for prioriteringar i arealdelen.

## 2.3 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar

I planprogrammet for samfunnsdelen er det gjort greie for sentrale nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar til planarbeidet.

Nokre viktige føringar:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013–2016
- Regional planstrategi og regionale delplanar
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015
- Kommunedelplanar og fagplanar

**Kommunereform**
Stortinget ynskjer å gjennomføre ein kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Hausten 2014 vart alle kommunane i Noreg invitert til å starte prosessar for å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med grannekommunar. Kommunane skal fatte vedtak om dette innan 1. juli 2016. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein større gjennomføringsprosess.

SUNNE KOMMUNER
WHOs NORSKE NETTVERK

**Sunne kommuner**
Volda kommune er medlem av Sunne kommuner – WHOs norske nettverk. Sunne kommuner arbeidar lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Som medlem av Sunne kommuner har Volda formulert fylgjande hovudmål og retningsliner for kommunen:

Hovudmål:
Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

Retningsliner:

- Stimulere til helsefremjande tenking innan all offentleg og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
- Skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
- Utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
- I samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekst- og nærmiljø.
- Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
- Fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
- Skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
- Fastsetje administrative rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen.

## 2.4 Prosess og medverknad

Det har vore gjennomført fleire ulike medverknadsprosjekt knytt til kommuneplanarbeidet, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen.

Rådmannen sin leiargruppe har, saman med sine sektorar, diskutert utfordringar, mål og strategiar. Det har vore arrangert eige temamøte knytt til bestemte utfordringar, og kommuneplanen har vore tema på fleire plangruppemøte. Framlegg til mål og strategiar er samla i eit dokument "innspel frå administrasjonen til kommuneplanen sin samfunnsdel".

"Tenketanken" som vart etablert i samband med kommunereformprosessen har også vore nytta i kommuneplanarbeidet. Tenketanken består av representantar frå ungdomsrådet, eldrerådet, kommunalt råd for funksjonshemma, grendelaga, Volda Næringsforum, frivillig sektor, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Volda og Volda sjukehus. Det har vore to møter med Tenketanken, og innspela er samla i dokumentet "Innspel frå Tenketanken til kommuneplanen sin samfunnsdel".

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema på alle møta i ungdomsrådet hausten 2015. På det fyrste møtet fekk representantane utdelt eit oppgåvehefte knytt til kommuneplanen. Oppgåvehefta vart nytta til å samle innspel frå elevar på skulene i Volda. Innspela vart deretter presentert og diskutert på møta i ungdomsrådet. Ungdomsrådet har laga eit eige hefte "Melding frå dei unge. Innspel frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016–2028".

Sommaren og hausten 2015 vart alle leike- og aktivitetsområda i Volda kartlagt. Barn og unge vart invitert til å vere med på kartlegginga. Barna sine teikningar, ynskjer og tilbakemeldingar er samla i rapporten "Kartlegging av leike- og aktivitetsområde for born og unge".

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore tema på møte i kommunestyret, driftsstyret, forvaltningsstyret, eldrerådet og kommunalt råd for funksjonshemma (FUNK). 25. februar 2016 hadde kommunestyret eit heildags-arbeidsmøte med kommuneplanen som tema.

I prosjektet "Folk i gata" vart det lagt vekt på å aktivt oppsøke folk, for å samle innspel til kommuneplanen. Eit oppgåvehefte med spørsmål henta frå planprogrammet vart delt ut til folk i gata, på kafear, på ferga, på høgskulen og andre stader i Volda. Hefta vart også lagt ut på kommunen sin heimeside. Volda pensjonistlag hadde kommuneplanen som tema på eit av sine møte, og elevar frå Volda læringssenter brukte to skuletimar på å diskutere og svare på spørsmål.

Innsamla innspel og meir informasjon om medverknadsprosessane er tilgjengeleg på Volda kommune sine heimesider (www.volda.kommune/plan).

Informasjon om kommuneplanprosessen har også vore publisert på heimesida til kommunen, på Volda kommune sin facebookside og i lokalavisene Møre og Møre Nytt.

## 2.5 Visjon for prosessen

Visjonen "Volda for alle" har vore nytta i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, og fleire av medverknadsprosessane har starta med ein diskusjon om kva som ligg i denne visjonen. Ein visjon kan vere samlande, peike retning, skape energi og gje noko å strekke seg mot. Visjonen "Volda for alle" seier noko om at alle skal føle seg inkludert i Volda, uavhengig til dømes alder, bakgrunn eller ressursar. Visjonen har også fungert som eit mål for medverknadsprosessen; alle skal ha moglegheit til å delta og kunne seie meininga si.

*Ungdomsrådet i Volda.*

# 3 UTVIKLINGSTREKK

I forkant av kommuneplanarbeidet vart det laga eit "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015." Dokumentet inneheld ein gjennomgang av samfunnsutviklinga i Volda, og peikar på utfordringar for kommunen i planperioden. Utfordringsnotatet har fungert som eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med samfunnsdelen. Dokumentet er tilgjengeleg på Volda kommune sine heimesider. Dette kapittelet inneheld eit utdrag tal og statistikkar frå dokumentet.

## 3.1 Om Volda

**Folketal**[1]
1. januar 2016 hadde Volda kommune 9037 innbyggarar. I 2000 var det 8322 innbyggarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige jamt framover. Det er først og framst innvandring frå utlandet som sikrar ei positiv folketalsutvikling. I 2028 spår SSB at det vil vere 1281 fleire innbyggarar i Volda, det vil seie i alt 10 318 innbyggarar.

I forhold til i 2016 vil det i 2028 vere:
+ 207 i barnehagealder
+ 98 i barneskulealder
+ 19 i ungdomsskulen
- 4 i alderen 16–19 år
+ 535 i alderen 20–66 år
+ 264 i alderen 67–79 år
+ 181 i alderen 80–89 år
- 19 eldre enn 90 år

Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Mange av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB.

**Innbyggarar i arbeidsfør alder**[2]
Innbyggarar i arbeidsfør alder (20–66 år) per innbyggarar 80 år og eldre:




Figuren viser ein reduksjon i forholdstallet mellom dei to aldersgruppane; frå 11,2 i 2015 til 7,3 i 2040. Det betyr at det vert færre innbyggarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggar 80 år og over.

**Kjønnsfordeling**[3]
Kvinner per 100 menn, 20–39 år, 2004–2014:




**Flyttemønster**[4]
71,6 % av innbyggarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst. I bygdene går folketalet jamt nedover.
Frå 2006 til 2016 har folketalet:
- i Volda kommune auka med 715 personar.
- i tettstaden Volda auka med 885 personar.
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 170 personar.

**Nettoflytting**[5]
Møre og Romsdal har innanlandsk flyttetap i aldersgruppa 20–29 år (sjå blå strek i figuren under).
Nettoflytting Møre og Romsdal, innanlands, utanlandsk og samla, etter alder 2004–2014:




**Pendling**[6]

| | |
|---|---|
| 4397 | arbeidstakarar er busett i Volda |
| 2714 | arbeidstakarar arbeider og er busett i Volda |
| 1683 | arbeidstakarar pendlar ut frå Volda |
| 1604 | arbeidstakarar pendlar inn til Volda |
| 4318 | arbeidstakarar er sysselsett i Volda |

Hovudstraumen av pendlarar går mellom Volda og Ørsta. 798 personar pendlar frå Volda til Ørsta. 945 personar pendlar frå Ørsta til Volda.

Personar som pendlar inn til Volda har først og fremst arbeid i offentleg forvaltning og anna tenesteyting. Dei som pendlar ut arbeidar hovudsakeleg i industrien.

**Næringsstruktur, offentleg og privat sektor**[7]




**Næringsstruktur**[8]
Sysselsette med arbeidsstad i Volda:




**Nyetableringar**[9]
I 2014 hadde Volda kommune 7 nyetableringar per 1000 innbyggar. Det er det same som snittet for Møre og Romsdal.

**Arbeidsplassdekning og arbeidsløyse**[10]
Arbeidsplassdekning: 98,2 % (2014).

Det har det siste året vore ei auke i arbeidsløysa i Noreg. Arbeidsløysa heng saman med låge oljeprisar og nedgang i oljeinvesteringane. Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles, men aukande arbeidsløyse i fylket har konsekvensar for Volda som del av ein bu- og arbeidsregion.

**Barnehage og skule**[11]
Det er sju kommunale og seks private barnehagar i Volda kommune, med til saman 491 barnehageborn. I tillegg er det ein open barnehage i kommunen.

Volda kommune har 8 grunnskular med omlag 1100 elevar. Fire av skulane er reine barneskular, tre er kombinerte og ein er rein ungdomsskule. I tillegg er det ein privat barneskule. Kommunen har sju skulefritidstilbod. Det er omlag 250 born i SFO-tiltaka. I tillegg driv Volda TI Fotball ei fotballfritidsordning for born i 1.–7. klasse. Volda kulturskule har om lag 340 elevar.

**Volda læringssenter**
Volda læringssenter er eit pedagogisk læringssenter som mellom andre tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunnskunnskap for vaksne flyktningar, innvandrarar og asylsøkjarar og introduksjonsordning for flyktningar og innvandrarar.

**Høgskulen i Volda**[12]
Høgskulen i Volda er den største høgskulen i fylket, og har fleire studentar og tilsette enn høgskulane i Molda og Ålesund. Høgskulen i Volda har også høgast grad av vitskapeleg produksjon i fylket.

**Andre skuletilbod i kommunen**[13]
Volda vidaregåande skule har omtrent 540 elevar og 75 pedagogisk tilsette.

Globalskolen tilbyr nettbasert fjernundervisning til norske barn busett i utlandet. Skulen har meir enn 1600 elevar, busett i 102 forskjellige land. Skulen har hovudkontor i Volda.

**Folkehelse**[14]
Fråfall i vidaregåande skule er lågarere enn landsnivået. Andel med vidaregåande eller høgare

*…ete frå eit fiskeoppdrett i Voldsfjorden. Foto: Roger Følsvik.*

utdanning er høgare enn landsnivået. 5 % av ungdomsskuleelevane i Volda oppgir at dei vert mobba på skulen, 7 % svarar det same på landsbasis. 97 % av ungdomsskuleelevane i Volda seier dei trivst på skulen, 94 % seier det same på landsbasis. 82 % av ungdomsskuleelevane i Volda seier dei er nøgd med lokalmiljøet sitt, medan 69 % seier det same på landsbasis.

17–18 % av 3. klassingane og 21–23 % av 8. klassingane i Volda kommune har utvikla overvekt/fedme. Dette er fleire enn gjennomsnittet i Noreg. Det er aukande bruk av legemiddel knytt til psykisk helse og livsstilssjukdommar. Prosentdel unge jenter som slit med psykisk helse har auka frå 25 % til 34 % på ti år, medan den har vore stabil på 13 % for gutane i same periode.

1 % av ungdommen i Volda røyker dagleg. 4 % av elevane i 1. klasse på vidaregåande skule snusar dagleg. Unge jenter som snusar er ei aukande gruppe.

Befolkningsframskivingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere:

- Ei stadig veksande gruppe med friske eldre.
- Sjukdomsbiletet vert meir prega av kronisk og samansette helseproblem og demens.
- Utfordringar og større press på mellom andre helse- og omsorgstenester.
- Fleire eldre utan pårørande i nærmiljøet kan gi eit større press på innlegging i sjukeheim.

**Pleie- og omsorgstenester**[15]
Det har dei siste åra vore ei auke av brukarar under 67 år som mottek pleie- og omsorgstenester. Tal for Møre og Romsdal:

| | 2009 | 2014 | Auke |
|---|---|---|---|
| > 67 år | 4796 | 5756 | 20 % |
| < 67 år | 10215 | 10087 | -1 % |

**Bustadar**[16]
(2014)
3056 einebustadar
312 tomannsbustadar
544 rekkehus, kjedehus og andre småhus
163 bustadblokkar
556 bygningar for bufellesskap
104 andre bygningstypar
4735 totalt

**Areal**[17]
548 km$^2$
Høgaste fjell: Eidskyrkja, 1482,5 m.o.h.

**Kommunikasjon og samferdsel**[18]
145 km kommunale vegar
Ca. 100 km vegar med fast dekke
Ca. 45 km grusvegar
4 km gang- og sykkelvegar
58 km kommunal veg med veglys, ca. 2400 lyspunkt
Ca. 30 bruer
102,5 km vassrøyr
10 vassverk
128 km avløypsrøyr
8 kloakkbehandlingsanlegg

2015: sju trafikkulukker med null døde, to hardt skadde og fire lettare skadde.

**Kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi**[19]
Austefjord kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
Berkneset; kulturmiljø, krigsminnelokalitet.
Botnen; fornminne, kulturmiljø, rituell-kultisk lokalitet.
Dravlaus; gravrøyser, kulturmiljø, gravminne.
Ekset; kulturmiljø, gårdstun.
Halkjelsvik kyrkjestad; kulturmiljø.
Hunnes; sengjabud, kulturminne, gardstun.
Nedre Rotset; kulturmiljø, gardstun.
Olavskjelde Kile; kulturminne, brønn/kjelde/vannpost.
Oppgangssag, Bjørkedalen; kulturminne, sagbruk.
Rotevatn, gravrøys; kulturminne.
Skinnvika, gravrøyser; kulturmiljø.
Skrivargarden, Skjerva; kulturminne, gardstun.
Stabbur Eikrem; kulturminne, gardstun.
Velsvik røykomnstove; kulturminne, gardstun.
Volda kyrkje; kulturminne, kyrkjestad.
Volda prestegard; kulturmiljø.

*Bilete frå Berkneset, krigsminnelokalitet. Foto: Torgeir Stensø.*

# 4 MÅL OG STRATEGIAR

## 4.1 Hovudtema og overordna prinsipp

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld mål og strategiar for fylgjande åtte hovudtema:

- Attraktivitet (folk, næring, trivsel)
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

I tillegg til å vere eit hovudtema er folkehelse eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv.

Dette kapittelet startar med ei beskriving av folkehelse som overordna og førande prinsipp. Vidare inneheld kapittelet ei kort skildring av situasjonen innanfor dei åtte hovudtema, og definerer mål og strategiar for planperioden. Mål og strategiar skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Kapittelet inneheld også føringar for vidare arbeid med arealdelen.

## 4.2 Folkehelse som overordna og førande prinsipp

Lov om folkehelsearbeid, gjeldande frå 2012, tek føre seg fem viktige prinsipp; medverknad, berekraft, helse i alt vi gjer, føre var og utjamning av sosial ulikskap i helse.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å opprettholde, betre og fremje innbyggjarane si helse, ved å fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom eller styrke faktorar og aktivitetar som fører til god helse.

Helse er å meistre kvardagens krav. Alle kommunale tenester har eit ansvar for å legge til rette slik at alle innbyggjarane skal kunne meistre liva sine og få nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Og når samfunnet er lagt godt til rette, vil folk trivast og oppleve god helse og livskvalitet.

I følgje Verdas helseorganisasjon (WHO) er det berre ti prosent av befolkninga sine helseproblem helsetenesta kan gjere noko med. Dei resterande 90 prosentane vert påverka av tilhøve utanfor helsetenesta (oppvekst, barnehage, skule, kultur- og næringsliv, arbeidsliv, frivillig sektor, dvs. generelt i lokalsamfunnet). Difor er det også avgjerande at alle sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet.

*Utfordringar for vonde kne. Foto: Per Ernst Lundberg.*

**Samhandlingsreforma og behov for retningsendring**
Samhandlingsreforma har gitt helsetenestene ei retningsendring. Målet med samhandlingsreforma er betre folkehelse og betre helse- og omsorgstenester på ein berekraftig måte. For å oppnå dette må fokuset rettast mot tidleg innsats og førebygging framfor reparasjon, og betre samhandling på tvers av tenestene. Ved å styrke folk si kjensle av meistring og bruk av eigne ressursar, vil innbyggjarane oppleve god helse og auka livskvalitet.

**Tidleg innsats**
Ressursprioriteringa i helsetenesta har historisk vore prega av reparasjon. Dette er dyrt, og over tid gir dette negativ effekt i tenestekjeda. Folkehelselova legg ansvar på kommunane for å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen, og å leggje til rette for at folk har god helse.

Vi må tenkje annleis og snu ressursinnsatsen i tenestekjeda til tidleg innsats. Dette gjeld særleg i høve til barn og unge, men også i tenestene retta mot vaksne som treng omsorg. Livskvaliteten aukar ved meistring i alle livsfasar, og når individa er meir sjølvhjelpne vil også behovet for tenester verte redusert.

Tidleg innsats er også viktig for å halde oppe verdien på den menneskelege og materielle innsatsfaktoren i kommunen. Dette handlar om investering i kompetanseutvikling, tid til relasjonsbygging og arbeidsmiljøbygging hjå dei tilsette og vedlikehald av bygningsmassen.

**Folkehelse i kommuneplanen**
Volda var, som ein av grunnleggarane av "norsk nettverk av Helse- og Miljøkommuner" (no "Sunne kommuner – WHO's norske nettverk), tidleg ute med å ha helse som tema i kommuneplanen og er nytta som døme av andre kommunar seinare. At Volda blir sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid er god omdømmebygging for kommunen. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år kan også ha samanheng med at Volda nå gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette viser at folkehelsearbeid nytter, og det er viktig å halde fram med dette arbeidet.

**Overordna og førande prinsipp**
I kapittel 4.7 Folkehelse vert nokre av Volda kommune sine hovudutfordringar knytt til folkehelse trekt fram, og det er definert mål og strategiar som kommunen ynskjer å satse på i planperioden. Samtidig handlar folkehelse om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at vi tenkjer "helse i alt vi gjer". Volda kommune skal difor ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer, og folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for heile planen.

*Fjord og fjell. Foto: Regine S. Aklestad.*

## 4.3 Attraktivitet (folk, næring, trivsel)

Attraktiviteten til ein stad kan koplast til staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten til ein stad er avhengig av fleire ulike faktorar, mellom anna gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels og sørvistilbod. Med dette perspektivet kan alle dei åtte hovudtema i samfunnsdelen knytast til omgrepet attraktivitet. I kapittel 4.1 er det sett søkjelys på område knytt til omgrepa "folk, næring og trivsel", som vil vere spesielt viktige for å styrkje kommunen sine føresetnader for framtidig vekst og utvikling.

Volda kommune har mange offentlege arbeidsplassar og mange miljø med mykje kompetanse (sjukehus, offentleg og privat tenesteyting, høgskule, Møreforsking, vidaregåande skule med fleire). Volda er eit godt supplement til nabokommunane som har fleire arbeidsplassar knytt til industri og maritim verksemd. Landbruket er også ei viktig næring. Sunnmøre kulturnæringshage og Volda Næringsforum er viktige ressursar for nyetableringar.

Volda har ein lang historie som skulestad; frå Volda private millomskule og gymnas som vart starta i 1910 og fram til Høgskulen i Volda som i dag har omtrent 3000 studentar og 300 tilsette. Høgskulen i Volda har ein viktig rolle både regionalt og lokalt som ein utdanningsinstitusjon og arbeidsplass. StudiebygdA er eit partnarskap mellom offentleg, privat og frivillig sektor, med hovudformål å styrke studiestaden Volda.

Fleire av barnehagane og skulene i Volda er nedslitne og har behov for ei standardheving. Planlegging av barnehagar og skulebygg med tilhøyrande uteområde skal fremme utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Bygningar og uteareal skal planleggast slik at areala er tilgjengeleg for alle, og prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn.

Volda har også eit høgt aktivitetsnivå i idretts- og kulturlivet. Ein stor del av dette arbeidet vert drive av frivillige lag og organisasjonar. Høgskulen og studentmiljøet bidreg også mykje i kulturlivet, mellom anna ved å arrangere fleire store festivalar. Naturen i Volda innbyr til fysisk aktivitet og naturopplevingar. Natur, kultur, idrettsliv og frivillig arbeid er viktige faktorar for bulyst, attraktivitet og i integreringsarbeid.

Volda sentrum er eit kompakt sentrum med korte avstandar og nær tilknyting til både fjord og fjell. Våren 2015 vart det laga ein Utviklingsplan for sentrumsområdet. Utvikling av Volda sentrum vil vere eit viktig satsingsområde i tida framover for å auke attraktiviteten i kommunen.

Ein viktig målsetting i vidare arbeid er å ta vare på og vidareutvikle dei positive sidene ved voldasamfunnet, og stimulere til ny aktivitet som bidreg til bulyst og trivsel.

*Journaliststudentar frå Høgskulen i Volda. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.

STRATEGIAR:
- Sikre fortsatt full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular.
- Prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.
- Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge.
- Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule.
- Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen og næringslivet.

MÅL:
Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.

STRATEGIAR:
- Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.
- Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt.
- Ivareta og styrke ildsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.
- Legge til rette for kommunikasjon og samhandling for å sikre likeverdig deltaking.
- Legge til rette for større bredde i kulturskulen.

MÅL:
Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.

STRATEGIAR:
- Sikre høgskulen og sjukehuset som viktige arbeidsplassar og institusjonar for framtida.
- Samarbeide med nærliggande kommunar om tilrettelegging av attraktive næringsområde i regionen.
- Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.
- Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar.
- Styrke Volda sentrum som regionalt handels-, bu- og næringssentrum.

MÅL:
Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

STRATEGIAR:
- Vidareutvikle gang- og stinettverket og sikre gode tilkomstar til natur- og friluftslivsområde.
- Realisere utviklingsplanen for Volda sentrum med fokus på grønstruktur og kopling mot strategien "frå fjord til fjell".
- Synleggjere natur- og friluftslivsmoglegheitene.
- Stimulere landbruksnæringa til å halde i hevd kultur- og naturlandskapet.
- Sikre eit mangfaldig naturlandskap gjennom kommunal arealforvaltning.

MÅL:
Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar.

STRATEGIAR:
- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og sikre løysingar med høg vekt på universell utforming.
- Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
- Betre kommunikasjonar og infrastruktur.
- Bruke Volda sentrum for å synleggjere bygdene og kommunens mangfald gjennom arrangement, fysiske installasjonar og informasjon.
- Arbeide for at "Campus HVO" vert ein integrert del av Volda sentrum.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**
- Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv.
- Sikre viktige strandsone og sjøareal til natur-, kultur- og friluftsformål.
- Sikre areal til utvikling av kultur- og idrettsliv.
- Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet, og sikre trygge barnehage- og skulevegar.
- Sikre areal til framtidige barnehagar, skular og andre offentlege funksjonar.
- Sikre gode uteareal og kroppsøvingsfasilitetar ved barnehagar og skular.
- Sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida.
- Sikre nødvendige areal til næringsformål.
- Kartlegge ressurstilgang og behov for mineralressursar.
- Sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.
- Sikre areal for utvikling av sjukehus og høgskule.
- Oppdatere veg- og gateplan for Volda sentrum med oppdatert veg- og gatenormal.
- Oppdatere hovudplan for vatn og avløp.

## 4.4 Busetting

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, og det er forventa at denne veksten skal halde fram. Det er først og fremst innvandring som sikrar positiv folketalsutvikling. Både i fylket og i kommunen er det stor utflytting blant unge og unge vaksne, særleg i alderen 20–29 år, og det er ei utfordring å få unge som flyttar ut til å kome tilbake etter ferdig utdanning. Volda har eit fortrinn som studiebygd, ved at det er busett omtrent 1500–2000 studentar i kommunen. Det er også eit mål å få fleire studentar til å verte verande i Volda etter studietida. Relevant jobb, tilgang på bustad, fysisk- og sosialt nærmiljø og tilhøyrsle er faktorar som spelar inn når ein skal velje etableringsstad.

Befolkningsframskrivingane viser at gruppa eldre (70 år eller eldre) vil auke kraftig dei neste åra. Volda kommune har, lik resten av fylket, eit større overskot av menn enn landsgjennomsnittet.

Omtrent 70 % av innbyggarane i Volda kommune bur i tettstaden Volda, og det er her arealpresset er størst. I bygdene har folketalet gått jamt nedover.

Volda og Ørsta kommunar ynskjer å arbeide for å verte eit regionalt tyngdepunkt. For å få til dette er det viktig å sikre framtidig befolkningsvekst. Auka folketal vil også kunne påverke og stimulere til næringsutvikling og verdiskaping.

Volda kommune ynskjer å legge til rette for framleis positiv befolkningsvekst i Volda tettstad. Ein samordna areal- og transportplanlegging er viktig for å sikre berekraftig arealbruk, redusere transportmengde og for å endre transportmiddelfordelinga slik at den vert betre for miljøet. Samtidig er bustadområde med korte avstandar til handels-, service- og tenestetilbod faktorar mange er ute etter når dei er på jakt etter bustad. Nye bustadfelt, utbyggingsareal og større etableringar bør difor lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange. I og nær sentrumskjernen vil det vere aktuelt å fortette. I fortettingsprosjekt er det viktig å fortette med kvalitet, og ta vare på naturverdiar og område for leik og opphald.

30 % av innbyggarane i kommunen bur utanfor tettstaden Volda. Levande bygder er avgjerande for å kunne halde kultur- og naturlandskap ved like, for at Volda skal kunne utviklast som ein reise- og opplevingsdestinasjon og for å ha eit alternativ til den meir urbane tettstaden. Bygdene er også viktig for å sikre matproduksjon og berekraftig utvikling. Fyrde, Folkestad og Lauvstad er dei tre lokalsentra i kommunen. I dokumentet "Strategi for busetjing på bygdene" vert det peika på utfordringar og strategiar for busetting på bygdene i Volda. For å utvikle lokalsentra må kommunen aktivt legge til rette for offentleg og privat service, bustadfelt, utleigebygg, kommunikasjonar og universell utforming. Vidareutvikling av tenestetilbodet i kommunen bør bygge på eksisterande strukturar for skular, sjukeheimar og helse.

Mange ynskjer å bu heime og kunne vere aktive og sjølvstendige så lenge som mogleg. Å vere aktiv i kvardagen er avgjerande for å bevare god helse og livskvalitet. Målet med tenesta "kvardagsrehabilitering" er å trene på å igjen kunne gjere daglege gjeremål, og framleis kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig og aktivt liv i eigen heim.

For å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustadar bør leietakarar hjelpast vidare i bustadmarknaden, og kommunen skal legge til rette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad.

*Volda tettstad. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.

STRATEGIAR:
- Kunne tilby barnehageplass til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsmiljø med høg kvalitet frå barnehage til høgskulenivå.
- Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.
- Legge til rette for at innbyggjarar skal oppleve trivsel og tryggleik i kvardagen.
- Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen.
- Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs.

MÅL:
Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.

STRATEGIAR:
- Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø.
- Ha eit variert utdanningstilbod og tilstrekkeleg med lærlingplassar.
- Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.
- Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.
- Ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og på bygdene.

MÅL:
Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustadar, og attraktive bumiljø.

STRATEGIAR:
- Ha eit oppdatert plangrunnlag som styringsverktøy for utbygging og sikring av areal.
- Arbeide aktivt for utvikling av attraktive byggeklare bustadtomter og tilrettelegging for varierte bustadtypar og fortetting med kvalitet i sentrumsområdet.
- Heve standarden på leike- og aktivitetsområda.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for barn og unge.
- Ta vare på eksisterande arkitektoniske kvalitetar og vere bevisst på val av arkitektonisk utrykk på nybygg.

MÅL:
Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

STRATEGIAR:
- Legge til rette for bustadbygging i bygdesentra, spreidd utbygging og auka omsetning av gardseigedomar og ledige hus (i samsvar med "Strategi for busetting på bygdene").
- Stimulere til private initiativ og utvikling av bygdesentra.
- Arbeide for gode kommunikasjonar mellom sentrum og bygdene.
- Prøve ut ordning med kommunale bustader i bygdesentra (gjerne i partnarskap med private).
- Sikre at tilbodet til offentlege tenester (t.d. barnehage og skule) stimulerer til busetting.

MÅL:
Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og kommunen skal medverke til at alle får tilbod om bustad.

STRATEGIAR:
- Jobbe førebyggande, styrke kvardagsrehabilitering og tilby tenestene på lågast mogleg og rett nivå i omsorgstrappa, uansett kvar ein bur i kommunen.
- Vidareutvikle gode dagtilbod der kultur, aktivitet og trivselstiltak har fokus.
- Sikre gjennomstrøyming og framskaffe fleire universelt utforma bustadar og fleksible bueiningar for ulike behov.
- Legge til rette for integrering av ulike grupper med særskilte behov i etablerte og nye bustadområde.
- Legge til rette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sikre tilstrekkelig areal til framtidig bustadbygging.
- Lokalisering av framtidig bustadområde knytt til skule og anna infrastruktur.
- Legge til rette for spreidd bustadbygging på bygdene.
- Legge til rette for fortetting i sentrum.
- Legge inn føringar for utnyttingsgrad og type bustadutbygging.
- Legge inn føringar for arkitektoniske kvalitetar og utrykk i nye utbyggingsområde og på nye bygg.
- Sikre nødvendig leike- og uteopphaldsareal og inkludere leikeplassnorm i føresegnene.
- Sikre areal til tilrettelagte bustader/institusjonar.
- Sikre areal til framtidige studentbustadar.

## 4.5 Volda i regionen

I Møre og Romsdal fungerar dei tre største byane i fylket som regionsenter; medan bu- og arbeidsregionen sør i fylket manglar eit tydeleg regionsenter. Mange regionale funksjonar er samla i Volda og Ørsta, og nye vegsamband har ført til at Volda og Ørsta i enda større grad fungerar som sentrum for ein bu- og arbeidsmarknad sør i fylket, men også for delar av Nordfjord. Regjeringa peiker på at sterke regionsentra er viktig for å skape vekst, både i byane og i omlandet, og Volda ynskjer, saman med Ørsta, å bygge eit tydeleg regionsenter.

Volda og Ørsta har fleire enn 1300 statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, mellom anna høgskule, sjukehus, tingrett, jordskifterett, lånekasse, vegvesen, prosti, politi, flyplass, HELFO og NAV. Arbeidsplassane er viktige fordi dei tiltrekkjer seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen, og utfyller den private arbeidsmarknaden.

Høgskulen i Volda ynskjer å verte Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk. Høgskulen er den største i fylket, og ein viktig utdanningsinstitusjon for heile regionen. Sjukehuset i Volda er med sine rundt 450 tilsette ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, og er samtidig ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen. Både høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar er utsett for press og omstruktureringar, og det vil i framtida vere viktig å synleggjere kva rolle desse institusjonane har for regionen.

Ørsta-Volda lufthamn er den fjerde største lokale flyplassen i Noreg og området i Furene–Hovdebygda er eit viktig regionalt trafikknutepunkt. Saman med Timeekspressen bidreg flyplassen til at Volda har relativt gode kollektivkommunikasjonar. Kollektivtrafikken både lokalt og regionalt har eit potensiale for å vidareutviklast.

Eiksundsambandet og Kvivsvegen har medført auka pendling og nærleik mellom kommunane på Søre Sunnmøre og Nordfjord. Godt utvikla kommunikasjonsliner både i kommunen og ut i regionen er eit viktig tema for både framtidig befolknings- og næringsutvikling. For å fremje utvikling og Volda som ein attraktiv bu-, arbeids- og studentbygd bør ein i regionen kunne tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem.

Det er mange moglegheiter for naturopplevingar i Volda, Ørsta og regionen elles. Friluftsområda trekker til seg både lokale og regionale innbyggjarar både sommar og vinter. Fleire av festivalane i Volda og Ørsta leverer gode kulturopplevingar til eit regionalt publikum. Det er gode moglegheiter for å vidareutvikle Volda og Ørsta som reise- og opplevingsdestinasjon.

Volda kommune har kulturminne og kulturmiljø av både nasjonal, regional og lokal verdi. Bevisstgjering og formidling av kulturarven er med på å gje innbyggjarar identitet og tilhøyrsle. Det å framheve kommunen sin kulturarv og identitet vil vere eit fortrinn i arbeidet med å bygge regionsenteret og utvikle næringslivet.

Alle landets kommunar er midt i ein kommunereformprosess. Kva som vert resultatet av dette er enda ikkje avgjort. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein større gjennomføringsprosess. Auka samarbeid med grannekommunar og mellom institusjonar kan vere med på å styrke regionale funksjonar i kommunen.

*På veg til Eidskyrkja. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.

STRATEGIAR:
- Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.
- Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med Ørsta.
- Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og gründerverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Volda-Ørsta.
- Styrke samarbeidet mellom kommunen, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.

MÅL:
Styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta.

STRATEGIAR:
- Vidareutvikle kommunikasjonen i regionen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonstilbod.
- Sikre og utvikle Volda-Ørsta lufthamn Hovden som den føretrekte flyplassen.
- Knytte kommunen til hurtigbåtsystemet mellom Ålesund og Bergen i Berkneset/Eiksundområdet.
- Utvikle gang- og sykkelvegnettet i Volda-Ørsta.

MÅL:
Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon.

STRATEGIAR:
- Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Medverke til utvikling og marknadsføring av natur- og reiselivsdestinasjonar.
- Medverke til utvikling og marknadsføring av kultur- og opplevingstilbod.
- Vidareutvikle samarbeidet med Høgskulen i Volda, og vere aktiv i utvikling av campusområdet.
- Legge til rette for næringsareal og medverke til utvikling av samarbeidet mellom Volda Næringsforum, Ørsta Næringskontor og Sunnmøre kulturnæringshage.

MÅL:
Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

STRATEGIAR:
- Arbeide aktivt for å marknadsføre Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.
- Legge til rette for gode serverings- og overnattingstilbod med fokus på gode opplevingar og lokal matkultur.
- Sikre, utvikle og legge til rette for viktige friluftslivsområde i heile kommunen.
- Utvikle samarbeidet med andre reiselivsdestinasjonar i regionen.

MÅL:
Bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret.

STRATEGIAR:
- Kartlegge, formidle og marknadsføre kulturminne og kulturmiljø.
- Formidle og bevisstgjere innbyggarar om Volda sin kulturarv og identitet gjennom barnehagar, skular og som ein del av integreringsarbeidet.
- Fokusere på og vidareutvikle Volda og Ørsta sine særeigne kvalitetar.
- Nytte skulestaden Volda og StudiebygdA i omdømebygging og marknadsføring i arbeidet med å vidareutvikle Volda-Ørsta som regionsenter.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sikre areal til regionale funksjonar.
- Sikre kommunikasjonsliner og knutepunkt for kollektivtrafikk i eit framtidig vegsystem.
- Vurdere overordna vegsystem knytt til fjordkryssing, flyplass og næringsområde.
- Sikre god trafikal forbindelse til vestsida.
- Vurdere arealbruk i grenseområde som konsekvens av eventuelle kommunesamanslåingar.
- Utarbeide kulturminneplan som grunnlag for kommuneplanens arealdel. Sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø.
- Sikre areal og tilkomst til hurtigbåtterminal.
- Legge til rette for overnattings- og serveringstilbod.
- Sikre at fremtidig bebyggelse ikkje kjem i konflikt med høyderestriksjonar for lufthamna.
- Sikre forlengelse av Torvmyrvegen mot Furene.

## 4.6 Volda sentrum

Sentrumsområde har på ulike måtar nøkkelrollar som "motorar", og som nav for omland og mot omverda. Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for ein attraktiv bu- og arbeidsregion.

Volda kommune ynskjer å utvikle eit tett sentrum som vert attraktivt for handel, tenesteyting og busetnad. Volda sentrum er eit kompakt sentrum med korte avstandar og nær tilknyting til fjorden. Trehusbusetnaden, kyrkja, gardstun og småbåthamna er nokre av elementa som gir Volda særpreg, og som gjer at Volda skil seg frå andre sentrum. Tettstadsanalysen for Volda sentrum peikar på fjorden som viktig element i landskapsbiletet, og at Volda bør betre og vidareutvikle koplinga mellom land og sjø, og grønstrukturar mellom fjord og fjell. Å ta vare på og vidareutvikle slike kvalitetar og viktige koplingar skal vere eit viktig fokus i vidare arbeid. I Volda sentrum er det også utfordringar knytt til næringsutvikling, handel, bustadutvikling, grønstruktur og gode trafikale løysingar.

"Mellom bygningane i Volda" er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda Næringsforum og Volda kommune. Sentrumsprosjektet arbeider for å styrke Volda sentrum, og å gjere sentrum til ein attraktiv stad. Utviklingsplanen for Volda sentrum vart utarbeida våren 2015, og det vart arrangert fleire medverknadsprosessar i samband med arbeidet.

Prosjektet inneheld visjonar og prinsipp for framtidig utvikling. Utvikling av Volda sentrum vil vere eit viktig satsingsområde i tida framover for å auke attraktiviteten i kommunen.

Planlegginga av Volda sentrum skal fremme utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Dette inneber ein innovativ tilnærming til planlegging og utforming, og ein ambisjon om stadig å finne betre og meir inkluderande løysingar. Alle uteareal (inkludert både ferdsels- og opphaldsareal) skal planleggast slik at areala er tilgjengeleg for alle, og prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn.

Figuren under illustrerer avgrensinga av sentrumskjernen, Volda sentrum og Volda tettstad. For å skape eit best mogleg urbant miljø med korte avstandar mellom målpunkt skal hovudtyngda av detaljhandelen skje i sentrumskjernen. Utviklingsplanen for Volda sentrum inneheld fyrst og fremst prosjekt knytt til sentrumskjernen. Fleire offentlege institusjonar, som til dømes sjukehuset, høgskulen og Volda vidaregåande skule, er konsentrert innanfor Volda sentrum. Det er naturleg at offentlege institusjonar vert vidareutvikla innanfor denne sona. Tettstaden inneheld hovudsakeleg bustadområda rundt sentrum. Ein tydelegare avgrensing av dei ulike sonene, funksjonar og grad av fortetting vil verte eit viktig tema i arealdelen.




*Avgrensing av sentrumskjernen, Volda sentrum og Volda tettstad.*

MÅL:
Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet.

STRATEGIAR:
- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Kunne tilby ryddige, oversiktelege og nok parkeringsplassar.
- Utvikle samarbeid med Volda Næringsforum, høgskulen, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
- Sikre handel og aktivitet på gateplan, og medverke til at tomme lokale vert tekne i bruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.

MÅL:
Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.

STRATEGIAR:
- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og satse på velstelte grøntanlegg og fleire attraktive møteplassar.
- Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum.
- Vidareutvikle og styrke viktige sentrumsfunksjonar for å sikre aktivitet i og rundt sentrum.
- Legge til rette for ein heilskapeleg utforming av sentrum med vekt på identitet, kvalitet, estetikk og urbane kvalitetar.
- Ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger, og sikre eit ope sentrum mot fjorden.

*Sommarstemning på hamna i Volda. Foto: Regine Aklestad.*

MÅL:
Det skal vere trygt, triveleg og attraktivt for trafikantar i Volda sentrum.

STRATEGIAR:
- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Sikre eit estetisk og universelt utforma sentrum som inviterer til å gå og sykle.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster som er trygt for alle.
- Betre veg, gate og parkeringsstrukturen i sentrumskjernen slik at det vert lett å orientere seg.
- Redusere bilbruken i sentrumskjernen.

MÅL:
Volda kommune skal ta vare på og utvikle element som er viktige for Volda sitt særpreg og identitet.

STRATEGIAR:
- Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Sikre trehusbusetnaden og anna særprega arkitektur i sentrum, og auke bevisstgjering om Volda sitt særpreg og identitet.
- Legge til rette for utvikling av hamneområdet og sjølinja, og sikre kopling mellom fjord og fjell.
- Medverke til at "smau" og områda mellom bygningane i større grad vert nytta.
- Synleggjere studiestaden Volda i sentrumsbiletet.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Gjennomgå, vurdere og sikre viktige gate- og bygningsmiljø i sentrum.
- Utarbeide føringar for estetikk i Volda kommune.
- Gjennomgå gjeldande reguleringsplanar for sentrum med tanke på å legge til rette for ønska tettstadsutvikling.
- Legge til rette for gjennomføring av Utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Legge til rette for vidareutvikling av småbåthamn, hamnemiljø og vurdere moglegheit for båtopptrekk i sentrum.
- Vurdere alternative parkeringsløysingar i sentrum.
- Vurdere sentrumsavgrensing, fortettingsstrategi, markagrense og grense mot jordbruksareal.
- Legge til rette for gode medverknadsprosessar i vidare planarbeid, mellom anna med fokus på barn og unge.

## 4.7 Folkehelse

Helse er å meistre kvardagens krav. Kommunen skal såleis bidra til å førebygge sjukdom og jamne ut sosiale ulikskapar. Kommunen må fremje folkehelse innafor dei ulike tenestene, og med dei virkemidlar kommunen rår over, mellom anna gjennom gode bu- og oppvekstmiljø, gode barnehagar og skular, trygge arbeidsplassar, varierte tilbod om fritidsaktivitetar og nærleik til natur og friluftslivsområde.

Resultat frå Ungdata-undersøkinga og statusrapporten "Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014" syner at einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar er blant hovudutfordringane i kommunen. Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa og kommunen ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld barn og unge med overvekt. Statusrapporten konkluderer med følgjande fokus framover:

- Tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og låg terskel for å førebygge mobbing, psykisk uhelse og rus.
- Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebygge overvekt og inaktivitet.

I tråd med FN`s barnekonvensjon, vil difor kommunen ha tidleg innsats mot barn og unge som viktigaste innsatsområde.

*Barna er vår viktigaste ressurs, og barns helse og livskvalitet bør vere fokus for alle som jobber med samfunnsutvikling. Barn burde ha like muligheter til å leve gode live med god helse* (Ole Trygve Stige, Helsedirektoratet).[20]

Fleire norske studiar syner negative konsekvensar for barn som veks opp under dårlege levekår. Dei har mellom anna større risiko for psykiske plager og lidingar. Det må difor vere eit mål å redusere dei sosiale forskjellane i helse utan at nokon gruppe får det dårlegare. Ein viktig føresetnad for å lukkast i dette arbeidet er mellom anna at kommunen fører ein ansvarleg rusmiddelpolitikk i tråd med regjeringa sin Opptrappingsplan for rusfeltet (2016–2020), med følgjande tre innsatsområde: tidleg innsats, behandling og ettervern/oppfølgingstenester.

Universell utforming handlar om å skape betre føresetnader for å kunne leve eit godt liv for alle menneske, også dei med redusert funksjonsevne. Eit samfunn som er utforma for alle kan også ha betyding for kommunens økonomi, mellom anna i forhold til forventa auke i talet eldre menneske over 80 år.

Volda kommune vil arbeide for at alle innbyggjarane skal kunne meistre eige liv, og bli sett, høyrt og verdsett som ressurs i lokalmiljøet.

*Grindaløda i Volda. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Innbyggjarane si helse skal vere betre enn landssnittet på folkehelsebarometeret.

STRATEGIAR:
- Kunne tilby barnehageplass til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsmiljø med høg kvalitet.
- Førebygge meir, behandle tidlegare og sikre betre samhandling både internt i kommunen og eksternt med andre aktørar.
- Sikre rett behandling til rett tid på rett stad, gjennom ei heilskapleg og koordinert helse- og omsorgsteneste som er tilpassa den einskilde brukar nærast der dei bur.
- Styrke kvar enkelt sitt sjølvbilete gjennom gode førebilete, og sikre at alle får delta i samfunnet og ha ein meiningsfull og aktiv kvardag.
- Redusere fråfall i skulen, utvide bruken av lærlingordninga og sikre tilbod om arbeid for alle.

MÅL:
Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar.

STRATEGIAR:
- Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule.
- Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilete.
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda.
- Legge til rette for gode og trygge tilkomstar til barnehagar, skular, fritidsarenaer, natur- og friluftslivsområde.
- Ha eit styrka fokus på mobbing frå barnehagealder og heve kompetansen knytt til mobbing, spesielt mobbing via sosiale media.

MÅL:
Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.

STRATEGIAR:
- Formidle kunnskap om kosthald og ernæring.
- Sikre gode leike- og aktivitetsområde i buområda, og legge til rette for møteplassar i Volda sentrum.
- Stimulere lag og organisasjonar til å legge til rette for inkludering.
- Nytte biblioteket som ein viktig møteplass, arena for inkludering og formidlar av kunnskap og kultur.
- Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.

MÅL:
Ingen skal ta skade av eigne eller andre sine rusmiddelvanar.

STRATEGIAR:
- Føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk.
- Styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.
- Legge til rette for ein verdig livssituasjon og meiningsfull kvardag for alle.
- Sikre og auke kompetanse gjennom samarbeid med kompetansesenter og andre institusjonar.

MÅL:
Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet.

STRATEGIAR:
- Vidareutvikle helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen i og utanfor arbeidstida.
- Syte for at alle tilsette vert sett, høyrt og føler seg verdsett.
- Ha fokus på det friske mennesket i arbeidskvardagen.
- Synleggjere utfordringar og ansvarleggjere sektorane i eit målretta folkehelsearbeid i organisasjonen.
- Bruke Frisklivssentralen Aktiv i Volda som ein viktig aktør for tilsette og andre som treng hjelp til å legge om levevanar som kan føre til sjukdom og plagar.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sikre areal for utviding av barnehage- og skulebygg, i tillegg til gode uteområde i barnehagar og skular.
- Sikre nære friluftsområde og areal for idrettsaktivitetar.
- Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod).
- Universell utforming som føring for at alle skal kunne delta i samfunnet og ha ein meiningsfull og aktiv kvardag.
- Sikre gode opplæringsarenaer for fysisk aktivitet som kroppsøvingssal og opplæringsbasseng.

## 4.8 Klima og miljø

Noreg har som mål å redusere utslepp av klimagassar. Volda kommune ynskjer å vere ein aktiv medspelar i dette arbeidet, og å vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal ta miljøvenlege val. Haldningsskapande arbeid i barnehagar og skuler er ein del av dette arbeidet.

Det er eit tydeleg trekk at trafikken i Møre og Romsdal aukar meir enn i resten av landet. Frå 2013 til 2014 auka vegtrafikken i Møre og Romsdal med 2,9 %, medan snittet for landet var 1,7 %. Årsdøgnstrafikken målt ved Hovden flyplass auka med 4,6 % i same periode. Trafikkmålingane synleggjer aukande aktivitet i eit område, noko som på fleire måtar kan bety god samfunns- og velferdsutvikling. Samtidig fører trafikkauken til utfordringar. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal. Trafikkmengda førar også til auka støv- og støyproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare. Målretta arbeid for å auke sykkel-, gang- og kollektivtrafikken er viktig for å møte desse utfordringane. Til kortare avstandar ein skal reise, til større sjanse er det for at ein syklar eller går. Difor er det viktig at ein legg til rette for korte avstandar mellom bustadområda og handels-, service og tenestetilbod. I tillegg er det viktig med gode, trygge og attraktive gang- og sykkelnettverk, som inviterer til bruk.

Volda kommune vil arbeide vidare med å energioptimalisere kommunale bygningar. Denne satsinga vil ha trippel effekt; betre inneklima for tilsette og brukarar, økonomisk sparing og positiv effekt for det globale miljøet.

Sortering av avfall bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Difor er det viktig å sikre god avfallshandtering og funksjonelle sorterings- og innsamlingsmoglegheiter for både næringsliv og hushald i kommunen.

Berekraftig naturforvaltning handlar om å forvalte naturen på ein slik måte at dagens bruk ikkje øydelegger moglegheitene for at framtidige generasjonar skal få dekka sine behov. Berre 4,5 % av landarealet i Møre og Romsdal fylke er jordbruksareal, og sikring av viktige jordbruksareal er viktig for at komande generasjonar skal få høve til å dyrke mat på eiga jord.

*Paddestatue i Austefjorden. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport.

STRATEGIAR:
- Nye bustadfelt og utbyggingsområde skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Stimulere til at fleire går, syklar og nyttar kollektivtransport til arbeid, barnehage, skule og andre aktivitetar.
- Utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelvegar.
- Vidareutvikle kollektivtilbodet og haldeplassane i kommunen.
- Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel.

MÅL:
Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30 %.

STRATEGIAR:
- Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg.
- Auke bruken av fornybar energi.
- Styrke kompetansen på energioptimalisering og enøktiltak i kommunen.
- Satse på energileiing og energioppfølging.
- Miljøsertifisere kommunale verksemder.

MÅL:
Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.

STRATEGIAR:
- Auke kompetansen til tilsette i kommunen, og tilby informasjon og rådgjeving om berekraftig naturforvaltning.
- Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.
- Sikre viktige jordbruksareal og naturtyper i kommuneplanen sin arealdel.
- Synleggjere konsekvensar for naturmiljøet i alle plan- og utbyggingssaker.
- Motverke attgroing av kulturlandskapet, og utrydde framande artar i offentlege parkar og anlegg.

MÅL:
Volda kommune skal arbeide for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet.

STRATEGIAR:
- Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular.
- Tilby gode og lett tilgjengelege sorterings- og innsamlingsmoglegheiter.
- Gi god informasjon til innbyggarar om renovasjonsordninga i kommunen.
- Vidareutvikle kommunens renovasjonsteneste for å sikre miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av avfall.
- Satse på større attvinning frå kommunale verksemder.

MÅL:
Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk.

STRATEGIAR:
- Satse på klimaopplæring i barnehage og skule.
- Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving.
- Samarbeide med næringslivet og utbyggarar om å legge til rette for auka produksjon og bruk av fornybar energi.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Vurdere areal for massedeponi og mottak for masser.
- Lokalisering av framtidig bustadområde knytt til skular og anna infrastruktur.
- Legge til rette for fortetting i sentrum.
- Sikre gode gang- og sykkelvegløysingar.
- Sikre areal til gode kollektivtrafikkløysingar og eventuelle kollektivknutepunkt.
- Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.
- Kartlegge behov for sikring av vassdrag.
- Vurdere behov for føresegner knytt til energibruk i bygg.
- Sikre areal og gode løysingar for felles renovasjonspunkt i bustad- og næringsområde.
- Sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida.
- Sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.

## 4.9 Tenester

Volda kommune har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar og arbeider for å tilby innbyggarane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er utsett, med pressa drift, høg lånegjeld og framleis trong om store investeringar. Med befolkningsvekst, fleire eldre, auka krav og større forventningar frå innbyggarane, vil behovet for tenester auke. I tillegg har regjeringa foreslått å overføre nye oppgåver til kommunane i samband med kommunereforma; mellom anna barnevern, familievern, rehabilitering, bustadtilskot og tannhelse. I løpet av kommunereformprosessen vil det verte viktig å avklare behov, moglegheiter og utfordringar for Volda som samfunn. Det er også viktig at politikarar, innbyggarar og administrasjonen har felles kunnskap om situasjon og utfordringar.

Volda kommune er ein stor arbeidsplass med mange tilsette i ulike fagområde. Det er viktig for organisasjonen at dei tilsette opplever eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, med rom for nytenking og utvikling. Eit godt omdøme gir motiverte medarbeidarar, kvalifiserte jobbsøkjarar og er sjølvsagt viktig for samspelet mellom organisasjonen og andre offentlege myndigheiter, næringslivet, innbyggarar og andre samarbeidspartnarar.

Befolkningsframskrivingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere større press på mellom andre helse- og omsorgstenestene. Volda kommune ynskjer å tilby eit likeverdig tenestetilbod for alle eldre i heile kommunen. Strategiar knytt til mellom anna kvardagsrehabilitering og gode dagtilbod er beskreve i kapittel 4.4 Busetting. Kommunen ynskjer også å prioritere kompetanseutvikling for tilsette, for å sikre ei forsvarleg og godt kvalifisert bemanning i institusjonane.

Den viktigaste årsaka til aukande folketilvekst i Volda kommune er innvandring, og det er viktig at arbeidsplassar i kommunen arbeidar for god inkludering, slik at ressursane vert utnytta. Språk og kulturforskjellar er utfordringar som kan vere til hinder for integrering i arbeidslivet. Volda kommune ynskjer å vere ein arbeidsplass som førebygg utanforskap og inkluderer i fellesskapen.

*Biblioteket i Volda i nye lokale. Foto: Regine S. Aklestad.*

MÅL:
Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

STRATEGIAR:
- Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine eigne ressursar.
- Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats.
- Prioritere kompetanseutvikling for tilsette.
- Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen.
- Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen.

MÅL:
Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.

STRATEGIAR:
- Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.
- Sikre realistisk budsjettering.
- Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.
- Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.
- Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.

MÅL:
Volda kommune skal ha eit godt omdøme.

STRATEGIAR:
- Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.
- Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.
- Gi innbyggarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvennlege kommunikasjonsløysingar.
- Legge til rette for involverande prosessar.
- Nytte StudiebygdA som ein merkevare og ha eit aktivt samarbeid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.

MÅL:
Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.

STRATEGIAR:
- Rekruttere marginaliserte grupper til organisasjonen.
- Tilby praksisplassar på alle kommunale arbeidsplassar så langt det er mogleg.
- Legge til rette for språkpraksis i alle kommunale sektorar.
- Tilby fleksible arbeidsoppgåver og/eller eit godt dagtilbod.
- Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

MÅL:
Tilsette i Volda kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråveret skal reduserast.

STRATEGIAR:
- Legge til rette for faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar.
- Tilby leiarutvikling.
- Sikre nødvendig kompetanseheving og legge til rette for eit utviklande arbeidsmiljø.
- Tilby eit introduksjonsprogram for alle nytilsette.
- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging, tilby gode seniorpolitiske tiltak og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Sikre areal til offentleg tenesteproduksjon.
- Sikre areal til kommunale bustadar.

## 4.10 Samfunnstryggleik

Volda kommune har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av innbyggarane sin tryggleik innanfor sine geografiske område. Kommunen utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og opprettthalde viktige samfunnsfunksjonar. I Volda kommune sin risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ras, flaum, stormflo, forureining og trafikkulykker klassifisert som tema med høg risiko. Klimaendringar er ein sentral del av risikobiletet i kommunen, og ein kan i framtida vente auka nedbør, meir ekstremver, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsel, bygg, anlegg og naturmangfald.

Sjukehuset i Volda er ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen. Volda kommune vil arbeide målretta for at Volda sjukehus skal halde fram og vidareutvikle sin posisjon som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen.

Samferdselsårane i kommunen er viktige både for innbyggjarar, næringsliv og beredskap. Nokre vegar i kommunen er skredutsett, særskilt i vinterhalvåret. Å sikre gode kommunikasjonar i heile kommunen er viktig for innbyggjarane sin tryggleik.

Volda kommune har ti kommunale vassverk som forsyner omtrent 10 000 personar. Resten av innbyggjarane i kommunen vert forsynt gjennom private andelsvassverk og enkeltforsyningar.
Det er viktig å sikre eit oppdatert leidningsnett, beredskapsvatn og gode og trygge drikkevasskjelder, også for framtidige generasjonar.

Volda kommune har eit velfungerande brannvern som er dimensjonert for det som kan skje innanfor krav til utrykkingstid. Nye kommunikasjonslinjer og busetnadsmønster er positivt for dei fleste og vil i mange tilfeller kunne vere med på å auke beredskapen i enkelte bygdelag. Det er viktig at det ikkje vert bygd institusjonar med krav til utrykkingstid utanfor sentrum, heller ikkje høghus som gjer redning eller sløkking vanskeleg utan høgdeutstyr.



*Fyrmuseet i Daisfjorden. Foto: Torgeir Stensø.*

MÅL:
Volda kommune skal til einkvar tid ha gode system for beredskap.

STRATEGIAR:
- Ha ein god, oppdatert og godt kjent beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeid.
- Ordne beredskapsarbeidet etter leon-prinsippet (lågast effektive beredskapsnivå).
- Ha ein oppdatert overordna ROS-analyse til ein kvar tid.
- Ha eigne ROS-analyser i alle sektorar og planverk.
- Bevare og utvikle sjukehuset med akuttfunksjonar.

MÅL:
Det skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen.

STRATEGIAR:
- Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen.
- Sikre skredutsette vegar i kommunen.
- Sikre beredskapsferge på Voldsfjorden.
- Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.
- Førebygge ved rydding og hogst av vegetasjon langs vegar og leidningsnett.

MÅL:
Utbygging skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast.

STRATEGIAR:
- Oppdatere faresonekart for flaum og skred.
- Avklare flaum- og skredfare gjennom oppdaterte arealplanar.
- Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område.
- Tilpasse infrastruktur til framtidige klimaendringar.

MÅL:
Innbyggjarane skal til ein kvar tid ha godt og trygt drikkevatn.

STRATEGIAR:
- Sikre eksisterande og framtidige vasskjelder i heile kommunen.
- Sikre god kvalitet på drikkevatn.
- Sikre eit oppdatert leidningsnett.
- Sikre beredskapsvatn.

MÅL:
Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen.

STRATEGIAR:
- Syte for god kompetanse.
- Sikre tilgang på godt og oppdatert utstyr.
- Sikre god rekruttering.
- Arbeide for føreseielege økonomiske rammer.
- Sikre velfungerande og oppdaterte bygdebranndepot.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen.
- Sikre eksisterande og framtidige drikkevasskjelder.
- Lage temakart for ulike ROS-tema.
- Utarbeide konsekvensutgreiing og ROS-analyser for alle nye byggeområde.
- Sikre at institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert bygd utanfor Volda tettstad.
- Sikre at høgde på hus er i tråd med brannføresegner.

# 5 KJELDER


[1] SSB tabell 06913: Folkemengde 1. januar
SSB tabell 10213: Framskrevet folkemengde
[2] nykommune.no
[3] SSB tabell 07459: Folkemengde etter kjønn og alder
[4] SSB tabell 04317: Folkemengde etter grunnkrins
[5] Kommunestatistikk 2015
[6] nykommune.no
[7] nykommune.no
[8] Kommunestatistikk 2015
[9] Fylkesstatistikk 2015
[10] Møre og Romsdal fylkeskommune: Arbeidsmarknad
[11] SSB tabell 09169: Barn i barnehager
SSB tabell 09220: Barnehager
volda.kommune.no: Grunnskuleopplæring
[12] Fylkesstatistikk 2015
[13] volda.vgs.no
globalskolen.no
[14] Folkehelseprofil 2015 Volda
Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014
Ungdata-undersøkinga i Volda 2013
[15] SSB tabell 06969: Brukarar av pleie- og omsorgstenester
[16] SSB tabell 06265: Boliger etter bygningstype
[17] SSB tabell 10209: Personer drept eller skadd i veitrafikkulykker
[18] Wikipedia: Volda
[19] Regional delplan for kulturminne
[20] helseinfonett.no

mrfylke.no
Plan- og bygningslova (PBL)
regjeringen.no
ssb.no
Statens vegvesen: ÅDT Møre og Romsdal
Telemarksforsking: "På spor etter programteori om attraktivitet"
Vegleiar "Kommuneplanprosessen" (MDP)
volda.kommune.no
volda.kommune.no: statistikk og oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar



**Volda kommune**
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00
Åpningstider: 08.00–16.00




*Foto: Regine S. Aklestad.*

# INNSPEL TIL KOMMUNEPLAN FOR VOLDA - SAMFUNNSDELEN

Høyringsperiode 15. mars – 28. april 2016

## Volda kommune takkar for innkomne innspel og gode tilbakemeldingar

Innspela har vore diskutert i prosjektgruppa for kommuneplanarbeidet. Dette dokumentet inneheld ei oversikt over innkomne innspel og kommentarar/tilråding frå kommunen.

## Oversikt over innkomne innspel:


- Avinor s. 2
- Bjørkedal grendalag s. 2
- Direktoratet for mineralforvaltning s. 4
- Eldrerådet s. 6
- Fiskeridirektoratet s. 7
- Fortidsminneforeningen Sunnmøre lokallag s. 8
- Fylkesmannen s. 10
- Møre og Romsdal fylkeskommune s. 19
- Opplysningsvesenets fond s. 25
- Utdanningsforbundet i Volda s. 25
- Administrasjonen: s. 29
    - Opplæring og oppvekst s. 29
    - Volda læringssenter s. 31
    - Sollia barnehage s. 32
    - Kommuneoverlegen s. 34
    - Fagansvarleg helsesyster s. 35
    - Helse og omsorg s. 37
    - Assisterande helse- og omsorgssjef s. 38
    - Kommunalteknisk s. 39
    - Brannsjef s. 41

# Innhald i innspel med kommentar frå kommunen:

## Avinor

Vi viser til brev fra Volda kommune av 15.03.2016 (ref. 2015/632) vedrørende høring av forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Avinor ser at Ørsta-Volda lufthamn Hovden er omtalt i høringsutkastet, blant annet som den fjerde største lokale flyplassen i Norge og som bidrar til at kommunen har relativt god kommunikasjon med kollektivtransport.

Vi registrerer at kommunen har som mål og styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta. En av strategiene i dette arbeidet er å sikre og utvikle Ørsta-Volda lufthamn som den foretrekte flyplassen. Videre er det lagt som føring for arealdelen en vurdering av overordnet vegsystem knyttet til fjordkryssing, flyplass og næringsområde.

Avinor vil nevne det gode samarbeidet med Statens vegvesen region midt vedrørende kommunedelplanen for E39 Volda-Furene der høyderestriksjonsflatene rundt lufthavnen på Hovden er ivaretatt i vegplanleggingen. For Avinor er det viktig at fremtidig bebyggelse i Furene ikke kommer i konflikt med høyderestriksjonsflatene for lufthavnen.

Avinor vil også gjenta tidligere ønske om en forlengelse av Torvmyrvegen mot Furene slik at det kan legges til rette for en gjennomgående bussrute med stoppested ved lufthavnen. Det vil kunne øke kollektivandelen for reisende som bruker lufthavnen og derved redusere klimautslippene. En forlengelse av Torvmyrvegen vil også kunne gi en avlastning av dagens flyplasskryss, særlig for tungtrafikk til/fra industriområdet på Hovden.

### Kommentar:

Under overskrifta "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.5 Volda i regionen er det sett inn to nye kulepunkt:

- Sikre at fremtidig bebyggelse ikkje kjem i konflikt med høyderestriksjonar for lufthamna.
- Sikre forlengelse av Torvmyrvegen mot Furene.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel frå Avinor vil bli teke med i vidare prosess med areal- og handlingsdel.***

## Bjørkedal grendalag

Vi syner til høyringsdokument utsendt på e-post 16. mars 2016.

Styret i Bjørkedal grendalag har informert medlemmene sine om plan, uttalerett og uttalefrist, og oppmoda alle om å nytte høvet til å målbere meininga si.

Planen vart drøftapå styremøte i Bjørkedal grendalag den 21. april 2016. Han vart også introdusert på årsmøtet vårt den 31. mars.
Etter styret si meining er det ein svært positiv prosess som ligg til grunn for denne delen av kommuneplanen, der det har vore lagt opp til brei, representativ medverknad. Resultatet har vorte ein framtidsretta plan som i stor grad speglar behova til innbyggjarane i kommunen.

Måla er så pass klare at det i ettertid lar seg gjere å evaluere graden av måloppnåing, og strategiane knytte til måla er rimeleg konkrete og forståelege for folk flest.
Inndelinga i hovudtema fell naturleg og gjer planen meir tilgjengeleg og lettare å finne fram i. Det same gjer inndelinga i mange delmål med tilhøyrande strategiar. Særleg godt likar vi siste avsnitt i kvart kapittel med Føringar for vidare arbeid med arealdelen.
Sidan desse føringane er dei mest konkrete avsnitta i planen, er det freistande å knyte nokre kommentarar til eit par av desse.

Bjørkedalen må i dag karakteriserast som ein utprega utkant i Volda kommune. Statusen som utkant auka merkbart med Kvivsvegen og omlegginga av E39, og vil auke endå meir dersom kommunereforma fører til ei samanslåing med Stryn.
**Føringa om å sikre godt trafikalt samband til vestsida er derfor svært viktig for oss.**

For ein utkant er det ei stor utfordring å kunne vere så attraktiv at folk vil busette seg der, derfor er kapitla om attraktivitet (4.1) og busetting (4.2) svært viktige for oss.
Dessverre er føringane for attraktivitet ikkje så interessante for dei som vil bu i bygda utan å ha næring der. Mange viktige funksjonar som aukar attraktiviteten er borte, og då vert det avgjerande at det som står att er bra. Her kan nemnast sikker transport til skule med gangveglys der det er naudsynt, leikeplass, tryggleik for ikkje å bli isolert ved til dømes ekstremvær, samt kultur- og fritidsaktivitetar. Om dette er på plass saman med godt trafikalt samband til sentrum, kan det vere attraktivt å bu på bygda og pendle til jobb sjølv om barnehage, skule og butikk er borte.
Vi vil derfor gjere framlegg om to nye kulepunkt i kapittel 4.1 Attraktivitet under avsnittet "Føringar for vidare arbeid med arealdelen":

- **Sikre trygg skuleveg for alle elevar.**
- **Sikre funksjonelle forsamlingshus på bygdene.**

Kapittel 4.2 Busetting har delmål og strategiar som det er lett å slutte seg til. Her finn vi også fleire Føringar for vidare arbeid med arealdelen som er svært interessante for vårt område, og som styrker forhold vi har peika på lenger framme i dette skrivet. Vi vil framheve fylgjande kulepunkt som særleg positive:

- **Legge til rette for spreidd bustadbygging på bygdene.**
- **Sikre nødvendig leike- og uteopphaldsareal og inkludere leikeplassnorm i føresegnene.**
- **Sikre tilstrekkelig areal til framtidig bustadbygging.**

Fleire bygder i kommunen har nedlagde skular med godt opparbeidde leikeplassar og gode leikeapparat, slik det også er på Bjørkedalen. Vi har fatt opplyst at kommunen førebur ei sak til neste vår om kva som skal gjerast med dei nedlagde skulane og skuleområda. Etter vårt syn ligg tilhøva no særs godt til rette for å sikre desse bygdene gode og nødvendige leike- og uteopphaldsareal, noko vi vonar kommunen vil gjere seg nytte av.

Ekstremuværa dei siste åra har sett ein støkk i mange av oss. Etter "Dagmar" vart det sagt at neste gong skulle vi vere betre budde, slikt skulle ikkje skje igjen. Beredskapsplanen vart pussa opp og utstyr for betre kommunikasjon vart innkjøpt.
Så kom "Tor". Etter kort tid gjekk straumen, 30 sekund etterpå svikta all telekommunikasjon, litt etter vart vegen sperra av tre både sørover og nordover, og så var vi like langt.

Kapittel 4.8 Samfunnstryggleik har gode delmål og strategiar som skal hindre at det blir like ille neste gong naturkreftene slår til på våre kantar. Det er viktig at beredskapsplanen er detaljert på kva som må vere på plass også i kvar einskild bygd, jamfør delmål 1.
Likevel vil vi først og fremst sette fokus på delmål 2: "Det skal vere gode kommunikasjonar

til alle delar av kommunen."

Under strategiar på dette delmålet gier vi framlegg om å stryke det første kulepunktet og erstatte det med to nye:

- **Sikre optimal kommunikasjonsdekning i heile kommunen ved å plassere ut naudtelefonar (satellitt?) i alle bygder og gå i dialog med nettverksoperatørane om tilfredsstillande naudaggregat på mobilnettet.**
- **Sikre optimal straumforsyning i heile kommunen gjennom god dialog med netteigar.**

**Kommentar:**
*Attraktivitet*
Under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.3 Attraktivitet er kulepunktet om "*Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet*" forandra til

- Vidareutvikle gang- og sykkelvegnettet, og sikre trygge barnehage- og skulevegar.

Føreslåtte punkt om forsamlingshus på bygdene heng saman med mål to om at "*alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv*", og blir teke med i vidare arbeid med handlingsprogrammet.

*Samfunnstryggleik*
Dei føreslåtte punkta om naudtelefonar i alle bygder, dialog med nettverksoperatør om tilfredsstillande naudaggregat på mobilnettet og god dialog med netteigar er framlegg til konkrete tiltak, og innspela blir teke med i vidare arbeid med handlingsdelen.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli tatt med i vidare prosess med areal- og handlingsdel.***

## Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til saka nemnd over, datert 16. mars 2016.

**Saka**
Volda kommune har sendt høyringsutkast av kommuneplanas samfunnsdel 2016-2018, på offentleg ettersyn.

**Om forvaltning av mineralressursar**
I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015, heiter det at Noreg har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for, og utvinning kan gi grunnlag for verdiskaping. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida, og for å ta hand om andre miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og avveg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.

**Forvaltning av ikkje-fornybare resursar**
Som dei nasjonale forventningane legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å avsette nye område for råstoffutvinning. Det inneber og å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida og komande generasjonar. Dette tydar at kommunen, så langt som mogleg, bør unngå å bandlegge registrerte mineralressursar gjennom arealbruk som legg til rette for nedbygging av førekomstar, eller legg andre avgrensingar for framtidig utnytting av ressursane.

Gjennom god planlegging kan kommunane og regionen skaffe seg ei oversikt over kor langt fram i tid eksisterande massetak og råstoffområder dekker behovet for byggeråstoff i framtida. DMF anbefaler derfor at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved neste revidering av kommuneplanen.

DMF registrerer at det ikkje er gjort nokon grundig vurdering av ressurssituasjonen eller behovet for mineralske ressursar i kommunen i gjeldande kommuneplanens arealdel for Volda kommune.

For å få ei god og bærekraftig forvaltning av våre mineralressursar oppmodar DMF til at det lages temaplaner for mineralressursar. Planane kan lages som kommunedelplaner i kvar enkelt kommune, men me oppmodar sterkt til at det utarbeidast regionale planar for mineral ressursar. Dette er i tråd med Regjeringas nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som spesifikt seier at behovet for og tilgangen på byggeråstoff ses i ei regional samanheng.

**DMF si uttale til saka**
Volda kommune har i samfunnsdelen blant anna mål om å tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustadar, vidareutvikle kommunikasjonen i regionen med mål om ferjefrie fjordkryssingar, med meir. For å oppnå mål som dette er omsynet til tilgjengelege byggjeråstoff (stein, pukk, grus og sand) viktig. DMF saknar i denne saka strategiar som tek omsyn til dei mineralske ressursane i eit samfunnsperspektiv.

Forhold knytt til mineralressursar og behov for desse er ikkje lista opp under føringar for vidare arbeid med arealdelen i høringsdokumentet. Alle kommunar har behov for byggjeråstoff som grus og pukk til ulike anleggstekniske føremål. DMF meiner at dette er råstoff som kommunane så langt som praktisk mogleg bør ha eigen tilgang på. I det vidare kommuneplanarbeidet er det eit viktig grep å skaffe seg ei oversikt over kor langt fram i tid eksisterande massetak og råstoffområdar dekker behovet for byggjeråstoff i kommunen, og kor mange nye råstoffområder det eventuelt bør opnas for i den kommande kommuneplanperioden. I eit klima- og energiperspektiv bør avstandane for transport mellom uttak og planlagt utbyggingsprosjekt være så kort som mogleg.

For nærare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå vår heimeside på www.dirmin.no. DMF vil også minne om vår rettleiing for forvaltning av mineralressursar i planarbeid.

**Kommentar:**
I "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.3 Attraktivitet er det lagt til fylgjande kulepunkt:

- Kartlegge ressurstilgang og behov for mineralressursar.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med arealdelen.***

## Eldrerådet

Vi melder med dette frå at eldrerådet den 25.04.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 6/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Volda eldreråd har gått gjennom kommuneplan for Volda – samfunnsdelen.
Eldrerådet syns det er gjort mykje godt arbeid med utarbeiding av planen, men synes eldreomsorga har fått for liten plass. Eldrerådet gjer framlegg om dette tillegget under 4.7 Tenester.

Mål:
Tenestetilbodet for eldre.

Strategiar:
- Ha ei forsvarleg og godt kvalifisert bemanning i institusjonane som sikrar trygg og føreseieleg pleie.
- Eit likeverdig tenestetilbod for alle eldre i heile kommunen.

**Kommentar:**
Volda kommune ynskjer å sikre eit godt tenestetilbod for eldre. I kap. 4.4 Busetting er det sett som mål at "*folk skal kunne bu heime så lenge dei kan*", med strategiar knytt til m.a. førebyggande arbeid, kvardagsrehabilitering og gode dagtilbod der kultur, aktivitet og trivselstiltak har fokus.

I kap. 4.9 Tenester er det sett som mål at "*tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter og med god nok kvalitet*". Eldre er ikkje nemnd som ein spesiell gruppe, fordi målet og strategiane også må gjelde for andre brukargruppar. Ein av strategiane knytt til dette målet er knytt til kompetanseutvikling for tilsette. Dette er ein strategi som skal vere med på å sikre ei forsvarleg og godt kvalifisert bemanning i institusjonane.

Under kap. 4.9 Tenester er denne teksten satt inn:

> "Befolkningsframskrivingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere større press på mellom andre helse- og omsorgstenestene. Volda kommune ynskjer å tilby eit likeverdig tenestetilbod for alle eldre i heile kommunen. Strategiar knytt til mellom anna kvardagsrehabilitering og gode dagtilbod er beskreve i kap. 4.4 Busetting. Kommunen ynskjer også å prioritere kompetanseutvikling for tilsette, for å sikre ei forsvarleg og godt kvalifisert bemanning i institusjonane."

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

## Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet region Midt viser til e-post datert 16.03.2016 med oversendingsbrev og høringsutkast til kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028.Vi viser også til vår tidligere uttalelse datert 11.06.2015til planprogram for rullering av kommuneplanens samfunnsdel.

Fiskeridirektoratet har som oppgave å arbeide for at fiskeri- og havbruksnæringens interesser blir ivaretatt i planprosessen ved kommuneplanarbeid. Det er i hovedsak i forbindelse med arealdelen til kommuneplanen vi kommer med uttale, men vi har også noen vurderinger av og innspill til samfunnsdelen.

Vurdering av forslag til kommuneplanens samfunnsdel:
Samfunnsdelen er det overordnede styringsdokumentet i kommunen, og skal også legges til grunn ved senere arbeid med arealplan, handlingsprogram, kommunedelplaner og sektorplaner. Formålet med samfunnsdelen er å ta stilling til langsiktige utfordringer og planlegging, samt å trekke opp visjoner, mål og strategier for utvikling i kommunen og lokalsamfunnet. Dette er igjen grunnlaget for konkrete tiltak som blir utviklet i andre prosesser.

Volda kommune har valgt åtte hovedtema, blant annet attraktivitet (folk, næring, trivsel) og klima og miljø. Temaområdene er godt beskrevet, og likeså er mål og strategier innenfor hvert område klare og retningsgivende. Vi ser positivt på at kommunen blant annet vil legge til rette for bærekraftig utvikling av fjordbruk. Vi forstår det slik at det blant annet innebærer at kommunen ønsker å gi forutsigbare rammevilkår til fiskeri- og havbruksnæringen gjennom ulike planer.

Med bakgrunn i dette ser vi for oss at mål og strategier gjenspeiles i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel. Når kommunen uttaler at den vil legge til rette for bærekraftig utvikling av fjordbruk, vurderer vi det som nødvendig at kommuneplanens arealdel er fremtidsrettet, oppdatert og forutsigbar. Det bør derfor være klare formuleringer og vurderinger av hvordan kommunen ser for seg at arealdelen skal være, hva som skal prioriteres og ivaretas, og klare signaler og vurderinger av hvordan strand- og sjøområdene ønskes disponert.

Det er svært positivt at det klart uttales i samfunnsdelen at føringer for videre arbeid med arealdelen blant annet skal sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring, sikre nødvendige areal til næringsformål, sikre viktige strandsoner og sjøareal til natur- og friluftsformål, og oppdatere hovedplan for vann og avløp.

Vi anbefaler at det i handlingsdelen gjøres konkrete vurderinger av planer og tiltak for den næringsaktivitet kommunen ønsker å satse på og tilrettelegge for. Vi vil spesielt fremheve behovet for dette når det gjelder vurderingen av sjøområdene og havbruksnæringen. Konkrete vurderinger og omtale av planene for strandsonen, og tema som naust, flytebrygger og småbåthavner er også viktig.

Ut fra vår vurdering er det et positivt mål i kapittel *4.6 Klima og miljø,* om at Volda kommune skal arbeide for en bærekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfold. Vi forutsetter at dette også gjelder for sjøområdene. For a nå målet er det fastsatt gode strategier og føringer for videre arbeid med arealdelen.

Vurderinger og hensyn til blant annet biologisk mangfold og havbruksnæringen vil bli en del av arealplanarbeidet, og bli behandlet i arealdelen. Generelt åpner samfunnsplanen for å kunne komme med gode, klare og viktige prinsipielle avklaringer med tanke på kommunens arealforvaltning i sjøområdene. Gjennom grundig arealplanlegging i sjøområdene har kommunene mulighet til å få en god, helhetlig og samordnet styring av arealbruken og enkeltbeslutninger i kystsonen.

Fiskeridirektoratet region Midt forutsetter at Volda kommune ivaretar fiskeri- og havbruksnæringens ulike interesser. Vi har ut over dette og tidligere uttalelse til planprogram ingen ytterligere innspill eller merknader i forhold til forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2016-2028for Volda kommune.

**Kommentar:**
Volda kommune ynskjer å legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og har under overskrifta "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.3 Attraktivitet sagt at vi ynskjer å "*sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring*." Havbruk vil vere eit viktig tema i vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel, og fiskeridirektoratet vil vere ein samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Volda kommune er i gang med å kartlegge friluftslivsområder i kommunen. Dette arbeidet vil vere med på å gje føringar for korleis strand- og sjøområda skal disponerast.

***Innspel frå fiskeridirektoratet vil bli teke med i vidare prosess med areal- og handlingsdel.***

## Fortidsminneforeningen Sunnmøre lokallag

Vi forstår at dei måla og strategiane som vert vedtekne i samfunnsdelen skal vere førande for Volda kommune si prioritering av ressursar i eit meir langsiktig perspektiv, og for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel, handlingsprogram og økonomiplan. Hovudhensikta med samfunnsdelen er *å sikre ei betre og meir heilskapleg planlegging for ei berekraftig utvikling* (jfr. Veileder, Miljøverndepartementet).

Fortidsminneforeningen Sunnnmøre lokallag ser forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel i all hovudsak som god, med ein sentral overordna visjon i «Volda for alle», og åtte viktige hovudtema i møte med mål og strategiar for vidare arbeid. I høve til vidare bruk av samfunnsdelen i kommuneplanen forstår vi at det kan vere ei utfordring i arbeidet med å gjere måla konkrete, målbare, oppnåelege, realistiske og tidsbestemte for slik å fungere godt som vidare styringsdokument.

Vi har lese forslaget med vekt på mål, strategiar og føringar som gjeld kulturminne og kulturmiljø. I høve til overordna målsetjing om å styrke Volda som regionsenter (pkt 4.3), er målet om å bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret sentralt. Her nemner ein gode strategiar om å formidle og bevisstgjere innbyggjarar om Volda sin kulturarv og identitet, og legg mellom anna føring om å utarbeide kulturminneplan som grunnlag for kommuneplanens arealdel, og *sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø* (s. 15, siste avsnitt). Her ser vi behovet for ein meir konkret ordbruk, og ønskjer at vi omskriv kulepunktet slik: ***verne*** *viktige område for kulturminne og kulturmiljø.*

Generelt har Volda sentrum svært få spor etter *strandstaden* Volda. Vi ønskjer eit sterkare fokus på strandsonevern i vidare arbeid med arealdelen for Volda sentrum, og ser til dømes den nylege utbygginga av strandsonen i Norddalen (nedanfor gamle Pleieheimen i Volda) som ei sterk forringing av eit historisk kulturmiljø. Her har ein fortrengt den naturlege stranda med ei eldre naustrekkje, og erstatta dette med ei moderne naustrekke utan band til fortidig byggeskikk bygd på betongmur i strandsona. For barnehagar og barnefamiliar var dette eit ynda turmål for leik i fjøra, og denne moglegheita er no vekke. Vi ser at liknande utfordringar vil kunne verte gjeldande i Rotsetfjøra, og ber difor om at fokuset på strandsonevern vert styrkt i samfunnsdelen av kommuneplanen. Vi

ønskjer difor at kulepunkt seks i Føringar for vidare arbeid med arealdelen vert endra slik (s. 15):

- Utarbeide kulturminneplan som grunnlag for kommuneplanens arealdel. Verne viktige område for kulturminne og kulturmiljø. Styrke fokuset på strandsonevern.

Vi har ein liknande merknad til strategiane for å utvikle Volda sentrum (pkt. 4.4) i høve til målet om at Volda kommune skal ta vare på og utvikle element som er viktige for Volda sentrum sitt særpreg. Strategien om å sikre trehusbusetnaden og anna særprega arkitektur i sentrum, og auke bevisstgjering om Volda sitt særpreg og identitet, er viktig. Her ønskjer vi å tydeleggjere eit sterkare fokus på vern i vidare føringar for arbeidet med arealdelen i området som har nemninga «Kjernen» i nyare plandokument. Vi tenkjer at Volda kommune her har eit eksisterande konkret dokument i Ridderstømplanen frå 1987 som tydeleggjer heilt klare føringar for vern av det særprega gate- og bygningsmiljøet som ein heilskap i områder merka spesialområder i møte med materialval, endringar på fasadar, plassar og sjøgløtt kring bygningane, m.m. Dessverre er ikkje denne planen følgt opp i nyare tid: eldre trehus i sentrum har til dømes fått endra material på tak (frå skifer til decra), sjøgløtt er tetta igjen, osv. I Føringar for vidare arbeid med arealdelen ønskjer vi at første kulepunktet (siste avsnitt s. 17) vert konkretisert frå: Gjennomgå, vurdere og sikre viktige bygningsmiljø i sentrum til

- Gjennomgå, vurdere og verne viktige gate- og bygningsmiljø i sentrum.

Vi tenkjer elles det er svært positivt at samfunnsplanen legg vekt på å utarbeide føringar for estetikk i Volda kommune.

**Kommentar:**
I Føringar for vidare arbeid med arealdelen under kap. 4.3 ynskjer Fortidsminneforeningen Sunnmøre lokallag å forandre eitt av kulepunkta frå "*sikre viktige område for kulturminne og kulturmiljø*" til "***verne** viktige område*…" Ikkje alle kulturminnar og kulturmiljø har vernestatus, men kan ha så stor verdi at kommunen likevel ynskjer å sikre områda for framtida likevel, t.d. ved hjelp av hensynssoner. Det finst ulike måtar å sikre kulturminnar og kulturmiljø på, vern er ein måte. Vi meiner sikre er eit meir dekkande omgrep å nytte i denne samanhengen, da sikring kan inkludere område som ikkje er verneverdige, medan vern kan ekskludere område som ikkje er verneverdige.

Fortidsminneforeininga ynskjer å styrke fokuset på strandsonevern. Under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.3 Attraktivitet er det sett opp eit kulepunkt "*Sikre viktige strandsone- og sjøareal til natur- og friluftsformål*." I revidert plan er kulepunktet forandra til

- Sikre viktige strandsone og sjøareal til natur-, kultur- og friluftsformål.

Vi gjer merksam på at kommunen er i gang med ein kartlegging av friluftslivsområda i kommunen. Denne kartlegginga vil nyttast som grunnlag for arealdelen, og kunne gje føringar for kva område som bør sikrast til desse formåla.

I kap. 4.6 om Volda sentrum ynskjer Fortidsminneforeininga forandre eit av kulepunkta under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" frå "*Gjennomgå, vurdere og sikre viktige bygningsmiljø i sentrum*" til "*Gjennomgå, vurdere og verne viktige gate- og bygningsmiljø i sentrum*". Viser til tidlegare kommentar ang. omgrepet "vern". Vi er einige i at det er viktig å inkludere gatemiljø i dette punktet, og i revidert plan er kulepunktet i kap. 4.6 Volda sentrum forandra til

- Gjennomgå, vurdere og sikre viktige gate- og bygningsmiljø i sentrum.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

9

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Generelt**

Volda kommune har gjort eit godt og grundig arbeid med utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016 - 2028. Det har vore lagt opp til ulike typar medverknadsprosjekt undervegs i planprosessen. Dette har opna for brei deltaking frå ulike aktorar og interessegrupper, og vil kunne medverke til å sikre planen god forankring og legitimitet. Dette er svært positivt.

Planarbeidet ber preg av ei systematisk og strukturert tilnærming til kommuneplanen som strategisk verktøy for samfunnsutvikling og kommunal tenesteproduksjon. Eit eige utfordringsnotat inngår elles som eit viktig grunnlagsdokument for planarbeidet. Vidare ser vi at det interkommunale og regionale perspektivet er godt ivaretatt ved at «tenketanken» som vart etablert i samband med kommunereformprosessen også har vore nytta i arbeidet med kommuneplanen.

Kommuneplanarbeidet heng tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen vidare skal følgjast opp i løpet av neste fire-årsperiode, eller meir, og skal gjennomgå ein årleg revisjon. Økonomiplanen etter kommunelova sin §44 kan inngå i handlingsdelen. Utfordringa for mange kommunar er a utvikle kommuneplansystemet til eit integrert og heilskapleg styringsverktøy for administrative og politiske vurderingar og prioriteringar. Mål og strategiar slik desse er presentert i kap. 4 i samfunnsdelen vil i tråd med dette kunne knytast opp til meir konkrete tiltak i handlingsdelen.

Mål og strategiar i samfunnsdelen dannar vidare eit viktig grunnlag for rammer og retningslinjer knytt til framtidig arealbruk i kommuneplanens arealdel.
Kommuneplanen vil også etter behov gi grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde i kommunen.

**Merknader og innspel til Kommuneplan for Volda 2016-2028 - samfunnsdelen**

Plandokumentet er innhaldsmessig delt opp i tre hovudkapittel.

Kap 2 gjer nærare greie for viktige rammer og retningslinjer, hovudtema og visjon for planen, samt prosess og medverknad. Folkehelse er valt som overordna og førande prinsipp. Folkehelse er i tillegg også tatt med som eit eige hovedtema (jf. Kap 4).

Kap 3 er gjer nærare greie for viktige utviklingstrekk knytt til demografi, næringsstruktur, kommunal tenesteyting, kommunikasjonar og infrastruktur. Innhaldet har preg av rein opplisting av faktaopplysningar. Dette er opplysningar som i store grad kunne vore sett i eit meir utvida samfunns- og utviklingsperspektiv. Dette opnar for at søkelyset på kommunen som samfunn og som organisasjon i sterkare grad blir retta mot å sjå viktige utviklingstrekk og utfordringar i samanheng. Utfordringsnotatet som er utarbeidd i samband med kommuneplanarbeidet omfattar ein grundig og meir utfyllande presentasjon av viktig grunnlagsinformasjon. Denne tette innhaldsmessige koplinga til utfordringsnotatet kunne vore nærare omtalt.

Kap 4 utgjer hovuddelen av plandokumentet og er i samsvar med planprogrammet retta mot åtte innsatsområde/hovudmål:
Attraktivitet (folk, næring, trivsel)
Busetting
Volda i regionen

Volda sentrum
Folkehelse
Klima og miljø
Tenester
Samfunnstryggleik

Det er lagt opp til ein hierarkisk målstruktur der kvart av dei åtte hovudmåla er vidare delt opp i delmål med tilhøyrande strategiar. Koplinga mellom temaområde og folkehelse som gjennomgåande perspektiv opnar for tverrfaglege og tverrsektorielle tilnærmingar til kommunen sine utfordringar. Dette både i forhold til levekår og samfunnsutvikling, så vel som i forhold til organisering og kommunal tenesteyting. I tråd med dette ville det vere naturleg at omtalen av folkehelse (både som gjennomgåande perspektiv og som temaområde) blir flytta opp og presentert innleiingsvis i kap 4. For kvart delmål med tilhøyrande strategiar er det vist til Føringar for vidare arbeid med arealdelen. Dette er eit viktig grep for å tydeleggjere koplinga mellom kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.

Vidare ser vi at samanhengen mellom fleire av dei åtte hovudmåla naturleg nok er både tett og delvis overlappande. Dette understrekar behovet for å sjå oppgåver og tiltak på tvers, med krav om samordning og samhandling både internt i kommunen og i forhold til eksterne aktorar og samarbeidspartar.

Vårt hovudinntrykk er at planforslaget er oversiktleg og godt strukturert. Volda kommune har med dette framlegget lagt eit solid grunnlag for vidare planarbeid, jf. våre innspel i samband med oppstartmeldinga/planprogramet. Fylkesmannen viser vidare til våre merknader nedanfor. Desse er delt inn tematisk etter våre ansvarsområde.

**By- og tettstadutvikling**
I 2015 vart det laga ein utviklingsplan for sentrumsområdet i Volda, og ifølge planen vil utvikling av Volda sentrum vere eit viktig satsingsområde i tida framover for å auke attraktiviteten i kommunen. Det er svært positivt at kommunen har eit bevisst forhold til sentrumsutvikling.

Ein av strategiane er at tiltak i samsvar med *Utviklingsplanen for Volda sentrum* skal realiserast, og at det skal sikrast løysingar med høg vekt på universell utforming. Det er nemnt som ein strategi at det skal tilbydast nok parkeringsplassar. Samstundes seier ein annan strategi at ein skal sikre eit sentrum som inviterer til å gå og sykle og at ein vil redusere bilbruken i sentrumskjernen. Dette er strategiar som fort kan stå i motstrid, og vi vonar kommunen finn løysingar som fungerer slik at det eine ikkje utelukkar det andre. Ein annan strategi er å stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Dette er også eit tema som er krevjande men svært viktig dersom ein skal ha eit levande sentrum. Det fordrar også at kommunen tek nokre val og ikkje gir høve til etablering av detaljhandel utanfor sentrum. Behovet for ei klar sentrumsavgrensing slik planutkastet legg opp til vil her vere viktig. Planen nemner også Føringar for vidare arbeid med arealdelen. Vi legg til grunn at det i det i det vidare arbeidet med handlingsdelen blir nærare konkretisert korleis ein skal nå dei ulike måla og setje strategiane ut i livet.

Når det gjeld bustadutvikling ser vi at kommunen har strategiar både til utbygging i sentrum og i bygdene rundt. Skal bygdene utviklast er det viktig at det vert lagt til rette for god offentleg kommunikasjon. Barn og unge, og også andre sårbare grupper, er heilt avhengig av gode og tenlege kommunikasjonsordningar dersom dei skal ta del i samfunnsaktivitetar.

Dersom slike tilbod manglar vil dette kunne føre til marginalisering. Spesielt vil dette kunne gjelde dei som veks opp i økonomisk svake familiar.

Spørsmål rundt by- og tettstadutvikling er elles nær knytt til fleire av planen sine hovudtema; jf. *Attraktivitet, Busetting, Volda i regionen, Volda sentrum* m.v. For viktige regionale og nasjonale føringar på dette området viser vi her til *Regional delplan for attraktive byar og tettstader* og *Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.*

**Natur- og miljøvern**
Klima og miljø er eitt av åtte hovudtema i planen. Etter vår meining er det mange viktige mål som er lista opp under det temaet, og relevante strategiar knytt til måla. Det manglar noko på ei konkretisering av *korleis* ein skal ta dei nødvendige grepa for at måla blir nådd. Noko er nemnt i føringane for vidare arbeid med arealdelen, men det er ikkje alt som blir fanga opp her. Vi legg til grunn at også oppgåver og tiltak knytt til dette hovudmålet blir vidare konkretisert gjennom handlingsdelen til planen.

Det er også positivt at det er nemnt som ein strategi at ein har fokus på tilsette sin kompetanse innan berekraftig naturforvaltning, og at kommunen er bevisst på at konsekvensar for naturmiljøet skal synleggjerast i alle plan- og utbyggingssaker. I slike vurderingar bør ein også sjå på behovet for å sikre nye område til naturvernføremål. I tillegg bør ein også ha med ein overordna strategi på korleis ein skal ta vare på vassdraga i kommunen.

Eit av måla under *Attraktivitet* er å vidareutvikle gang- og stinettverket og legge til rette for tilgang til natur og friluftslivsområde. Det er viktig at dette kan nedfellast i konkrete planar/tiltak med nødvendige prioriteringar.

**Landbruk**
Vi oppfattar det slik at landbruk er tatt inn i hovudtema klima og miljø, og inngår i målet om at Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald. Ein av strategiane er å sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel. Sikring av viktige jord- og skogbruksareal for framtida er nemnt som ei føring for vidare arbeid med arealdelen. Vi kan ikkje sjå at planen seier noko om korleis ein skal gå fram for å sikre viktige jordbruksareal i arealdelen. Det ville vore naturleg om samfunnsdelen sa noko om behovet for utgreiingar, som t.d. kartlegging av kjerneområde landbruk eller liknande. Vi legg til grunn at omsyn til landbruksinteressene og utvikling av landbruket i kommunen vil bli nærare drøfta i arealdelen.

**Samfunnstryggleik**
Kommunen har inkludert samfunnstryggleik som ein viktig del av kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi meiner planen er eit godt bidrag til å oppfylle krava som blir stilt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid, jf. § 3 i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen meiner kapittelet om samfunnstryggleik er oversikteleg og gjennomtenkt. Spesielt er det gjort eit godt arbeid med å skildre måla med samfunnstryggleiksarbeidet til kommunen, og strategiar for å nå desse.

**Folkehelse**
Det er i planen lagt opp til folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema. Folkehelsearbeidet skjer i større grad utanfor helsetenesta enn innanfor, og det blir stilt krav om ei brei tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming. Planen har mål og strategiar for folkehelsearbeid innan fleire område og ikkje berre i mål og strategiar i delen for folkehelse. Attraktivitet, busetting m.m. har mellom anna innverknad på folkehelse. Dei mest typiske utfordringane

som mange kommunar slit med, er samhandling mellom dei ulike tenestene for å sikre ei god utvikling og innovasjon i arbeidet. Korleis kommunen legg opp til samhandling mellom tenestene og i samfunnet vil ha mykje å seie for å nå måla i planen. A sjå dei ulike påverknadsfaktorane for betre folkehelse på tvers i lokalsamfunnet, gir betre samspel for å kunne gjere noko med det.

Dei strukturerte miljøa for barn og unge, barnehage, skule, skulefritidsordningar m.m. bør i handlingsprogrammet ha felles konkrete føringar for arbeidet med tidleg innsats for å sikre systematisk folkehelsearbeid for gruppa barn og unge. Til dømes viser lokale utfordringar at det er ei auke i talet på unge jenter som slit med psykisk helse. Ei systematisk gjennomgang og samhandling i tiltak her kan til dømes gi resultat i lågare fråfall i vidaregåande skole.
I kap 2.5 understrekar kommunen at folkehelseperspektivet skal vere overordna og førande for heile planen. Kommunen viser til *Fylkesplan for More og Romsdal 2013-2016, Regional planstrategi* og regionale delplanar. I kap 4.3 er eit av måla å legge til rette for gode overnatting- og serveringstilbod. Dette inneber ein god og balansert alkoholpolitikk med tanke både på næringsutvikling og folkehelse. Her bør omsyn til barn og unge vege tungt, med tanke på kor dei ferdast.

Det er av stor betydning at ein i planlegginga legg til rette for og sikrar areal til fysisk aktivitet i brei forstand. Helseperspektivet kan gå frå barns kvardagsleik via det enkle friluftslivet til å utøve aktiv idrett i særskilde anlegg. Gjennom planlegginga kan ein tilrettelegge slik at terskelen for dagleg fysisk aktivitet for befolkinga blir så lav som muleg. Det handlar om at det skal vere enkelt og trygt å gå eller sykle til jobb og nærbutikk, kome seg rundt i nærmiljøet, til og frå dette. I satsinga på at folk skal kunne bu heime så lenge dei kan, vil det og vere naudsynt med fristader i nærmiljøet, slik at dei har tilhøva for aktivitet lett tilgjengelige på møtepassar der dei bur.

Universell utforming bør drøftast og nedfellast i kommuneplanens samfunnsdel som ei gjennomgåande føring for vidare planarbeid og for sektorene si verksemd. Det er særleg relevant å drøfte kva dette inneber i forhold til sektorovergripande tema som barn og unges oppvekstmiljø, folkehelse, eldrepolitikk, integrering. Ei rekke premissar for vidare planarbeid kan nedfellast her, samt at grep for gjennomføring kan takast gjennom handlingsdel og økonomiplan.

Universell utforming bør nemnast som eit førande prinsipp for korleis fysiske omgjevnader skal utformast. Kommunen må kunne dokumentere medverknad og at desse utfordringane er drøfta i kommuneplanprosessen. Fylkesmannen tilrår å ta i bruk rettleiarar på nett, som til dømes på www.regjeringen.no og på www.planlegging.no. Det er også lovfesta rettar som skal sikre tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne i *Lov om diskriminering og tilgjengelighet.* Til denne er det laga eit rundskriv som kan vere nyttig for kommunen når dei skal planlegge si verksemd og forvalte plan- og bygningslova, Rundskriv i dliskriminerings- og tilgjengelighetslova FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne er ratifisert av Norge og ligg føre på norsk på https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konvensjonen/ic1724096/

Volda kommune gjer ein betydeleg innsats når det gjeldt integrering av flyktningar. Kommunen vektlegg mangfald i tiltaka, samordning av tenester og ein har gjennom mange års arbeid fått opparbeidd høg fleirkulturell kompetanse. I tillegg er det etablert eige mottak i kommunen som fører til auka press på ulike kommunale tenester. Utfordringar knytt til varig busetting er viktig å vektlegge i samband med vidare planlegging og oppfølging m.a. gjennom handlingsdel og økonomiplan.

**Barn og unge**
Volda kommune har gjort eit godt og grundig arbeid for å få med barn og unge i planarbeidet. Kommunen formidlar eksplisitt at det er dei som er i unge i dag som skal vekse inn i det samfunnet kommunen no legg planar for. Derfor har det vore viktig å involvere barn og unge på ulike måtar. Vi ser m.a. at ungdomsrådet hatt ein sentral funksjon i dette arbeidet, og fått eit ansvar for å trekke andre barn og unge aktivt med.

Fylkeskommunen har vald fleire gjennomgåande perspektiv i sin overordna fylkesplan. Barn og unge er eitt av dei. Med ein aktiv barn/unge-profil i samband med medverknad hadde vi gjerne sett at kommunen også kunne velje barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv i samfunnsdelen. Vi ser at folkehelse inkluderer barn og unge, men vi trur likevel at ei satsing på barn og unge på lik linje med folkehelse vil kunne styrke planen med tanke på oppvekstkåra for barn og unge. Vi meiner det kan vere uheldig å nemne barn og unge under berre eitt av dei åtte måla. Det kan føre til at barn/unge perspektivet ikkje blir tatt høgde for under dei andre målsettingane.

I kapittel 3 viser kommunen til fakta om kommunen. Her er det vist både til folkehelseprofilar og Ungdata-undersøkinga. Hausten 2015 inviterte Fylkesmannen saman med fylkeskommunen alle kommunane i fylket til å gjennomføre ei kartlegging av oppvekstkår og tenestetilbod til barn og unge i lys av barnekonvensjonen. Volda kommune gjorde eit grundig arbeid i samband med dette. Vi kan ikkje sjå at resultat frå denne kartlegginga er tatt med i vurderinga av framtidige mål i kommunen når det gjeld barn og unge sine oppvekstkår. Når det gjeld FNs barnekonvensjonen viser Volda til denne i kapittel 4.5 om folkehelse. Den er ikkje gjort greie for andre stader i dokumentet. Fylkesmannen meiner at denne også vil vere aktuell for fleire av dei andre satsingsområda.
Det er positivt at kommunen har gjennomført kartlegging av leike- og aktivitetsområde og at dette blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet. For å gjere det enklare å handtere private reguleringsplanar når det gjeld krav til lekeplassar, som storleik, plassering, utforming og innhald meiner vi det er behov for å ha eigne retningslinjer for dette. Fylkesmannen har gjennom ei eiga satsing "Betre oppvekst", retta særskild søkelys på barn og unge sine interesser. Med dette som utgangspunkt er det m.a. sett strengare krav til leikeareal i reguleringsplanar.

Generelt ser vi at planen er godt gjennomarbeidd og har tydelege mål som direkte eller indirekte er retta mot barn og unge. Vi understrekar likevel behovet for at mål og strategiar blir knytt opp til meir konkrete handlingar og tiltak i handlingsdelen. Vidare oppfølging vil også kunne vere aktuelt gjennom utarbeiding av eigne kommunedel- og/eller fagplanar.

**Helse og omsorg**
Kommuneplanens samfunnsdel skal behandle langsiktige utfordringar også for utvalde målgrupper. Utfordringsnotatet frå 2015 omtalar utfordringar på demensområdet, men samfunnsdelen seier ikkje noko om desse utfordringane. Kommunen har valt å svare på eigne utfordringar med ein demensplan. Det er heilt i tråd med dei nasjonale tilrådingane. Målet med å ha ein demensplan er å sikre langsiktig og heilskapleg planlegging av lokalsamfunnet og omgivnadene.

Regjeringa oppmodar kommunane til å sette fornying og forbetring av omsorgstenestane på dagsorden i kommunens plan- og utviklingsarbeid. Volda kommune har utarbeidd ein omsorgsplan, som gir ei oversikt over hovudutfordringane, og handlingsdel for omsorgsplan og demensplan.

**Oppsummering**
Volda kommune har med *Kommuneplan for Volda Samfunnsdel 2016 —2028* levert eit godt og gjennomarbeidd planutkast. Samfunnsdelen vil vere eit godt reiskap for ei langsiktig og heilskapleg planlegging i kommunen. Kommunen har med dette lagt eit solid grunnlag for vidare planarbeid. Vi saknar meir om *korleis* måla skal nåast og strategiane lukkast. Ein bør derfor vidare i arbeidet med handlingsdelen gjere ei prioritering mellom mål og strategiar som vil kunne styre satsinga i endå større grad.

Vi viser elles til merknadene over og ber om at dei blir tatt omsyn til i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Vi ønskjer lykke til med planarbeidet og minner om at Fylkesmannen her vil vere ein viktig medspelar.

## Kommentar:

*Merknader og innspel, Kap 3:*
Fylkesmannen peikar på at koplinga til utfordringsnotatet kunne vore nærare omtalt. I innleiinga til kapittel 3 Utviklingstrekk er fylgjande avsnitt teke med i revidert plan:

> "I forkant av kommuneplanarbeidet vart det laga eit "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015." Dokumentet inneheld ein gjennomgang av samfunnsutviklinga i Volda, og peikar på utfordringar for kommunen i planperioden. Utfordringsnotatet har fungert som eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med samfunnsdelen. Dokumentet er tilgjengeleg på Volda kommune sine heimesider. Dette kapittelet inneheld eit utdrag tal og statistikkar frå dokumentet."

*Folkehelse*
For å tydeleggjere og "rydde" i dokumentet er det laga eit nytt kap. 4.1 om hovudtema og overordna prinsipp. Kapittelet om "folkehelse som overordna og førande prinsipp" er flytta til kap. 4.2 i revidert plan. Fylgjande avsnitt om folkehelse som overordna og førande prinsipp er lagt til kapittelet:

> **"Overordna og førande prinsipp**
> I kap. 4.7 vert nokre av Volda kommune sine hovudutfordringar knytt til folkehelse trekt fram, og det er definert mål og strategiar som kommunen ynskjer å satse på i planperioden. Samtidig handlar folkehelse om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at vi tenkjer "helse i alt vi gjer". Volda kommune skal difor ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer, og folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp for heile planen."

*Bu- og tettstadsutvikling*
Fylkesmannen peikar på at strategien *"nok parkeringsplassar*" kan kome i konflikt med strategien om eit sentrum som "*inviterer til å gå og sykle*" og at ein vil redusere bilbruk i sentrum. Dette er sjølvsagt ein utfordring, og temaet har vore diskutert i mange fora, m.a. i samband med samfunnsdelen og sentrumsprosjektet Mellom Bygningane i Volda. Utviklingsplanen for Volda sentrum legg opp til langsgåande parkering, regulert parkering i sentrumskjernen (t.d. maks 30 min.) og større langtids-parkeringsplassar i utkantane. I tillegg er det foreslått tiltak som t.d. breiare fortau, skilting for mjuke trafikantar, meir sykkelparkering, belysning, ein samanhengane grøntstruktur og fleire sitteplassar.

Dette er alle tiltak som kan bidra til å gjere Volda sentrum meir attraktivt for gåande og syklande, og virkemiddel som bevisst kan nyttast for at folk faktisk skal velje beina framfor bilen. Det er viktig for næringslivet at sentrumsområdet har parkeringsplassar, samtidig har Volda sentrum eit stort forbetringspotensiale for å gjere sentrum meir attraktivt for gåande og syklande.

Fylkesmannen peikar på at god offentleg kommunikasjon er viktig for utvikling på bygdene. I det fjerde målet i kap. 4.4 Busetting er det ein strategi om at kommunen vil "*arbeide for gode kommunikasjonar mellom sentrum og bygdene*". Denne strategien inkluderar offentleg kommunikasjon.

*Natur og miljøvern*
Fylkesmannen peikar på at kommunen bør vurdere å sikre nye område til naturvernføremål og lage ein overordna strategi for korleis ein kan ta vare på vassdraga i kommunen. Under overskrifta "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.8 Klima og miljø er det eit kulepunkt som seier at vi vil "*vurdere og sikre område som er viktige å opprettholde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.*" Fylgjande kulepunkt er teke med i revidert plan:

- Kartlegge behov for sikring av vassdrag.

Fylkesmannen kommenterar at for å vidareutvikle gang- og stinettverket er det viktig å nedfelle dette i konkrete planar og tiltak. Volda kommune har laga ein hovudplan for sykkel. Eit aktuelt tiltak er også å utarbeide ein gåstrategi. Tiltak og konkretiseringar vil synleggjerast i handlingsdelen, og i komande planstrategi.

*Landbruk*
Landbruk er som Fylkesmannen viser til tatt inn i kap. om Klima og miljø. I tillegg er landbruket peika på som ei viktig næring i kap. 4.3 Attraktivitet - folk, næring, trivsel (sjå m.a. innleiingsteksta, mål tre og fire og Føringar for vidare arbeid med arealdelen). I Føringar for vidare arbeid med arealdelen har vi sagt at vi m.a. ynskjer å "*sikre viktige jord- og skogbruksareal for framtida*." Landbruksavdelinga i kommunen er i gang med å kartlegge kjerneområde for landbruk. Dette vil vere eit viktig grunnlagsdokument for arealdelen. Landbruk vil elles vere eit viktig tema i vidare arbeid med arealdelen.

*Folkehelse*
Fylkesmannen meiner "*universell utforming bør drøftast og nedfellast i kommuneplanen sin samfunnsdel som ei gjennomgåande føring for vidare planarbeid og for sektorane si verksemd.*"
Under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.7 Folkehelse er det eit kulepunkt som seier "*Universell utforming som føring for at alle skal kunne delta i samfunnet og ha ein meiningsfull og aktiv kvardag*." Dette kulepunktet legg føringar for vidare planarbeid.

I kap. 4.6 Volda sentrum er fylgjande avsnitt lagt til i innleiingsteksten i revidert plan:

> "Planlegginga av Volda sentrum skal fremme utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Dette inneber ein innovativ tilnærming til planlegging og utforming, og ein ambisjon om stadig å finne betre og meir inkluderande løysingar. Alle uteareal (inkludert både ferdsels- og opphaldsareal) skal planleggast slik at areala er tilgjengeleg for alle, og prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn."

I kap 4.3 Attraktivitet er fylgjande avsnitt lagt til i innleiingsteksten i revidert plan:

> "Fleire av barnehagane og skulene i Volda er nedslitt og har behov for ei standardheving. Planlegging av barnehagar og skulebygg med tilhøyrande uteområde skal fremme utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Bygningar og uteareal skal planleggast slik at areala er tilgjengeleg for alle, og prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn."

*Barn og unge*
Fylkesmannen meiner "*kommunen også kunne velje barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv i samfunnsdelen*", og at "*det kan vere uheldig å nemne barn og unge under berre eitt av dei åtte måla*". Vi meiner at sjølv om vi ikkje har valt å formulere at barn og unge skal vere eit gjennomgåande perspektiv i samfunnsdelen – så er dei det – i praksis. Barn og unge er ikkje nemnd under berre eitt av dei åtte måla, dei er t.d. nemnd i kap 4.3 Attraktivitet under målet om å "*vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda*" og i kap. 4.4 Busetting i tredje målet, der to av strategiane er å "*heve standarden på leike- og aktivitetsområda*" og å "*sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for barn og unge*." Vi ynskjer at barn og unge skal ha eit sterkt fokus i planen gjennom målsettingar og strategiar som direkte og indirekte er retta mot barn og unge, sjølv om vi ikkje har laga same struktur med gjennomgåande perspektiv som fylkeskommunen har.

*Helse og omsorg*
Fylkesmannen peikar på at Utfordringsnotatet omtalar utfordringar på demensområdet, men at samfunnsdelen ikkje seier noko om desse utfordringane. Under overskrifta "Folkehelse" i kap. 3.1 Om Volda er det sagt at ein mogleg utfordring i framtida kan vere at "*sjukdomsbiletet vert meir prega av kronisk og samansette helseproblem og demens*" og "*større press på mellom andre helse- og omsorgstenester*".

I kap. 4.9 Tenester er fylgjande avsnitt tatt inn i innleiingsteksta i revidert plan:

> "Befolkningsframskivingane viser at det i framtida vil verte færre innbyggarar i yrkesaktiv alder for kvar innbyggar 80 år og eldre. Moglege konsekvensar av dette kan vere større press på mellom andre helse- og omsorgstenestene. Volda kommune ynskjer å tilby eit likeverdig tenestetilbod for alle eldre i heile kommunen. Strategiar knytt til mellom andre kvardagsrehabilitering og gode dagtilbod er beskreve i kapittel 4.4 Busetting. Kommunen ynskjer også å prioritere kompetanseutvikling for tilsette, for å sikre ei forsvarleg og godt kvalifisert bemanning i institusjonane."

Eit av måla i kap. 4.9 Tenester er at "*tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter og med god nok kvalitet*". Volda kommune har ein omsorgsplan og ein demensplan, og tiltak frå desse planane vil takast med i vidare arbeid med handlingsdelen til kommuneplanen.

*Oppsummering*
Fylkesmannen meiner høyringsutkastet er eit solid grunnlag for vidare planarbeid, men saknar meir om korleis måla skal nåast og strategiane lukkast.

Volda kommune ynskjer å samordne handlingsdelen med økonomiplanen, slik plan- og bygningslova legg opp til. Vi trur dette vil styrke samfunnsdelen si rolle som eit styringsdokument, og sikre at mål og strategiar i samfunnsdelen skal vere styrande for kommunen si prioritering av ressursar.

For å synleggjere koplinga mellom samfunnsdelen, handlingsdelen og arealdelen, er det i revidert plan lagt til eit eige kapittel 2.2 om kommuneplanen sin handlingsdel og arealdel, med fylgjande (oppdatert) tekst:

> **"Handlingsdelen**
> Om handlingsdelen i plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-3: "Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig." "Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."
>
> Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur under. Handlingsdelen skal vise kva kommunen ynskjer å gjennomføre dei neste fire åra.
>
> Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere eit viktig grunnlagsdokument i vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
>
> **Arealdelen**
> Om arealdelen i plan- og bygningslova, §11-5:
> "Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk."
>
> Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi grunnlaget for prioriteringar i arealdelen."

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel har det kome inn ein rekke framlegg til tiltak. Tiltaka er samla i tiltakstabellar, kopla til mål og strategiar i samfunnsdelen. Desse tiltakstabellane skal nyttast aktivt i tida framover, når politikarar og administrasjonen skal arbeide med budsjett og økonomiplan. Tiltakstabellane vert dermed eit viktig grunnlag for handlingsdelen. Sjå også kommentar til innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om handlingsdelen.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med areal- og handlingsdel.***

## Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Innleiing**
Vi har gått gjennom kommunens forslag til samfunnsdel og vil gi ros for eit solid og grundig arbeid med kommunens overordna styringsreiskap. Vi vil nedanfor forsøkje å kome med nokre kommentarar som kommunen kan vurdere når samfunnsdelen no skal sluttførast.

**Planfagleg vurdering**
*Føringar og forventningar (kapittel 2, punkt 2.2)*
Vi la merke til at nasjonale og regionale føringar og forventningar er kortfatta omhandla i hovuddokumentet. Vi såg derfor gjennom planprogrammet og fann at føringane var meir omfattande omhandla der. Dersom ein skulle ha gjort noko meir ut av forholdet til overordna føringar og forventningar, kunne det til dømes ha vore å kommentert konkret kva desse eventuelt betyr for arbeidet med samfunnsdelen. Når kommunen likevel ikkje har gjort dette, finn vi den kortfatta oppsummeringa som ein enkel og akseptabel måte å synleggjere kva som ligg til grunn for arbeidet med samfunnsdelen.

*Prosess og medverknad (kapittel 2, punkt 2.4)*
Vi vil her berre kome med eit kort kommentar. Vi fikk i planforum 17.02.2016 presentert arbeidet som har vore gjennomført i forhold til medverknad og det er vanskeleg å sjå kva kommunen kunne ha gjort betre.

*Folkehelse som overordna og førande prinsipp (kapittel 2, punkt 2.5)*
Når Volda kommune no har innarbeidd eit overordna og førande prinsipp, vurderer vi valet av folkehelse som eit godt val. Dette er likevel ikkje utan utfordringar.
Dersom det overordna prinsippet skal kunne fungere som gjennomgåande, kan det med fordel bli opperasjonalisert på overordna nivå, i punkt 2.5, for så å vere innarbeidd med tydlegare føringar for dei ulike satsingsområda i kapittel 4.

Det kan og synes som ulogisk å ha folkehelse som eit overordna prinsipp i kapittel 2, samstundes som at dette og er eit av satsingsområda i kapittel 4. Alternativet kan vere å utelate bruken av overordna prinsipp eller behalde dette samstundes som at ein utelet temaet folkehelse som satsingsområde. Men her må kommunen sjølv vurdere kva grep som gjer samfunnsdelen til eit godt verktøy, lokalt. Til samanlikning er det i fylkesplanen innarbeidd seks gjennomgåande perspektiv (barn og unge, universell utforming, folkehelse, likestilling og inkludering, internasjonalisering, miljø og klima), men desse har vist seg å vere utfordrande å få til å fungere på ein god måte. I arbeidet med å revidere fylkesplanen føreslås det no å redusere talet på gjennomgåande perspektiv i frå seks til fire. Om det overordna og førande prinsippet skal fungere i Volda kommunes samfunnsdel og påfølgande kommunale styringsdokument, avhenger av kor tydeleg føringa blir vidareført i alle ledd.

*Utviklingstrekk (kapittel 3)*
Volda har arbeidd godt med grunnlagsmateriale for samfunnsdelen. Ei utfordring vi ser er likevel at tilhøva endrar seg raskt. Sjølv om kommunen ikkje er så konjunkturavhengig i seg sjølv, vil kommunen alltid sameksistere med omland som vil kunne vere det. Kunnskapsgrunnlaget kan derfor med fordel bli oppdatert i forhold til enkelte næringar, som vi no veit går i motbakke, og kva konsekvensar dette kan ha for Volda-samfunnet. Om ikkje kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert, bør desse utfordringane bli problematisert.

I forhold til det regionale bildet ser vi at kommunen med fordel kan gjere ei vurdering av kommunens rolle ut over relasjonen Volda-Ørsta.

*Målhierarkiet, mål og strategiar (kapittel 4, punkt 4.1 – 4.8)*
Omgrepet «strategiar» under målformuleringane i de ulike satsingsområda, kan synes å ikkje vere heilt treffande. Alternativt kunne det ha vore nytta ein struktur med omgrepa; mål, delmål og så tiltak (i handlingsdelen).

*Føringar for arealdelen (kapittel 4, punkt 4.1 – 4.8)*
Føringane for vidare arbeid med arealdelen er sett som siste avsnitt for alle tema i kapittelet mål og strategiar. Føringane kunne og ha vore gitt eit eige kapittel, kor dei i tillegg hadde vore kommentert. Desse føringane er starten på det som vil bli kommunens arealstrategi.
Vi ser av planprogrammet for samfunnsdelen at kommunen skal i gang med arealdelen i løpet av 2016. Når arbeidet med samfunnsdelen no blir ferdigstilt, vil vi rå kommunen til å vurdere korleis samfunnsdel skal fungere i forhold til arbeidet med arealdelen. Vi trur kommunen kan arbeide på same måte som med samfunnsdelen, å lage sjølvstendige deldokument som hovudplanen er bygd opp i frå. Ein arealstrategi kan slikt sett bli utarbeida som eit eige sjølvstendig dokument, eventuelt i ein sjølvstendig prosess, før eller parallelt med at arbeidet med arealdelen tek til.

*Handlingsdel (?)*
Samfunnsdelen manglar ein handlingsdel for gjennomføring av konkrete tiltak. Det er slikt sett vanskeleg for oss å vurdere heilskapen når vi ikkje ser korleis kommunen konkret skal arbeide for å nå målsettingane. Plan- og bygningslova sett krav om at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel og i både planprogram og utkast til samfunnsdel er handlingsdelen omtala. Vi saknar derfor handlingsdelen for at samfunnsdelen skal stå fram som komplett.

**Kulturminne og kulturmiljø**
*Kulturminneplan*
Volda kommune har i 2016 søkt om midlar frå Riksantikvaren (kr. 100.000,-) til å lage lokal kulturminneplan og med litt vidare bearbeiding av planane for dette arbeidet vil kommunen kunne få tildelt midlar. Det er elles mykje i kommunens forslag til samfunns-del som tilseier at arbeidet med kulturminneplan har verdi.

Kapittel med mål og strategiar for bruk av kulturarven er fint sett opp. Alle dei nasjonalt viktige kulturminna omtalt i Regional kulturminneplan, er nemnt. Vårt ønske er at også kulturminne med regionale verdi vert innarbeidd i ein eventuell kulturminneplan, når den tid kjem. Trehusmiljøet i Volda sentrum og skulestaden Volda har kulturell verdi og kan knytast til bulyst, identitet, miljø og folkehelse. Gjennom ein kulturminneplan kan ein sjå på måtar å gjere kulturminna og informasjon om desse meir tilgjengeleg. Dette gjeld også ein del automatisk freda kulturminne (til dømes gravminne) som kan vere aktuelle å knytte opp til turstiar med informasjon/skilt.

*Kultur som næring*
Det er ikkje sagt noko om kulturminna i samband med næring og utvikling. I reiselivs-samanheng har kulturminne og lokale tradisjonar stor verdi, ikkje alltid som objekt ein eksplisitt tener pengar på, men som saman med natur- og kulturlandskapet sikrar opplevingar. Stadig fleire ønsker å oppleve det autentiske og betale for dette.

For å kunne starte næring i småskala knytt til tradisjon, kulturminne og landbruk er det viktig at offentlege og private nettverk samarbeider. Dette kan bli synlegjort under punktet med strategiar for å nå målet om eit variert arbeidsmarknad (punkt 4.1) og i samband med å redusere negativ folketalsutvikling på bygdene (punkt 4.2). Det kan vere ein idé å spisse fag på Høgskolen i Volda enda meir i retning av kunnskap om slike ting.

Saman med Ørsta og resten av Søre Sunnmøre har Volda eit stort og variert utval natur-området med kulturminner som ikkje er utnytta i den grad Ålesund og Geiranger er som «Destinasjoner», men som nettopp difor kan bli utvikla til ein meir tilpassa turisme for turistar som ønsker dei meir unike, medvirkande, og nære opplevingane.

*Utvikling av sentrum*
I samband med planar om ny tunnel med tilkomst til Volda rett ved sjukehuset blir opplevinga av Volda veldig endra. Dette er ein moglegheit for Volda på fleire måtar. Volda har eit spennande miljø i og omkring sentrum med små trehus. Desse kan vere for små til visse typar moderne bruk, medan dei er positive for andre næringar, for identitet og folkehelse mm. Gjennom å styre bort mykje av trafikken frå sjøkanten, «Gatå» og elva, kan det bli opna for friare folkeliv og fleire bustadar i sentrum. Fortetting og større nybygg treng ikkje stele utsikt mot fjorden. Offentleg kommunikasjon vil kunne vere lett tilgjengeleg. Dette er det viktig å sjå på no, for å kunne nyttegjere seg moglegheitene.

**Konklusjon**
Vi vil gi ros for eit godt gjennomarbeida forslag til samfunnsdel.
Vi viser elles til våre råd i vår uttale ovanfor og ber om at kommunen vurderer våre kommentarar i det vidare arbeidet med å sluttføre samfunnsdelen.

**Kommentar:**
*Føringar og forventningar*
Vi ynskjer å ha ein kortfatta oversikt over viktige føringar og forventningar, og viser til planprogrammet for utfyllande informasjon – slik fylkeskommunen peikar på. I revidert plan har vi valt å trekke ut to føringar som er spesielt aktuelle, og kommentere dei (Kommunereform og Sunne kommuner). I kap. 2.3 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar er fylgjande avsnitt sett inn:

> **"Kommunereform**
> Stortinget ynskjer å gjennomføre ein kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Hausten 2014 vart alle kommunane i Noreg invitert til å starte prosessar for å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med grannekommunar. Kommunane skal fatte vedtak om dette innan 1. juli 2016. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein større gjennomføringsprosess."

Kommunereforma er også omtalt i kap. 4.5 Volda i regionen. Der er teksten "*i samband med kommunereforma er Volda kommune i gang med utgreiingar og samtalar med grannekommunar om samanslåing. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein utfordrande gjennomføringsprosess. Auka samarbeid med grannekommunar og mellom institusjonar kan vere med på å styrke Volda og Ørsta som eit regionalt knutepunkt*" erstatta med:

> "Alle landets kommunar er midt i ein kommunereformprosess. Kva som vert resultatet av dette er enda ikkje avgjort. Dersom Volda kommune skal inngå i ein ny og større kommune, vil dette medføre ein større gjennomføringsprosess. Auka samarbeid med grannekommunar og mellom institusjonar kan vere med på å styrke regionale funksjonar i kommunen."

Sjå kommentar til innspel frå kommuneoverlegen angåande utdjuping av "Sunne kommuner".

21

*Folkehelse*
For å tydeleggjere og "rydde" i dokumentet er det laga eit nytt kap. 4.1 om hovudtema og overordna prinsipp. Dette kapittelet inneheld m.a. fylgjande "forklarande" avsnitt:

> "I tillegg til å vere eit hovudtema er folkehelse eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv."

Kapittelet om "folkehelse som overordna og førande prinsipp" er flytta til kap. 4.2 i revidert plan. Fylgjande avsnitt om folkehelse som overordna og førande prinsipp er lagt til kapittel 4.2 Folkehelse som overordna og førande prinsipp:

> **"Overordna og førande prinsipp**
> I kapittel 4.7 Folkehelse vert nokre av Volda kommune sine hovudutfordringar knytt til folkehelse trukke fram, og det er definert mål og strategiar som kommunen ynskjer å satse på i planperioden. Samtidig handlar folkehelse om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at vi tenkjer ”helse i alt vi gjer”. Volda kommune skal difor ha eit ”frisk-fokus” og meistringsperspektiv i alt vi gjer, og folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp for heile planen."

*Utviklingstrekk:*
I kap. 3.1 Om Volda er fylgjande avsnitt sett inn under overskrifta "Arbeidsplassdekning og arbeidsløyse":

> "Det har det siste året vore ei auke i arbeidsløysa i Noreg. Arbeidsløysa heng saman med låge oljeprisar og nedgang i oljeinvesteringane. Det er lågare arbeidsløyse i Volda enn snittet for fylket og landet elles, men aukande arbeidsløyse i fylket har konsekvensar for Volda som del av ein bu- og arbeidsregion."

*Målhierarkiet:*
Vi har valt å nytte omgrepa mål, strategiar og tiltak. Samfunnsdelen inneheld mål og strategiar, medan tiltaka vil synleggjerast i handlingsdelen.

*Føringar for arealdelen:*
Vi har valt å sette opp "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" som siste avsnitt for alle tema i kapittel 4 Mål og strategiar. Dette har vi gjort for å synleggjere korleis mål og strategiar for dei ulike tema i samfunnsdelen heng saman med kommuneplanen sin arealdel. Volda kommune skal starte arbeidet med arealdelen i 2016, og føringane frå samfunnsdelen vil verte vidare behandla og kommentert i planprogrammet til arealdelen.

*Handlingsdelen:*
Fylkeskommunen kommenterar at plan- og bygningslova sett krav om at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel og at dykk saknar handlingsdelen for at samfunnsdelen skal stå fram som komplett. I plan- og bygningslova står det i §11-1 at "*kommunen skal ha ein **samla kommuneplan** som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel*" og at "*kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneplanen §44 kan inngå i handlingsdelen*." Vidare står det i §11-2 om kommuneplanen sin samfunnsdel ingenting om at det er eit krav at samfunnsdelen skal innehalde ein handlingsdel for å vere komplett. Slik Volda kommune forstår lova er det den samla **kommuneplanen** som må ha ein handlingsdel for å vere komplett.

Volda kommune ynskjer å samordne handlingsdelen med økonomiplanen, slik plan- og bygningslova legg opp til. Vi trur dette vil styrke samfunnsdelen si rolle som eit styringsdokument, og bidra til at mål og strategiar i samfunnsdelen skal vere styrande for kommunen si prioritering av ressursar.

For å synleggjere koplinga mellom samfunnsdelen, handlingsdelen og arealdelen, er det i revidert plan lagt til eit eige kapittel 2.2 om kommuneplanen sin handlingsdel og arealdel, med fylgjande (oppdatert) tekst:

> **"Handlingsdelen**
>
> Om handlingsdelen i plan- og bygningslova § 11-1 og § 11-3: "Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig." "Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer."
>
> Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsprogrammet inneheld årlege prioriteringar, og skal reviderast kvart år saman med budsjett og økonomiplan, sjå figur under. Handlingsdelen skal vise kva kommunen ynskjer å gjennomføre dei neste fire åra.
>
> Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere eit viktig grunnlagsdokument i vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.
>
> **Arealdelen**
>
> Om arealdelen i plan- og bygningslova, §11-5:
> "Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk."
>
> Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gi grunnlaget for prioriteringar i arealdelen."

Figuren til dette kapittelet tydeleggjer korleis handlingsdelen skal utarbeidast med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel har det kome inn ein rekke framlegg til tiltak. Tiltaka er samla i tiltakstabellar, kopla til mål og strategiar i samfunnsdelen, sjå utdrag frå ein slik tiltakstabell på neste side. Desse tiltakstabellane skal nyttast aktivt i tida framover, når politikarar og administrasjonen skal arbeide med budsjett og økonomiplan. Tiltakstabellane vert dermed eit viktig grunnlag for handlingsdelen.

Mål:
Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet.

Strategi:
**Vidareutvikle helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen i og utanfor arbeidstida.**

| Tiltak | Ansvar | Økonomi | Tid | Utført |
|---|---|---|---|---|
| Samarbeide med 3H og nytte dei som arena for å fremme god helse hjå tilsette. | Rådmannen | Haldning, drift | Kontinuerleg | |
| Kjøpe inn El-syklar til rådhuset og i helse- og omsorg (utlånssyklar). | Personal og organisasjon | Investering | Kort sikt | |
| Arrangere årlege sosiale aktivitetar i regi av arbeidsgjevar. | Rådmannen, kulturbyggingsgruppa | Drift | Kontinuerleg | |
| Legge til rette for gode sykkelparkeringar for tilsette (på rådhuset, omsorgssenteret og andre kommunale arbeidsplassar). | Teknisk | Investering | Kort sikt | |
| Legge til rette for skifterom og dusjtilhøve på rådhuset og andre kommunale arbeidsplassar. | Teknisk | Investering | Lang sikt | |
| Arrangere "sykle til jobben" for kommunalt tilsette. | Folkehelsekoordinator | Drift | Kontinuerleg | |

**Figur 1: Utdrag frå tiltakstabell**

*Kultur som næring:*
I kap. 4.5 Volda i regionen er det satt som mål at vi vil "*bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionsenteret*". I dette ligger det moglegheiter for å nytte kulturminna i samband med utvikling og næring. I innleiingsteksten til kapittelet er setninga "*det å framheve kommunens kulturarv og identitet vil vere eit fortrinn i arbeidet med å bygge regionsenteret*" forandra til:

> "Det å framheve kommunen sin kulturarv og identitet vil vere eit fortrinn i arbeidet med å bygge regionsenteret og utvikle næringslivet."

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med areal- og handlingsdel.***

## Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond har ingen bemerkninger til kommuneplanens samfunnsdel. Som tidligere nevnt ønsker vi beskjed i god tid før rullering av arealdelen.

**Kommentar:**

***Opplysningsvesenets fond vil få varsel ved oppstart av arealdelen.***

## Utdanningsforbundet i Volda

Utviklingstrekk
side 7:
Vidaregåande skule er satt opp med -4. Er alle som har rett til vgo opplæring teke med (16-25 år)? Kan ein dele opp alderen annleis slik at vidaregåande kjem saman med ungdomsskule (14-20 ar), eller ei aldersgruppe frå 16-25 år?
Dette er ei stor gruppe som har ein del hybelbuarar (både vgs og høgskule) som igjen påverkar folketalet direkte.

Side 8: Barnehage og skule
Ta med nedlegginga av Bjørkedalen 1.8.2016.
Kva med Globalskulen, Volda vgs og Valda læringssenter?

Folkehelse
Om ein skriv prosent i nokre av avsnitta, bør ein ta med prosent i alle avsnitt på det som er bra - ikkje berre på det som er negativt. Framhev med prosent kor mykje lågare andel er rundt mobbing i forhold til fylket og landet. Ordet færre gjev ikkje god nok opplysning.
Vidare er det henvist mykje til jenter, men kva med gutane i kommunen? Er dette positive tal, nedgong?
Fa fram positive trender blant ungdommen var, ikkje berre det dei slit med.

Mål og strategiar
s. 11: Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Valda Endra kulepunkt:
Sikre *fortsatt* full barnehagedekning med eit godt pedagogisk innhald og bemanningsnorm i alle barnehagar og skular i heile kommuna.
Prioritere å heve standard på barnehage, skulebygg og ute-/inneområda
deira. Prioritere Volda ungdomskule.

Ekstra kulepunkt:
Sikre gode kroppsøvingsfasilitetar og opplæringsbasseng for sentrumskulane. (Øyra skule og Volda ungdomsskule.)

Busetting
s.13 Mål: Fleire unge skal flytte til...
Her bør det vere med i siste kulepunkt at ein skal sikre tilgangen/tilbodet til hybelbebuarar.
4.5 Folkehelse s.19

Mål: Barn og unge i Volda skal ha ....
Ha med eit punkt om auka helsesøstertid i både skule og barnehage.

Føringar for vidare arbeid med arealdelen:
Endring på første kulepunkt: Sikre areal for gode uteområder og innemiljø i barnehagar og skular slik at både born og tilsette har den arbeidsplassen dei treng.
Nytt kulepunkt: sikre gode opplæringsarenaer for fysisk aktivitet som kroppsøvingsal og opplæringsbasseng.

4.7 Tenester s.23
Mål: tenestene skal vere i samsvar .....
Andre kulepunktet må konkretiserast. Sikre på tidleg oppdaging av kva? Legge til punkt om godt og opent samarbeid med PPT, helsestasjon, BUP og barnevern.

Mål: tilsette i Volda kommune .....
Legge til på siste kulepunkt: samt gode seniorpolitiske tiltak

**Kommentar:**
*side 7:*
Tala i statistikken henta frå SSB sine befolkningsframskrivingar, og det er nytta standariserte aldersgrupperingar. I revidert utgåve av planen er teksten i kap. 3.1 Om Volda forandra frå *"-4 i vidaregåande skule*" til

> "- 4 i alderen 16–19 år."

I tillegg er det ført til eit eiga avsnitt under om studentar:

> "Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Mange av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB."

*Side 8: Barnehage og skule*
Årsmøtet i Bjørkedal nærskule har vedteken å avvikle skuledrifta med verknad frå 1. august 2016, og vil i praksis vere gjeldande kort tid etter at samfunnsdelen er planlagt vedteken. I avsnittet om barnehage og skule i kap. 3.1 Om Volda er teksten difor forandra frå "*I tillegg er det to private barneskular*" til

> "I tillegg er det ein privat barneskule."

Følgjande to avsnitt om Volda læringssenter, Volda vidaregåande skule og globalskulen er teke med i revidert plan, i kap. 3.1 Om Volda:

> **"Volda læringssenter**
> Volda læringssenter er eit pedagogisk læringssenter som mellom andre tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunnskunnskap for vaksne flyktningar, innvandrarar og asylsøkjarar og introduksjonsordning for flyktningar og innvandrarar.

**Andre skuletilbod i kommunen**
Volda vidaregåande skule har omtrent 540 elevar og 75 pedagogisk tilsette.
Globalskolen tilbyr nettbasert fjernundervisning til norske barn busett i utlandet. Skulen har meir enn 1600 elevar, busett i 102 forskjellige land. Skulen har hovudkontor i Volda."

*Folkehelse*
Det er vanskeleg å sette ei grense for kva tal og statistikkar ein skal ta med om folkehelse i ein slik framstilling. I dette kapittelet er det lagt vekt på å framheve nokre av Volda sine hovudutfordringar, fordi desse vert vist til m.a. i kap. 4.7 Folkehelse. Samtidig er det helt rett at det er viktig å bygge vidare på det vi er gode på, og framheve også det som er positivt. Fylgjande avsnitt er teke med i revidert plan, i kap. 3.1 Om Volda:

> "5 % av ungdomsskuleelevane i Volda oppgir at dei vert mobba på skulen, 7 % svarar det same på landsbasis. 97 % av ungdomsskuleelevane i Volda seier dei trivst på skulen, 94 % seier det same på landsbasis. 82 % av ungdomsskuleelevane i Volda seier dei er nøgd med lokalmiljøet sitt, medan 69 % seier det same på landsbasis."

I setninga om prosentdel unge jenter som slit med psykisk helse er det lagt til opplysningar om gutar i revidert plan:

> "Prosentdel unge jenter som slit med psykisk helse har auka frå 25 % til 34 % på ti år, medan den har vore stabil på 13 % for gutane i same periode."

*Mål og strategiar s. 11:*
Utdanningsforbundet foreslår å endre ein av strategiane til det fyrste målet i kap. 4.3 frå "*sikre full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular*" til "*Sikre **fortsatt** full barnehagedekning med eit godt pedagogisk innhald og bemanningsnorm i alle barnehagar og skular i heile kommuna*." Volda kommune er uansett pålagd å fylje statlege krav til bemanning, og "bemanningsnorm" vert difor ikkje teke med. Prosjektgruppa meiner "alle barnehagar og skular" inkluderar "alle barnehagar og skular i heile kommuna." Under målet i kap. 4.3 Attraktivitet om å "*vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda*" er fyrste strategi endra frå "*sikre full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular*" til

- Sikre fortsatt full barnehagedekning med eit godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular.

Utdanningsforbundet ynskjer ein ekstra strategi for å "*sikre gode kroppsøvingsfasilitetar og opplæringsbasseng for sentrumskulane*". Innspelet fell inn under strategien om å "*prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde*", og innspelet vil bli teke med som framlegg til tiltak i vidare arbeid med handlingsdelen. I tillegg er det under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" i kap. 4.3 Attraktivitet sett inn eit nytt kulepunkt:

- Sikre gode uteareal og kroppsøvingsfasilitetar ved barnehagar og skular.

*Busetting:*
Utdanningsforbundet ynskjer ein strategi om at ein skal "*sikre tilgangen til hybelbebuarar*". Siste strategi i det andre målet i kap. 4.4 Busetting seier "*ha eit variert bustadtilbod*". Prosjektgruppa meiner det er dekkande, også for hybelbebuarar.

*Folkehelse:*
Auka helsesøstertid både i barnehagar og skular er eit tiltak, og innspelet takast med i vidare arbeid med handlingsdelen.

I kap. 4.7 Folkehelse er fyrste kulepunkt i "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" forandra frå "*Sikre areal for gode uteområde i barnehagar og skular*" til:

- Sikre areal for utviding av barnehage- og skulebygg, i tillegg til gode uteområde i barnehagar og skular.

I tillegg er det lagt til eit nytt kulepunkt:

- Sikre gode opplæringsarenaer for fysisk aktivitet som kroppsøvingssal og opplæringsbasseng.

*Tenester:*
Tidleg oppdaging og tidleg innsats kan gjelde for mange ulike område, t.d. eldreomsorg, demens, psykisk helse, opplæring mv. Tidleg oppdaging og tidleg innsats vil likevel, for dei fleste tema, vere positivt for å kunne gje innbyggjarar tenester av god kvalitet. Punkt om opent og godt samarbeid med PPT, helsestasjon, BUP og barnevern takast med som framlegg til tiltak i vidare arbeid med arealdelen.

I det femte målet til kap. 4.9 Tenester er siste strategi forandra frå "*Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv*" til:

- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging, tilby gode seniorpolitiske tiltak og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil takast med i vidare arbeid med handlingsdelen.***

## Administrasjonen, Volda kommune

### Opplæring og oppvekst

Vi viser til utkastet, og viser til kva sidetal kommentarane våre høyrer heime.

1. Side 8: Under overskrifta Barnehage og skule kan det for ordens skuld leggast til at vi i tillegg har ein open barnehage i tillegg til dei kommunale og private.
2. Side 8: Det vert vist til høgskulen i Volda. Spørsmålet er om det bør visast til at vi også har ein vidaregåande skule, Globalskulen og Volda læringssenter.
3. Side 11: Under strategiar til første mål: Forslag til ny tekst i kulepunkt 2: Prioritere standard på barnehagebygg, skulebygg med tilhøyrande uteområde.
   Eg har eit ynskje om å få fram det eg ser som eit stort behov: Nye kroppsøvingsfasilitetar med tilhøyrande opplæringsbasseng for grunnskuleelevane i sentrum. I kva grad det passar inn her veit eg ikkje.
4. Side 12: Her er mitt forslag å ta vekk følgjande setning:
   **Vidareutvikling av tenestetilbodet i kommunen bør bygge på eksisterande strukturar for skular, sjukeheimar og helse.**
   Å ha med denne setninga i ein overordna plan kan legge unødig hindring i vegen for naudsynte endringar i strukturen i tenestetilbodet i framtida.
5. Side 13: Endring i første strategi, første kulepunkt: …..frå **barnehage** til høgskulenivå.
6. Side 15: Femte strategi: Endre rekkefølgja i oppramsinga til barnehage, skular (Alltid byrje med barnehage når det vert ramsa opp…)
7. Side 19: Andre strategi, fjerde kulepunkt: …trygge tilkomstar til **barnehagar**, skular……
8. Side 21: Femte strategi, første kulepunkt: Ta vekk ”Satse på”. Nok med ”Klimaopplæring i barnehage…..”

### Kommentar:

1. Under overskrifta "Barnehage og skule" i kap. 3.1 Om Volda er denne setninga tilført:

   "I tillegg er det ein open barnehage i kommunen."

2. Fylgjande tekst er sett inn om Volda læringssenter, Volda vidaregåande skule og globalskulen i kap. 3.1 Om Volda:

   **"Volda læringssenter**
   Volda læringssenter er eit pedagogisk læringssenter som mellom andre tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunnskunnskap for vaksne flyktningar, innvandrarar og asylsøkjarar og introduksjonsordning for flyktningar og innvandrarar.

**Andre skuletilbod i kommunen**
Volda vidaregåande skule har omtrent 540 elevar og 75 pedagogisk tilsette.

Globalskolen tilbyr nettbasert fjernundervisning til norske barn busett i utlandet. Skulen har meir enn 1600 elevar, busett i 102 forskjellige land. Skulen har hovudkontor i Volda."

1. Strategien til det fyrste målet i kap. 4.3 Attraktivitet er forandra frå "*Prioritere standard på barnehage, skulebygg og uteområda*" til

    - Prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

    Kroppsøvingsfasilitetar med tilhøyrande opplæringsbasseng er eit tiltak under denne strategien, og vil takast med i vidare arbeid med handlingsdelen. I tillegg er det sett inn eit nytt kulepunkt under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen i kap. 4.3 Attraktivitet:

    - Sikre gode uteareal og kroppsøvingsfasilitetar ved barnehagar og skular.

2. Setninga er henta frå intensjonsavtalane mellom Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn, og er gjenteke av ordføraren i forordet til samfunnsdelen. Setninga er politisk initiert, og prosjektgruppa ynskjer ikkje å ta den vekk.
3. Justering i samsvar med innspel er teke inn i justert plan.
4. Justering i samsvar med innspel er teke inn i justert plan.
5. Justering i samsvar med innspel er teke inn i justert plan.
6. Det har i medverknadsprosessane kome mange innspel på at i arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar er haldningsskapande arbeid for barn og unge noko av det viktigaste ein bør gjere. Prosjektgruppa meiner det vert for vagt å forandre setninga til "*klimaopplæring i barnehage og skule*".

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med handlingsdelen.***

## Volda læringssenter

Volda læringssenter og Klubben til UDF har følgjande innspel til kommuneplan for Volda, samfunnsdelen 2016 – 2028:

- Punkt 3 Utviklingstrekk: Barnehage og skule – Volda læringssenter er ikkje nemnt under dette punktet. Volda læringssenter bør ha ein viktig plass i kommunen sin framtidsplan, i samsvar med nasjonalpolitiske føringar. Det er viktig å få på plass forpliktande element i samfunnsdelen som kan legge føringar for Volda læringssenter sin framtidige praksis.

- Punkt 4.7 Tenester: I eit av underpunkta står det følgjande: «Tilby eit introduksjonsprogram for alle nytilsette.» Me ynskjer at *introduksjonsprogram* ikkje vert nytta i denne samanheng, då det er eit omgrep som er knytt opp mot nyankomne flyktningar og deira introduksjonsprogram. Ein bør heller bruke omgrepet ***informasjonsprogram*** for nytilsette.

- I samband med kommuneplanen synest Volda kommune å mangle ambisjonar for kva moglegheiter som ligg i innvandringa til kommunen (både flyktningar og arbeidsinnvandrarar). Vi må sjå innvandrarar (også flyktningar) som ein ressurs som har mykje kompetanse.
- Vi ynskjer å ha følgjande integreringsmål i samfunnsdelen:
    - Språkpraksisplassar i alle kommunale sektorar
    - Unngå «inkludering» i ordbruken. «Integrering» er betre.

### Kommentar:

*Punkt 3 Utviklingstrekk: Barnehage og skule:*

I kap. 3.1 Om Volda er fylgjande tekst sett inn om Volda læringssenter:

> **"Volda læringssenter**
> Volda læringssenter er eit pedagogisk læringssenter som mellom andre tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunnskunnskap for vaksne flyktningar, innvandrarar og asylsøkjarar og introduksjonsordning for flyktningar og innvandrarar."

*Tenester:*
Prosjektgruppa meiner omgrepa "informasjonsprogram" og "introduksjonsprogram" kan ha ulike tydingar, og at "introduksjonsprogram" er det rettaste omgrepet å nytte i denne samanhengen. Sjølv om introduksjonsprogram er eit omgrep som er knytt til nyankomne flyktningar er "Introduksjonsprogram for nytilsette" også eit mykje brukt omgrep i mange bedrifter i Noreg.

*Ambisjonar for kva moglegheiter som ligg i innvandring:*
Det fjerde målet i kap. 4.9 Tenester handlar om at Volda kommune ynskjer å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen. I dette ligg det at kommunen ynskjer å vere ein aktiv pådrivar for at innvandrarar skal nyttast som ressursar i arbeidslivet. Ofte kan språk og kultur vere utfordringar i forhold til å få innvandrarar ut i arbeidslivet. Språkpraksisplassar og moglegheit for tilpassing eller fleksible arbeidsoppgåver er strategiar som kan møte desse utfordringane.

I introduksjonsteksten til kap. 4.9 Tenester er denne teksten teke med i justert plan:

> "Den viktigaste årsaka til aukande folketilvekst i Volda kommune er innvandring, og det er viktig at arbeidsplassar i kommunen arbeidar for god inkludering, slik at ressursane vert utnytta. Språk og kulturforskjellar er utfordringar som kan vere til hinder for integrering i arbeidslivet. Volda kommune ynskjer å vere ein arbeidsplass som førebygg utanforskap og inkluderer i fellesskapen."

*Integreringsmål i samfunnsdelen:*
I kap. 4.9 Tenester er ein av strategiane til fjerde mål forandra frå "*Legge til rette for språkpraksis*" til

- Legge til rette for språkpraksis i alle kommunale sektorar.

Integrering og inkludering er to omgrep som kan ha litt ulike tydingar. Integrering nyttast ofte om fysisk tilrettelegging eller betre organisering for deltaking i samfunnet. I integreringsarbeid er nokon plassert utanfor, og man ynskjer å tilpasse samfunnet slik at alle skal ha same moglegheit til deltaking. Inkludering handlar i sterkare grad om relasjonsbygging og sosial deltaking, og at alle deltakarar i eit fellesskap skal ta del på ein likeverdig måte – fagleg, sosialt og kulturelt. Prosjektgruppa meiner difor ikkje det er rett å velje det eine omgrepet framfor det andre.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

### Sollia barnehage, ATV-Utdanningsforbundet, ATV-Fagforbundet

Vi sit att med eit positivt inntrykk etter å ha lese kommuneplanen, her er mykje gode visjonar og mål. Vi kjenner oss derimot usikre på kva konkrete tiltak som skal gjennomførast, og ser fram til å sjå ein konkret handlingsplan.

*2.5 Folkehelse som overordna og førande prinsipp*
Vi støttar fokus som er retta mot tidleg innsats og førebygging framfor reparasjon. Vi meinar at her er det viktig å ha eit heilheitleg tilbod til familien – lågterskeltilbod, som ikkje berre er knytt opp til institusjonar som barnehage og skule. Det vert viktig å sikre samhandling: å ha tydelege ansvarsforhold for samarbeid og samhandling internt og eksternt. Det må vere oversiktleg og tilgjengeleg informasjon for alle innbyggjarar.

Sikre psykisk helse – her må ein satse på kompetanseheving og krav til barnehagar og skular, og jobbe konkret med dette. Her må vi berømme Volda kommune, som har satsa på dette i barnehagane, jfr. Voldaprosjektet (samarbeidsprosjekt mellom Volda kommune og RKBU).
Mobbing – Vi må ha førebyggande opplegg i barnehagen, som sikrar at alle born i Volda får det same. Det må halde fram på skulen, gjerne same opplegg / metode.

*4.1 Attraktivitet (folk, næring, trivsel)*
Her vil vi framheve behovet for å heve standard på dei kommunale barnehagebygga, som er nedslitne, og uteområda som treng opprusting. Vi treng gode og varierte leikeområde i alle barnehagar, tilpassa barn i alle aldrar og funksjonsnivå. Universell utforming er viktig i alle barnehagar.

*4.5 Folkehelse*
Forslag til tiltak for å motvirke psykiske vanskar og livstilssjukdommar:
Helsestasjonen bør ha faste samarbeidstider med alle barnehagar, på lik line med skulen. Det bør vere tverrfaglege faste møter med helsestasjon, barnevern og PPT, slik at personalet kan bli kjende med kvarandre, ta opp NN-saker, og få rettleiing.

Kosthald blant barn i barnehagealder må styrkast. Tiltak her er å innføre assistent med kompetanse på sunt kosthald og matlaging, og som kan vere tilknytta fleire barnehagar. Denne kan og ha ansvar for reinhald knytt til kjøken. Mange praktiske oppgåver i ein barnehage tek tid frå borna.
Helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen: Invitere til ei samling t.d haust og vår, der alle som jobbar førebyggjande, med fysisk og psykisk helse, samt seniortiltak, kan presentere seg og få ut info til alle som treng det. Det kan vere innbyggjarar, innflyttarar, og folk som kjem frå land utanfor Noreg. Her kan dei og møte likesinna, og det kan verte ein sosial arena.

*4.6 Klima og miljø*
Vi ynskjer at det frå kommunale verksemder og kan leggast til rette for betre sorteringsmoglegheiter, plastinnsamling.

*4.7 Tenester*
Vi er nøgde med Volda Kommune si prioritering av kompetanseutvikling for tilsette.(jfr. Voldaprosjektet, mentor 1 utd.for barnehagelærarar og leiarutviklingsprogram). Dette er med på å heve kvaliteten på tenestene til brukarane våre.

Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit ope og inkluderande arbeidsliv. Her meiner vi det er viktig også å sjå på gode seniortiltak.

Lykke til vidare med arbeidet!

**Kommentar:**
*Generelt:* Samfunnsdelen er, som det er beskreve i kap. 2.1 Om kommuneplanen ein plan som skal ta stilling til overordna mål og strategiar. Konkrete tiltak skal inn i handlingsdelen. I arbeidet med samfunnsdelen har kommunen samla inn ei rekke tiltak – som er samla i tiltakstabellar knytt til kvar enkelt strategi. Desse tiltakstabellane vil bli nytta i vidare arbeid med handlingsdelen. I dykkar innspel er det foreslått fleire gode tiltak knytt til tema folkehelse, klima og miljø og tenester. Framlegg til tiltak vil bli teke med i vidare prosess med handlingsdelen.

*Attraktivitet:* I kap. 4.3 Attraktivitet er det i fyrste målet ein strategi som seier at vi skal "*prioritere standard på barnehage og skulebygg, med tilhøyrande uteområde*". For å auke fokuset på universell utforming har vi i innleiinga til dette kapittelet lagt til fylgjande avsnitt:

> "Fleire av barnehagane og skulene i Volda er nedslitne og har behov for ei standardheving. Planlegging av barnehagar og skulebygg med tilhøyrande uteområde skal fremme utforming og tilrettelegging av fysiske forhold som gir like moglegheiter til samfunnsdeltaking. Bygningar og uteareal skal planleggast slik at areala er tilgjengeleg for alle, og prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn.

I det femte målet til kap. 4.9 Tenester er siste strategi forandra frå "*Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv*" til:

- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging, tilby gode seniorpolitiske tiltak og vidareutvikle prinsippa i IA-avtalen om eit opent og inkluderande arbeidsliv.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med handlingsdelen.***

### Kommuneoverlege (utdrag frå e-post)

Volda var ei av dei aller første kommunar i landet som fekk inn Folkehelseaspektet (den gang var ikkje namnet funne opp men blei kalla Helse- og Miljøarbeidet og Helse- og Miljøkommune) i kommuneplanen. Dette ved at vi implementerer WHO's hovedmål og retningslinjer for ei helse og miljøkommune i kommuneplanen. Dette er fundamentalt viktige erkjenningar som har full relevans også no. Det var "Bibelen" i arbeidet vårt, og mange sa "Look to Volda". "Jammen har dei kome langt i Volda som har fått dette inn i kommuneplanen sin."

Ut frå denne forhistoria gir eg deg ei lita utfordring å sjå om du kan tilpasse desse hovudmål og retningslinjer som ein fristilt liten margtest eller rubrikk på sama stad (no side 6) der du omtalar "Norsk nettverk av helse- og miljøkommunar"/no Sunne kommunar WHO's norske nettverk.

*Hovudmål og retningslinjer for Volda som helse- og miljøkommune:*
Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

Realisere målsetjinga bak definisjonen av helse og miljøkommune ved å:

- stimulere til helsefremjande tenking innan all offentleg og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
- skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
- utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
- i samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekstmiljø/-nærmiljø.
- prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
- fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg/tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
- skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
- fastsetje adm.rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen.

### Kommentar:

Som medlem av Sunne kommuner har Volda tidlegare definert hovudmål og retningsliner for kommunen. Dette er ein lokal føring for samfunnsdelen, og i revidert plan er fylgjande tekst sett inn under kapittel 2.3 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar:

> **"Sunne kommuner**
> Volda kommune er medlem av Sunne kommuner – WHOs norske nettverk. Sunne kommuner arbeidar lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Som medlem av Sunne kommuner har Volda formulert fylgjande hovudmål og retningsliner for kommunen:
>
> Hovudmål:
> Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.
>
> Retningsliner:
> - Stimulere til helsefremjande tenking innan all offentleg og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
> - Skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
> - Utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
> - I samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekst- og nærmiljø.
> - Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
> - Fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
> - Skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
> - Fastsetje administrative rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen."

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

### Fagansvarleg helsesøster (og innbyggar)

Nokre kommentarar til kommuneplanen:
1. s. 11 Mål nr 3 om arbeidskraft
strategi pkt nr 3 Legge tilrette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog og fjordbruk.
- I den gamle planen står det vidareutvikling. Bærekraftig er ei svakare formulering enn vidareutvikling.
-Eg foreslår i tillegg at ein tek med : Næringar som er knytt opp til desse.
- eit nytt punkt: Støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd.

2. s.25 mål nr 2
Nytt Strategi -pkt: Førebygge ved rydding/hogst av granskog langs vegane og leidningsnettet. (Eg ser ikkje at slik førebygging er teke med i planen)

3. s. 21 mål nr 5, Strategipkt nr 3
- samarbeide med næringslivet og utbyggjarar om å legge til rette for auka bruk / produksjon av fornybar energi. T.d solcellepanel.

4. s.19 Folkehelse
Føringar: vurdere å utvide Frisklivssentralen til også å inkludere barn og unge.

**Kommentar:**
*Mål nr 3 om arbeidskraft*:
Kommunen ynskjer å legge til rette for ein berekraftig utvikling. Begrepet "vidareutvikling" tyder ikkje det same som "berekraftig" og prosjektgruppa ynskjer å behalde berekraft-begrepet. Kommunen ynskjer også å utvikle andre næringar knytt til landbruket, og i revidert plan er strategien "*Legge til rette for berekraftig utvikling av landbruk, skog og fjordbruk*" i det tredje målet i kap. 4.3 Attraktivitet forandra til:

- Legge til rette for berekraftig utvikling av landbruk, skog og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.

Kommunen ynskjer å støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd, og i revidert plan er ein av strategiane til det tredje målet i kap. 4.3 Attraktivitet forandra frå "*Målretta satsing på innovasjon og gründerverksemd, og utvikling av kompetansearbeidsplassar*" til

- Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar.

*Samfunnstryggleik mål nr 2:*
I målet i kap. 4.10 Samfunnstryggleik om at "det *skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*" er det sett inn ein ny strategi:

- Førebygge ved rydding og hogst av vegetasjon langs vegar og leidningsnett.

*Klima og miljø mål nr 5:*
I målet i kap. 4.8 Klima og miljø om at "*Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk*" er siste strategi forandra frå "*samarbeide med næringslivet og utbyggarar om å legge til rette for auka bruk av fornybar energi*" til

- samarbeide med næringslivet og utbyggarar om å legge til rette for auka produksjon og bruk av fornybar energi.

Innspel om solcellepanel er eit tiltak, og vil takast med i vidare arbeid med handlingsdelen.

*Folkehelse:*
Innspelet om at Frisklivssentralen også skal inkludere barn og unge er eit tiltak, og vil takast med i vidare arbeid med handlingsdelen.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med handlingsdelen.***

## Helse og omsorg

Punkt 4.2 Busetting (s. 12)

- Siste avsnitt vert for spesifikt i høve resten av teksta.
  «Frå leige til eige» er eit av mange tiltak som kan vere aktuelle i høve å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustader. Gjer merksam på at spesifikke tiltak ikkje skal med i Kommuneplanen, då denne skal innehalde mål og strategiar. Slik det står her vert «frå eige til leige» eit tiltak for å oppnå gjennomstrøyming.
  Foreslår at dette avsnittet vert fjerna i si heilheit i frå den elles generelle beskrivinga av busetting i kommunen.

Punkt 4.2 Busetting, mål: Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene (s. 13)

- Ein foreslått strategi for å nå dette målet er å prøve ut ordning med kommunale bustader i bygdesentra. Foreslår at dette punktet vert fjerna.
  Etter gjeldande kriterium for tildeling av kommunal bustad i Volda kommune, skal vanskelegstilte på bustadmarknaden og busetjing av nyankomne flyktningar prioriterast. Det vil seie at ein stor del av dei som bur i desse bustadane har behov for tett oppfølging på ulike områder.
  Gjer merksam på at det er svært ressurskrevjande i høve ulike tenester som vert tildelt/ ytt opp mot dei personane som buset seg på bygdene. Dette vere seg bl.a. i høve heimetenester og tenesta for rus og psykisk helse.

Punkt 4.2 Busetting, mål: Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og alle som har krav på det skal få tilbod om bustad (s. 13)

- Viser til at ingen har krav om å få tilbod om bustad, men kommunen *skal medverke til å skaffe bustad til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet,* jmfr Helse og omsorgstjenesteloven.
  Foreslår at setning vert endra til: Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan.

### Kommentar:

*Busetting:*
Det er rett at "Frå leige til eige" er eit av fleire tiltak som er aktuelle for å sikre gjennomstrøyming. Tiltaket "Frå leige til eige" blir teke ut frå samfunnsdelen, men vert med i vidare arbeid med handlingsdelen. I revidert plan er siste avsnittet i innleiinga til kap. 4.2 Busetting forandra frå "*For å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustadar bør leigetakarar hjelpast vidare i bustadmarknaden. "Frå leige til eige" er ein metode som kan gi husstandar med låge inntekter moglegheit til å kunne kjøpe eigen bustad*" til

> "For å sikre gjennomstrøyming i kommunale bustadar bør leigetakarar hjelpast vidare i bustadmarknaden, og kommunen skal legge til rette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad."

*Busetting, mål: Redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene:*
Helse og omsorg foreslår å fjerne strategien om å prøve ut ordning med kommunale bustader i bygdesentra. Kommunale bustader er ikkje nødvendigvis bustader for vanskelegstilte. Det kan t.d. vere ressurssterke småbarnsfamiliar som ynskjer å flytte til bygdene, men som ikkje ynskjer å kjøpe hus med det fyrste.

Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og private utbyggarar kunne t.d. gå ut på å byggje nokre leilegheiter i bygdesentra, med tanke på utleige til slike familiar. Strategien peikar på at dette kan prøvast ut som ein strategi for å redusere negativ folketalsutvikling på bygdene. Strategien er politisk initiert, og prosjektgruppa ynskjer difor ikkje å fjerne strategien frå planen.

*Busetting, mål: Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og alle som har krav på det skal få tilbod om bustad:*
Helse og omsorg foreslår å utelate siste del av målet, til "*Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan*". Prosjektgruppa meiner dette målet ikkje dekkar alle intensjonane til målet, og i revidert plan er målet i kap. 4.4 Busetting formulert slik:

> "Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og kommunen skal medverke til at alle får tilbod om bustad."

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

### Ass. helse- og omsorgssjef

Eit lite innspel når det gjeld kap. 4.7, Tenester.

Innleiinga er dekkande i høve temaet innovasjon og velferdsteknologi. Eg tenker då på setninga ”gje rom for nytenking og alternative løysingar.

Når det gjeld mål og strategiar meiner eg at strategi 5 under andre målsetjing, som lyder:

”bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon” havnar under feil målsetjing.

Dette bør ikkje frontast som ein strategi for økonomi i balanse. Eg meiner denne strategien er ei vidareutvikling av eit tenestetilbod som er i samsvar med det ”moderne” mennesket og bruk av teknologi. I denne samanheng skal teknologien supplere og utvikle tenestetilbodet, ikkje fordi kommunen skal spare pengar på det, men fordi det er ei tilpassing av tenestetilbodet som brukarar etterspør.

Eg meiner ein av strategiane på målsetjing nr. 1 kunne vore flytta ned til målsetjing nr. 3(volda kommune skal ha eit godt omdøme), så kunne ein flytta opp til målsetjing nr. 1 det punktet eg har kommentert over her.

### Kommentar:

På nokre område kan det tolkast feil om digital tenesteproduksjon har som hovudmål å føre til ein økonomi i balanse. Innovasjon og digital tenesteproduksjon er vel så viktig som ein strategi for å kunne tilby innbyggarar gode tenester og for å kunne tilpasse tenestene betre til det "moderne" samfunnet. Likevel kan digital tenesteproduksjon i nokre sektorar i kommunen også vere økonomisk motivert, t.d. innan sjølvbetjening av tenester på nett, investering i ny og oppdatert programvare eller utstyr som kan spare kommunen for manuelt arbeid. I revidert plan er det difor i kap. 4.9 Tenester foreslått å behalde punktet der det er, men i tillegg forandre på fjerde strategi i fyrste mål frå "*Skape ein kultur for openheit, læring og nytenking i organisasjonen*", til

- Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan.***

## Kommunalteknisk

Generelt:
Mange strategiar gjennom dokumentet ser ut til å vera formulert som mål.

Kapittel 3:
Studentane er ikkje talt med. Utviklinga av studentantall er med å bestemme dimensjonering av kommunal infrastruktur.

Kap 4.1: Attraktivitet
Under mål: Alle skal ha tilgang til natur og friluftsliv i kvardagen:
Nytt strategikulepunkt: Sikre god tilkomst til mykje brukte turområder.

Under mål: Volda sentrum levande midpunkt med attraktive møteplassar:
Nytt strategikulepunkt: Sikre tilgong til offentleg toalett.

Kap 4.2: Busetting
Under mål: Redusere den negative :folketalsutviklinga på bygdene
Nytt strategikulepunkt: Sikre god utvikling av kommunalt vegnett med trafikktrygging.

Kap 4.6: Klima og miljø
Her saknar vi noko om havbruk og kystutvikling

Kap 4.7: Tenester
Under mål: driftsresultat på 1.75%:
Nytt strategikulepunkt: nedklassifisering av vegar som ikkje treng vera kommunale.
Nytt strategikulepunkt: legge fast dekke på alle kommunale grusareal for å spare vedlikehaldskostnader.

Kap 4.8: Samfunnstryggleik
Under mål: trygt drikkevatn:
Alle strategikulepunkta er mål.
Under mål: Skal ha system for beredskap:
Nytt strategikulepunkt: årlege øvingar.
Nytt strategikulepunkt: utarbeide gode beredskapsystemer.

**Kommentar:**

*Kapittel 3:*
Under overskrifta "Folketal" i kap. 3.1 Om Volda er fylgjande avsnitt teke inn:

> "Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Mange av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB."

*Attraktivitet:*
Under målet om at "*alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen*" i kap. 4.3 Attraktivitet er fyrste strategi endra frå "*vidareutvikle gang- og stinettverket og legge til rette for tilgang til natur- og friluftslivsområde*" til

- Vidareutvikle gang- og stinettverket og sikre gode tilkomstar til natur- og friluftslivsområde.

Offentleg toalett i Volda sentrum er døme på ein viktig sentrumsfunksjon, men er å rekne som eit konkret tiltak, og vil bli teke med i vidare arbeid med handlingsdelen.

*Busetting:*
Utvikling av kommunalt vegnett er ein viktig strategi for å redusere negativ folketalsutvikling på bygdene. Eksisterande strategi "*arbeide for gode kommunikasjonar mellom sentrum og bygdene*" vert ståande då den inkluderar "*god utvikling av kommunalt vegnett med trafikktrygging*", men også andre kommunikasjonar som t.d. ferje eller brusamband.

*Klima og miljø:*
I ein av strategiane til det tredje målet står det at kommunen vil "*Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk*". I "Føringar for vidare arbeid med arealdelen" er fylgjande kulepunkt tilført til kap. 4.8 Klima og miljø i revidert plan:

- Sikre god forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.

*Tenester:*
Framlegg til nye strategiar om nedklassifisering av vegar og fast dekke på kommunale grusareal vert for spesifikt knytt til teknisk sektor til at det høver seg å ha dei med som strategiar her. Innspela vil takast med som framlegg til tiltak i vidare arbeid med handlingsdelen.

*Samfunnstryggleik:*
I målet om at gode system for beredskap er strategien "*Ha ein oppdatert og godt kjent beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeidet*" i kap. 4.10 Samfunnstryggleik endra til

- Ha ein god, oppdatert og godt kjent beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeid.

***Justeringar i samsvar med dette er teke inn i justert plan. Andre innspel vil bli teke med i vidare prosess med handlingsdelen.***

### Brannsjef

Har sett over det som omhandlar samfunnstryggleik pkt 4.8. Synest det er svært godt beskrive men har fylgjande innspel:

Siste avsnitt side 24:
"det er viktig at det ikkje vert bygd institusjonar med krav til utrykkingstid (ti minutt) utanfor sentrum." Foreslår at du tek bort parantesen med ti minutta. Ny forebyggande foreskrift er meir basert på risiko enn tidligare og seier 20 minutt dersom bygg vert sprinkla.

Side 25:
Siste punkt i strategiar for Mål: "Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen." - "sikre velfungerande og oppdaterte bygdebrannstasjonar". Foreslår å endre til BygdebrannDEPOT. Det har noko med definisjonar og kva krav som er til ulike einingar i dimensjoneringsforeskrifta.

Side 25:
Nest siste punkt under "Føringar for vidare arbeid med arealdelen": Foreslår å ta bort parantesen med ti minutt (same som side 24).

### Kommentar:

***Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kap. 4.10 Samfunnstryggleik i justert plan.***

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Regine Solberg Aklestad | Arkivsak nr.: | 2015/1678 |
| | | Arkivkode: | 122 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 86/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |

**DELTAKING I PROSJEKT "NÆRMILJØ OG LOKALSAMFUNN SOM FREMJAR FOLKEHELSE"**

**Administrasjonen si tilråding:**

1) Formannskapet har vurdert søknaden om deltaking i prosjekt ”Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse” og vurderer det positivt at kommunen deltek i arbeid som kan medverke til ny kunnskap om folkehelse og utvikling av nye metodar for medverknad i planprosessar.

2) Formannskapet ber rådmannen å nytte eigne tilsette til deltaking og gjennomføring av lokale prosjektet, og at aktuelle einingar og friviljuge organisasjonar i kommunen aktivt vert dregne med der dette er mogleg.

3) Formannskapet føreset at det vert søkt om tilskot til prosjektet i samsvar søknaden slik Helsedirektoratet gir opning for.

4) Formannskapet ber rådmannen vurdere å nytte ny kunnskap frå prosjektet, i anna plan- og utviklingsarbeid som rettar seg mot tettstadsutvikling eller nærmiljøtiltak i kommunen.

**Vedleggsliste:**

Vedlegg 1: Invitasjon til kommunene i Møre og Romsdal om å delta i utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.

Vedlegg 2: Søknad om deltaking i Kartlegging og utviklingsarbeid ”Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse”

Vedlegg 3: Tilskot til Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Volda kommune har samarbeidd med Ørsta kommune om søknad for å vere deltakarar i prosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse". Prosjektet er i regi av Helsedirektoratet, men med Møre og Romsdal fylkeskommune som prosjekteigar. Søknaden frå Volda og Ørsta vart tildelt støtte, men dersom deltakinga skal ha verdi for kommunane er det likevel naudsynt at prosjektet er forankra i kommuneleiing og politiske organ.

Prosjektet sitt hovudmål er "Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse".

Kommunen ynskjer å knytte utviklingsarbeidet til andre prosjekt som allereie er i gang, eller som likevel skal gjennomførast i prosjektperioden. Deltaking i prosjektet føreset samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Ørsta kommune, studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda og innbyggjarar i kommunane.

**Saksopplysningar:**
Helsedirektoratet inviterte sommaren 2015 fylkeskommunane til å delta i kartleggings og utviklingsarbeid om "nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse". Tiltaket er del av implementeringa av den nye folkehelselova ved at fylkeskommunar ved deltaking knyt til seg eit utval av kommunar i sitt fylke. Utviklingsarbeidet skal legge til rette for medverknad frå innbyggarane ved kartlegging og identifisering av kvalitetar i nærmiljø og lokalsamfunn som kan fremje helse og trivsel.

Kommunane har ansvar for å gjennomføre eit systematisk folkehelsearbeid, jmf folkehelselova §§ 4-7.

Kommunal deltaking vil vere viktig i høve kommunen sitt ansvar og vil kunne gje nyttig lærdom i korleis ein i større grad kan sikre medverknad i kommunen sitt planarbeid. Kommunen ynskjer å knytte utviklingsarbeidet til andre prosjekt som allereie er i gang, eller som likevel skal gjennomførast i prosjektperioden (det kan t.d. vere i tilknytting til sentrumsprosjektet Mellom bygningane i Volda, utvikling av området kring skateparken/Mørehallen eller utvikling av leike- og aktivitetsområda i kommunen).

Deltaking i prosjektet føreset samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Ørsta kommune, studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda og innbyggjarar i kommunane.

**PROSJEKTMÅL:**

**Hovudmål: Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse**

Delmål 1: Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.

Delmål 2: Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.

Delmål 3: Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.

Delmål 4: Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.

Delmål 5: Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar si betyding for folkehelse.

Volda kommune har samarbeidd med Ørsta kommune om søknad for å vere deltakarar i prosjektsatsinga. Søknaden vart tildelt støtte. Dersom deltakinga skal ha verdi for kommunane er det likevel naudsynt at prosjektet er forankra i kommuneleiing og politiske organ.

Det vert ikkje føresett tilsetting av prosjektkoordinator, men at aktuelle tilsette deltek ved at prosjektarbeidet går inn som del av anna planarbeid som aktuelle medarbeidarar har.

Sjølv om helsedirektoratet medverkar med økonomiske midlar, vil deltakinga også ha ein lokal kostnad gjennom frikjøp av tid for dei som skal delta i prosjektet.

Rådmannen har tru på at deltaking kan gje positive signal og femne vidt, også til grupper som vanlegvis er utfordrande å få med i kommunane sitt planarbeid. Medarbeidarane i prosjektet i Ørsta og Volda har valt å fokusere på barn og ungdom sine nærmiljøbehov. Dette vonar ein kan gje lokalsamfunn med ein tydeleg helse- og miljøprofil.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen har tru på at deltaking kan gje positive signal og femne vidt, også til grupper som vanlegvis er utfordrande å få med i kommunane sitt planarbeid. Medarbeidarane i prosjektet i Ørsta og Volda har valt å fokusere på barn og ungdom sine nærmiljøbehov. Dette vonar ein kan gje lokalsamfunn som har ein tydeleg helse- og miljøprofil.

Rådmannen rår til at Ørsta kommune deltek i folkehelseprosjektet og legg til rette for at medarbeidarar som arbeider med folkehelse- og planarbeid, vert trekt med i arbeidet. Rådmannen føreset at kommunen får årlege tilskotsmidlar slik det er førespegla og at deltakinga kan organiserast gjennom frikjøp av tilsette innanfor ramma som prosjektet legg til grunn.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Prosjektets hovudmål er: Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.

**Økonomiske konsekvensar:**
Prosjektet er planlagt skal gå over 3 år. Volda og Ørsta kommunar søkte om tilskot på 400 000 kr kvar (sjå budsjettforslag i vedlagt søknad). Volda kommune har fått innvilga søknad og kan motta tilskot på 258 500 kr (tilsvarande for Ørsta). Revidert budsjettforslag er vist under. Det er førespegla frå fylkeskommunen at den økonomiske støtta kan tildelast som årlege løyvingar kvart år i prosjektperioda.

*Budsjettforslag slik det vart sett opp i søknad frå Volda og Ørsta:*

| | Volda | Ørsta |
|---|---|---|
| Lønnsutgifter med sosiale utgifter, prosjektleiar i 15% stilling | 320 000,- | 320 000,- |
| Reiseutgifter, arrangement, møter og konferanser | 55 000,- | 55 000,- |
| Konsulenttjenester (utvikling av verkty til medverknad – studentar ved Høgskulen i Volda eller | 100 000,- | 100 000,- |

| | | |
|---|---|---|
| profesjonelle) | | |
| Trykking, publikasjoner, kunngjøringer, utsending og distribusjonskostnader | 15 000,- | 15 000,- |
| Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortjenester inkludert lokaler og energi | 22 000,- | 22 000,- |
| Andre utgifter | 5 000,- | 5 000,- |
| **SUM** | **517 000,-** | **517 000,-** |
| **Egenfinansiering – forpliktende (50 %)** | **258 500,-** | **258 500,-** |
| **Tilskot** | **258 500,-** | **258 500,-** |

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen kjente konsekvensar.

**Naturmangfaldlova:**
Ingen kjente konsekvensar

Rune Sjurgard
Rådmann

Regine Aklestad
planleggar

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

**Invitasjon til kommunene i Møre og Romsdal om å delta i utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling som fremmer folkehelse.**

Vedlagt er informasjon om å delta i et 3 årig utviklingsarbeid for kommunene i regi av Helsedirektoratet.
Kommuner som blir tatt inn i prosjektet, vil kunne få tilskudd på inntil kr. 400 000,-
Dersom kommuner i vårt fylke viser interesse og søker, vil Møre og Romsdal fylkeskommune søke Helsedirektotatet om at vårt fylke kan delta.
Søknad fra kommunene må sendes fylkeskommunen, som vil stå som søker og prosjekteier overfor Helsedirektortatet.
For detaljer om ordningen, se vedlagte informasjonsskriv fra Helsedirektoratet.

**Kommuner i vårt fylke sender søknad elektronisk innen 7 august til:**

Møre og Romsdal fylkeskommune
v. Svein Neerland, epost: svein.neerland@mrfylke.no
Kopi sendes Sigri Spjelkavik, epost: sigri.spjelkavik@mrfylke.no

For spørsmål om søknden kan henvendelse rettes til Sigri Spjelkavik, tlf: 95338348, fram til 10. juli.
Etter 20. juli er Svein Neerland, tlf 90099507 tilbake etter ferie og kan motta spørsmål.

Vi er klar over at dette er kort frist og at det er ferietid for mange, men søknadsfristen for Fylkeskommunen til Helsedirektoratet er 15. august.
Representanter fra Kulturavdelinga vil vurdere inkomne søknader i samarbeid med representanter fra Plan- og analyseavdelinga, Regional- og Næringsavdelinga og Samferdselsavdelinga.
I utviklingsarbeidet er det viktig å få til et godt samarbeid mellom sektorene.

På så kort varsel forventer vi ikke omfangsrike søknader, men at de som ønsker å delta sier noe om:
- Hva de ønsker å arbeide med i prosjektet ut i fra kommuen sitt behov.
- Grad av egeninnsats økonomisk og personellmessig.
- Budsjett

mh

_____
Svein Neerland
Seksjonsleder folkehelse og fysisk aktivitet

Møre og Romsdal fylkeskommune
Adr: Fylkeshuset 6404 Molde
Tlf: 71258832 / 90099507

_____

**Fra:** Dokpost
**Sendt:** 19. mai 2015 13:14
**Til:** Svein Neerland; Ann Helene Skare; Petter Jenset

**Emne:** VS: Invitasjon til deltakelse i kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling som fremmer folkehelse - tilskudd kap 719.60

Med vennleg helsing
Dokumentsenteret v/
Tlf 71 24 50 00

---

**Fra:** Asle Moltumyr [mailto:Asle.Moltumyr@helsedir.no]
**Sendt:** 19. mai 2015 12:39
**Kopi:** fmospostmottak@fylkesmannen.no; fmoapostmottak@fylkesmannen.no; fmoppost@fylkesmannen.no; fmhepost@fylkesmannen.no; fmvepost@fylkesmannen.no; fmbupost@fylkesmannen.no; fmtepost@fylkesmannen.no; fmaapost@fylkesmannen.no; fmvapostmottak@fylkesmannen.no; fmropost@fylkesmannen.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; fmsfpost@fylkesmannen.no; fmstpostmottak@fylkesmannen.no; fmntpost@fylkesmannen.no; fmnopost@fylkesmannen.no; fmtrpostmottak@fylkesmannen.no; fmfipostmottak@fylkesmannen.no; Rønning Vigdis (Vigdis.Ronning@hod.dep.no); Jakob Linhave; Heidi Fadum; Rolf Hansen
**Emne:** Invitasjon til deltakelse i kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling som fremmer folkehelse - tilskudd kap 719.60

**Invitasjon til deltakelse i kartlegging og utviklingsarbeid om**
**«NÆRMILJØ OG LOKALSAMFUNN SOM FREMMER FOLKEHELSE» - Tilskudd Kap. 719.60**

Helsedirektoratet inviterer fylkeskommunene til å søke om deltakelse i utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.
Utviklingsarbeidet er ledd i implementering av folkehelseloven. Arbeidet skal inkludere et utvalg kommuner i flere fylker, der det skal ligges til rette for medvirkning fra befolkningen i kartlegging og identifisering om nærmiljø- og lokalsamfunnskvaliteter som fremmer helse og trivsel.

Folkehelsemeldingen, Meld. St. 34 (2012-13), kapittel 3.3.1, løfter fram helsefremmende steds-, nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling som et forsterket innsatsområde i folkehelsepolitikken.
Det vises for øvrig også til Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen, Mestring og muligheter, kapittel 6.1-6.2 der satsingen omtales.

**Søknadsfristen er 15. august 2015.**

Det søkes via Altinn: https://helsedirektoratet.no/Sider/Kartlegging-og-utviklingsarbeid-om-n%C3%A6rmilj%C3%B8-og-lokalsamfunn-som-fremmer-folkehelse.aspx

3 VEDLEGG

Med vennlig hilsen

Asle Moltumyr,
aem@helsedir.no
24 16 31 69/91548791

Rolf Hansen,
rha@helsedir.no

24 16 33 51

Heidi Fadum,
hum@helsedir.no
24 16 34 74

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset

6404 MOLDE

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2015/1678 | 7703/2015 | 122 | ADM/ BKO | 10.07.2015 |

## Søknad om deltaking i Kartlegging og utviklingsarbeid "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse"

Viser til e-post av 18.06.2015 frå seksjonsleiar Svein Neerland og telefonsamtalar med rådgjevar Sigri Spjelkavik, og fremjar følgjande søknad om deltaking.

**KORT SKILDRING**
Felles søknad for kommunane Volda og Ørsta for å kartlegge og identifisere nærmiljø-kvalitetar gjennom medverknad frå lokalbefolkninga.
Volda og Ørsta kommunar vil styrke fokus på barn og unge sin medverknad i høve oppvekstmiljø i kommunane, jf. FN sin barnekonvensjon og Fylkesmannen si satsing på Betre oppvekst med visjonen: *Betre oppvekst for alle barn og unge i Møre og Romsdal.*

Volda og Ørsta kommunar har utarbeida folkehelseoversikt etter lik mal. Kartlegginga som ligg til grunn for oversikta er i hovudsak regional og lokal statistikk (harde fakta), men også resultat frå dialogmøte med fleire seksjonar i kommuneorganisasjonen for å kome "bak tala". I folkehelseoversiktene ser vi potensial for å kome lengre opp i medverknadstrappa, og vi søkjer difor om tilskot med hovudmål om å:

- utvikle og/eller teste ut metodar for medverknad blant born og unge, med overføringsverdi til andre kommunar/planmiljø.
- ved hjelp av metodane vil vi kartlegge nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse ut i frå eit barn/unge-perspektiv.

**PROSJEKTSKILDRING**
**Bakgrunn**
Volda og Ørsta kommunar har sidan august 2011 hatt eit nært samarbeid om folkehelse. Etter innføring av ny folkehelselov og pålegg om kartlegging av helseutfordringar i kommunane, har Volda og Ørsta nytta same arbeidsmåte for innhenting av informasjon og mal for rapportering av helsekartlegginga. Kommunane har også kommuneoverlege fordelt på 50-50% stilling som har kvalitetssikra kartleggingsarbeidet i begge kommunane.

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058830
www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Kunnskapsgrunnlaget om helseutfordringar og påverknadsfaktorar i Volda og Ørsta har vore basert på tal frå nasjonale og regionale statistikkbankar, i tillegg til innhenting av erfaringar frå sektorane, t.d. barnehage, skule, barnevern, helse, tannhelse, legetenesta osb., jf. § 5a og b i folkehelselova. Det har i liten grad vore aktiv medverknad frå innbyggjarane i form av befolkningsundersøkingar, intervju el.l. Sjå Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda 2014 og Statusrapport: Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Ørsta 2015.

Både Volda og Ørsta har konkludert med at tidleg innsats er svært viktig med tanke på god helse i kommunane, og ser difor på deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeidet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse* som eit steg vidare i høve å utvikle nye og innovative metodar for aktiv medverknad frå innbyggjarane, jf. § 5c i folkehelselova, og med særleg vekt på barn og unge.

Gjennom ungdomsundersøkinga UNGdata, og påfølgjande rapportar Ung på Sunnmøre 2013 og Ung i Volda Ørsta 2003-2013 har begge kommunane mykje datamateriale frå og om ungdom, men det er ikkje gjennomført direkte kommunikative prosessar med barn i barnehage og skule. Kommunane har heller ikkje hatt aktiv medverknad frå t.d. einslege mindreårige flyktningar, bebuarar i Volda statlege flyktningmottak, funksjonshemma eller barn frå heimar med t.d. sjuke pårørande. Barn og unge har såleis ikkje vore aktivt inkludert slik at deira tankar om helse og livskvalitet har vorte kommunisert.

**Volda** leverte hausten 2012 på oppdrag frå Helsedirektoratet innspel til Vegleiar om oversikt etter folkehelselova§ 5 b og c. Innspelet viser ein arbeidsmåte for innhenting av erfaringsbasert kunnskap frå sektorane, og resultatet av datamaterialet danna grunnlaget for Statusrapporten for Volda. Same arbeidsmåte vart seinare nytta i Ørsta og andre kommunar. No ynskje begge kommunane å gå vidare opp i medverknadstrappa og prøve ut nye metodar for medverknad direkte frå innbyggjarane og med barn og unge som viktigaste målgruppe.

I samband med rullering av kommuneplanen har Volda kommune starta opp arbeidet med ein rettleiar for leike- og aktivitetsområde. Som eit grunnlagsdokument både til kommuneplanen og til rettleiaren, ynskjer kommunen ein betre oversikt over dagens situasjon. Målet er å lage ein samla oversikt over alle leikeplassar og aktivitetsområde i kommunen, inkludert plassering, standard og framlegg til tiltak. Takka vere LUK-midlar frå fylkeskommunen er Volda i gang med kartlegging av offentlege leikeplassar i bustadfelt, barnehagar og skular, i nært samarbeid med tilsette og studentar frå institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag ved Høgskulen i Volda. Også i denne prosessen er det dei vaksne sitt perspektiv som er gjeldande. Difor vil det vere avgjerande viktig at vi no utviklar metodar for barn og unge sin medverknad, slik at dei vert reelle aktørar i utviklinga av nærmiljø og lokalsamfunn. Ungdomsrådet i Volda skal hausten 2015 medverke aktivt i høve kommuneplanarbeidet i Volda, men dei yngste barna har framleis ingen arena for direkte medverknad.

- Var med i prosjektet Helse i plan, Møre og Romsdal 2006-2010
- StudiebygdA er eit partnarskap mellom offentleg, privat og frivillig sektor, som arbeidar for å stimulere studentar til å bli buande og ta arbeid i regionen etter fullført studietid. I campusutviklingsprosjektet til Høgskulen i Volda er auka samarbeid med Volda kommune og høgskulen si rolle som samfunnsaktør peika på som viktige moment. Heilt konkret vil dette prosjektet bidra til eit auka samarbeid mellom høgskulen og kommunen. Dette utviklingsprosjektet kan også bidra til rekruttering og auka samarbeid mellom høgskulen og kommunane i framtida.

- Sentrumsprosjektet Mellom bygningane i Volda med "Her og no"-prosjekt og
    - Utviklingsplan Volda sentrum
- Kommunen er i gang med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

**Ørsta** har nyleg vedteke Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda. Ørsta er også ein av fem norske kommunar som deltek i den internasjonale arkitektkonkurransen Europan 13. Ørsta deltek med prosjekt i Ørsta sentrum. Resultat av konkurransen vert eit viktig underlag for ny sentrumsplan saman med Kommunedelplanen. Arbeidet med denne planen tek til i 2016. Parallelt med arkitektkonkurransen har Tettstadprosjektet fokus på mellombelse og kortsiktige tiltak. Utover dette har dugnadsånda fått vind i segla og gjer Ørsta sentrum både ryddigare og meir triveleg ved hjelp av både privatpersonar og næringslivet.

Ørsta kommune har ein kommunedelplan for bumiljø frå 1999, og har starta arbeidet med ein eigen kommunedelplan for fysisk utforming. Denne planen vil m.a. ta føre seg krav/retningsliner i høve born og unge (spesielt leikeplassar/uteopphaldsareal), og universell utforming vil vere eit gjennomgåande tema. Ei av dei viktigaste utfordringane det er peika på er å sikre opparbeiding av leikeplassar. Kommunen har som ein lekk i dette arbeidet gjennomført ei enkel kartlegging av regulerte leikeplassar, parkar og friområde i Ørsta sentrum og Hovdebygda.

**Felles prosjekt for Volda og Ørsta retta mot nærmiljø og lokalsamfunn:**

- Kommunane fekk LUK-midlar til utvikling av området Furene – Hovdebygda som regionalt knutepunkt for næringsutvikling
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda (Rapport, 2010)
- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Ørsta (2015)
- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda (2015)
- Byregionen Volda-Ørsta, utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet (Rapport, 2015). Rapporten drøftar vesentlege sider ved dei to kommunane med særleg vekt på samfunnsutvikling, og peikar m.a. på at Ørsta og Volda utfyller kvarandre på fleire område og at utvikling av samarbeidsprosjekt gir gevinst samla sett.

- **Kommunereform**
  Når det gjeld kommunereformgruppa, har begge kommunestyra i samband med statusrapport 1. halvår gjort m.a slikt vedtak:
  *Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*
  Ørsta har gjort tilsvarande vedtak.

I høve kommunereformarbeidet har begge kommunar oppretta arbeidsgrupper med representantar frå politisk nivå, administrasjonen og fagforeiningane. Det er desse arbeidsgruppene som framover (etter ferien) vil ta tak i oppdraget frå kommunestyra om å utarbeide intensjonsplan. Kommunestyra skal gjere endeleg vedtak i juni 2016
Det er nyleg presentert innbyggjarundersøking, der 88 % av dei spurde i Volda meiner at ein bør slå oss saman med Ørsta. Tilsvarande i Ørsta er 87 % for samanslåing med Volda.

Men som ordførarane seier: - *Det er ikkje gjort vedtak om samanslåing no, men folket si meining er rimeleg klar.*
Difor meiner vi at ulike tiltak for kommunikasjon og medverknad om nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse vil vere positivt for begge kommunane, uavhengig av om vi vert ein felles eller to kommunar i framtida.

**PROSJEKTSKISSE**
Prosjektet har 3 fasar.
Vi ser at ein fornuftig framgangsmåte for auka medverknad hos barn og unge vil vere å ha eit forprosjekt der målsettinga er å konkretisere det ein skal jobbe med og/eller skissere muligheiter som kan utforskast i fase 1. Til å utarbeide forprosjektet kan det vere aktuelt å engasjere studentar ved Høgskulen i Volda eller tilsvarande.

I fase 1 av prosjektet ser vi verdien av å spørje barn og unge om korleis dei vil medverke, altså undersøke korleis dei ulike gruppen/alderstrinna sjølv ønske å verte involvert. Dette vil verte rapportert på.

I fase 2 startar arbeidet med utforming av kartleggingsverkty og gjennomføring.

I fase 3 vil alt materiale bli analysert og nytta som kunnskapsgrunnlag for helsekartlegging, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel og økonomiplanen.

**PROSJEKTMÅL**
**Hovudmål: Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse**

**Delmål:**

1. Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdssprosessar
   - utvikle gode/eigna metodar og prosessar for involvering og medverknad frå barn og unge som vert synlege/tekne aktivt i bruk i plan- og avgjerdsprosessar

2. Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna
   - utvikle gode metodar for målretta spørsmål og innhenting av kunnskap frå barn og unge for å få svar på det vi faktisk spør om, og ved å møte barn og unge der dei er/på deira arena

3. Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet
   - utvikle gode metodar for å få fram målgruppa sine ynskje og behov i samarbeid med barn, unge og særskild utvalde grupper.
   - samarbeide aktivt med ulike fagretningar ved Høgskulen i Volda. Det kan vere praksisstudentar eller studentar som tek bachelor eller masteroppgåver knytt til barnehage, lærarutdanning, barnevern, planlegging og administrasjon, m.m. Relevante problemstillingar med tilgang til "nybrottsarbeid" i kommunane kan bidra til "eigen utvikling" gjennom deltaking i nærmiljøet (investering i eigen kvardag).

4. Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
   - innhenta kunnskap frå barn, unge og særskild utvalde grupper skal verte synlege i økonomiplanarbeidet og vonleg føre til konkrete tiltak i nærmiljøet.

5. Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar si betyding for folkehelse.

- Vidareutvikling av etablerte samarbeidsfora mellom Volda kommune og Høgskulen i Volda med tanke på felles utvikling og forståing for lokalsamfunnsutvikling.
- Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og kommunane kan verte ein vinn-vinn-situasjon for begge partar.

Både kommunane og Høgskulen meiner at dette prosjektet kan styrke samarbeidet mellom partane. Kartleggings- og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse, kan by på mange praktiske og teoretiske utfordringar for studentane. Medverknad og kartlegging kan gi tilbod om praktiske øvingar og tema om folkehelse og kommunalt planarbeid for bachelor og masteroppgåver til studentar frå mange ulike studiar (barnehage, skule, idrett/friluftsliv, institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag m.m.) kan få høve til eit djupare innblikk i kommunalt planarbeid i praksis.

Gjennom praktiske døme får studentane innblikk i korleis ein som planleggjar kan vere med på å legge til rette for helsefremjande oppvekst og helsevenleg stadsutvikling. Kommunane kan rekruttere studentar til å gjennomføre feltarbeid, registrering og høve til å tilpasse eit opplegg der barn og unge får medverke i ulike fasar. Ved å gi studentar høve til å praktisere kommunalt arbeid og sette dette inn i ein større samanheng, kan dette truleg bidra til å auke deira kompetanse både om planlegging og folkehelse, og kanskje også deira engasjement for lokalmiljøet. Eit tettare samarbeid mellom kommunane og høgskulen kan også vere eit viktig steg for å rekruttere nye medarbeidarar, og det kan gi alle partar nyttige erfaringar med tanke på kompetanseutvikling.

*Helsevenleg stadsutvikling* er eit av fleire tema som Sunne kommuner skal arbeide med i tida som kjem. Volda kommune har vore medlem i Sunne kommuner sidan etableringa i 1994. Møre og Romsdal fylkeskommune vart medlem frå januar 2015. Begge er representert i temagruppa Helsevenleg stadsutvikling, ved Marit Krogsæter (politikar) og Svein Neerland (seksjonsleiar folkehelse og fysisk aktivitet) frå fylkeskommunen og Arne Gotteberg (kommuneoverlege i Volda og Ørsta) og Berit Koen (folkehelsekoordinator i Volda). Her vil sikkert også vere rom for at Ørsta kommune kan ha med ein representant i denne gruppa. Dette vil vere ei styrke både i nettverksbygginga og i høve erfaringsutveksling i eit evt. kartleggings- og utviklingsarbeid.

**Forankring**
Prosjektet skal vere administrativt og politisk forankra i begge kommunane.
Prosjektet skal fungere som eit viktig grunnlagsdokument for rullering av kommuneplanen med handlingsdel og økonomiplan i Volda kommune. Arbeidet med rulleringa har starta opp, og planprogrammet for kommuneplanen skal leggast ut på høyring i mai 2015.
Ørsta kommune vedtok revidert kommuneplan i 2012.

**PROSJEKTORGANISERING**
- Regionalt prosjektleiaransvar: Møre og Romsdal fylkeskommune
- Lokal interkommunal prosjektleiar: 30% stilling
- Interkommunal prosjektgruppe: tverrfagleg samansetting
- Lokale arbeidsgruppe vert etablert og tilpassa dei ulike målgruppene undervegs i

prosjektperioden (t.d. med ulike sektorar, barnehagar, skular, ungdomsråd, frivillige lag og organisasjonar m.fl.)

**Samarbeidspartnarar:**
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Volda og Ørsta kommunar, tverrfaglege arbeidsgrupper
- Barn, unge og særskilt utvalde grupper på ulike arenaer
- Høgskulen i Volda, Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag

**Målgrupper**
I prosjektperioden:
- Barn, unge og særskilt utvalde grupper i Volda og Ørsta kommune
- Tilsette i Volda og Ørsta kommune
- Studentar ved Høgskulen i Volda
- Tilsette ved Høgskulen i Volda

**Resultat**
- utvikla metodikk der barn og unge har reell medvirkning i høve kartlegging av nærmiljø og lokalsamfunn som kan inngå som kunnskapsunderlag ved revisjon av folkehelsekartlegging.
- Barn, unge og særskilt utvalde grupper sine produkt og rapportar
- bacheloroppgåver, masteroppgåver
- anna synleg dokumentasjon

**Tidsplan**
**2015:**
Etablere prosjektgruppe og arbeidsgrupper i begge kommunane og planlegge Tenketank for prosjektet (aktørar frå kommunane, høgskulen og fylkeskommunen). Kva vil vi utforske? Få fram gode idear. Tilsette prosjektleiar.

**2016:**
Sette i gang forprosjektet: Sette i verk arbeidet med Tenketank for prosjektet (aktørar frå kommunane, høgskulen og fylkeskommunen). Kva vil vi utforske? Få fram gode idear til kva og korleis gå vidare med fase 1: innhenting av kunnskap om korleis barn og unge ynskjer å medverke. Ulike aldersgruppe og målgruppe med ulik tilnærming krev ulike arbeidsmåtar. I denne fasen vil barn, unge og særskild utvalde grupper verte involvert.

**2017:**
Sette i verk fase 2: Gjennomføring av ulike medverknadsprosessar, analyse av innhenta materiale, rapportering og overføring i planar. Det kan verte flytande overgangar frå før-prosjekt til dei ulike fasane, avhengig av kva tid kartlegginga kan gjennomførast i høve barnehage, skule, frivillige lag og organisasjonar m.m.

**Budsjett:**
Søknadsbeløp: kr. 800 000.- (kr. 400 000.- pr.kommune)
Eigenfinansiering Volda og Ørsta (inkl.samarbeid med Høgskulen i Volda) i form av deltaking, bruk av eigne timeressursar, drift, forbruksmateriell og kontorteneste, inkl. lokale og energi: kr. 400 000.-

**Utgifter (samla for 3 prosjektår begge kommunane):**

| | |
|---|---|
| Lønsutgifter med sosial utgifter prosjektleiar: | 600 000.- |
| Kommunale ressursar, timebasert ink. møteverksemd: | 200 000.- |
| Høgskulen i Volda, timebasert: | 50 000.- |
| Timeressurs brukt i barnehage, skule, andre arenaer for barn og unge: | 50 000.- |
| Reiseutgifter, arrangement, møte og konferansar | 100 000.- |
| Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsendingar og distribusjon | 100 000.- |
| Driftsutgifter, forbruksmateriell, kontorteneste inkl. lokale og energi | 100 000.- |

Total søknadssum pr. kommune: kr. 400 000.-, dvs. totalt søknadsbeløp, kr. 800 000.-
Det vil sjølvsagt verte naudsynt å etablere gode tverrfaglege arbeidsgrupper i begge kommunane, og med kommunekontaktar som skal syte for jamleg kontakt og støtte i gjennomføring av medverknadsprosessar.

Både Volda og Ørsta ser på felles erfaringar som eit stort potensiale for vidare utvikling og samarbeid, og både Høgskulen og kommunane ser føre seg enda betre utnytting av kompetanse og ressursbruk ved eit evt. vidare samarbeid om Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse. Høgskulen kan bidra både med kompetanse, i gjennomføring av medverknadsprosessar i lag med kommunane og i samband med praksisarbeid.

Vi vonar på positiv tilbakemelding på felles søknad om samarbeid og utvikling, og at vi samstundes vert sett på som to sjølvstendige kommunar med høve til tilskot pålydande inntil kr. 400 000.- kvar.

Begge kommunane tek atterhald om deltaking i prosjektet til lokalpolitisk godkjenning ligg føre.

På vegne av Volda og Ørsta kommunar

Med helsing

Berit Koen
folkehelsekoordinator

Kopi til:
Ørsta kommune Dalevegen 6 6153 ØRSTA
Jørgen Vestgarden
Regine Solberg Aklestad

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

| Deres ref: | Deres dato: | Vår ref: | Vår saksbehandler: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 17.02.2016 | 12344/2016/ F03 | Sigri Spjelkavik,71 25 89 10 | 25.02.2016 |

-

# Tilskot til Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2015 motteke kr 2.200 000, frå Statsbudsjettet kap. 719, post 60, som skal gå til *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse i Møre og Romsdal.*

Vi har gleda av å melde at søknaden Dykkar er tildelt støtte med inntil kr 258 500 for deltaking i kartlegging og utviklingsarbeidet.

Informasjon om vilkår for tilskotet, rapportering, regnskapsrapportering og utbetaling står på **side 2 i tilsegnsbrevet**. Vi ber tilskotsmottakar lese dette nøye.
Dersom vilkår og rapportering ikkje blir følgd opp, kan tilskotet blir kravd betalt tilbake. Manglande rapportering vil føre til at det ikkje blir tildelt ytterlegare tilskot.

Vi ber om tilbakemelding innan 1. april 2016 om at søkjaren vil bruke midlane med dei vilkår som er gitt. Tilbakemeldinga kan sendast på e-post til: post@mrfylke.no

Med hilsen

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Sigri Spjelkavik
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krever derfor ikke signatur*

Gjenpart: Driftsseksjonen for utbetaling av kr 258 500. Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14501.50000.57.4603.1428 og overførast bankkonto…….. org.nr. ……..

**Vilkår for utbetaling av tilskotet:**
Midlane skal nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er omtalt i søknaden og regelverket for ordninga. Tilskotet skal dekke utgifter til aktivitet som rettar seg mot måla. Tilskotet skal ikkje dekke utgifter til innkjøp av utstyr eller investeringar.

Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre formål utan skriftleg godkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
Ved informasjon om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre skal det gå tydeleg fram at prosjektet har motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Ved trykt presentasjon av prosjektet (brosjyrar, nettsider, skilt, infotavler mv.) skal logoen til Møre og Romsdal fylkeskommune vere med. Logo for Møre og Romsdal fylkeskommune finn ein på www.mrfylke.no

**Rapportering**
Frist for rapportering til fylkeskommunen er 1. oktober 2016.
Fylkeskommunen skal rapportere til Helsedirektoratet i elektronisk skjema i Altinn innan 1. november 2016. Malen for dette skjemaet vert sendt til kommunane i forkant av rapporteringa, og skal nyttast.
Skjema skal sendast Møre og Romsdal fylkeskommune v/Kulturavdelinga.
Rapporteringa skal beskrive korleis og i kva grad måla for tilskotet er oppnådd.
Rapporteringa skal også innehalde oppgåver og framdriftsplan for det vidare arbeidet.

**Regnskapsrapportering**
Det skal førast rekneskap for tilskotet og eigenfinansieringa. Regnskapet skal bare vise kva for utgifter som er dekt av tilskotet og eigenfinansieringa. Regnskapet skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden.

**Kontroll**
For prosjekt med støtte over kr 100 000, skal rekneskapet vere godkjent av autorisert revisor.

Fylkeskulturavdelinga eller fylkesrevisjonen skal ha høve til å iverksetje kontroll med at midlane er/blir brukt etter vilkåra.
Rapporteringsmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstalla skal førast inn i. I tillegg skal det leggast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva for artskonti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregert per art og treng ikkje å vise dei dei einskilde bilaga.

Utgifter til reise-, kost- og nattillegg må ikkje overstige satsane i Statens reiseregulativ, jf. Statens personalhandbok. Lønsmidlar skal ikkje overstige kva som er rimeleg i forhold til statlege lønningar.
Sjå meir informasjon om krav til rekneskapet i standardvilkåra. (Vedlagt: Standardvilkår for tilskudd fra Helsedirektoratet).

**Utbetaling**
Tilsegnsbeløpet vert utbetalt når førespurnad om utbetaling er motteke per e-post til post@mrfylke.no
E-posten må innehalde bankkontornummer og organisasjonsnummer.

**Klageadgang**
Det er ikkje klagerett på avgjerda. Dette følgjer av forvaltningsloven § 28.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2014/1344 |
| | | Arkivkode: | 2014004 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 87/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |

**PLANID. 2014004 - DETALJREGULERINGSPLAN URBAKKFOTEN - PLAN TIL OFFENTLEG ETTERSYN PBL § 12-10**

**Administrasjonen si tilråding:**
*Reguleringsplan for Urbakkfoten slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 20.04.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*

**Vedleggsliste:**
Planomtale
Reguleringsplankart
Reguleringsføresegner

**Uprenta saksvedlegg:**
Tidlegare reguleringsplan for området.
Kommunedelplan Volda sentrum
Dokument knytt til avtalar om kjøp av grunn
Dokument knytt til varsel om planoppstart
Innspel ved førehandsvarsel
Diverse korrespondanse med partar.

**Saksopplysningar:**
Volda kommune varsla ved brev av 17.07.2014 oppstart av planarbeid for området Urbakkfoten på øvre Engeset, areal kalla B15 i kommunedelplan for Volda sentrum.
Oppstart vart også varsla ved kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside den 18.07.2014.
Grunna vakanse i ei stilling ved planseksjonen og sjukdom i 2014/15 vart framdrifta i planprosessen dessverre ikkje blitt slik vi hadde planlagt.

Arbeidet vart teke opp att i 2015. Det vart avsett auka midlar i budsjett for planlegging av prosjektet. Det vart etablert samarbeid med plankonsulent P.Mulvik as for deler av den teknisk planlegginga for infrastrukturen i feltet. P.Mulvik hadde då hatt i oppgåve å detaljprosjektere samlevegen mellom Kleppevegen og Raudemyrvegen, og dette var ei naturleg vidareføring av det prosjektet.

Det vart i samband med dette sendt nytt varsel om planoppstart til partar og høyringsinstansar, med høve til nye innspel til planoppstart og prosess.

Mottekne innspel ved varsla planoppstart er fylgt opp i planarbeidet og er så langt mogeleg søkt teke omsyn til. Eg viser til planomtale og at innspela er gjengitt og kommentert her.
Det har også vore dialog opp mot dei einskilde hus/grunneigarane i området med sikte på gode løysingar for planutforming og korleis inngrepa ved framføring av veg gjennom området kan løysast på best mogeleg måte for den einskilde eigedom og i heilskap.
Det er utarbeidd detaljløysingar og illustrasjonar for planløysinga for den einskilde eigedom, som fylgjer planomtalen, og som vidare vil vere premissar for utbygging og grunnavtalar i området.

Vurdering av støy i planområdet er også ein del av planavklaringa, og er gjennomført i samsvar med Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 (2012).* Her er nytta teneste frå Asplan Viak og Sweco.
Støyrapportane knytt til samlevegen (veg o_SKV1) ligg som dokument tilknytt plan, og aktuell omsynssone knytt til dette (gul og raud sone) er vist i plankartet. Tiltak etter retningslinene er teke inn som del av planføresegnene.
Kommunen har som lekk i planprosessen også søkt å avklara overvassproblema i området med naudsynt avskjerande kanal og sikringsbehov for Gjølelva (Håmyrelva) dimensjonert med grunnlag i "200-års flaumen".
Vidare må planen avklara trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot skred, etter som austleg del av planområdet ligg innanfor aktsemdkart for jord- og flomskred i Skrednett (www.skrednett.no).
Til desse arbeida må det leigast inn fagleg kompetanse og definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Slik avklaring vil bli gjort samla for denne delen av Volda sentrum og kan ta noko tid å få på plass.
Det er no i planframlegget lagt omsynssoner knytt til flaum og ras, og i føresegnene stilt rekkefylgjekrav knytt til gjennomføring av dette før utbygging etter plan.

Når det gjeld planavgrensinga mot nord har vi gjennom planutarbeidinga vurdert dette ut frå best mogeleg tilrettelegging for sikring mot overvatn, god føring for internvegar og tomtedeling. Av den grunn er også planlagt internveg o_SVK2 lagt noko høgare i terrenget. Dette gir betre tomtedeling og utnytting av arealet.
Samtidig ser vi ikkje at det i vesentleg grad vil gje dårlegare utnytting for attverande eigedomar. Det er her på dei vestlegaste grunneigedomane (18/4, 18/1 og 18/2) allereie etter inngått avtale om grunnkjøp svært kort avstand opp mot eksisterande skogsveg. Det er ein del stor skog på området og truleg bør all denne store skogen her uansett fjernast samtidig med rydding av planlagt utbyggingsområde. Her er plangrensa lagt opp mot skråningsfoten for eksisterande skogsveg.
For teigane lenger aust er areala større og brukspotensialet som skogsmark vil framleis vere til stades. Her finn ein det ikkje rett å utvide planområdet, men plangrensa fylgjer topp skråning for planlagt avskjeringskanal. Dette gir då berre små justeringar innafor areal der det allereie er inngått avtale om innløysing/kjøp.
Ut over dette finn eg ikkje grunn til å gå nærare inn på planinnhald og planutforming, men viser til utsendte dokument, planomtale, plankart og føresegner. Desse vil og bli nærare gjennomgått/presentert ved handsaming av saka i formannskapsmøtet.

Samordning med andre utbyggingstiltak/rekkefylgjebestemmelsar knytt til trafikale tilhøve.
Eg viser her til plan for Håmyra, og dei føresetnader som og der er lagt til grunn for strakstiltak før feltet kan byggast ut, og før samlevegen gjennom området kan opnast for gjennomkøyring og kollektivtilbod. Fylkesmannen har no avvist alle klager i høve denne reguleringa og stadfesta kommunestyret sitt planvedtak.
Utbygging her vil såleis kunne kome i gang i 2016. Kommunen har varsla planoppstart for utbetringstiltak på eksisterande veg i Raudemyrvegen i samsvar med dette kommunestyrevedtaket.

Tilsvarande vil det med det fyrste bli varsla oppstart av planarbeid med sikte på utbetring/opprusting av Kleppevegen slik føresett i same sak. Her er det sett vilkår om at denne vegen (og del av Engesetvegen) skal vere opprusta før samlevegen over Håmyra vert opna for gjennomkøyring. Desse føresetnadane i kommunestyret sitt vedtak vert såleis fylgt opp som eigne planprosjekt, og vil ikkje vere til hinder for vidare planlegging og utbygging av Urbakkfoten-området.

Når det gjeld vidare framdrift for utvikling av dette området ser ein for seg fylgjande:
Med grunnlag i planframlegg lagt ut til offentleg ettersyn vil dett bli teke kontakt med aktuelle hus/grunneigarar med sikte på utforming av grunnavtalar for framføring av samlevegen (veg o_SVK1).
Det vil bli utarbeidd oppdatert kostnadsoverslag for utbygging av området, der samla kostnader til grunn, ulempeserstatning og kostnader med utbygging av tekniske anlegg vert oppdatert.
Det vert fremja framlegg til finansiering av prosjektet inn mot budsjett/økonomiplan for 2017-20.
(Kostnader til grunnkjøp og kostnader til utarbeiding av reguleringsplan er allereie finansiert).
Vert dette med i investeringsbudsjettet for 2017-18 kan vidare teknisk planlegging (vatn/spillvatn/overvatn mv) og anbodsrunde for utbygginga igangsetjast i løpet av våren 2017 med sikte på oppstart i 2017.
Før dette må skogrydding i området gjennomførast slik at endeleg oppmåling av areala kommunen har inngått avtale om kjøp av kan gjennomførast.

**Vurdering og konklusjon:**
Reguleringsframlegg for Urbakkfoten vert tilrådd fremja for utlegging til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Avklara gjennom overordna plan og planprosess.

**Økonomiske konsekvensar:**
Det er avsett midlar til planlegging av området og til grunninnløysing i eigne vedtak i budsjett/økonomiplan. Kostnadane er dekka innanfor dette.
Det er og utarbeidd detaljprosjektering knytt til vegar i planområdet som også så langt er dekka inn over prosjektrekneskapen.
Vidare detaljprosjektering, kostnader til opparbeiding av tekniske anlegg i feltet og sambindingsvegen må det sikrast midlar til i komande budsjett/økonomiplan.
Kostnadsramme for dette vil bli oppjustert med grunnlag i godkjent planløysing.
Interne kostnader i feltet vil kunne dekkast inn ved seinare tomtesal.
Kostnader knytt til eksterne anlegg og samleveg, der ein ikkje kan krevje refusjon, kan ikkje fordelast på tomtene i feltet og må finansierast fullt ut over kommunen sitt budsjett.
Kommunen planlegg for tida også samla løysingar for overvatn i heile Klepp/Engeset/Røyslid/Heltne/Bratteberg.
Desse planane tilseier behov for sikringstiltak i Gjøl-elva og Heltne - elva. Planar for dette må utarbeidast og tiltak gjennomførast. Jf rekkefylgjebestemmelsar i plan.
Noko av desse kostnadane fell naturleg på dette planområdet og kan fordelast, medan andre deler er av generell art og må dekkast av kommunen sjølv ved budsjettvedtak. Desse prosjekta bør om dei vert prioritert økonomiplan i stor grad kunne gjennomførast parallelt.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Både ut frå omsyn til sikring mot overvatn, ras og flaum, framkome og trafikktryggleik vil gjennomføring etter plan vere positive sett i beredskapssamanheng.
**Naturmangfaldlova:**
Aktuelt areal inngår i godkjent kommunedelplan og arealbruksformålet er bustad. Slike areal er konsekvensutgreia gjennom planprosessen. Området har også tidlegare vore regulert til utbyggingsområde for bustad.

Ein finn likevel , sjølv om planframlegget i liten grad synest å gje konflikt med naturmangfaldet, grunn til ein gjennomgang og vurdering av området sett ut frå tilgjengelege naturdatabasar.
Ved sjekk i naturbase.no, miljøstatus.no, artsdatabanken.no, har ein ikkje funne at det er registrert prioriterte artar, trua eller nær trua artar, utvalde naturtypar eller trua eller nær trua naturtypar i planområdet.
Lokal kunnskap eller registreringar gir heller ikkje slike kjende opplysningar.
Etter som naturmangfald såleis i liten grad synest verte røyrt av planframlegget, og det ikkje vert påvist effekt av planen på verdifull natur, legg ein til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter §§ 9 til 12.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Jørgen Vestgarden |
| Rådmann | utviklingssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Planoppstart reguleringsplan URBAKKFOTEN –Adresseliste:**
**Grunneigarar/naboar:**
Inger Johanne Bjørneset Rognelida 6, 6102 Volda
Astrid Engeset, Kinovegen 7, 1337 Sandvika
Anne Elise Tunheim, Tømmervåg 6590 Tustna
Astrid Hilde Tunheim, Urabakken 4B, 6017 Ålesund
Jon Ivar Tunheim, Hagevegen 11, 3085 Holmestrand
Per Øyvind Tunheim, Løkkedalsveien 1444 Skiphelle
Oddrun Barstad, Kleppevegen 10, 6100 Volda gbr.18/10
Bjørset Gunn Ryste, Årdal 6843 Skei i Jølster
Knut Wollmann, Øvrevegen 4, 6102 Volda
Per Kato Trandal, 6183 Trandal
Nils Endre Engeset, Per Bolstadveg 14 B, 6008 Ålesund
Ivar Helge Hamsås og Halldis Sigfrid Hamsås, Kapteinsvegen 1, 6102 Volda
Kirsten Engeset, Kapteinsvegen 5, 6102 Volda
Arne Heggen og Doris Beate Vågen, Engesetgeila 5 A, 6102 Volda
Runa Bakke, Engesetgeila 5 C, 6102 Volda
Vidar Kleppe Eidså, Engesetgeila 5D, 6102 Volda
Heidi Hamre , Engesetgeila 7 6102 Volda
Einar Leikanger, Engesetgeila 10, 6102 Volda
Synnøve Moltudal og Jan Terje Eidset, Engesetgeila11, 6102 Volda
Kjetil Helset og Wenche M Kile Helset, Engesetgeila 12, 6102 Volda
Asbjørn Moltudal og Therese Heggedal Moltudal, Engesetgeila 13, 6102 Volda
Margit Lillebø, Engesetgeila 14, 6102 Volda
Hege Karete Hamre og Oddvar Rørstad, Engesetgeila15, 6102 Volda
Oddvin Harald Ryste Og Oddrun Ryste, Engesetgeila 16, 6102 Volda
Kristin Kleppe Hovden Engesetgeila 17, 6102 Volda
Geir Magnus Lied, Engesetgeila 18, 6102 Volda
Jon Even Bjørdal og Synnøve Myklebust Bjørdal, Engesetgeila 19, 6102 Volda
Siv Hessen, Engesetgeila 20, 6102 Volda
Urda Heggedal og Per Ivar Kongsvik, Engesetgeila 21, 6102 Volda
Håkon Bø og Åshild Vikan, Engesetgeila 22, 6102 Volda
Grethe Jorunn Husevåg og Stein Husevåg, Engesetgeila 23, 6102 Volda
Ann-Merete Lande og Stein Ove Lande, Engesetgeila 23, 6102 Volda
Stian Helset Engjaberg og Marthe Ose Østgaard, Engesetgeila 24, 6102 Volda
Ståle Skjemstad, Munkebotn 15, 5036 Bergen

Eldri Engeset Foldal og Odd Foldal, Engesetgeila 26, 6002 Volda
Sverre Engeset Foldal, Engesetvegen 18, 6102 Volda gbr.18/12
Marte Feden Aasen, Bråtenveien 35, 1430 Ås
Anne Sofie Feden Aass, Anne Rogstadsveg 49, 0592 Oslo
Brita Feden Sissener, Kongeveien 12, 1412 Sofiemyr
Tomtesercice as, Indrehovdevegen 64, 6150 Ørsta
Din Bolig as, Postboks 69, 6151 Ørsta

**Offentlege og privat høyringsinstansar:**
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6404 Molde
- Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
NVE -Region Vest, Pb.53, 6801 Førde
Miljødirektoratet, Postboks 5672, Sluppen, 7485 Trondheim
Engeset Klepp og Nordalen grendalag v/Odd Paulen Ekornvegen 3, 6102 Volda
VØR, (Volda og Ørsta Reinhaldsverk), Torvmyrane, 6150 Ørsta
Tussa Nett AS, Dragsund, 6080 Gurskøy
Telenor, Servicesenter for nettutbygging, Postboks 7150, 5024 Bergen
Volda kommune, Kart-oppmåling og bygg avd. Stormyra 2, 6100 Volda
Volda kommune, helseavd. Stomnyra 2, 6100 Volda
Volda kommune, kommunalteknisk avdeling, Stormyra 2, 6100 Volda
Volda kommune Barnerepresentanten i Det faste planutvalet, Stormyra 2, 6100 Volda
Volda kommune,Rådet for funksjonshemma, Stormyra 2, 6100 Volda
Volda kommune, Eldrerådet, Stormyra 2, 6100 Volda

**Klageinstans:**

# Framlegg til
# REGULERINGSPLAN URBAKKFOTEN – ØVRE ENGESET

## PLANOMTALE





Plan utarbeidd av Volda kommune- utviklingssektoren
Planframlegg datert - 20.04.2016

Revisjonar:

Politisk handsaming:

## INNHALDSLISTE:


1 - Samandrag side 3

2 - Bakgrunn side 3
2.1 Målet med planen
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve
2.3 Tidlegare vedtak i saka
2.4 Utbyggingsavtalar
2.5 Krav om konsekvensutgreiing

3 - Planprosessen side 4
3.1 Medverknad, oppstartvarsel og vidare planprosess

4 - Planstatus og rammer side 5
4.1 Overordna planar
4.2 Tidlegare reguleringsplan
4.3 Tilgrensande planar
4.4 Temaplanar
4.5 Statlege retningsliner og rammer
4.6 Eksisterande tilhøve - omtale av planområdet. side 9
4.7 Dagens arealbruk i området og i tilstøytande areal
4.8 Landskapet og området sin karakter
4.9 Kulturminne og kulturmiljø
4.10 Naturverdiar
4.11 Trafikktilhøve
4.12 Sosial infrastruktur
4.13 Universell utforming
4.14 Teknisk infrastruktur
4.15 Grunntilhøve
4.16 Risiko og sårbarfeit (eksisterande situasjon)
4.17 Privatrettslege bindingar
4.18 Analyser utgreiingar

5 - Konsekvensutgreiing side 16

**6 - Omtale av planframlegget side 16**
- 6.1 Reguleringsformål
- 6.2 Areal til frittliggande småhus (BF 1- 15)
- 6.3 Areal til konsentrert småhusutbygging (BKS1-3)
- 6.4 Grøntstruktur, friluftsområde, friområde og uteopphaldsareal
- 6.5 Barn og unge
- 6.6 Trafikkløysing
- 6.7 Parkering
- 6.8 Overvatn og tilknyting til infrastruktur
- 6.9 Gjennomføring
- 6.10 Skog og jordbruksaktivitet
- 6.11 Sosial infrastruktur
- 6.12 Avbøtande tiltak / løysing ROS
- 6.13 Rekkefølgjebestemmelsar

**7 - Verknader / konsekvensar av planframlegget side 26**
- 7.1 Overordna planar
- 7.2 Landskap, staden sin karakter og estetikk
- 7.3 Konsekvensar for naboar
- 7.4 Kulturminne og kulturmiljø
- 7.5 Naturverdiar og naturmangfald
- 7.6 Uteområde, frilufts og rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser
- 7.7 Trafikktilhøve
- 7.8 Sosial infrastruktur
- 7.9 Universell utforming - tilgjenge
- 7.10 Energibehov - energiforbruk
- 7.11 ROS
- 7.12 Teknisk infrastruktur
- 7.13 Jordbruk-skogbruk
- 7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen
- 7.15 Interessemotsetnader
- 7.16 Avveging av verknader.
- 7.17 Grunnavtalar - erstatning for grunn og ulemper ved gjennomføring av tiltak etter plan.

**8 - Innspel ved oppstartvarsel m.v. side 46**

# 1 SAMANDRAG

**Området Urbakkfoten ligg på øvre Engeset i Volda, ovanfor Engesetgeila.**
Det vart i 2001 utarbeidd privat reguleringsplan for området med tanke på utbygging til bustadformål.
Det var grunneigarane i området som då tok initiativ til utarbeiding av plan.
Planid- 2001006 , godkjent 29.01.2001.
Kommunen har i 2014 inngått avtale med grunneigarane i området om overtaking/kjøp av ubebygd areal, med sikte på utbygging av området i kommunal regi.
Gjennomføring krev fornying av plan, etter som det i dag er krav om betre teknisk grunnlag, krav om digital framstilling, og det må sikrast grunnlag for gjennomføring av plan der ein ikkje no har avtalar.
Utbyggingsform med vektlegging av frittliggande tomter og stor grad av einebustadtomter er tenkt vidareført i tråd med tidlegare plan.

# 2 BAKGRUNN

## 2.1 Målet med planen

Planarbeidet er ei oppfølging av gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda, der området er lagt ut til bustadføremål.
Målsettinga med planarbeidet er å fornye eksisterande plan og legge til rette for utforming av eit nytt og attraktivt bustadområde, med stor grad av einebustadtomter nær Volda sentrum slik at ein kan møte også denne etterspurnaden til bustad i tida framover. Jf. Planlagt tettare utbygging i tilgrensande område på Klepp og i Håmyra.
Det er vidare ei målsetting gjennom planarbeidet å sikre overordna infrastruktur med framføring av samleveg og gangveg, legge til rette for ringbusstrase, ivareta grønstruktur og friluftsinteresser med tilhøyrande ferdselsårar og å kunne tilby gode areal for leik og opphald for barn og unge i området.
Det er også eit mål med planarbeidet på best mogeleg måte å ivareta eksisterande busetnad ved framføring av sameveg, i høve til terrenginngrep, støy og andre ulemper

## 2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Kommunen er forslagstillar for planarbeidet, og vil vere tiltakshavar ved seinare utbygging.
Kommunen har gjennom avtale sikra grunnlag for utbygging av ubebygde areal i området.
Følgjande eigedomar ut over dette inngår i planområdet: del av 18/1-18/2-18/4- 18/5-18/7-18/10-18/12 og 18/186, 18/35, 18/36, 18/37, 18/40, 18/41, 18/94, 18/128,18/136, 18/140, 18/143, 18/178, 18/183, 18/184, 18/188, 18/189, 18/216, 18/345, 18/390, 18/391 18/394

## 2.3 Tidlegare vedtak i saka

Kommunestyre-sak 03/2001, den 29.01.2001 – plangodkjenning.
Kommunestyre-sak 7/13 – 31.01.13 – avtalar om kjøp av grunn. Formannskap - sak PS 156/14 – aksept av Lagmannsrettskjønn – 19.08.14

## 2.4 Utbyggingsavtalar

Ein tek sikte på utbygging av område i kommunal regi. Det vil såleis ikkje vere aktuelt med utbyggingsavtalar.

### 2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Kommunen finn ikkje at det er behov for konsekvensutgreiing då planarbeidet er i samsvar med overordna plan og i hovudtrekk også i samsvar med tidlegare godkjent reguleringsplan. Planen vil såleis heller ikkje ha nye vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn.

## 3 PLANPROSESSEN

### 3.1 Medverknad, oppstartvarsel og vidare planprosess.

Formell saksgang, jf. reglane i plan- og bygningslova, sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn.
Planoppstart vart varsla med annonse i avisa Møre og på kommunen si heimeside. Det vart sendt brev til røyrde partar og høyringsinstansar med informasjon om oppstart av planarbeidet med frist for merknader sett til 1.09.2014.
Det vart motteke 12 merknader/innspel. Desse er vedlagt planomtalen og er vurdert og kommentert.
I forkant av utarbeiding av planframlegget har det vore nødvendig å utarbeide forslag til teknisk plan for sambindingsvegen mellom Kleppevegen og Raudemyrvegen. Dette for å ha eit godt detaljgrunnlag i dialog med røyrde hus/tomteeigarar der vegen vil kome i inngrep med privat eigedom.
Pga vakanse i stilling ved planseksjonen i kommunen stoppa planprosessen opp i 2014. Det vart etter dette gjort vedtak om å engasjere plankonsulent til deler av planarbeidet. P.Mulvik as vart valt.
Grunneigarar/partar vart i okt. 2015 varsla om endra framdriftsplan ut frå dette.
Plankonsulenten leverer plankart og tekniske planar i løpet av januar 2016.

Før fremjing av plan for politisk handsaming vil det bli lagt opp til gjennomgang av planutkastet med dei røyrde partane langs Engesetgeila, vedkomande detaljløysing for Sambindingsvegen m.m. Vidare møte/drøfting med aktuelle grunneigarar om justeringar av planområdet grunna areal til avskjerande overvasskanal. Det vert sett av tid til eventuelle justeringar av planframlegget ut frå desse møta.

Etter utarbeiding av planframlegg vert planen å fremje for politisk handsaming i Formannskapet. Vert det gjort vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert dette kunngjort i pressa og på kommunen si heimeside, og planframlegget vert sendt til røyrde partar og eksterne fagorgan for uttale.
Frist for høyring er min. 6 veker.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan eventuelt justert ut frå merknader, før planframlegget vert endeleg handsama i kommunen.
(det vil vere naturleg å ha direkte kontakt/drøfting med partar om detaljar i plan i denne fasen).

Handsaming av merknader og ev. godkjenning av planforslag

Eventuelt endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn, før godkjenning av planforslag i Kommunestyret.

Under er oversikt over planprosess med planlagt vidare framdrift:

| Planfase | Medverknad | Tid |
|---|---|---|
| Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til røyrde partar. | | Varslingsbrev datert 17.07.2014 |
| Høyringsperiode | Innspel/merknad til planoppstart. | Høyringsfrist 01.09.2014 |
| Utarbeiding av planforslag | | Oppstart i oktober 2014. Utsett og oppstarta på juni 2015. Engasjering av plankonsulent – utarbeiding av teknisk plan-støyrapport og planframlegg sept 2015 – jan 2016 |
| Utarbeidd planutkast med detaljar knytt til enkelteigedomar vert drøfta med aktuelle partar. | Administrasjonen med plan, kommunalteknisk og grunnerverv | Februar - mars 2016 |
| Eventuell justering av planframlegg – detaljar | Administrasjonen med plan, kommunalteknisk og grunnerverv | mars 2016 |
| Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. | Formannskapet | Februar –Mars 2016 |
| Offentleg ettersyn | | Mars-april 2016 |
| NGI – rasvurdering etter merknad frå NVE | | Usikkert tidsforbruk, kan truleg gå delvis parallelt med off ettersyn |
| Detaljplan for overvatn og sikring av Gjølelva | | Usikkert tidsforbruk, kan truleg gå delvis parallelt med off ettersyn |
| Handsaming av merknader og ev. godkjenning av planforslag | Administrasjonen /avklaring med partar/fagorgan | April –mai 2016 |
| Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn. | Formannskapet | Juni .2016 |
| Alternativt godkjenning av planforslag (Kommunestyret) | Formannskap/kommunestyret | Juni 2016 |
| Kunngjering av godkjent plan | Administrasjonen | Juni-Juli 2016 |
| Klagefrist –til Fylkesmannen 4 veker | Form.sk/fylkesmann | Juli – august 2016 |

# 4 PLANSTATUS OG RAMMER

## 4.1 Overordna planar

### 4.1.1 Regionale planar

Ikkje aktuelt

### 4.1.2 Kommuneplanens arealdel - kommunedelplan

Kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er gjeldande for planområdet. B15 er sett av til bustadområde, medan andre delar av planområdet er friområde og LNF-område.




Utsnitt frå Kommunedelplanen for Volda sentrum

## 4.2 Tidlegare reguleringsplan

Planforslaget skal erstatte gjeldande reguleringsplan for Urbakkfoten godkjent 29.01.2001, med planid 2001006.




Tidlegare godkjent reguleringsplan for Urbakkfoten (planID 2001006)

## 4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar til fleire gjeldande planar:

| PlanID | Plannamn | Godkjent/ikraftdato |
|---|---|---|
| 2001002 | Håmyra | 24.06.1999 |
| 66003 | Øvre Engeset | 27.04.1966 |
| 1984002 | Engeset og Klepp –(austre del) | 29.06.1984 |
| 1990002 | Engeset og Klepp | 4.04.1990 |
| 2009006 | E/Kl. K11 Engeset terrasse | 16.11.2009 |

Tilgrensande planområde med planID

## 4.4 Temaplanar

Det er utarbeidd tettstadanalyse for området som skal leggast til grunn for planarbeidet
I tettstadanalysen vert det skissert visjonar for grønstrukturen som vil vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av planforslaget.



**Forvaltningsplan for friluftsområdet Flommen** (statleg sikra friluftsområde).
Grensar inn mot deler av planområdet i vest. Det vil i plan bli søkt å samordna friområde og ferdselsårer i nytt bustadområde med etablerte/planlagde tiltak i friluftsområdet.

## 4.5 Statlege planretningsliner og rammer

Det er hovudsakleg følgjande rikspolitiske retningslinjer som er aktuelle for planarbeidet:

- RPR for barn og unge i planlegginga
- RPR for areal og transportplanlegging
- Naturmangfaldslova

I tillegg vil planarbeidet vere basert på PBL med forskrifter og rettleiingar, samt andre aktuelle lover med tilhøyrande forskrifter.

## 4.6 EKSISTERANDE TILHØVE - OMTALE AV PLANOMÅDET

### 4.6.1 Plassering

Planområdet ligg nord for Volda sentrum, mellom friområdet Flommen og Gjølelva.

Planen si avgrensing

### 4.6.2 Avgrensing og størrelse på planområdet

Planområdet er i samsvar med gjeldande plan, men noko meir areal mellom Engesetgeila og Kapteinsvegen er teke med for å sikre areal til gjennomføring av heile veganlegget for samlevegen og for tilknytingar mot eksisterande gangvegnett i området. Planområdet er utvida noko mot nord og aust for å sikre areal til avskjeringskanal for overvatn ført til Gjølelva.
Planområdet er no til saman på om lag 75 da.
Aktuelt nytt utbyggingsareal er på om lag 40 da.

## 4.7 Dagens arealbruk i planområdet og arealbruk på tilstøytande areal

Planområdet er i aust avgrensa mot Gjølelva, og i vest mot friområdet Flommen.
I sør er eigedomar som vert røyrde av planen langs Kapteinsvegen, Engesetgeila og Øvrevegen tatt med.
Mot nord fylgjer grensa for gjeldande plan nedanfor etablert skogsveg, med tillegg av areal til planlagt avskjeringsgrøft for overvatn.
Den ubebygde del av planområdet har vore i bruk til skogsdrift og beite. Beiteområda er no prega av attgroing og delar av skogen er hogd ut.
Elles er tilgrensande område prega av etablert bustadbebyggelse i hovudsak med frittliggande einebustader, eller bustader med sekundærhusvære for utleige.

flyfoto av planområdet

## 4.8 Landskap og området sin karakter

### 4.8.1 Eksisterande bebyggelse

Det er eksisterande busetnad sør og vest i planområdet, og området grensar inn mot utbygde bustadfelt i sør og til planlagt byggefelt i Håmyra i aust.
I vest grensar planområdet inn mot friområdet Flommen.

### 4.8.2 Topografi og landskap

Terrenget er tildels bratt og ligg i lia ovanfor eksisterande busetnad. Planområdet vil vere synleg frå delar av Volda sentrum.
I austre kant av planområdet ligg Gjølelva.

### 4.8.3 Soltilhøve

Planområdet ligg sør- vendt og har gode soltilhøve.

### 4.8.4 Lokalklima

Planområdet ligg mellom kote 105 og kote 180og her vert følgjeleg ein del snø vinterstid.
Vekstar i område, som kristtorn o.a., tyder på at området ligg i le for "utrøna" og er lunt.

## 4.9 Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet består av fleire teigar og det er fleire steingardar i området. Her er også spor etter oppbygde stiar, avskjerande grøfter for overvatn og driftsvegar.
Det er gjort oppslag i http://www.kulturminnesok.no/ .
Kulturminnemynde har ikkje meldt om automatisk freda kulturminne eller potensiale for slike funn.
Det er registrert 9 objekt i kulturminneregisteret SEFRAK i området.
Eitt av desse, nr 1519-3-361, er ei høyløe som skal vere frå før 1850.
Ut over denne er der registrert objekt 1519-3-362 og 1519-3-364 frå etter 1850, høyløe og vårfjøs.
Dei seks siste registreringane er mindre restar etter eit tidlegare tun, og fleire vårfjøs og høyløer som har vore i området.

Høyløe  på 18/2



Høyløe på 18/7

Ståande bygg er registrert med bilete og tilstandsvurdering i samband med planarbeidet, og verknadene for desse  er skildra i plan-omtalen. Begge desse bygga vil kome i konflikt med planlagt samleveg og vil måtte rivast.

Vårfjøs på 18/437 (tidl. 8/12)
Vårfjøs vert liggande i friområde inn mot tursti-nett, og vert ikkje røyrt av utbygginga i området.

## 4.10 Naturverdiar

Naturmangfaldlova
I samband med utarbeiding av plan er det gjort ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken sitt artskart.
Det går ikkje fram av desse registra at det er artar eller naturtypar i planområdet som vert råka. Det er heller ikkje kome fram opplysningar i saka som tyder på at det ligg føre opplysningar om andre artar eller naturtypar i planområdet som ikkje er fanga opp i ovanfor nemnde registreringar. Ein må kunne anta at her er fugle-, dyre og planteartar som er vanlege i slike barskog- og beiteområde og i randsona langs elva.

Kravet om at saka skal basere seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap
jf. naturmangfaldloven (nml.) § 8 vert derfor vurdert som oppfylt.
Med bakgrunn i at naturmangfald ikkje vert råka av planforslaget og at det ikkje kan påvisast effektar frå tiltaket på verdifull natur, legg kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldslova §§ 9-12.
Planområdet ligg ovanfor eksisterande bustadfelt. Området har i øvre og austre del noko produktiv barskog med høg bonitet, men mykje av skogen er hogd ut.
Elles har området preg av eldre innmarksbeite. Området er i dag sterkt tilvakse .

Innslag av kristtorn i skog- beiteområda

**Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser**
Planområdet ligg inntil mykje brukte friluftsområde i dalsidene og fjellområda kring Volda sentrum. Langs elva finn vi turstiar og tilrettelegging som tyder på at grøntsona langs elva er mykje nytta som friluftsområde.
I merknad til planoppstart er det opplyst at deler av arealet som grensar til Håmyra tidlegare var nytta som del av skiområde frå fjellet og nedover mot Lærarhøgskulen.
Området er i dag dels attvakse og mindre eigna for skiaktivitet, men er eit mykje nytta og attraktivt tur(sti)område elles i året.
Vest for planområde har vi det gamle skibakkeområdet Flommen. Lysanlegget er nedlagt og heile området er tilvakse med krattskog. Arealet er sikra som statleg eigd friområde. Det er opparbeidd ny tursti med lys gjennom området. Denne turstien har tilknytingar mot eksisterande bustader

vest for Flommen.
Det nye bustadfeltet i Urbakkfoten er planlagt tilknytt dette sti-systemet som vil vere viktig i friluftssamanheng og som snarveg.

Stiar langs Gjølelva

Flommen friområde med ny tursti

## 4.11 Trafikktilhøve

### 4.11.1 Vegsystem

Tilkomst til planområdet vil vere frå ny sambindingsveg som vil gå mellom Kleppevegen og over Håmyra til Raudemyrvegen.

**Figur 1 Planområde og trasé for Sambindingsvegen**

Sambindingsvegen vil vere ein ny samleveg i øvre del av Volda sentrum som vil knyte saman Engeset-Klepp og Røyslid – Heltne. Det vil verte ein vesentleg auke i trafikken på Raudemyrvegen og i Engesetgeila/Kleppevegen som følgje av den nye sambindingsvegen.
Som grunnlag for dimensjonering er framtidig maksimal trafikkprognose rekna til ÅDT inntil 1500.

#### 4.11.2 Køyretilkomst
Planområdet har i dag tilkomst frå Engesetgeila.

#### 4.11.3 Ulukkessituasjon
Ein er ikkje kjent med at det er registrert spesielle ulukkespunkt på tilførselsvegane inn til planområdet. I Kleppevegen er det imidlertid fleire punkt med svært uheldige trafikale tilhøve for både køyrande og gåande.
Her manglar separat gangveg og reguleringsplanar er ikkje gjennomført når det gjeld vegutbygginga over gnr /bnr -18/10. Den gamle låven står her enno langt inne på regulert vegformål, og gir innsnevringar i køyrebane, dårlege sikttilhøve og brot i fortausløysinga gjennom området. Kommunestyret har i vedtak i sak PS62/15 den 18.06.2015 gjort vedtak om utbetringar av Kleppevegen og deler av Engesetvegen før sambindingsvegen over Håmyra kan bli opna for kollektivtrafikk og gjennomkøyring.

#### 4.11.4 Trafikktryggleik for mjuke trafikantar
Sambindingsvegen er planlagt med fortau for mjuke trafikantar.
Vidare har kommunestyret sett som føresetnad for opning av sambindingsvegen for gjennomkøyring og kollektivtrafikk at både Kleppevegen og Raudemyrvegen skal opprustast til samleveg standard og ha separat fortau.
Gjennom planområdet og nedover mot Volda sentrum er det fleire gang/turvegar som er viktige snarvegar mot sentrum og mot skular m.m , og som vil bli søkt oppretthaldne og vidareutvikla gjennom plan.

#### 4.11.5 Kollektivtilbod
Det går ikkje buss til planområdet i dag. Med ny Sambindingsveg på plass er det intensjon å få busstilbod gjennom området.

### 4.12 Sosial infrastruktur
Området er ein del av Volda sentrum og er knytt til eksisterande sosial infrastruktur og servicetilbod her. Det er gangavstand til skule og barnehage, vidaregåande skule, høgskule, og idrettshallar m.m. Til daglegvarebutikk er avstanden noko lenger då desse er lokalisert ved Kårstadvegen, Vikebygdvegen eller i sjølve sentrumskjernen i Volda..

#### 4.12.1 Skulekapasitet
Det er gangavstand til to barneskular frå planområdet. Øyra og Bratteberg skule som begge har 1.-7. klassetrinn. Det er praktisert flytande krinsgrenser mellom skulane i Volda sentrum.

#### 4.12.2 Barnehagedekning
Det ligg fleire barnehagar i Volda sentrum. Fleire av desse har kapasitet til auka barnetal. Næraste barnehage er Engeset barnehage ved Engesetvegen, Sollia/Oppigarden ved Heltnevegen og Trollsletta barnehage ved Kårstadvegen..

### 4.13 Universell utforming
Området er ei skogkledt skråning med terrenghelling mellom 1:5 og 1:3 med mindre utflatande areal inn i mellom. Det til dels bratte terrenget kan vere utfordrande i forhold til å oppnå universelt utforma tilkomst og uterom innan planområdet. Nokre av dei flataste og best tilgjengelege areala er i samråd med barnerepresentanten peika ut som aktuelle areal for friområde/ leikeplass
.

### 4.14 Teknisk infrastruktur
#### 4.14.1 Vatn og avløp
Det er framført hovudleidningar for vatn og avløp til ytterkant av planområdet. Nytt system for

handsaming av overvatn må etablerast. Ein tek sikte på å føre ein stor del av overvatn til Gjølelva. Ny hovudleidning for spillvatn må etablerast i samband med planlagt sambindingsveg.

#### 4.14.2 Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Det er elektrisk energiforsyning fram til planområde, men med ei større utbygging vil det truleg vere behov for ny trafo. Området ligg ikkje nært fjernvarmenett.

#### 4.14.3 Renovasjon

Det er etablert ordning med henting av avfalldunk langs veg i nærliggande område.
For nytt planlagt utbyggingsområde i tilgrensande område -Håmyra er det lagt opp til fellesordning for renovasjon avfall i nedgravne containerar.
For einebustadtomtene er ordninga med kanthenting tenkt vidareført.
For areal til konsentrert utbygging vil renovasjon ved fellesordning med avfall i nedgravne containerar vere aktuelt.

### 4.15 Grunntilhøve

#### 4.15.1 Stabilitetsforhold

Ein er ikkje kjent med spesielle utfordringar når det gjeld stabilitet i området. Området består av morenemassar som er tjukkast i områda langs Gjølelva.

### 4.16 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit er gått gjennom og ligg vedlagt.

#### 4.16.1 Radon

Ein har ikkje spesifikk kunnskap om tilhøva når det gjeld radon innan planområdet, då det ikkje har vore gjennomført undersøkingar. Det vil uansett vere krav om radonførebyggande tiltak jf. TEK § 13-5.

#### 4.16.2 Flomfare

Ein er ikkje kjent med at det har vore problem med overfløyming langs Gjølelva. Det er godt med vegetasjon langs elvekanten som er med på å forsterke oppfatninga om at elva ikkje er prega av stadige overfløymingar. Ein finn såleis ikkje at det er uakseptabel risiko når det gjeld flom-/erosjonsfare.
I nordre del av planområdet går elva i fast fjell med liten fare for erosjon. Klimaendringar med oftare episodar med kraftig styrtregn kan gi auka fare for overfløyming nedover langs dei nedre delane av Gjølelva. Raskare avrenning på grunn av utbygging vil også påverke dette.
Det skal i samband med plan gjerast utgreiing for avskjering av overvatn langs byggefeltet si nordside og ein legg til grunn at hovuddelen av dette overvatnet må førast til Gjølelva.
Slik plan, som blir utarbeidd i samråd med NVE, skal også avklare behov for sikringstiltak langs elvestrengen gjennom og sør for byggeområdet mot sentrum/sjøen.

### 4.17 Privatrettslege bindingar

Planområdet er eit landbruksområde tidlegare nytta til beite og skogsdrift.
Gjennom avtalar om kjøp som er gjennomført og der kommunen har sikra heimel til dei nye utbyggingsområda, er det avklara at det ikkje skal fylgje andre bruksrettar/klausular på eigedomane.

### 4.18 Analyser/utgreiingar

Det er gjennomført støyvurdering for den nye sambindingsvegen. Støyrapporten konkluderer med behov for støyskjerming for å ivareta akseptabelt støynivå på uteplassar for nokre av eigedomane langs samlevegen.

# 5 KONSEKVENSUTGREIING

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing jf. Pkt. 2.5.

# 6 OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

Planframlegget vil erstatte eksisterande reguleringsplan for Urbakkfoten, og legg først og fremst til rette for etablering av ny sambindingsveg og oppføring av bustader i samsvar med tidlegare plan. Det er lagt vekt på å bevare grøntkorridoren langs Gjølelva.
Dette friområdet, saman med friområdet i Flommen vest for bustadområdet, gir store og fine uteområde for barn og unge. Det vert elles lagt til rette for interne leikeareal i nytt utbyggingsområde.

## 6.1 Reguleringsformål

Planområdet er på om lag 83 daa. Av dette går 25.5 da til nytt bustadareal med tilhøyrande leikeplassar m.m. 22.7 daa til eksisterande bustadtomter. Til saman 18.1 daa til vegar, gangvegar og parkeringsareal med tilhøyrande infrastruktur, medan 8.2 daa er sett av til ulike grøntformål, og 8.4 da til kombinasjonsareal teknisk infrastrukturtiltak (overvassgrøft) og friluftsformål.

| **§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg** | **Areal (daa)** |
|---|---|
| Eksisterande utbygde tomter Bustader-frittliggjande-småhus | 22.7 |
| Nye bustader- frittliggjande-småhus | 17.2 |
| Nye bustader- konsentrert-småhus | 4.5 |
| Leikeplass – friområde -eksisterande | 0.8 |
| Leikeplass – friområde nytt | 2.7 |
| **Sum areal denne kategori:** | **47.9** |
| **§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | **Areal (daa)** |
| Annan veggrunn - grøntareal | 1,6 |
| Annan veggrunn – teknisk anlegg | 4.7 |
| Fortau | 1.3 |
| Gangveg/gangareal | 0,3 |
| Køyreveg | 10.0 |
| Parkeringsplassar (4) | 0.2 |
| **Sum areal denne kategori:** | **18,1** |
| **§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur** | **Areal (daa)** |
| Friområde | 7.7 |
| Turveg (7) | 0.5 |
| Overvasskanal/grønstruktur | 8.4 |
| **Sum areal denne kategori:** | **16.6** |
| **Totalt alle kategorier: 73,0** | **82.6** |

## 6.2 Areal til frittliggande småhus(BF1 -15)

Det er sett av til saman 17.2 daa til nye frittliggande småhus innanfor planområdet som gir plass til 21 nye bustadtomter.
I planområdet er det også ca 22 da eksisterande eigedomar. Av dette 22 bebygde eigedomar, og to ubebygde tomter, på areal avsett til frittliggande småhus.
For ale desse byggeområda er det sett utnyttingsgrad på 30% BYA.
Gesimshøgd skal ikkje vere over 6.5 m og mønehøgd skal ikkje vere over 9 m. Høgder målt etter Tek 10.
Det vil vere høve til oppføring av garasje på inntil 50 m2.
Det skal settast av areal til 2 biloppstillingsplassar pr. husvære. Minimum ein av desse skal vere som plass i garasje/carport.
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4,0 m og skal ha berre i ei høgd. Det er ikkje tillate med ark på garasje.
Der terrenget gjer det naudsynt, kan garasje førast opp med sokkeletg , som ikkje kan nyttast til varig opphald.
Garasje som vert oppført vinkelrett på veg skal ha ein avstand på 5 m til vegkant og garasje oppført parallelt med veg skal ha ein avstand på 2.5 m frå vegkant.
Området er tilrettelagt for frittliggande bustader med tanke på einebustader til private utbyggarar. Dette i samsvar med etablert byggestil for eksisterande bustader som inngår i planområdet , med bustader oppført i perioden 1970-80 og 2001-2010.
Tomtene har noko variert storleik, men er relativt store og vil gje rikeleg areal både til naudsynte trafikkløysingar (innkøyring/garasje/parkering) og uteopphaldsareal.

Frittliggande eksisterande bustader i området




Planlagde nye einebustadtomter

## 6.3 Areal til konsentrerte småhus (BKS1-3)

Det er avsett 4.7 daa i 3 mindre områder til samla konsentrert bustadbygging.
Områda ligg i skjeringa mellom vegar og litt auka areal for felles utbygging gir meir rasjonell utnytting, med mellom anna betre løysingar for felles tilkomst /parkering m.m.
Dei avsett BK-områda legg til rette for oppføring av ulike typar konsentrerte småhus.
Utyttingsgrad er her sett til 40% BYA.
Gesimshøgd skal ikkje vere over 6.5 m og mønehøgd skal ikkje vere over 9 m.
For bygning med pulttak er maksimal gesims- og mønehøgd sett til inntil 8 m. For bustadar med flatt tak og parkeringskjellar er maksimal gesimshøgd sett til inntil 8 m. Høgder målt etter Tek 10.
Det skal settast av minimum 2 biloppstillingsplassar pr. familiehusvære innanfor BK områda. Ein av desse skal vere overdekt.(carport/garasje). For mindre leilegheiter (to soverom) skal det settast av 1,5 parkeringsplass pr. bueining. Overdekte biloppstillingsplassar kan vere i form av frittliggande garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjellar.
Ved tildeling av areala vil det som grunnlag for tildeling verte kravd framlagt utbyggingsplan/-skisseprosjekt for planlagt utbygging.




BKS1;BKS2 og BKS3 for konsentrert bustadbygging

I området skal det leggast til rette for felles tilkomst og parkeringsløysing, samt småbarnleikeplass i samsvar med pkt 6.4.3.

## 6.4 Grøntstrukturar, friluftsområde, friområde og uteopphaldsareal

### 6.4.1 Grøntstruktur - turvegar

Det er sett av til saman 8.2 daa til offentlege friområde og grøntstrukturar innanfor planområdet. Område o_GF2-7 er del av den overordna grønstrukturen som går frå Volda sentrum og vidare langs Gjølelva opp til fjellområda ovanfor busetnaden i Volda sentrum.
I grøntkorridoren ligg også fleire eksisterande turstiar.




Friområde ved Gjølelva

Område o_GF1 er ein del av det statleg sikra friområde Flommen. Denne sikrar tilgjenge til området frå planlagt ny samleveg. Det vert lagt til rette for parkeringsareal nær inn mot dette området. Jf areal til vegformål rett sør for planlagt samleveg.

Sambindingsvegen O_SKV1 skjer gjennom grøntstrukturen langs Gjølelva.
Vegen må kryssast for å nytte grøntkorridoren til fjella og friluftsområda ovanfor busetnaden. Det

vert her tilrettelagt med gangfelt., eit gangfelt som også korresponderer med planlagt buss-stopp.

Det er viktig å opprettholde naturmiljøet langs elva, og det vil derfor ikkje vere høve til andre tiltak enn enkel opparbeiding/vedlikehald av nytt og eksisterande stinett for å sikre at området kan nyttast til friluftsføremål.
Det vil også vere høve til nødvendig skjøtsel av skog og ev. førebygging av elva for å sikre busetnad og infrastruktur langs elva, dersom dette viser seg nødvendig ut frå flaum-/rassikringsvurdering.

### 6.4.2 Turvegar

I grønkorridor langs Gjølelva er det fleire turstiar som er mykje brukt. Turstiane er viktige tverrgåande gangforbindelsar mellom Volda sentrum og markaområda ovanfor busetnaden, og er derfor markert i plankartet som ein korridor på 3 m.
Turstiane i grønkorridoren vil også ha funksjon som snarvegar mot sentrum og som tverrforbindelse innan utbyggingsområdet og mot nabområda i aust og vest.

Ved utbygging av o_SKV 2 og 3 skal det leggast til rette for at sti kan etablerast vestover og tilknytast til eksisterande tursti i Flommen.

### 6.4.3 Leikeareal

Det er sett av fire område for leikeplassar; områda o_BLK1-4, ( eksisterande plass o_BLK4).
Det er sett krav om at leikeareala skal opparbeidast samtidig med utbygging av bustadområda.
Leikeareala skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med reiestativ, sandkasse, benk og noko fast dekke. Leikeplassane skal ha eigna beplanting som kan fungere som skjerming mellom dei ulike aktivitetssonene.




Figur, leikeplassar i bustadområdet og friområde tilknyting mot Flommen

### 6.4.4 Blanda formål - areal for teknisk infrastruktur/ natur og friluftsformål

Langs nordre del av planområdet vert det sett av areal til avskjerande kanal for føring av overvatn til Gjølelva. Området sin funksjon som skogsområde/friluftsområde skal likevel ivaretakast, og nedre grøftekanten vil bli tilrettelagt for drift/tilsyn og turveg.

### 6.4.5 Felles uteareal

I føresegner til plan er det sett krav om tilrettelegging av felles uteareal (leikeareal for småbarn/møteplass) innanfor areal BKS1, BKS2 og BKS3.
Ut over dette vil private uteopphaldsareal i hovudsak vere på dei planlagde private tomtene, på uteplassar, terrassar og balkongar.

## 6.5 Barn og unge

Planområdet ligg inntil mykje brukte friluftsområde.
Langs Gjølelva er avsett grøntsone med attraktivt friluftsområde med turstiar. Denne grøntstrukturen strekkjer seg også sørover utanfor dette planområdet, og her er det restar av dyrka mark som inngår.
Med noko rydding kan det her leggast til rette for attraktive aktivitetstilbod både sommar og vinter.
Vest for planområde har vi det gamle skibakkeområdet Flommen, eit statleg sikra Friområde. Her er det no lagt til rette med turstiar med lys gjennom området og aktivitetsareal som vert naturleg å nytte også av dei som buset seg i Urbakkfoten.
Det er lagt til rette for ein stor del einebustadtomter i området og desse vil og ha attraktive areal for uteopphald og leik på eiga tomt.
Det er sett av areal til 2 nye felles leikeplassar på til saman ca 1.3 da om lag midt i feltet, Det er planlagt sti mellom bustadgatene fram til desse områda. Det er elles ein avsett leikeplass i eksisterande buområde mellom Engesetgeila og Kapteinsvegen, og eit areal for leik ved Gjølelva –BLK1.
Vidare vil det vere krav om etablering av småbarnleikeplassar i områda for konsentrert utbygging, jf pkt 6.4.5.
Med store friområde langs elva, friområdet Flommen samt tilgrensande friluftsområde ovanfor bustadområdet vil her vere rikeleg areal til aktivitet og leik også for dei litt større borna som gjerne treng andre utfordringar enn det ein kan finne på typisk opparbeidde leikeplassar.

### 6.5.1 Universell utforming og tilgjenge til bygg

Universell utforming er krevjande i bratt terreng. Gjennom vegføring vert det søkt lagt til rette for u-utforming frå parkering/garasjeplan til inngang for hovudhusværa i områda til frittliggande bustader, og til minst 50% av bustadane i areal til konsentrert utbygging.

### 6.5.2 Kvalitet på og utforming av uterom

Innanfor områda sett av til konsentrerte småhus vil det vere felles uterom kring bygningane. Korleis uteroma skal opparbeidast skal vere vist i situasjonsplanen som skal fylgje prosjektbeskrivelse ved tildeling og ved seinare byggesøknad.

### 6.5.3 Støytiltak

O_SKV1 vert den nye samle- og sambindingsvegen i øvre del av Volda sentrum. Kommunen har gjennom vurdering av samla bustadmengd, normal tal køyreturar pr døgn, aktuelle særskilte besøkspunkt i områda m.v , stipulert at det vil kunne bli ein maksimal ÅDT på inntil 1500 bilar når bustadområda i både Urbakkfoten og Håmyra er ferdig utbygd og vegen opna for gjennomkøyring.
Det er planlagt at vegen skal ha 40km/t som fartsgrense.
Med slik fartsgrense og eit lite innslag av tyngre køyrety vil bustadområda kring samlevegen verte lite råka av støyplager.
Det er gjennomført støyberekningar. Desse konkluderer med at det vil vere behov for støytiltak mot veg for skjerming av uteareala på fleire eksisterande bustadtomter langs sambindingsvegen. Kva eigedomar dette gjeld går også fram av planomtale og plankart (jf utarbeidd støyrapport).Byggegrense langs sambindingsvegen ivaretek omsynet til støy for nye bustader. Område som kjem innanfor gul støysone er vist på plankartet med omsynssone Rp Støygrense – Gul sone. Vilkår knytt til dette går fram av planføresegnene.

### 6.5.4 Krav om utomhusplan og rekkefølgjebestemmelsar

Innanfor areal sett av til einebustader og konsentrerte småhus skal det ved søknad om byggeløyve ligge føre situasjonsplan og teikningar og ev. anna visualisering som viser

bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.
Situasjonsplan skal i tillegg til byggplassering med naudsynte kotehøgder vise tilkomst til eigedomen som er i samsvar med gjeldande kommunale retningsliner, med omsyn til kurvatur og stigning, plassering av garasje og biloppstillingsplassar. Planlagt terrengbearbeiding med skjering/fylling og behov for murar mot gate mot naboeigedomar skal visast.
Det skal framleggast naudsynte terrengprofilar og visualiserande illustrasjonar som ferdig bygd, isolert for tomta og sett i høve til tilgrensande eigedomar.
Det er i føresegner til plan etablert rekkefølgjebestemmelsar som skal sikre gjennomføring av tiltak knytt til avskjering av overvatn og førebyggande tiltak langs Gjølelva, samt opparbeiding av leikeplassar, turvegar, etablering av støyskjerming og rassikring.

### 6.5.5 Energiløysing
Det vil bli nytta tradisjonelle energiløysingar i planområdet.

## 6.6 Trafikkløysing

### 6.6.1 Køyretilkomst/tilknyting til overordna vegnett
Tilkomst til bustadområda innanfor planen vil vere frå den nye sambindingsvegen som skal knytast saman frå Raudemyrvegen i aust og til Kleppevegen i Vest.
Frå Raudemyrvegen kjem ein til FV 45 via Heltnevegen. Frå Kleppevegen kjem ein via Kleppevegen til Engesetvegen med fleire val vidare mot sentrum og mot E39/Rv651.

### 6.6.2 Utforming av vegar/bredde og stigningsforhold

O_SKV1 skal byggast ut etter følgjande normalprofil:




Regulert vegbreidde er 6,25 m inkl. skulder/kantstein. I tillegg kjem 2,5 m til fortau, 2 m sideareal ved fortau og 1,5 m sidareal på motsett side. Kvar køyrebane vil ha breidde på 2,75m. Sideareal utanfor fortauet skal nyttast til open grøft og snøopplag. På motsett side kan sidearealet nyttast til rekkverk og ev. støyskjerming der dette er nødvendig.
Vegen innanfor planområdet er om lag 600m lang. Vegen har varierande stigning for best mogeleg tilpassing til terreng og for redusert inngrep i eksisterande eigedomar langs vegen, med utgangspunkt i maksimal stigning på 10%. På kort rettstrekning gjennom eksisterande bebyggelse er maksimal stigning på 12%.
O_SKV1 skal ha oppheva gangfelt. Det er lagt til rette for tre slike gangfelt mellom Gjølelva og Kleppevegen. Eit der turstien kryssar gjennom friområdet vest for Gjølelva-, der det også er tilgjenge til busslomme. Eit ved nytt kryss mot o_skv5 Engesetgeila, og eit gangfelt ved kryss Kleppevegen – Øvrevegen/tur/gangsti mot Kapteinsvegen.

I tronge område gjennom eksisterande bebyggelse frå ca profil 900 til kryss med Kleppevegen, skal det vere redusert sideareal mot fortau for å redusere inngrep i etablert tomteareal og redusere murhøgder.
Her er normalprofilen slik:




**O_skV2 , o_skv3 og o_Skv4**
Dette er bustadgater internt i feltet. Vegane skal opparbeidast 4,5 m vegbreidde inkl. skulder i tillegg kjem 1,5 m på kvar side til grøft-/snøopplagsareal. Vegane er dimensjonert for lastebil og har snuhammar. Det vert etablert breiddeutviding i samsvar med vegnormalane i kurver og kryss.




### 6.6.3 Tilgjenge for gåande og syklande
Langs o_SKV1 vil det vere einsidig oppheva fortau.
Dei interne tilkomstvegane har ikkje fortau, men har ikkje større forventa trafikkmengde eller lengde enn at blanda trafikk er akseptabelt. Det er lagt til rette for tre gangfelt over o_SKV1, som skal vere oppheva. (jf 40km/t)
Det utfordrande terrenget gjer det vanskeleg med universelt utforma tverrgåande gangsamband. Det vert likevel lagt opp til slike tverrsamband/snarvegar mellom bustadgatene og samleveg og til leikområde og friluftsområda i ytterkant av planområdet.

### 6.6.4 Kollektivtilbod
Det er ikkje kollektivtilbod inn til planområdet pr. i dag , men det er forventa at dette vil kome på plass når sambindingsvegen er utbygd, og ein del utbetringsbehov på tilstøytande vegnett er gjennomført. (i Kleppevegen, Raudemyrvegen og Engesetvegen jf kommunestyresak PS62/15 den 18.06.2015). (Jf også rekkefylgjekrav knytt til plan Håmyra og i plan Urbakkfoten)

## 6.7 Parkering
Det skal settast av minimum 2 biloppstillingsplassar pr. husvære innanfor område til frittliggande bustader og for områda til konsentrert utbygging.

Ein av desse skal vere overdekt.
For mindre leilegheiter (2-soverom) skal det settast av 1,5 parkeringsplass pr. bueining.
Overdekte biloppstillingsplassar kan vere i form av frittliggande garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjellar.
Det er sett av område til felles parkeringsareal ved veg o_V2 og på nedsida av o_V3.

## 6.8 Overvatn og tilknyting til infrastruktur

### 6.8.1 Plan for vatn, overvatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Det skal utarbeidast teknisk plan for vatn, overvatn og spillvatn før utbygging av byggeområda.
I plan er det føresett opparbeiding av tiltak for handtering av overvatn og flaumsikring av Gjølelva som del av utbygging av området. Det er ikkje krav om tilknyting til fjernvarmeanlegg.

### 6.8.2 Avfallshandtering/miljøstasjon

Innanfor områda for konsentrerte utbygging skal det settast av areal til felles renovasjon, jf. Renovasjonsforskriftene § 2, før utbygging kan setjast i gang. Det skal vere etablert avtale om slik ordning med VØR, før området vert teke i bruk

## 6.9 Gjennomføring

Bustadområda innanfor planen kan byggast ut stegvis og det er sett krav om rekkjefølgje for opparbeiding av ekstern infrastruktur, leikeplassar og turvegar.

## 6.10 Skog- og jordbruksaktivitet

Med full utbygging av bustadfeltet vert det ikkje att landbruksareal innanfor planområdet.
Det vert att eit avgrensa skogareal mellom planlagt avskjeringskanal og eksisterande skogsveg.
Dette arealet kan nåast/driftast frå eksisterande skogsveg.
Ein del av skogen her er klart hogstmogen og bør fellast før eller i samband med utbygging av bustadfeltet/avskjeringskanal, slik at ein unngår seinare rotfelling med potensiale for skade på bygningar og på personar ved ferdsel i området.

## 6.11 Sosial infrastruktur

Det er ikkje lagt til rette for etablering av sosial infrastruktur innanfor planområdet. Det er gangavstand til barnehagar, skular, idrettsanlegg og andre fritidsaktivitetar. Men på grunn av høgdeforskjell vil nok mange bruke bil når dei skal nytte offentleg og privat tenester og servicetilbod i sentrumskjernen.

## 6.12 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Det må i samband med utbygging av området gjennomførast naudsynte tiltak for avleiing av overvatn frå området ovanfor planområdet. Vidare må behov for tiltak langs Gjølelva avklarast for å unngå ev. problem med overfløyming/erosjon langs elvekanten. Det same gjeld eventuelle tiltak for sikring mot flaum/ras. Særleg gjeld dette den delen av elva som ligg nedanfor o_SKV1.

## 6.13 Rekkefølgjebestemmelsar

Overvasstiltak og naudsynt sikringstiltak langs Gjølelva må vere gjennomført før bustadbygging innanfor planområdet kan ta til.
Vegar, turvegar, fortau og gang-/sykkelvegar skal vere opparbeidde før bustadane blir tatt i bruk.
Leikeplassar må byggast ut samtidig med utbygging av tekniske anlegg i området, og før bustader i området skal takast i bruk.
Utbetringar i eksisterande vegnett er føresett ordna før opning av sambindingsvegen for gjennomkøyring og for buss-samband. (Jf. jf kommunestyresak PS62/15 den 18.06.2015 om tiltak i Kleppevegen, Raudemyrvegen og Engesetvegen ).

# 7 Verknader/konsekvensar av planframlegget

## 7.1 Overordna planar

I kommunedelplanen for Volda sentrum er planområdet Urbakkfoten (kalla B15) sett av til bustadføremål.
Området er tidlegare regulert til bustadformål, og det går fram av kommuneplan at arealbruk etter eksisterande/gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde.
Tidlegare plan vart godkjent i 2001. Den er ikkje digital. Det er såleis behov for revisjon av plan ut frå omsyn til digital framstilling, ut frå tilpassing til prosjektert sambindingsveg og for betre detaljering inn mot etablerte eigedomar i området.
Planen vert også oppdatert for å kunne gje heimelsgrunnlag for sikring av grunn til utbygging av samleveg og andre tekniske anlegg.
Planområdet er noko utvida mot nord i høve til eksisterande reguleringsplan for området. Med slik utviding av planområdet har ein fått betre handlingsrom for sikring av overvasskanal, og ei betre linjeføring for internvegar i feltet, noko som også gir betre tomtearrondering.

## 7.2 Landskap, stadens sin karakter og estetikk

Utbygginga i samsvar med planforslaget vil medføre store endringar i området sin karakter, ved at eit beite og skogsområde vert erstatta av ein ny samleveg og nytt bustadområde. Utbygginga er likevel ei vidareføring av eksisterande reguleringsplan og vil kunne opplevast som ei naturleg utviding av eksisterande bustadområde.

Figur 2 Eksisterande bustadområde sett frå sør.

## 7.3 Konsekvensar for naboar

Utbygging av ny sambindingsveg og eit nytt bustadfelt med i hovudsak nye einebustadtomter er nok ei forventa endring for området, men framføring av veg vil uansett medføre store endringar for dei etablerte bustadane i vestre del av planområdet, med terrenginngrep for utbygging av samleveg, og auka trafikk.
Etter som området har vore planlagt for bustadbygging sidan 1999 er likevel ikkje dette ein uventa situasjon for naboane. Kommunen har ut frå plangrunnlag og tal bustader stipulert den forventa trafikkmengda til ein ÅDT på inntil 1500 når Urbakkfoten og Håmyra vert ferdig utbygd,

og samlevegen er opna for gjennomkøyring/kollektivtilbod.
Den auka trafikken vil medføre både meir trafikkstøy og meir belastning på etablert vegnett. Vegstandaren vil imidlertid bli vesentleg betra, og etablering av fortau vil gje tryggare tilhøve for fotgjengarar.
Det vil bli etablert støyskjerming langs o_SKV1. der det er naudsynt for å sikre tilfredsstillande støynivå på uteopphaldsareal ut frå gjennomført støyberekning. (Jf støysonekart, gul sone med behov for tiltak).
Støytiltak vil bli gjennomført så langt dette er kravd ut frå gjennomførde støyberekningar, jf rundskriv T-1442 - Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
Med nødvendig støyskjerming vil ikkje planforslaget medføre uakseptabel støyplage for eksisterande busetnad langs o_SKV1.



**Figur 3 : Eksempel - Utsnitt frå støykart prognose år 2025, med tiltak**

**Verknad for dei ulike eigedomane langs samlevegen:**
Samlevegen er detaljprosjektert basert på oppdatert kartgrunnlag og innmålte høgder og avstandar. Det er utarbeidd detaljplan for vegen forbi dei einskilde eigedomane, med tilhøyrande terrengsnitt og illustrasjonar (terrengmodell) basert på prosjekterte vegdata.
Dette for å kunne synleggjere inngrep i den einskilde eigedom og korleis ein gjennom bruk av mur (natursteinsmur) søkjer å legge til rette for ei samla god løysing også etter inngrepa.
Største utfordringa vil truleg vere i ein anleggsperiode der behov for terrengbearbeiding vil gje inngrep lenger inn på eigedomane enn ved ferdig veg, og der tilkomstar –interne vegar og trapper kan bli skipla og må byggast om.
Ein må ved utbygging her etablere gode rutinar for varsling og samarbeid mellom tiltakshavar-, entreprenør og huseigarar for å ivareta dette på best mogeleg måte.
Dei aktuelle situasjonsplanar, snitt og illustrasjonar vil og vere eit naturleg grunnlag for grunnavtalar og for eventuelt skjøn for fastsetting av erstatningar for grunn til vegutbygginga.

**Kapteinsvegen 1, 18/188:**
Ingen behov for inngrep i eigedomen.
Noko av eigedomen og bygg vert etter støyberekning liggande i gul sone. Kan løysast ved å oppretthalde og eventuelt vidareutvikle eksisterande støyskjerming.

**Engesetvegen 5 A-D, 18/94:**
To to-mannsbustader og tilkomst til 18/8.
Inngrep – areal til fortau og tilhøyrande anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag).
Flytting av avkøyrsle mot aust for å gje tilfredsstillande stigning gjer at etablert uteplass vert øydelagt.

**Foto eksisterande situasjon- Engesetgeila 5.**




**Situasjonsplan 18/94 m. illustrasjon "som ferdig bygd"**

**Øvrevegen 2, 18/128:**
Eigedomen har i dag tilkomst over kommunal eigedom (regulert leikeplass) 18/64.
Tomta vert tillagt areal slik at eksisterande tilkomst blir del av tomta.

Foto eksisterande situasjon Øvrevegen




2 Utsnitt frå reguleringsplankart 18/128

**Engesetgeila 7, 18/40:**
Einebustad.
Inngrep – areal til fortau og tilhøyrande anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag).
Flytting av avkøyrsle mot aust for å gje tilfredsstillande stigning.
Har i dag tilkomstveg over "Flommen" 18/186 (statleg eigd friområde). Denne vert oppretthalden og flytt litt mot aust. Samordna med tilkomst/turveg i Flommen.




Situasjonsplan 18/40 m. illustrasjon "som ferdig bygd"




Snitt 18/40 m. illustrasjon "som ferdig bygd"

Foto eksisterande situasjon 18/40

**Engesetgeila 6, 18/189:**
Einebustad.
Inngrep – areal til vegutviding -anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag/areal for støyskjerm).
Mindre tilpassing av avkøyrsler i høve til stigning mot utvida samleveg..
Dagens tilkomst ligg noko inn på grunn tilhøyrande 18/1. Dette arealet vert lagt ut til trafikkformål og er tenkt innløyst av kommunen. Avkøyrsle kan oppretthaldast her.
Tomta vert utvida slik at denne del av tilkomst vert inkludert del av eigedomen. Jf plankart.
Noko av eigedomen og bygg vert etter støyberekning liggande i gul sone. Vert løyst ved etablering av støyskjerm. Ikkje behov for tiltak på huset.
Behov for mur mot planlagt samleveg (mur og fundament for ev støyskjerm kan kombinerast.)
Har planar om ny garasje. Plan vil ikkje vere til hinder for dette.




**Situasjonsplan 18/189 m. illustrasjon "som ferdig bygd"**




**Snitt 18/189 "som ferdig bygd"**

**Foto dagens situasjon 18/189**

**Engesetgeila 8, 18/35:**
Bustadtomt ikkje bebygd.
I planframlegget er det lagt føringar for at tomta skal utbyggast med tilkomst frå Øvrevegen.
Eigedomen kan då skjermast godt i høve til støy m.m frå planlagt samleveg. Jf byggeliner.
Ny adresse Øvrevegen

Foto dagens situasjon 18/35




Utsnitt reguleringsplankart 18/35

**Engesetgeila 10, 18/36:**
Einebustad.
Inngrep – areal til vegutviding -anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag/areal for støyskjerm).
Uthus/verkstad som står delvis inn i planlagt vegområde må fjernast og erstattast.
Ny avkøyrsle/oppstillingsplass planlagt i nordausthjørne av tomta i byte mot 18/37.
Plassering av erstatningsbygg for verkstad/uthus kan eventuelt etablerast i hagen aust for eksisterande bygg, eventuelt samanbygd med dette.
Garasje ved Øvrevegen.
Noko av eigedomen og bygg vert etter støyberekning liggande i gul sone. Vert løyst ved etablering av støyskjerm. Ut frå gjennomført støyberekning Ikkje behov for tiltak på huset.
Endra vegsituasjon gir grunnlag for vurdering av endra inngangsparti til huset.

Foto dagens situasjon 18/36 frå aust

Foto dagens situasjon 18/36 frå vest




**Situasjonsplan 18/36 med illustrasjon som ferdig bygd"**





**18/36 -illustrasjonar ”som ferdig bygd”**

**Engesetgeila 12, 18/37:**
Einebustad.
Inngrep – litt areal til vegutviding i vestre kant av eigedomen -anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag). Kan tilleggast tilsvarande areal i austre kant.
Avkøyrsle utvida mot vest og samordna med 18/36. Kan eventuelt også etablerast felles avkøyrsle med nabo i aust 18/184 for etablering av ny garasje med underliggande bod/uthus.
Ikkje behov for støytiltak.




**Situasjonsplan 18/37 m. illustrasjon "som ferdig bygd"**





**illustrasjonar "som ferdig bygd"**

**Engesetgeila 11, 18/401:**
Einebustad.
Inngrep – areal til vegutviding –fortau og anna vegareal (gjerdeavstand/ mur).
Justering av avkøyrsle for tilpassing til utvida samleveg.
Bruk av mur (natursteinsmur) mot fortau og mot attverande tunareal og nabo for å ivareta attverande eigedom/funksjonar. Ut frå gjennomførte støyberekningar Ikkje behov for støytiltak.

**Foto eksisterande situasjon 18/401**




**Situasjonsplan 18/401 m. illustrasjon "som ferdig bygd"**

**18/401 - Ilustrasjon "som ferdig bygd"**

**Engesetgeila 13, 18/81:**
Einebustad. Inngrep – areal til vegutviding –fortau og anna vegareal (gjerdeavstand/ mur).
Justering av avkøyrsle mot aust for tilpassing til utvida samleveg.
Bruk av mur (natursteinsmur) mot fortau og mot attverande tunareal og nabo for å ivareta tunfunksjonar. Behov for ny trapp i gangveg mot inngangsparti i huset.
Sikring av tilkomst til svalgang ved garasje. (90 cm over tunnivå).
Tunområdet/plass fram for garasje skal utvidast slik at det vert plass for to bilar i breidda.
Eventuelle tiltak i garasjen (fjerning av midtsstolpe) grunna endra retning på avkøyrsle skal vurderast. Ut frå gjennomførte støyberekningar Ikkje behov for støytiltak.

**Foto eksisterande situasjon 18/81**




**Situasjonsplan 18/81 m. illustrasjon "som ferdig bygd"**



**Snitt 18/81 "som ferdig bygd"**

**Engesetgeila 15, 18/48 og 18/74 (tillegg til 18/48):**

Einebustad. Inngrep – areal til vegutviding – fortau og anna vegareal (gjerdeavstand/ for mur og gjerde). Har tilkomst frå etablert felles privat veg. denne vert ikkje endra.
Ut frå gjennomførte støyberekningar Ikkje behov for støytiltak.

**Foto eksisterande situasjon 18/48**




**Situasjonsplan 18/48 m illustrasjon "som ferdig bygd"**




**18/48 snitt "som ferdig bygd"**



**18/48 m illustrasjon "som ferdig bygd"**

**Engesetgeila 23 og 25, 18/394:**

Vertikaldelt  to-mannsbustad.
Inngrep – areal til vegutviding – fortau og anna vegareal (gjerdeavstand/ for mur og gjerde).
Har tilkomst frå etablert felles privat veg – denne vert ikkje endra.
Utfordrande byggefase med garasje som står nær inn mot vegområdet.
Ut frå gjennomført støyberekning Ikkje behov for støytiltak.

18/394  - foto eksisterande  situasjon




Snitt 18/394 - ”som ferdig bygd




Situasjonsplan 18/394 m illustrasjon ”som ferdig bygd”



18/394 m illustrasjon ”som ferdig bygd”

**Engesetgeila 14, 18/184:**

Einebustad. Inngrep – litt areal til vegutviding i vestre kant av eigedomen -anna vegareal (gjerdeavstand/snøopplag).
Kan tilleggast tilsvarande areal i austre kant.
Avkøyrsle utvida mot vest og samordna med 18/36. Kan eventuelt også etablerast felles avkøyrsle med nabo i aust 18/184 for etablering av ny garasje med underliggande bod/uthus.
Ikkje behov for støytiltak.

**Foto eksisterande situasjon 18/184**




**Situasjonsplan 18/184 m illustrasjon "som ferdig bygd**



**Illustrasjon 18/184 "som ferdig bygd"**

**Engesetgeila 16, 18/136:**
Einebustad.
Ikkje inngrep for vegframføring samleveg.
Justering og tilpassing av avkøyrsle/tilkomst. Mogeleg behov for ny mur mot eksisterande lokalveg. Ikkje behov for støytiltak.






Situasjonsplan 18/136 og 18/184 m illustrasjon "som ferdig bygd

**Engesetgeila 18, 20,22,24,26:**

Einebustader /bustader med utleigehusvære..
Ikkje inngrep for vegframføring samleveg.
Justering og tilpassing av avkøyrsle/tilkomst ved eventuell asfaltering/opprusting av eksisterande veg i Engesetgeila. Ikkje behov for støytiltak.

**Foto eksisterande situasjon**

**Illustrasjon "som ferdig bygd**

## 7.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje funn av automatisk freda kulturminne i området.
Dei registrerte utløene som kjem i konflikt med samlevegen vil ikkje bli bevart/teke vare på, men vert dokumenterte.
Uthus i friområde ved Gjølelva vert teke vare på i område avsett til friområde.
Gamle vårfjøsmurar og deler av steingardar i skilje mellom innmark /utmark vert teke vare på som del av leikområde o_BLK2.

## 7.5 Naturverdi og naturmangfald

Det er ikkje registrert verdifulle artar i området. Ein må likevel legge til grunn at området har eit naturmangfald typisk for barskog og nærleik til elv. Planlagt grøntsone langs elva vil sikre naturverdiar og naturmangfald i dette området.

## 7.6 Uteområde, friluft- og rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser

Det har vore ei målsetting å ivareta omsynet til gjennomgåande grønstruktur og barn og unge sine interesser på best muleg måte gjennom planarbeidet.

Det er sett av fire areal til leik på til saman om lag 3.6 daa innanfor planområdet. Det er noko meir enn i tidlegare godkjent reguleringsplan for området.

Grøntstrukturområda langs elva gir elles gode areal for ulike aktivitetar både sommar og vinter.
Likeeins er det statlege sikra friområdet Flommen eit attraktivt areal for dei som skal busette seg i planområdet.
Det er elles god tilgang til attraktive friluftsområde kring bustadområda, som oppfordrar til aktivitet for alle aldersgrupper.
I tillegg til tursti-systemet i Flommen er det i grøntsona langs Gjølelva fleire stiar frå Røyslidvegen og opp til Prestesetra og til fjellområdet ovanfor med mange fine turmål.

## 7.7 Trafikktilhøve

### 7.7.1 Vegtilhøve, Trafikkauke/-reduksjon

Tilkomst til bustadfeltet vil vere via ny sambindingsveg frå eksisterande veg ved Kleppevegen.
Utbygginga innanfor planområdet vil medføre ein sårt tiltrengt utbygging av vegnettet i området, men vil også gje auke i trafikken gjennom etablerte bustadområde. Dette kan opplevast negativt for naboar til vegane. Planforslaget er likevel i samsvar med eksisterande reguleringsplanar for Håmyra og Urbakkfoten,og med kommunedelplan Volda sentrum, der sambindingsvegen er med.

### 7.7.2 Kollektivtilbod
Med ny sambindingsveg på plass, og utbetringar på eksisterande vegnett i samsvar med kommunestyret sitt vedtak for Raudemyrvegen og for Kleppevegen er gjennomført, er det forventa at det vert oppretta busstilbod gjennom planområdet. Eit positivt tilbod som gir grunnlag for at fleire som er busette i dei øvre delane av Volda sentrum kan nytte buss og blir mindre avhengig av privatbilar.

## 7.8 Sosial infrastruktur
### 7.8.1 Skulekapasitet
Både Øyra og Bratteberg skule er barneskular i gangavstand frå bustadområdet. Det er flytande krinsgrenser i området og med utviding av Øyra skule i Volda sentrum vil det truleg vere kapasitet til å ta i mot den elevauken som realisering av planen kan medføre.

### 7.8.2 Barnehagekapasitet
Barnehagedekninga i Volda sentrum er god og har kapasitet til auke i barnetalet som truleg vil følgje av utbygginga det vert lagt til rette for gjennom planen.

## 7.9 Universell utforming og tilgjenge
Terrenget i planområdet er til dels utfordrande når det gjeld universell tilgjengelegheit. Med rett val av hustyper og plassering i terrenget vil ein kunne innfri krava i TEK10 m.o.t. uteområde og tilkomst til bygning med bueining både med og utan krav om heis.

## 7.10 Energibehov – energiforbruk
Oppføring av nye bustader vil medføre auka energibruk. Det er ikkje sett ytterlegare krav om energisparande tiltak eller alternative energikjelder enn det som kjem fram av TEK10.

## 7.11 ROS
Planforslaget vil ikkje ha negativ påverknad på risiko og sårbarheit i området. Gjennom plan og tilhøyrande utgreiingar får ein avklara omsyna til mogeleg ras og flaumfare i området, og iverksett naudsynte tiltak. Etablering av avskjeringskanal for overvatn vil gje redusert flaumfare i området.

## 7.12 Teknisk infrastruktur
### 7.12.1 Vatn og avløp
Det vil vere behov for omlegging/nyanlegg for vatn og spillvatn og overvatn til utbyggingsområdet.

### 7.12.2 Trafo
Omfanget av utbygginga som planen legg til rette for kan medføre behov for ny trafo. Det kan etablerast ny trafo inne på dei ulike byggeområda eller på anna egna stad innanfor planområdet.

## 7.13 Jordbruk - skogbruk
Beite og skogsdrifta vert avvikla innanfor planområdet.

## 7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen
Planframlegget legg til rette for bygging av ny øvre sambindingsveg mellom Klepp og Solhøgda, noko som gir behov for kommunale midlar til utbygging av o_SKV1 med tilhøyrande anlegg.

## 7.15 Interessemotsetnader
Det er motteke 8 merknader til oppstart av planarbeidet og det er ikkje gjort kjent vesentlege interessemotsetnader. Naboar er sjølvsagt skeptisk til auka trafikk som følgje av etablering av ein samleveg og eit nytt bustadområde.

## 7.16 Avveging av verknader

Planforslaget legg til rette for første del av ny sambindingsveg mellom Engeset/Klepp og Røyslid/Heltne. Sjølv om det er sterkt behov for ny veg til området, og ny samleveg legg til rette for det, vil naboar til den nye sambindingsvegen og tilstøytande vegnett, kunne oppleve dette negativt med meir trafikk og støy.
For utviklinga i Volda sentrum er det svært positivt med eit endra trafikkmønster med samanbinding av deler av byggeområda her, og lettare tilgang til viktige mål som skular,barnehagar m.v.
At ein også vil kunne få bussrute til dei øvre bustadområda i Volda sentrum er positiv verknad av plan.

## 7:17 Grunnavtalar – erstatning for grunn og ulemper ved tiltak etter plan

Tiltak etter plan og verknad for den einskilde eigedom som vert røyrt ved plangjennomføringa er omtala i plan.
Før gjennomføring av utbygging etter plan vil det gjennom avtalar med dei einskilde huseigar/grunneigar som vert råka gjort nærare greie for korleis dette skal gjennomførast og kva som gir grunnlag for erstatningar for grunn, og for ulemper som fylgjer av plan..
Det skal i samråd med den einskilde huseigar gjennomførast naudsynt registrering og dokumentasjon av dagens situasjon før utbygging kan settast i gang. Dette gjeld både status på eigedom og bygg . Dette skal vere dokumentasjon som seinare vil kunne leggast til grunn ved vurdering av påverknad frå anleggsarbeide, td. Sprengingsarbeid .
Inngåing av avtalar mv vil ein kome attende til når godkjent reguleringsplan ligg føre.
Kommunen vil då med grunnlag i godkjent plan gjennomføre avtale-forhandlingar med alle røyrde partar.
Som utgangspunkt vil kommunen si haldning vere at dei tiltak som inngår direkte av plan og som skal gjennomførast som del av vegbygginga etter plan, vert lagt som premissar for aktuelle avtalar (ombygging av avkøyrsle/ombygging av gangvegar/trapper, støttemurar mot veg, støyskjermingstiltak, gjerde mv) Desse premissar vil då bli lagt som føringar i avtale og som grunnlag for eventuelt skjøn/takst.
Erstatningsspørsmål ut over dette ynskjer ein fastsett gjennom skjøn/takst.
Slik avtaleavklaring og eventuelt skjøn vil fyrst vere aktuelt når plan er godkjent, og kommunestyret gjennom finansieringsvedtak har gitt høve til gjennomføring.
Dette vil då bli søkt gjort samla for alle aktuelle eigedomar.

# 8 Innkomne innspel

**1. Miljødirektoratet , e-post 22.08.2014**

Miljødirektoratet viser til Volda kommune sitt brev av 17.07.2014 «Planid. 2014004 – Detaljreguleringsplan Urbakkfoten. Varsel om planoppstart», sak 2014/1344.
Vi gjer merksam på at Flommen gnr 18 bnr 186 er eit statleg sikra friluftslivsområde. Staten ved Miljødirektoratet er heimelshavar. All forvaltning av dei sikra friluftslivsområda skal vurderast med utgangspunkt i at området er sikra for ålmenta sitt friluftsliv.
Det er fylkesmannen som ivaretek staten sine interesser på dei statleg sikra friluftslivsområda i plansaker, jf DN-handbok 30-2011 «Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder».

*Innspelet er teke omsyn til i planomtale, utarbeiding av plankat og føresegner til plan.*

**2. Fylkesmannen i M.R., 29.08.2014:**

**Natur- og miljoverninteresser**

"Deler av nordvestlege delen av planområdet er ein del av eit statleg sikra friluftsområde (Flommen). Dette arealet må leggast ut i planen som friluftsområde (§12-5 arealfaremål nr 5 i reguleringsplan).
Vi vil også minne om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utoving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

**Samfunnstryggleik**

Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål. og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.
Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i planar av denne storleiken. Sjekklista ligg under Fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: ww\N.fmmr.no/sjekkliste.

**Stoy**

Støytilhøva må avklarast. Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 (2012),* med tilhøyrande rettleiar, skal leggast til grunn for all arealplanlegging og utbygging.
Vi kan tilrå følgjande tekst til ei føresegn om støy i planen:
Anbefalte støygrenser iht Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1521), skal leggast til grunn ved utarbeiding og behandling av detaljregulering og søknader om løyve til tiltak.
Støynivå på uteopphaldsareal skal på søknadstidspunktet tilfredsstille tilrådde grenser i tabell 2. Der støyforholda overstig lågaste grense for støy, må plan for tiltak som dokumenterer tilfredsstillande støynivå føreligge saman med søknad om løyve til tiltak. Støytiltak skal være ferdigstilt for mellombels bruksløyve blir gitt.

**Barn og unge sine interesser**

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2108 om barn og planlegging frå Miljøverndepartementet gir rammer for planarbeidet på dette området.
Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga stiller krav til den kommunale planleggingsprosessen. Mellom anna vert det stilt krav til fysisk utforming av areal for barn og unge. Gjennom reguleringsføresegnene har kommunen hove til å fastsetje både funksjons- og rekkjefølgjekrav etter plan- og bygningslova § 12-7 punkt 4 og 10 knytt til opparbeiding og tilrettelegging av slike areal.

Det nye bustadområdet vil bli liggande inn mot den nye planlagde samanbindingsvegen mellom Raudemyrvegen og Kleppevegen. Dette vil auke trafikken og stille strengare krav til både vegstandard og at det er gang- og sykkelveg langs heile samanbindingsvegen. Ettersom dette er hogst aktuelt i samband med behandlinga av denne reguleringsplanen føreset vi at kommunen gjer ei vurdering av dette i hove trafikktryggleik spesielt for barn og unge. Dette gjeld t.d krav til gode kryssløysingar, overgangar og kva for rekkefølgje kommunen ser for seg for å få ei tilfredstillande løysing for gåande og syklande som er på plass for det blir gitt løyve for å bygge ut Urbakkfoten".

*Innspelet er søkt teke omsyn til i planomtale, utarbeiding av plankart og føresegner til plan.*

### 3. Møre og Romsdal Fylkeskommune, 22.08.2014:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Kulturminne frå nyare tid**

Det er registrert 9 objekt i kulturminneregisteret SEFRAK i området. Eitt av desse, nr 1519-3-361, er ei høyløe som skal vere frå før 1850. Vi har ikkje informasjon om tilstanden til denne. Ut over denne er der registrert objekt 1519-3-362 og 1519-3-364 frå etter 1850, høyløe og vårfjøs. Desse stod i 2005. Dei seks siste registreringane er eit tidlegare tun, og fleire vårfjøs og høyløer som har vore i området. Desse har typisk plassering i overgangen mellom inn og utmark. Hausting av utmarksressursane var ein stor del av livsgrunnlaget i vårt tidlegare jordbrukssamfunn, noko alle desse registreringane er eit teikn på. Ståande bygg bør bli registrert med bilete og tilstandsvurdering i samband med planarbeidet, og verknadene for desse minna av planen må skildrast i plan-omtalen. Om mogleg ønskjer vi at ei eller fleire vert teke vare på i bustadmiljøet. I så fall stiller vi med råd om istandsetting, tilpassing til bruk, skilting eller anna som kan vere med å fortelje historia frå nytting av utmarksressursane.

**Barn og unge**

I gjeldande plan er tilrettelagt tre felles leikeområde. Vi vil ha fokus på korleis det nye planforslaget ivaretek barn og unge sine interesser og korleis kvaliteten på leikeområda er dokumentert i planomtalen. Vi rår til å involvere barn og unge i planlegginga, jamfør Rikspolitiske retningsliner om barn og unge, pkt 4d.

**Planfagleg vurdering**

Samanfallet med kommuneplan er ikkje gjort greie for i detalj, og vi må føresette at krav om KU blir utkvittert dersom det er avvik, jamfør forskrift om KU §§ 3 d og 4. Vi har elles ikkje planfaglege merknader til oppstarten.

**Konklusjon**

Vi har ikkje merknader til at regulering vert sett i gang. Vi ber om at ein dokumenterer eksisterande kulturminne (SEFRAK) i området, og oppmodar om å ta vare på ei av bygningane. Vi vil ha merksemd på korleis planen legg til rette for barn og unge."

*Innspelet er søkt teke omsyn til i planomtale, utarbeiding av plankart og føresegner til plan.*

### 4. Direktoratet for mineralforvaltning, 26.08.2014:

"DMF saknar oversiktskart. Det skal ikkje være naudsynt 5 ha lokalkunnskap om kommunens geografi for å finne frem til planområdet. Oversiktskart med kommunegrense med markering av planområdet samt tettstader og andre lett kjennelig områder bor leggjast ved. DMF har ingen fleire merknadar i denne omgang.

*Innspelet er søkt teke omsyn til i planomtale*

### 5. Statens vegvesen, 13.08.2014:

Ingen vesentlege innspel til planarbeidet.

**6. NVE, 11.08.2014**

Austlege delar av planområdet ligg innanfor aktsemdkart for jord- og flomskred i Skrednett (www.skrednett.no). Det må gjerast ei nærare vurdering av faren for jord og flomskred i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

*Vurdering:*

*Planområdet går inntil elva og det er sett av ein grønkorridor langs elva. Grønkorridoren saman med omsynssone H_320 langs elva er med på å sikre minsteavstand frå busetnad til elvekant. Elva sitt skadepotensial er vurdert i samband med gjennomgang av ROS-sjekkliste der ein konkluderer med at Gjølelva ikkje medfører uakseptabel risiko for flaum eller erosjon. Det er i tillegg sett krav om at det, i samband med byggesak, skal gjennomførast ei vurdering om det vil vere behov for sikringstiltak langs elva sør for o_SKV1 der elvekanten er lågast.*

**7. Hege Hamre og Oddvar Rørstad, 27.08.2014:**

Våre merknadar er både av generell karakter for planen og spesielt for vår eigedom 18/74 og 18/48, Engesetgeila 15.
Vi har vist om at vegen ein gong ville kome og medføre fysiske inngrep i vår eigedom, og også i noko grad støyproblematikk.
Etter som åra har gått og samfunnsutviklinga med den, ikkje minst med omsyn til antal bilar per bueining og frå einebustadar til fortetta busetnad ved tomanns, firmannsbustadar og små blokker. Slik vi ser det i dag vil reguleringa av over 150 bustadar i Håmyra og utbygging av Urbakkfoten vil trafikken verte svært stor på denne sambindingsvegen. Vi har tidlegare tatt til orde for at kommunen bør opne opp andre vegar i Volda som i dag er stengde for gjennomkjøring, slik at dei kan vere med å avlaste trafikken gjennom Engesetgeila. Dette er eit innspel vi meiner har aktualisert seg med planane som no ligg føre.
Med svært mykje trafikk svært tett på bustadane, ynskjer vi å få lagt inn fartsdempande tiltak i vegbana og støydempande tiltak mellom veg og bustad.
For vår del ser det ut til å verte svært store inngrep i tomta, og vi ber om at de vurderer nøye korleis desse kan gjerast så små som mogleg. Det er svært trangt mellom eigedomen vår og bebygd del av eigedom på nedsida av vegen. Vi har forståing for at begge oppsittarar ynskjer minst mogleg inngrep i på sin eigedom, og ber om at det vert jobba for at inngrepa vert minst mogleg for begge partar.
Slik teikningane ligg føre utan teiknforklaring, ser vi ikkje korleis skjeringar er tenkt blenda eller om det er tenkt støydemping på vår eigedom. På vår tomt vert det høge kantar som vi meiner det må sikringstiltak på. I tidleg utkast til plan for sambindingsvegen var det beskrive gråsteinsmurar som forstøttningsmur, noko vi meinar er ei god løysing også i denne omgong. Eit sterkt ynskje om støydempande tiltak på vår eigedom, er unekteleg til stades.
Elva som renn i overkant av vegen i dag, og som til tider vert ein bekk som ikkje berre fyl grøfta, forventar vi funne anna løysing for enn opa grøft. Når det er store nedbørsmengder driv bebuarane grøfte- og veitearbeid for å hindre vegen i å verte vaska vekk og få husa fylt med vatn. Det er ikkje vår oppgåve i dag, enno mindre etter at det kjem ny veg.

*Vurdering:*

*Planarbeidet tek utgangspunkt i tidlegare godkjent reguleringsplan, og gjeldande kommunedelplan.*

*Alternative løysingar for anna vegsystem i sentrum, og spørsmål om opning av andre vegar som eventuelt kan gje anna trafikkfordeling høyrer heime i ein kommuneplandiskusjon og fell utanfor dette planarbeidet.*
*Vi har søkt å finne ei optimal veglinje både i horisontal og vertikalnivå for minst mogeleg konflikt med eksisterande eigedomar. Av den grunn har ein også gått noko på akkord med tilrådde stigningstilhøve etter vegnormalane.*
*Bruk av natursteinmur er lagt inn som føresetnad i plan. Sikring vil bli sett føringar om i samsvar med vegnormalane.*
*Det vert i plan lagt til grunn redusert fartsnivå til 40km/t.(med naudsynte fysiske tiltak).*
*Avskjerande kanal for overvatn er lagt inn og vil motverke eksisterande problem knytt til overvatn.*
*Støyberekning er gjennomført. Tilseier ikkje behov for tiltak for denne eigedomen.*
*Sjå detaljbeskrivelse i planomtale.*

**8. Ragnhild Roald og Einar Leikanger, 27.08.2014:**
"Vi viser til oppstartsdokumentet i høve detaljregulering av Urbakkfoten på Engeset.
Eigedommen vår, Engesetgeila 10, lyt sjåast i ei særstilling sidan eigedomen var opparbeidd allereie i 1939. Dette var før det som no er Engesetgeila noko seinare vart gjort breidare og endra frå ku-rås/setresti til å fungere som veg til eigedomen vår. No skal den smale grusvegen endrast til oppsamlingsanlegg for trafikken i halve Volda.
Vi har den eigedomen som i særstilling ser ut til bli ramma av planane, då vegen elles held meir avstand frå hus, og dei fleste andre bebuarar i området har kjent til vegplanane frå dei etablerte seg her og kan/ har bygd /planlagt deretter.
Kommentarane våre er knytt til forventa endring i levevilkår på vår eigedom som følgje av vegutbygginga, fortettinga av området samt gjennomgangstrafikk (enorm auke i biltrafikk, jfr. planar for tettbebyggelse i Håmyra + gjennomgangstrafikk frå/til austlege deler av bygda). Våre viktigste kommentarar kan oppsummerast i 5 punkt;
1. Vi meiner at den tette utbygginga av Håmyra og den store *auken i trafikk* vil ha store negative konsekvensar for heile øvre Engeset, og at ein bør redusere antal bueiningar
Teikningane viser ein snorrett veg frå krysset mot Kleppebakkane og om lag 150 meter opp forbi vår eigedom, resten av oppsamlingsvegen er også svært bein. Det vil auke risikoen for at uansvarlige bilførarar får alt for høg fart og vil gjere området trafikkfarlig.
3. Dei foreløpige teikningane vi har mottatt for vår eigedom kan tolkast som at vegen/fortauet skal gå heilt inn i husveggen og at uthuset vårt er planlagt fjerna. Viss dette blir konsekvensane av utbygginga vil levevilkåra våre endrast i ein slik grad at vi neppe lenger vil kunne bu her, fordi:
a. Vi bur i eit *tun*, der huset vårt er lite (50 m2) i grunnflate, og uthuset nyttast som ein viktig del av leveområdet, med verkstad (som er i dagleg bruk), lager for ting og tang, vedahus, matrom/-frysarar og til tider hønsehus.
b. Rom i kjellar som til dømes vaskerom, matrom og gjesterom er berre tilgjengelige ved å gå ut og ned på utsida av huset, vi har ikkje (det er ikkje plass til) innvendig trapp.
Uteområdet på nord, vest og austsida av huset vert såleis aktivt nytta som «gangareal». Dette vil ikkje fungere med folk og bilar innpå veggane.
4. Teikningane viser ikkje løysing for innkøyring og parkeringsplassar for vår eigedom. Vi har ei garasje i Øvregata, og ein sti opp til huset derifrå. Denne garasja nyttast sumarstid og elles når det er mogleg vinterstid, og stien er *ikkje* den vanlige tilkomstvegen til huset. Å basere seg på ei tilkomst frå sør er ikkje mogleg, sidan vi vert eldre og neppe kan nytte/rydde denne bratte stien på heilårsbasis. Vi har no tun/ bilplass framfor hovudinngangen på huset mot nord, samt to parkeringsplasser/ lunneplass for ved aust for uthuset. Alle disse ser ut til å verte radert vekk i planane. Dette er ikkje akseptabelt og må løysast på ein eller annan måte.
5. Støyproblema, støvplage og innsyn vert store. Biltrafikk og også fortau med hundrevis av

passeringar dagleg vil medføre stor reduksjon av livskvalitet for oss som bur her. Kommunen har hatt ein ingeniør her for å vurdere moglege framtidig støyproblem. Han målte ingenting, men refererte til ein datamodell for lydspreiing som neppe vil være riktig i dette trange og skjeive terrenget. Huset er berre delvis isolert, vindauga må ofte stå opne om sumaren på grunn av varmen/ lufting. Ein lyt eventuelt leige lyd-ingeniør som måler reelle lydnivå inne og ute når vegen er bygd for å få riktige verdiar.
Viktige element vi meiner må inkluderast i detaljplanen.
Eit prinsipp når nokon skal «utvikle» eit område for å tene pengar på det, sjølv om dette kan være tiltak som nokre vil vurdere som bra for fellesskapet, er at dei som påførast tap fullt ut skal kompenserast for tapet. Ein veg og fortau som kjem tett på veggane vil, kombinert med den store auken i trafikk, i *vesentlig og uhaldbar* grad redusere livskvaliteten her på eigedomen. Ein vil også redusere den økonomiske verdien av eigedomen.
Det er vanskelig å konkludere med kva tiltak som kan redusere skadeomfanget for oss, men nokre element står fram og kan kanskje gjere det levelig her også i framtida:
*1. Vegen bør trekkast så langt mot nord som mogleg* bak vår eigedom, ein minimal bøy mot nord vil gi stor uttelling. Ei radikal løysing som bør utgreiast, vil være å legge han i rør! Ein må også planlegge fartsregulerande fysiske tiltak, fartsdumpar.
*2.Uthuset vårt må stå*. Eventuelt flyttast/ byggast nytt ein meter sørover. Det må ikkje fjernast, både grunna bruksverdien, men også fordi det vil ha funksjon som ein effektiv skjerm mot støy og innsikt.
3. *Ein må sette opp ein høg mur* (betong, ikkje fjøler) mot nord og eit stykke sørover vest på eigedomen, denne må være så høg at den effektivt hindrar støy, støv og innsyn. Etter vår meining lyt huset i tillegg etterisolerast for at vi skal tole den ekstra støyen.
4. Ein må finne ein funksjonell og alderstilpassa løysing *for innkøyring av bil, varer etc*. Ein må også finne rom for nytt tunområde, lunneplass, parkeringsplassar etc. (Viss det er umogeleg å få det til på nordsida kan ein kanskje kjøpe ut areal på den tome tomta mot vest?).
Det er elles uklart for oss kven som eig Engesetgeila bak huset vårt. Bestefar tok av tomta for å lage/ utvide vegen. Dette har ikkje så stor betydning, men må også avklarast.
Vegen og den svære auken i trafikk over tunet/ husa våre vil gjere det utrivelig og kanskje uleveleg her på eigedomen. Vi meiner vår eigedom lyt ha ei særstilling i planen, sidan vegen kjem mest inn i stova vår pluss at husa og infrastrukturen for leveviset her er spesielt vanskelig å kombinere med invaderande vegløysingar.
Vi reknar med å verte innkalla til viktige møter og befaringar, i tillegg voner vi å verte innkalla til eit møte der de og vi kan legge fram og diskutere eventuelle løysingar for vår eigedom spesielt og dykkar forslag på korleis dei skal følgjast opp".
Det er seinare gjennomført ulike drøftingar med huseigar, og lagt fram skisser og illustrasjonar for korleis vegutbygginga etter plan vil kunne påverke eigedomen, og kva huseigar ynskjer skal gjerast ved eventuell gjennomføring av plan.

*Vurdering:*
*Linjeføringa forbi eigedomen er søkt optimalisert med tanke på minst mogeleg inngrep i og ulemper for eigedomen. Det er små handlingsrom i høve til låst stigning for vegen og linjeføring med tilpassing til tilgrensande eigedomar på begge sider.*
*Uthuset vil måtte rivast ev/flytast ved utbygging.*
*Det er i plan lagt til rette for ny/endra tilkomst og mogeleg alternativ plass for uthus/verkstad.*
*Det vert i plan lagt til grunn redusert fartsnivå til 40km/t.(med naudsynte fysiske tiltak).*
*Støyberekning er gjennomført.*
*Det vert lagt opp til støyskjerming for uteareal. Gjennomførte støyberekningar og synfaring av bygg tilseier ikkje behov for tiltak på bustadhuset på denne eigedomen*

*Sjå detaljbeskrivelse i planomtale.*
*Planframlegget kan gjennomførast utan vesentlege tiltak på bustadhuset, men med behov for riving/flytting av uthus/verkstad.*
*Planløysinga er ikkje til hinder for dei alternative løysingar som huseigar har skissert i innspel til saka.*
*Eventuell gjennomføring av dette og erstatning for inngrep og ulemper vil ein kome attende til når godkjent reguleringsplan ligg føre.*
*Kommunen vil då gjennomføre avtale-forhandlingar med alle røyrde partar med grunnlag i godkjent plan og føresetnader nedfelt i denne.*
*Som utgangspunkt ynskjer kommunen at ein gjennom avtale (takst e.l) eller ved friviljug skjøn fastset pris for all erstatning. Det vil då vere opp til den einskilde part å gjennomføre eventuelle bygningsmessige endringar.*
*Dette med unntak av naudsynte ombygging av avkøyrsler, støttemurar mot veg og støyskjermingstiltak som er vist i reguleringsplan, og som vert bygd av kommunen som del av veganlegget*

**9. Therese og Asbjørn Moltudal, 28.08.2014:**

"Syner til varsel om planoppstart på ovanemnde detaljreguleringsplan.
Vi har tidlegare uttrykt skepsis til at det vert sett så stor trafikk på Engesetgeila som det kan tyde på gjennom det som er kome fram frå kommunen tidlegare. Vi reknar med at det gjennom det første reguleringsframlegget tydeleg kjem fram korleis denne samanbindingsvegen er tenkt og kva konsekvensar dette vil ha å seie for den daglege trafikken evt. offentlege trafikken.
I tillegg har vi førebels tre innspel og kome med i samband med oppstarten av planarbeidet.

1. Innkøyrsle frå kommunal veg, parkering ut-/innkøyrsle garasje.
Vi syner til at dette er tenkt vere ein samanbindingsveg mellom Raudemyra og Kleppevegen. Ein går då ut frå at der vil vere krav til ein viss standard på vegen. Ein veit samstundes at der trangt mellom vår eigedom og eigedomane på nedsida av Engesetgeila og i mellom skal denne vegen gå. Det vil såleis vere ei utfordring å få til teneleg løysing for innkøyrsle til vår eigendom frå kommunal veg, parkering og ut-/innkøyrsle til garasja vår.
Vi føreset at ein i reguleringsprosessen og opparbeiding av innkøyrsla kjem fram til ei løysing der ut-/innkøyrsle til garasje samt biloppstilling framfor garasje ikkje vert forringa i høve til i dag då vi i garasja har plass til to privatbilar og at ein utan vanskar kan køyre ut frå den eine garasjeplassen samstundes som der står parkert bil framfor den andre garasjeinngangen.
Vi føreset også at vi vert tekne med på råd for å kome fram til ei best tenleg ordning også med tanke på arrondering og evt. forstøtningsmurar mm.
Vi viser i denne samanheng også til at då vi skulle sette opp garasja i byrjinga av 90-talet ynskte vi ei anna plassering enn der ho vart plassert nettopp fordi vi såg at ved ei framtidig utviding av Engesetgeila ville ein kunne få ei utfordring. Dette ville ikkje Volda kommune ta innover seg på det tidspunktet.

2. Støy
Ein reknar med at i samband med detaljplanlegginga vil kome framlegg om avbøtande tiltak i høve til den støyauken som vil skje som fylgje av auka trafikk i Engesetgeila.

3. Tilknyting vatn og avløp.
Vi har sidan vi bygde hatt tilknyting til vatn og avløp frå Øvrevegen. Leidninga går såleis djupt under Engesetgeila ned til Øvrevegen og det har medført at vasstrykket til tider har vore dårleg. Reknar med at ein ved opprustning av Engesetgeila tek omsyn til dette.

*Vurdering:*
*Linjeføringa forbi eigedomen er søkt optimalisert med tanke på minst mogeleg inngrep i og ulemper for eigedomen. Det er små handlingsrom i høve til låst stigning for vegen og linjeføring med tilpassing til tilgrensande eigedomar på begge sider.*
*Det vert lagt opp til å nytte natursteinmurar for minst mogelege terrenginngrep. Utforming vil så langt mogeleg verte drøfta med aktuelle tomteeigarar undervegs.*
*Støyberekningar er gjennomført. Tiltak vil bli gjennomført så langt dette er kravd ut frå støyberekningane og, jf rundskriv T-1442 - Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*
*Dette tilseier ikkje behov for tiltak for denne eigedomen.*
*Omsynet til vatn og avlaupsleidningar vil bli gjort i samband med opparbeiding av teknisk anlegg for området.*
*Sjå detaljbeskrivelse i planomtale.*

**10. Eldrid og Odd Foldal, 31.08.2014:**
Vi ser at Volda kommune brukar nemninga «Urbakkfoten», men i følge utskiftningkartet frå utskiftninga på Engeset i 1948, heiter området (ovanfor) Urabakken. Namnet Urbakkfoten må ha oppstått som ei feilskriving i arbeidet med den opprinnelege reguleringsplanen frå 2001. Alternativt har også Urebakken (og Urebakkfoten) vorte nytta frå gamalt av.
Vi ser med undring at Urebakkelva som går over tomta vår, ikkje er påteikna på utsendt kart. Vassføringa i elva kan til tider vere stor, og har ved fleire høver ført til betydelege skadar på både veg og kjellerar nedover Fjellvegen mot Lærarhøgskulen. Vi meiner difor at det må lagast ei avskjeringsgrøft i øvre del av planområdet som fører vatnet over til Gylelva/Håmyrelva. Til Urebakkelva må det berre sleppast kontollerte vassmengder. Ei utbygging i området vil føre til raskare og større flaumtoppar, noko denne elva, og røra den til dels går i ikkje vil tåle. Gylelva må då oppgraderast/forbyggast, slik at den tåler større vassføring. I Ørsta har ei liknande løysing vore ein stor suksess i åra etter storflaumen i 2004.
Vegkrysset mellom den nye sambindingsvegen og Engesetgeila, ovanfor Oddvin Ryste, må gjerast breidt og oversiktleg, då det skal nyttast av fem husstandar i Engesetgeila til både inn-og utkøyring på samlevegen. Øvste del av Fjellvegen, «Brauta», er ikkje brukande store delar av vinterhalvåret.

*Vurdering:*
*Ein registrerer innspelet om namn på plan. Eg finn likevel ikkje at det no er grunn til endring her då ein allereie har ein godkjent plan for område, utarbeidd som privat plan av grunneigarane i området, der namnet er innarbeidd.*
*Vassføringa i Urebakkelva er kjend og vert teke omsyn til med overføring via avskjeringskanal til Gjølelva som er planlagt førebygd/sikra.*
*Vegkrysset mellom samleveg og resten av Engesetgeila vil bli søkt utforma så opent som mogeleg, men her er noko avgrensa handlingsrom ut frå avstand til bygningar og stigningstilhøve.*

**11. Adv. Bj. Kr. Hove, for (Berit Engeset)/Sverre engeset Foldal , 1.09.2014:**

”Eg ser at Volda kommune brukar nemninga «Urbakkfotem» men i følge utskiftningkartet fi:å utskiftninga på Engeset i 1948, skal det rette namnet vere Urabakkfoten (Urabakken). Namnet Urbakkfoten må ha oppstått som ei feilskriving i arbeidet med den opprinnelege reguleringsplanen frå 2001. Alternativt har også Urebakken (Urebakkfoten) vorte nytta av gamlekarane på Engeset.
Før utbygginga byrjar, må det lagast ei avskjæringsgrøft ovanfor planområdet som fører overflatevatnet over til Gyle1va/Håmyrelva. Dette fordi blant anna Urebakkelva, som til dels går over min eigedom ikkje har kapasitet til å handtere den auka vassmengda ei utbygging vil føre til. Til Urebakkelva, og del andre småbekkane/veitene i området kan det berre sleppast kontrollerte mengder vatn, medan Gylelva må oppgraderast/forbyggast, slik at den kan tåle større vassføring. I Ørsta har ei liknande løysing vore ein stor suksess i åra etter storflaumen i 2004. Det vil ikkje vere eit alternativ å legge desse småveitene i den kommunale drensen, då drensnettet nedover Engeset allereie er sprengt ved store vassfløder. Eg er ikkje interessert i eit nytt «Klepp» ved utbygginga i Urebakkfoten, og problema dette, og den gamle drensledninga, har påført eigedomen min i Vikane.
Etter utbygging må gnr/bnr 8/12 framleis få nytte tilkomsten over Fe3 til skogsteigen i friområdet nedanfor. Eventuelt må alternativ tilkomst opprettast frå Fjellvegen.

*Vurdering:*
*Sjå kommentar til merknad ovanfor. Tilkomsttilhøva vert ivaretekne.*

**12 Haldis og Helge Hamsås, 1.09.2014:**
Underskrivne forventar at arbeidet med sjølve detaljreguleringsplanen for området vil omfatte tiltak for støyskjerming av utsette eigedomar.
Til utbygginga av Kleppevegen, oreigna kommunen i 1992 395 m2 areal frå vår eigedom. Erstatning etter verdidifferanseprinsippet var i skjønnsslutninga sett til kr. 45.000.- , kjøpesummen vart kr. 25.000.- , oppgjort på omforeinte vilkår, d.v.s ein støypt murkant. Dette medførde at Kleppevegen kom svært nær huset, med auka støy- og støvplager.
Vi fekk seinare løyve til å setje opp og sjølve koste ca 15m støyskjerm, men fekk i 1999 avslag på søknad å få forlengje denne.
Sidan utbygginga av øvre Engeset/Klepp tok til, har vi levd i ein sterkt aukande anleggstrafikk med medhøyrande ulemper. Når vi no ser vidare, framtidig og omfattande utbygging av planområdet og ny sambindingsveg til Håmyra kome, fryktar vi enno større negative verknader på bukvaliteten.
På bakgrunn av dette ventar vi at planarbeidet tar omsyn til utsette eigedomar som vår, og syter for tiltak som reduserer ulempene.
Lenging av eksisterande støyskjerm inntil austre tomtegrense, minimum på lengde med huset austover, kan vere eit slikt tiltak.”

*Vurdering:*
*Linjeføringa forbi eigedomen vert ikkje endra gjennom planen og det vil såleis heller ikkje vere behov for inngrep i eigedomen.*
*Det er gjennomført støyberekningar for eigedomen og deler av denne ligg innanfor gul sone. Støytiltak vil bli gjennomført så langt dette er kravd ut frå gjennomførde støyberekningar, jf rundskriv T-1442 - Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*

**13. Wenche og Kjetil Helset, 29.08.2014:**

”Etter å ha motteke varsel om planoppstart er vi litt usikre på korleis det konkret blir på vår eigedom Engesetgeila 12. 18/37. Det er vanskeleg å tyde høgder, murar og gangveg.

Slik vi har innkjørselen på Engesetgeila i dag, er den ikkje optimal. Dette med tanke på bakke opp innkjøringa og bilar som, spesielt på vinteren, har "ekstra" fart fordi dei skal vere sikre på å komme seg opp Engesetgeila.
Vi forstår det slik at Engesetgeila ved innkjørsla vår skal senkast litt og vil gjere oppkjøringa litt flatare. For oss hadde det då vert fornuftig å hatt gangveg på nedsida av nyevegen, slik vil vi få litt meir sikt nedover og sleppe å stikke bilen inn på vegen for å sjå om det kjem bil på veg opp.
Vi reknar med at det vil bli utført trafikksikring/støyskjerming ned mot tunet vårt.
Med tanke på høgda opp frå tunet til vegen og krysset ovanfor ser vi for oss ein betongføringskant for å vere sikre på å ikkje få bilar utfor kanten og ned på tunet der ungar leikar.
Ein betongføringskant vil også virke støyreduserande i motsetning til autovern, som slepp støyen under.
I tillegg ser det ut som dokke ikkje har tegna inn avkjøring til parkeringsplassen ved garasjen!! ?
Vi har tenkt tankar om ny garasje og mulig innkjøring ved innkjøringa til 18/148. Ser ikkje heilt for oss høgda på veg der i forhold til eksisterande veg.
Vi vil gjerne ha tilbakemelding på om dette må med i planen no, eller om det kan ordnast når planer og ting "nærmar" seg.
Ellers reknar vi med at det vil bli gjort fartshindrande tiltak på vegen, då ny og fin veg tilbyr seg til høgare fart for gjennomgangstrafikken som ikkje er klar over dei mange og tildels uoversiktlege innkjøringane vi har i området.
Vi veit heller ikkje om nyevegen er tenkt som ein tilkomstveg for dei som bur på Solhøgda/Røyslida, eller om den berre skal samankoblast og evt bom for buss slik som i Uravegen.
Med den storstilte utbygginga som har vore på Klepp og som skal komme i Håmyra blir det mykje trafikk som skal forbi fleire kritiske punkt lenger ned i Kleppevegen.
Det ligg på grensa til kaos ved snøfall slik trafikkbildet har vore siste åra... Vi håper dette blir ein veg for dei nye felta som skal byggast ut og ikkje ein tilkomst for Solhøgda/ Røyslida. Vi meiner då at trafikken blir for stor i forhold til dimensjonane og forholda på eksisterande vegar og kryss lenger ned i Bakkane.

*Vurdering:*
*Linjeføringa forbi eigedomen er søkt optimalisert med tanke på minst mogeleg inngrep i og ulemper for eigedomen. Det er små handlingsrom i høve til låst stigning for vegen og linjeføring med tilpassing til tilgrensande eigedomar på begge sider.*
*Her vert innkøyringa noko flatare enn i dag.*
*Det vert lagt opp til å nytte natursteinmurar for minst mogelege terrenginngrep. Utforming vil så langt mogeleg verte drøfta med aktuelle tomteeigarar undervegs.*
*Støytiltak vil bli gjennomført så langt dette er kravd ut frå gjennomførde støyberekningar, jf rundskriv T-1442 - Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*
*Uthuset vil måtte rivast ev/flytast ved utbygging.*
*Sjå detaljbeskrivelse i planomtale.*

## Teiknforklaring

### Reguleringsplan PBL 2008

**§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg**

- BFS — Bustader-frittliggjande-småhus
- BKS — Bustader-konsentrert-småhus
- BLK — Leikeplass

**§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- SKV — Køyreveg
- SF — Fortau
- SGS — Gang-/sykkelveg
- SVT — Annan veggrunn – teknisk anlegg
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal
- SPP — Parkeringsplassar
- SAA — Angitte samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål

**§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur**

- GTD — Turdrag
- GT — Turveg
- GF — Friområde

**§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift**

- LF — Friluftsformål

**§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

- VNS — Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

**§12-6 - Omsynssoner**

- Frisikt
- Gul sone etter rundskriv T-1442
- Ras- og skredfare
- Flomfare

**Linjesymbol**

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Regulert tomtegrense
- RpSikringGrense
- RpStøyGrense
- RpFareGrense
- Byggegrense
- Bebyggelse som forutsettes fjernet
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert kjørefelt
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengerfelt
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur
- Sikringsgjerde

**Kartopplysningar**

| | |
|---|---|
| Kjelde for basiskart: | Volda kommune |
| Dato for basiskart: | 27.08.2015 |
| Koordinatsystem: | UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84 |
| Høgdegrunnlag: | NN1954 |

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: ~~1:1000~~ 1:1500
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Volda kommune

**Detaljregulering for**
# Urbakkfoten
**Med tilhøyrande føresegner**

Arealplan-ID: 1519_Forslag

Forslagstillar: Volda kommune

**SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

| | SAKS-NR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| Dato Revisjon | | | |
| Dato Revisjon | | | |
| Dato Revisjon | | | |
| Kommunestyret sitt vedtak | | | |
| Ny 2. gongs handsaming | | | |
| Offentleg ettersyn frå .....til ..... | | | |
| 2. gongs handsaming | | | |
| Offentleg ettersyn frå.....til ..... | | | |
| 1. gangs behandling | | | |
| Kunngjering av oppstart av planarbeid | | | |
| Oppstartsmøte..... | | | |

PLANEN ER UTARBEIDD AV: mulvik — Per Mulvik AS, Holkrem 7, 6130 Volda

| TEGNNR | DATO | SIGN. |
|---|---|---|
| B-101 | 20.04.2016 | JMO |

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak ____ Dato ____ Plansjef



# Detaljregulering for URBAKKFOTEN

| PlanID: | Godkjenningsdato: | Godkjent av: |
|---|---|---|
| 1519 -2014004 | | Volda kommunestyre |

Arkivsaknr. 2014/1344

Utarbeidd av : Volda kommune
Dato: 20.04.2016
Revidert:

---

*For rådmannen* *Per Heltne*
*planleggar*

## REGULERINGSFØRESEGNER
tilknytt detaljregulering for Urbakkfoten

## §1. GENERELT

### §1.1. Gyldigheitsområde
Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart gjeld i tillegg til generelle krav i plan- og bygningslova.

### §1.2. Privatrettslege avtalar
Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### §1.3. Andre bestemmelsar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

### §1.4. Arealbruksføremål
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med Pbl. §§ 12-5 og 12-6 til følgjande føremål:

**Bebyggelse og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)**
- 1111 Bustader – frittliggande småhus; BFS
- 1112 Bustader – konsentrert småhus: BKS
- 1610 Leikeplass – BLK

**Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)**
- 2011 Køyreveg, offentleg; o_SKV1, o_SKV2, o_SKV3, o_SKV3, o_SKV4 og o_SKV5
- 2011 Køyreveg, felles; f_skv13
- 2012 Fortau, offentleg; o_SF
- 2015 Gang- og sykkelveg, offentleg o_SGS
- 2018 Anna veggrunn, tekniske anlegg
- 2019 Anna veggrunn, grøntareal
- 2082 Parkeringsplassar SPP
- angitt samferdsleanlegg og/eller teknisk infrastrukturtrasear kombinert med natur og friluftsformål

**Grøn struktur (Pbl §12-5 nr. 3)**
- 3031 Turdrag
- Turveg
- 3040 Friområde

**Omsynssoner (Pbl §12-6)**
- Sikringssone for frisikt H_140
- Gul støysoneH_220 - jf T-1442
- Flaumfaresone H_320
- Ras- og skredfare

## §2. AREALBRUK
## §2.1. Fellesføresegner

a) Bygningar skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar, vegsystem samt plassering/utforming av leikeplassar og friområde.
Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Det skal leggast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

b) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne sår i terreng skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande. Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 2,5 m, bør det etablerast støttemur.

c) Der tomt eller leikeareal grensar til fjellskjering med fallhøgde over 1 m skal topp fjellskjering sikrast med gjerde i høgde 1,2m. Gjerde skal vere slik forma at det hindrar klatring, jf. elles krav i TEK10.

d) Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemur i eigedomsgrensa.

e) Høgde og utforming av gjerde og støyskjerm mot veg skal godkjennast av kommunen.
Det skal som hovudregel nyttast natursteinsmurar mot offentleg veg/fortau.
Murar må avbøyast frå veg i samsvar med fastsette siktgrenser og i høgde tilpassast vilkår om fri sikt.

f) Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ha lik utforming og materialbruk i same gatelinje.

g) Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

h) Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

**a.** Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
**b.** Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

## §2.2. Bebyggelse og anlegg, PBL. §§12-5 NR.1 OG 12-7

### 2.2.1 Frittliggande småhus

**a)** Innan områda BFS1 – BFS13 skal det kunne førast opp frittliggande småhus med utleigedel/sekundærhusvære med tilhørande anlegg som garasje, bud og liknande.

**b)** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar vert tillate oppført med mønehøgd inntil 9 m og gesimshøgd inntil 6 m.

**c)** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "prosent bebygd areal" (%BYA) slik:
Område BFS1- BFS13: max BYA = 30%

**d)** Innafor BFS1 –BFS13 skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bueining - minst ein av desse skal vere i garasje, carport eller parkeringskjellar

**e)** I område merka BFS skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m2 BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4,0 m. Det er ikkje tillete med ark på garasje. Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert vegkant. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 1.5 m frå regulert trafikkareal.

**f)** Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve til terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

**g)** Det skal leggast vekt på å opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre situasjonsplan, teikningar og eventuell anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar, avkøyrsleordning og internt vegsystem.

### 2.2.2 Konsentrerte småhus

**c.** Innan BKS1 – BKS3 skal det kunne førast opp konsentrerte fleirmannsbustader med tilhørande anlegg som garasje, bod og liknande.
**d.** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Der byggelinje er vist skal påbygg/tilbygg plasserast innanfor desse. Bygningar tillatast oppført med maksimal mønehøgd på 9 meter og maksimal gesimshøgd på 6,5 meter. For bygning med pult-tak skal gesimshøgd i flukt med yttervegg ikkje overstige 8 m.

**e.** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "bebygd areal" (BYA) slik:
Område BKS1 – BKS3 : Max % BYA = 40%
**f.** I område merka BKS1 – BKS3 skal det settast av 2 parkeringsplassar pr. bueining. Ein av desse skal vere i garasje eller carport.
**g.** Garasjar skal som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg.
Unntaksvis kan frittståande garasje (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m².
Parkering kan også dekkjast ved felles parkeringsplass/-kjellar.
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4.5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

**h.** Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert vegkant. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 1.5 m frå regulert trafikkareal.

**i.** Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve til terrenget og i høve til eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.
Det skal leggast vekt på å opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre situasjonsplan og teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar, avkøyrsleordning og internt vegsystem, samt plan for opparbeiding av uteareal.
Utbygging innanfor kvart av områda skal skje samla.

**j.** Uteareal med avkøyrsle, biloppstillingsplassar, viste gangtilkomstar og uteopphaldsareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med utbygginga elles, og før bygningar kan takast i bruk, i samsvar med situasjonsplanen.

**k.** Innanfor BKS1 –BKS3 skal det etablerast småbarnsleikeplassar, kvar av dei skal vere på minimum 40 m2 og utformast/ utstyrast i samsvar med kommunen sine retningsliner for leikeplassar.

### 2.2.3 **Leikeplass**

**a.** Leikeplassane f_BLK1, f_BLK2 og f_BLK3 skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med reiestativ, sandkasse, benk og noko fast dekke. Prinsippa om universell utforming bør, så langt råd, leggast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.
Utafor den opparbeidde delen av leikeplassane skal eksisterande vegetasjon så langt som muleg bevarast. Leikeplassane kan gjerdast inne.

**b.** Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av leikeplassane.

**c.** Nødvendig opparbeiding/arrondering og tilkomst til areala skal gjennomførast samtidig med utbygging av feltet. Ved opparbeidinga skal det leggast særleg vekt på god tilkomst frå offentleg veg.

**d.** Leikeplassane skal opparbeidast i samsvar med forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr frå Barne- og Familiedepartementet

**e.** Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

## §2.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 NR.2 OG 12-7

### 2.3.1 Trafikkområde

**a)** I trafikkområde skal det som vist i situasjonsplanen byggast
- Køyreveg, - Fortau, - Gang-/sykkelveg

**b)** I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til annan veggrunn samt vegskjeringar og fyllingar. Vist skråningsutslag på plankart kan endrast som følgje av detaljprosjektering.

**c)** O_SKV1-5 er offentlege vegar. Lengde- og tverrprofilar som følgjer som illustrasjon til planen er rettleiande jf. teikningane (2279-c 101 til c-211), (1980 - c102 og U102)

**d)** Samleveg o_SKV1 skal ha fartsgrense 40km/t og fotgjengarfelt som skal etablerast ved ca. profil 600, profil 870 og profil 1125, skal vere oppheva.

**e)** O_SKV 2- 4 og veg O_SKV5 skal ha fartsgrenseskilting med 30 km/t.

**f)** Fortau langs offentlege vegar skal vere oppheva.

**g)** F_SKV13 er felles veg for tilgrensande bustadområde.

### 2.3.2 Gang- og sykkelveg.

**a)** O_SGS er offentleg gangveg mellom Engesetgeila og Øvrevegen.

### 2.3.3 Parkeringsplassar.

a) O_SPP er planlagt som offentleg parkering og kan nyttast som utvida gjesteparkering og i forbindelse med bruk av friluftsområda i og nord for planområdet

### 2.3.4 Angitt samferdsleanlegg og /eller teknisk infrastrukturtrasear kombinert med andre angitt hovudformål

Området er avsett areal til avskjeringskanal for bortleiing av overvatn frå området til utlaup i Gjølelva. Det skal her opparbeidast avskjerande overvasskanal med vedlikehaldsveg.
Arealet skal også vere del av tilgrensande friluftsområde og gje høve til ferdsel og tilgang til ovanforliggande skog-, natur og friluftsområde og etablert turveg/skogsveg.
Skjeringar og fyllingar skal tilsåast og revegeterast med stadeigen vegetasjon.
Overvasskanalen skal opparbeidast før eller samtidig med utbygging av bustadfeltet.

## §2.4. Grønstruktur, pbl. §§12-5 NR.3 OG 12-7

### 2.4.1 Turveg

a) Offentleg turveg o_GT1 - 3 er del av eksisterande turstinett i grøntkorridoren langs Gjølelva. Stiane skal haldast vedlike og utbetrast i utbyggingsperioden.

### 2.4.2 Friområde

a) Friområde o_GF1 - o_GF8 er planlagt som offentleg friområde.

b) Innanfor o_GF1 - o_F8 er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken som friluftsområdet. Innanfor områda er det ikkje høve til anna tiltak enn enkelt vedlikehald på eksisterande stinett gjennom området. Nødvendig skjøtsel av skog og ev. førebygging av elva vil vere tillate.

c) Stiar må leggast skånsamt i terrenget for i størst muleg grad å unngå uheldige terrenginngrep. Ved opparbeidinga skal ein sjå til at tilknyting mellom tursti og vegar vert tilordna på ein bruksmessig og estetisk god måte. Skjering og fyllingar må tilsåast og beplantast med stadegen vegetasjon, og naturleg vegetasjon skal i størst muleg grad takast vare på.

d) Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av friområda med gjennomgåande tursti.

## §3. Omsynssoner, pbl. §12-6
## §3.1. Sikringssoner

### 3.1.1 Frisikt
Frisiktsonene merka «H140» i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innafor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 meter over tilgrensande vegars nivå.

## §3.2. Støysoner
### 3.2.1 Gul støysone
Innanfor områda merka H220_1-2 er det ikkje høve til å føre opp bustad eller etablere hovuduteplass utan at det er etablert nødvendig støyskjerming . Jf rundskriv MD 1442.

## §3.3. Faresoner
### 3.3.1 Flaumfare
Innanfor område merka H320_1 og 2 er det ikkje høve til oppføring av bygg før det er gjort avklarande undersøkingar om muleg flaumfare og nødvendige tiltak er etablert.

### 3.3.2 Skredfare avklaring
Det skal som del av teknisk plan gjennomførast naudsynt utgreiing av jord-, snø og flaumskredfaren for det i planen avgrensa området før bygging i området kan setjast i gang. Avklaringa skal gjerast av fagkunnige og i samråd med NVE.

## §4. Fellesføresegner

## §4.1. Rekkefølgje, Pbl. §12-7 nr.10
a) Behov for sikringstiltak langs Gjølelva må avklarast og i nødvendig grad etablerast før bustader i faresonene merka H320_1 og 2 kan takast i bruk.

b) Det skal som del av teknisk plan gjennomførast naudsynt utgreiing av jord-, snø og flaumskredfaren for dei deler av planområdet som ligg i avsett faresone, i samarbeid med NVE. Naudsynte tiltak som fylgjer av slik utgreiing skal vere på plass før bustader i området kan takast i bruk.

c) Ny avskjeringskanal i område o_SAA må vere etablert før bygging av bustader i området vert sett i gang.

d) Vegar og anna teknisk infrastruktur skal vere ferdig utbygd før utbygging av tomtene i området.

e) Nødvendig støyskjerming må etablerast i samsvar med vedlagte støyrapport før o_SKV1 kan ferdigstillast.

f) o_GF7 og o_BLK1 -3 skal opparbeidast, utstyrast med leikeplassutstyr og ev. sikringsbehov skal vere etablert og ferdigstilt før bustader innanfor nye bustader i BFS1 - 6, BFS12, BFS14-15, og BKS 1-3 kan takast i bruk.

g) Tilkomst over gang/turstiane o_GTD1 og o_GTD2 skal vere ferdig før nye bustader i BFS1 - 6, BFS14-15, og BKS 1-3 kan takast i bruk.

h) For området skal det vere etablert avtale om avfallshandtering i samråd med VØR, jf Renovasjonsforskriftene §2, før utbygging kan setjast i gang. Ordninga skal vere etablert før bygningar i området vert tekne i bruk.

i) Fartsgrenseskilting og tiltak for redusert fart i samlevegen o_SKV1 til 40 km /t skal vere etablert, før vegen kan opnast for kollektivtilbod og gjennomkøyring.

j) Før o_SKV1 vert opna for gjennomkøyring og kollektivtilbod skal Kleppevegen vere utbetra til samleveg standard med fortau, og med etablert fartsgrense 40 km/t til kryss med Engesetvegen.

## §4.2. Automatisk freda kulturminne

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

## § 5 Generelt.

Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

000000000000000000

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2016/513 |
| | | Arkivkode: | 110 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 88/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |

**NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018-2029 - INNSPEL TIL STATENS VEGVESEN SITT HANDLINGSPROGRAM**

**Administrasjonen si tilråding:**

Volda formanskap vil melde inn følgjande tiltak i høve Statens vegvesen, region midt, sitt arbeid med handlingsprogram i høve NTP 2018-2021 (23):

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

**Vedleggsliste:**
Brev av 13.4.16 frå Statens vegvesen

**Uprenta saksvedlegg:**

1. Transportetatane og Avinor sitt forslag til NTP 2018- 2021: http://www.ntp.dep.no/
2. Vedtak i formannskapet 5.4.16, sak 61/16

**Samandrag av saka:**
Statens vegvesen, region midt, ber i brev av 13.4.16 om innspel til handlingsprogram i høve NTP 2018/2021.

**Saksopplysningar:**
Plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er ute til høyring, og regjeringa tek sikte på å legge fram stortingsmelding om NTP våren 2017.

I samband med fylkestinget si handsaminga av NTP har kommunen med grunnlag i det som går fram av plandokumentet spelt inn Voldatunellen og bede fylkestinget som høyringsinstans spesiellt prioritere det prosjektet.

Parallelt, som ei konkretisering og oppfølgjing av Nasjonal transportplan, skal Statens vegvesen utarbeide Handlingsprogrammet 2018 – 2021 (23). Handlingsprogrammet, som også viser dei mindre prosjekta innafor programområda, blir utarbeidd med grunnlag i rammer og føringar som blir gitt i NTP. Etter planen skal handlingsprogrammet vedtakast vinteren 2018.

Handlingsprogrammet omfattar i første rekkje europa- og riksveger, og som grunnlag for Det blir bede om mest moglig konkrete innspel, og at det blir utarbeidd ei liste som omfattar punkt og strekningar på riksvegnettet der kommunen meiner at tiltak innafor programområda nedanfor bør prioriterast:
- Utbetringstiltak
- Tilrettelegging for gåande og syklande
- Trafikksikringstiltak
- Miljø- og servicetiltak
- Kollektivtrafikktiltak og universell utforming

Det blir bede om at prioritering av innspel vert grunngjeve, der aktuelle punkt f.eks. vil vere brukarar, skuleveg, sammanhengende gang-/sykkelnett, tilretteleggjing/betre framkome for næringslivet gjennom fjerning av flaskehalsar etc. Dette som et grunnlag for region midt si vurdering av innspela.

Riksvegnettet vil så langt region mist kjenner situasjonen i dag i vår region omfatte følgjande i rute 4a:

- E 39 Sogn og Fjordane grense (Kviven) – Ålesund (Breivika)
- Rv. 651 Sogn og Fjordane grense (Stigedalen)- Volda ferjekai

**Vurdering og konklusjon:**
Volda formannskap har i samband med fylkeskommunen sitt regionale samferdselsmøte 28.4.16 sett opp følgjande aktuelle tema/prosjekt til drøfting, jfr. sak 61/16:

- ✓ Voldatunnel
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Fv.40 rassikring Dalsfjorden
- ✓ Fartsreduksjon Fv. 40 Nautvik-Kornberg
- ✓ Gangveg Vikebygd skule –Haueidet.
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

Fleire av desse gjeld nettopp tiltak på vegstrekningane i rute 4a: E 39 og Rv 651.

Rådmannen gjer såleis framlegg om at formannskapet overfor Statens vegvesen melder inn følgjande prosjekt:

- ✓ Voldatunnel (Volda sentrum- Furene)
- ✓ Gang-sykkelveg Volda-Ørsta
- ✓ Kryssing av Øyraelva, inkl miljøgate i Volda sentrum
- ✓ Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- ✓ Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- ✓ Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum
- ✓ Venterom på Folkestad ferjekai
- ✓ Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.
- ✓ Voldsdfjordkryssing

Alle desse tiltaka er vel kjende for Statens vegvesen, region midt, slik at ytterligare grunngjeving ikkje bør vere naudsynt.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Alle opplista tiltak vil gje både helse og miljøgevinst.

**Økonomiske konsekvensar:**
I utgangspunktet ingen for kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Betra samferdsel gir betra beredskap.

**Naturmangfaldlova:**
Vil verte vurderte i samband med planlegging av dei aktuelle tiltaka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Statens vegvesen, region midt
Postboks 2525,
6404 Molde.

**Statens vegvesen**

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Birgit Hamre Moe / 90971613 | 16/56164-1 | | 13.04.2016 |

## Innspill til Statens vegvesens arbeid med handlingsprogrammet 2018-2021(23)

Plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er ute til høring, og Regjeringen planlegger å legge frem stortingsmeldingen om NTP våren 2017 med vedtak til sommeren. Parallelt, som en konkretisering og oppfølging av Nasjonal transportplan, skal Statens vegvesen utarbeide Handlingsprogrammet 2018 – 2021 (23). Handlingsprogrammet, som også viser de mindre prosjektene innenfor programområdene, blir utarbeidet med grunnlag i rammer og føringer som blir gitt i NTP. Etter planen skal handlingsprogrammet fastsettes vinteren 2018.

**Programområdene:**
Handlingsprogrammet omfatter i første rekke europa- og riksveger, og som grunnlag for vårt arbeid ønsker vi innspill til tiltak innenfor programområdene som er listet opp nedenfor. Vi ber om mest mulig konkrete innspill og at det blir utarbeidet en liste som omfatter punkter og strekninger på riksvegnettet der kommunen mener at tiltak innenfor programområdene nedenfor bør prioriteres:

- Utbedringstiltak
- Tilrettelegging for gående og syklende
- Trafikksikkerhetstiltak
- Miljø- og servicetiltak
- Kollektivtrafikktiltak og universell utforming

Vi ber om at prioritering av innspillene begrunnes, der aktuelle punkt f.eks. vil være brukere, skoleveg, sammenhengende gang-/sykkelnett, tilrettelegging/bedre fremkommelighet for næringslivet gjennom fjerning av flaskehalser etc. Dette som et grunnlag for vår vurdering av innspillene.


Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Programområdetiltakene vil først og fremst være aktuelle der det ikke er planlagt strekningsvis utbygging i planperioden.

**Riksvegnettet i Møre og Romsdal 2018:**
Riksvegnettet i Møre og Romsdal vil, så langt vi kjenner situasjonen i dag, omfatte følgende vegstrekninger i 2018:

Rute 4a:
E39 Sogn og Fjordane grense (Kviven) – Ålesund (Breivika)
Rv.651 Sogn og Fjordane grense (Stigedalen) – Volda ferjekai

Rute 4b:
E39 Ålesund (Breivika) – Sør-Trøndelag grense

Rute 6d:
E136 Oppland grense – Vestnes (kryss med E39)
E136 Ålesund (Breivika) – Ålesund sentrum
Rv.658 Ålesund sentrum – Ålesund lufthavn, Vigra
Rv.658 Akslatunnelen/ veg til Flatholmen havneanlegg i Ålesund

Rute 6e:
Rv.70 Sør-Trøndelag grense – Øygarden (XE39)
Rv.70 Bergsøya (XE39) – Kristiansund
Rv.681 Tilknytning til Kvernberget lufthavn, Kristiansund

**Svarfrist:**
Vi ber om at kommunene oversender sine forslag til prioriteringer med begrunnelse innen 01.06.16.

Innspillene sendes til:

Statens vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
eller firmapost-midt@vegvesen.no

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Birgit Hamre Moe

Likelydende brev sendt til
Giske kommune, Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Gjemnes kommune, Rådhuset, 6631 BATNFJORDSØRA
Halsa kommune, Rådhuset, Liabøen, 6683 VÅGLAND
Kristiansund kommune, Postboks 178, 6501 KRISTIANSUND N
Molde kommune, Rådhusplassen 1, 6413 MOLDE
Rauma kommune, Vollan 8A, 6300 ÅNDALSNES
Skodje kommune, Rådhuset, 6260 SKODJE
Sula kommune, Postboks 280, 6039 LANGEVÅG
Sunndal kommune, Postboks 94, 6601 SUNNDALSØRA
Tingvoll kommune, Midtvågvegen 2, 6630 TINGVOLL
Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 VESTNES
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Ørskog kommune, 6240 ØRSKOG
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA
Ålesund kommune, Postboks 1521, 6025 ÅLESUND

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
Postboks 2500
6404 Molde

*14.04.2016*

**Høyringsfråsegn frå Sunnmøre Regionråd om plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029**

Vi viser til dykkar brev datert 21.03.16 om høyring Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018 –2029. Styret i Sunnmøre Regionråd IKS har drøfta saka i styremøte 8. april 2016 og kjem med følgjande innspel som ein ber fylkeskommunen ta omsyn til i si høyringsfråsegn til NTP 2018–2029:

- Høg økonomisk ramme: Styret ber fylkeskommunen arbeide for ei høgare økonomisk ramme for betre behovsdekking innan samferdselsformål på Sunnmøre. For mange bompengeprosjekt vil fordyre regional mobilitet.

- Nordøyvegen: Nordøyvegen har som kjent høgst prioritet som fylkesvegprosjekt. Styret ber fylkeskommunen arbeide vidare for at Nordøyvegen kan realiserast. Dette vil krevje at ein får løyst utfordringane med risikoreduserande tiltak og sikkerheitsgodkjenning av alle tre tunnelane i sambandet.

- Bypakke i Ålesund (inkl. E1136 Breivika-Lerstad) og E39 Blindheimstunnelen: Styret viser til at prosessen med bypakke i Ålesund ikkje må stoppe opp på grunn av manglande tilbakemelding frå Samferdselsdepartementet på konseptvalutgreiinga. E1136 Breivika-Lerstad og E39 Blindheimstunnelen ligg inne i forslaget til ny NTP 2018-2029. Styret er bekymra over at E1136 Breivika-Lerstad vert utsett i tid og at den økonomiske ramma vert redusert. For befolkninga på Sunnmøre er det viktig å ha god trafikal tilgang til byen sin.

- Kollektivsatsing og miljø: Styret ber fylkeskommunen arbeide for å få Ålesund med i belønningsordninga for kollektivtransport saman med Oslo/Akershus, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Sarpsborg/Fredrikstad, Drammensområdet og Grenlandregionen. Ålesundregionen er med sine nær 100 000 innbyggjarar den åttande største byregionen i Norge, og bør av den grunn med i ordninga. Å kunne reise med kollektive løysingar som eit reelt alternativ til privatbil vil ha miljøgevinstar. Samstundes kan det gjere byregionen meir attraktiv.

- Byutvikling i Ørsta og Volda: Voldatunnelen på E39 mellom Volda og Furene. Prosjektet ligg inne i forslaget til ny NTP 2018-2029. Tunnelen frå Volda sentrum til Furene vil korte ned reisetida på E39 mellom Ålesund og Bergen og samtidig redusere trafikken gjennom Volda sentrum i vesentleg grad.

**Besøksadresse:** Ålesund kunnskapspark, Larsgårdsvegen 2, 6009 Ålesund **Postadresse:** Postboks 1521, 6025 Ålesund
**Tlf:** 70 16 20 00, **Faks:** 70 16 20 01, **E-post:** post@sunnmoreregionrad.no, **Nettadresse:** www.sunnmoreregionrad.no

Kommunedelplan for Voldatunnelen er vedteken og reguleringsarbeidet starta. Prosess med å etablere ein "vegpakke" for Volda og Ørsta sentrum knytt m.a. til bompengar er starta. Prosjektet kan truleg vere klar til gjennomføring om finansiering frå 2018.

- Ferjefri E39: Regjeringa har bestemt at E39 i framtida skal gå over Hafast. Brustrekninga i Hafast ligg ikkje inne i NTP 2018-2029, og vil ifølgje plangrunnlaget tidlegast bli starta på etter 2030. Styret meiner at dette er for lenge å vente, og legg til grunn at oppstart i 2023 kan vere mogleg. Møreaksen er ferdig regulert og er kanskje det prosjektet langs ferjefri E39 som har kome lengst i planlegginga, og kan ifølgje plangrunnlaget realiserast i perioden 2022 til 2029.

  Ferjefri E39 vil gi store positive ringvirkningar i Møre og Romsdal. Styret ber fylkeskommunen arbeide for at Utviklingsstrategi for ferjefri og utbetra E39 vert gjennomført innan 20 år. Plangrunnlaget peikar på at dette er teknisk og planmessig er mogleg, men at det finansielt er utfordrande. Det vert då viktig å arbeide for at berekning av samfunnsnytte (og ikkje berre transportøkonomi) vert med i vurderinga av samfunnsøkonomien i Ferjefri E39.

- Kystvegen Ålesund-Bergen og Rovdefjordsambandet: Føremålet med Kystvegen Ålesund – Bergen er å få samanhengande veg langs kysten, der E39 går gjennom indre fjordstrøk. For å utnytte verdiskapinga og potensialet det sterke næringslivet i regionen mellom Ålesund og Bergen trengs det ein samanhengande kystveg.

  Rovdefjordsambandet er eit viktig bindeledd mellom ytre Nordfjord og søre Sunnmøre. Sambandet vil skape gunstigare rammevilkår for maritimt og marint næringsliv, transport og for ein meir rasjonell bu- og arbeidsmarknad for 62 000 innbyggjarar i Nordfjord og på Sunnmøre.

- Rassikringsprosjekt Geiranger og Stryn: Styret ber fylkeskommunen arbeide for midlar til rassikringsprosjekt mellom Geiranger og Stryn.

- Storfjordbrua: Realisering av Storfjordbrua er pr. i dag ikkje prioritert som fylkesvegprosjekt, og vil krevje tilført trafikk til brua gjennom tilknytta vegar. Sambandet vil kunne vere den kortaste vegen frå Ørskog til Nordfjord og bidra til å knyte saman Nordvestlandet.

- Lufttransport: Over Ålesund Lufthavn Vigra var det i 2015 1,08 millionar passasjerar. Fylket sin største flyplass er med sine ruter innanlands og utanlands ein viktig «port mot verda» på Nordvestlandet. Nytt driftsbygg og utviding av utlandsterminal, planlegging av forlenging av rullebane, samt nye taksebaner og brannøvningsfelt er nemnt i plangrunnlaget som aktuelle tiltak i løpet av planperioden.

  Over Ørsta/Volda lufthamn reiste det i 2015 115 000 passasjerar, noko som plasserar han mellom dei største lokale flyplassane i Noreg. Opninga av E39 Kvivsvegen i 2012, som knyter bu- og arbeidsmarknadsregionen Søre Sunnmøre/Nordfjordeid saman, bidrog til ein auke i flytrafikken over Ørsta/Volda lufthamn.

Styret viser til at lufttransport er viktig for innbyggjarar og næringsliv på Sunnmøre, og gir både byar og distrikt rask tilgang til nasjonale og internasjonale kontakter og marknadar.

Det er viktig å skape gode samanhengar mellom lufttransport og buss-/kollektivtilbod som gjer det lettare og meir attraktivt å reise kollektivt.

- Sjøtransport og Stad skipstunnel: Styret viser til at sjøtransport har potensiale. Overføring av godstransport frå veg til sjø vil bidra til reduksjon av utsleppa frå transport. Reduserte kostnadar vil vere incentiver for overføring til sjø.

  Styret legg til grunn at realisering av Stad skipstunnel vil bidra til betre sikkkerheit og framkommelegheit på ein av dei mest verharde delane av den norske skipsleia. Stad skipstunnel ligg inne i forslaget til ny NTP 2018-2029 med mogleg oppstart i 2018.

  Skipstunnelen vil kunne tilby eit fleksibelt, moderne og frekvent sjøtransporttilbod som kan konkurrere med vegtransport, også på kortare distansar. Styret ser dette prosjektet som viktig i regional samanheng, og ber Møre og Romsdal fylkeskommune sørgje for brei påverknad i tida fram mot revidering av NTP våren 2017.

Sunnmøre Regionråd vil delta på det regionale møtet med fylkeskommunen 28. april og ser der fram til vidare dialog om plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029.

Vennleg helsing
Sunnmøre Regionråd IKS

Anders Riise
styreleiar

Jan Kåre Aurdal
dagleg leiar

**Besøksadresse:** Ålesund kunnskapspark, Larsgårdsvegen 2, 6009 Ålesund **Postadresse:** Postboks 1521, 6025 Ålesund
**Tlf:** 70 16 20 00, **Faks:** 70 16 20 01, **E-post:** post@sunnmoreregionrad.no, **Nettadresse:** www.sunnmoreregionrad.no

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Andreea Beleuta | Arkivsak nr.: | 2016/750 |
| | | Arkivkode: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 89/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |
| | Kommunestyret | |

**ÅRSMELDING 2015 - VOLDA KOMMUNE**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Årsmelding 2015 for Volda kommune vert teken til vitende.*

**Vedleggsliste:**

- Årsmelding for Volda kommune 2015
- Årsmelding for Landbrukskontoret
- Årsmelding for Barnevern

**Saksopplysningar:**

Administrasjonen sitt framlegg til årsmelding for Volda kommune 2015 er med som vedlegg til saka.

Frist for rapportering av KOSTRA-tal til SSB var 15. februar. SSB publiserte resultata 15. mars 2016. KOSTRA-tala i årsmeldinga (kap 2.9) er frå denne rapporteringa. På dette tidspunktet var det framleis nokre kommunar som ikkje hadde rapportert sine data.
Kommunane hadde endeleg frist fram til 15 april med å rapportere KOSTRA-tala til SSB.
Dette gjaldt både for kommunar som ikkje rapporterte innan fristen, og kommunar (inkludert Volda kommune) som rapporterte korrigerte tal i høve til fyrste rapportering. Volda kommune rapporterte korrigerte tal for 2015 den 21.april. SSB vil rapportere dei endelege tala for 2015 den 15. juni 2015.

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Årsmelding 2015 for Volda kommune vert sendt til:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontrollutvalssekretariat (VKUS)
- Sektor og organisasjonsleiarar i Volda kommune
- Rekneskapssjefen i Volda kommune
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon

# Volda Kommune

# Årsmelding

## 2015

1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR ..... 3
2. VURDERING AV VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON ..... 5
2.1 RESULTAT 2015 ..... 5
2.2 FRIE INNTEKTER ..... 6
2.3 EIGEDOMSSKATT ..... 8
2.4 GENERELLE STATSTILSKOTT ..... 8
2.5 FINANSOMRÅDET ..... 9
2.6 INVESTERINGAR ..... 16
2.7 DIVERSE NØKKELTAL ..... 18
2.8 FONDSMIDLAR ..... 21
2.9 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar) ..... 23
3 PERSONALPOLITIKK ..... 28
4 SEKTORANE ..... 31
4.1 INNLEIING ..... 31
4.2 PERSONAL OG ORGANISASJON ..... 32
4.3 ØKONOMISTABEN ..... 37
4.4 NAV/ Sosialavdelinga ..... 39
4.5 OPPLÆRING OG OPPVEKST ..... 44
4.6 HELSE OG OMSORG ..... 52
4.7 KULTUR OG SERVICE ..... 63
4.8 TEKNISK ..... 67
4.9 UTVIKLING ..... 71
4.10 ANSVARSOMRÅDE 80 (FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER) ..... 75

# 1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Volda kommune er godt drive. I avisa Kommunal Rapport si rangering av kommunane på det såkalla kommunebarometeret kjem Volda på 52. plass blant dei framleis 428 kommunane i landet. Ein skal ikkje ta denne statistiske samanlikninga for bokstaveleg, men den viser likevel ein tendens om situasjonen.

I 2015 har det vore stor merksemd på kommunereforma, og kommunestyret gjorde vedtak om å innleie forhandlingar med Ørsta. Samtidig vart det opna for at samtalar med andre kommunar. Når årsmeldinga for 2016 skal skrivast vil kommunestrukturen vere nærare klarlagt.

Volda har sentral geografisk plassering, og vil som vertssenter for Høgskulen og sjukehuset ha eit potensial for utvikling. Volda og Ørsta samarbeidde om ei felles byregionanalyse for å synleggjere truslar og moglegheiter. Analysen viste at desse to kommunane kan utløyse positive synergiar ved å leggje felles strategiar for framtida. I Volda er det sett i gang fleire sentrale utviklingsprosessar, som t.d planlegging av sentrumsutvikling, Campusutvikling, næringsområde på Rotset, bygging av ny sentrumsskule og bustadutbyggingsområde. Rådhuset vart ferdigstilt og teke i bruk i april i fjor.

Økonomistyringa er god og fjoråret resulterte i eit netto driftsresultat på 24,6 millionar kroner. Kontrollen med økonomien er eit viktig bidrag, men det er i hovudsak meirinntekter og reduserte pensjonskostnader som er hovudfaktorane til resultatet. Overskotet bør setjast av som reservar for å møte framtidige investeringar og svingingar i drifta. Økonomien til kommunen er oppbunden i høg lånegjeld sett i høve til kommunen sitt inntektsnivå. Dette er ein situasjon som vil vedvare i lang tid ettersom kommunen nyttar seg av minsteavdragsprinsippet. Handlingsrommet har likevel auka med rekordlåg rente. Ved årsskiftet er bortimot 90 % av låneporteføljen til flytande rente, og kommunen er eksponert for høg risiko dersom renta aukar. Større investeringsbehov gjer at kommunen mest sannsynleg må auke gjelda ytterlegare i åra som kjem. Kommunen må også ha økonomisk buffer til å dekkje utgiftsvekst i dei rettigheitsbaserte tenestene innanfor pleie-/omsorg, barnevern og sosialhjelp. Desse utgiftene veks langt meir enn det som vert kompensert over inntektssystemet.

Volda kommune har positivt omdøme som folkehelsekommune. Folkehelsearbeidet med førebyggjande perspektiv har sterkt fokus i heile kommunen. Dette er også overordna og førande for arbeidet med revisjon av kommuneplanen som starta opp i fjor. Tidleg innsats og fokus på at innbyggjarar i alle aldrar meistrar kvardagen og har meiningsfulle liv, er den viktigaste kvalitetsfaktoren i eit samfunn.

Administrasjonen er pressa på ressursar og det er nødvendig at politikarane og dei tilsette har god dialog omkring balanse mellom oppgåver og kapasitet. Oppleving av meistring i den forstand at ein både kjenner seg kompetent og har kapasitet til å utføre arbeidet er grunnleggjande for helsa. Organisasjonen har høgt sjukefråvær, og dette må ha felles fokus framover.

Det har kome i stand gode samarbeidsmodellar med frivillige lag, til dømes i arbeidet med integrering av flyktningar og Volda gamle gymnas. Vi representerer eit stort mangfald, og kommunen veks i folketal.

Dei offentlege arbeidsplassane er i dag på mange måtar den berande greina i Volda. Dei utgjer også eit omsetningsgrunnlag og eit miljø for andre arbeidsplassar. Det vert viktig å leggje til rette for private næringar for å ha fleire bein å stå på.

Styrken til Volda kommune ligg i haldningane hos politikarane og dei tilsette til å yte innsats og samarbeide. Dette har vist at vi har lyfta oss også i 2015. Vi kjenner på at vi brukar av energien, men samtidig trur eg det gir motivasjon å sjå at vi i lag utviklar oss i rett retning. Det er viktig at vi lyttar til kvarandre og får felles forståing av behov og utfordringar. Det at vi i våre ulike roller spelar kvarandre gode vil på sikt vere kommunen sitt viktigaste fortrinn. Eg vil takke dei tilsette for stor innsats for at Volda kommune kunne levere dei resultata som vart for fjoråret. Samtidig vil eg takke politikarane for god tilrettelegging og visjonær haldning for å utvikle Volda for innbyggjarane.

Volda, 19.04.16

Rune Sjurgard

# 2. VURDERING AV VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON

## 2.1 RESULTAT 2015

Tabellen under viser hovudtala i rekneskapen for 2015. Budsjettala er også med.

| | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Avvik | Rekneskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| Skatteinntekter på inntekt og formue | 193 969 561 | 190 000 000 | 3 969 561 | 184 301 005 |
| Eigedomsskatt | 16 106 940 | 16 000 000 | 106 940 | 13 793 372 |
| Rammetilskott | 250 765 956 | 250 665 000 | 100 956 | 247 835 089 |
| Andre generelle statstilskott | 30 288 970 | 30 438 936 | -149 966 | 27 002 386 |
| Andre driftsinntekter | 273 948 719 | 245 314 091 | 28 634 628 | 267 167 640 |
| **Sum driftsinntekter** | **765 080 146** | **732 418 027** | 32 662 119 | **740 099 492** |
| Lønsutgifter | 417 621 123 | 407 956 015 | 9 665 108 | 395 758 413 |
| Sosiale utgifter | 107 823 303 | 120 138 703 | -12 315 400 | 106 205 521 |
| Andre utgifter | 215 383 205 | 206 418 094 | 8 965 111 | 218 975 693 |
| **Sum driftsutgifter** | **740 827 631** | **734 512 812** | 6 314 819 | **720 939 627** |
| **Brutto driftsresultat** | **24 252 515** | **-2 094 785** | 26 347 300 | **19 159 865** |
| Finansutgifter | 38 944 524 | 36 413 000 | 2 531 524 | 45 564 228 |
| Finansinntekter | 8 561 360 | 5 852 000 | 2 709 360 | 12 203 110 |
| Motpost avskrivningar (inntekt) | 30 733 414 | 30 733 000 | 414 | 28 530 913 |
| **Netto driftsresultat** | **24 602 765** | **-1 922 785** | 26 525 550 | **14 329 660** |
| Avsetning til ubunde fond | 21 484 385 | 21 410 500 | 73 885 | 23 130 224 |
| Avsetning til bunde fond | 8 363 725 | 3 381 502 | 4 982 223 | 10 522 559 |
| Overført til investeringsrekneskapen | 24 802 | 17500 | 7 302 | 8 322 |
| **Sum avsetninger** | **29 872 912** | **24 809 502** | 5 063 410 | **33 661 105** |
| Bruk av tidl års rekneskapsmessige mindreforbruk | 18 587 130 | 18 587 000 | 130 | 13 700 224 |
| Bruk av disposisjonsfond | 1 488 236 | 1 464 490 | 23 746 | 11 440 362 |
| Bruk av bunde fond | 10 592 091 | 6 680 797 | 3 911 294 | 12 777 989 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetningar** | **30 667 458** | **26 732 287** | **3 935 171** | **37 918 575** |
| **Resultat** | **25 397 311** | **0** | **25 397 311** | **18 587 130** |

**Netto driftsresultat**

Brutto driftsresultat inkluderer ikkje finansområdet. Netto driftsresultat er difor den beste resultatindikatoren når ein skal vurdere den økonomiske situasjonen til ein kommune. Dette

gjeld både å sjå den økonomiske utviklinga i same kommune over tid, samt å samanlikne med andre kommunar (KOSTRA).

Netto driftsresultat er definert slik:

*Alle driftsinntekter (inkludert finansinntekter)*

*Minus*

*Alle driftsutgifter (inkludert finansutgifter som renter og avdrag)*

= Netto driftsresultat

I 2015 vart netto driftsresultat 24,6 mill kr for Volda kommune, noko som er ca 26,5 mill kr betre enn budsjettert. Det er 3 hovudforklaringar på at Volda kommune i 2015 har eit så stort netto driftsresultat.

For det første er dei frie inntektene ca 4 mill kr større enn budsjettert. Dette har samanheng med at skatteinntektene på landsbasis vert større enn regjeringa siste prognose i oktober 2015, samt at Fylkesmannen tildelte ytterlegare tilskot til Volda kommune mot slutten av året.

For det andre vart pensjonsutgiftene ca 10 mill kr mindre enn budsjettert. Pensjonsselskapa fakturerte oss mindre enn det som var lagt til grunn i prognosane frå selskapa (gjeld heile kommunesektoren) .

For det tredje hadde sektorane og stabane eit samla netto mindreforbruk på ca 11,5 mill kr. Det vert vist til kapittel 4 for kommentarar til resultata for sektorane. Organisasjonen har hatt sterkt fokus på økonomistyring gjennom heile året. Rådmannen stilte krav om at avdelingar som melde meirforbruk i tertialrapportar og månadsrapportar, skulle gjere alt for å halde seg innanfor den tildelte budsjettramma. Samtidig har avdelingar som ikkje melde forventa overskridingar ved slutten av året, innsparingar der dette er mogleg. Dette vil naturligvis kunne føre til mindreforbruk, og kan vere vanskeleg å prognostisere på førehand.

Det er ein nasjonal trend at kommunane generelt har gode rekneskapsresultat i 2015. Større skatteinntekter og lågare pensjonsutgifter enn forventa, er forklaringa på det.

## 2.2 FRIE INNTEKTER

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskottet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskottet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor dei gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønnstilskott for å korrigere

for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunngjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune fekk i frie inntekter i 2015:

| | **Rekneskap 2015** | **Budsjett 2015** |
|---|---|---|
| Brutto innbyggjartilskott | 200 276 000 | |
| Utgiftsutjamning | 17 365 000 | |
| Overgangsordning | -566 000 | |
| Saker med særskilt fordeling | 775 000 | |
| Endringer saldert budsjett 2014/2015 | -340 000 | |
| Inntektsutjamning | 30 043 000 | |
| Ekstra skjønn tildelt av KRD | 1 495 000 | |
| RNB 2012-2015, samt Dok8:135 S (2014-15) | 1 717 000 | |
| **Sum rammetilskott** | **250 765 000** | **250 665 000** |
| **Skatt på inntekt og formue** | **193 970 000** | **190 000 000** |
| **Sum frie inntekter** | **444 735 000** | **440 665 000** |

Under følgjer omtale av dei mest sentrale punkta:

Brutto innbyggjar- tilskott

Alle kommunar fekk kr 22.425,- pr innbyggjar (etter folketal pr 1 juli 2014), og dette utgjorde 200 276 000 kr for Volda kommune.

Utgiftsutjamning

Skilnadene mellom kommunane i Noreg er til dels store når det gjelder kostnadsstruktur og demografisk samansetning. Både etterspørselen etter kommunale tenester og kostnadene ved produksjonen vil difor variere kommunane imellom. Målet med utgiftsutjamninga er å fange opp slike variasjonar. Ein tar frå dei relativt sett lettdrivne kommunane og gir til dei relativt sett tungdrivne. Volda kommune blir definert som ein tungdriven kommune, og fekk kr. 17.365.000,- i netto utgiftsutjamning. Utgiftsindeksen vår var 1,041. Det vil seie at i 2015 var Volda kommune 4,1% dyrare å drive enn ein gjennomsnittskommune.

Inntektsutjamning

Kommunar med låg skatteinngang får kompensasjon for dette. Volda kommune sin skatteinngang i 2015 var 85,6 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Vi fikk kr 30.043.000,- i netto inntektsutjamning som følgje av dette. Inntektsutjamninga blir finansiert ved at skattesterke kommunar får eit netto trekk i sine skatteinntekter.

Skjønnstilskott

Volda kommune mottok følgjande skjønnstilskot:

- Kr 350.000 i forhold med kommunereforma
- Kr 600.000 ved opphavleg tildeling
- Kr.545.000 i ekstraordinært tilskot tildelt av Fylkesmannen

Skatt på inntekt og formue

Dess større skatteinntektene er, til mindre vert inntektsutjamninga. Skatteinngangen på 193.969.561,- kr utgjorde 81,7% av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Tilsvarande tal for 2014 var 82% av landsgjennomsnittet.

## 2.3 EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten vart vidareført på all eigedom i heile kommunen i 2015. Det vart gitt fritak for ideelle organisasjonar og lag. Nyoppførte bustadar fekk også fritak første året etter at dei vart tatt i bruk. Det vart bestemt og framleis nytte seg av bustadverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskatten. Arbeidet med eigedomsskatten har også i år vore tidkrevjande. Handsaming av klagene frå første året (2014) vart avslutta denne hausten.

Det er inntektsført kr. 16.106.940,- i eigedomsskatt for 2015, som er kr. 106.940,- meir enn budsjettert.

## 2.4 GENERELLE STATSTILSKOTT

Tabellen under viser dei generelle statstilskotta for 2015:

| **Andre generelle statstilskott** | **Rekneskap** | **Budsjett** |
|---|---|---|
| Integreringstiskott flyktningar | 25 372 978 | 25 682 800 |
| Grunnskolereform 97/Investering skulebygg | 1 637 994 | 1 705 454 |
| Kompenasjonstilskott omsorgsbygg | 3 206 557 | 3 276 638 |
| Kyrkjebygg | 71 442 | 0 |
| **Sum** | **30 288 971** | **30 664 892** |

*Integreringstilskott flyktningar*

Kommunen mottok kr. 25.372.978,- i integreringstilskot for busetjing av flyktningar i 2015.

*Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg*

Det er ei statleg finansieringsordning vedkommande investeringane som vart gjort i samband med grunnskolereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon ). Dette utgjorde kr. 858.173,- i 2015.

I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme for heile landet på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 millionar, og fekk kr. 779.821,- i rentekompensasjon i 2015.

*Sjukeheim/omsorgsbustader*

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette utgjorde kr. 3.206.557,- i 2015.

*Kyrkjebygg*

Rentekompensasjonen på kr.71.442,- inkluderer investeringsprosjekt som :

- er utført av kommunen på vegne av kyrkjeleg fellesråd
- er utført i regi av fellesrådet

## 2.5 FINANSOMRÅDET

Volda kommune har ei slik samansetjing av langsiktig gjed pr 31.12.2015:

| **Langsiktig gjeld** | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Pensjonsforpliktingar | 848 548 841 | 839 559 270 | 793 808 720 |
| Lånegjeld (inklusive sertifikatlån) | 779 692 344 | 762 753 455 | 770 986 977 |
| **Sum langsiktig gjeld** | **1 628 241 185** | **1 602 312 725** | **1 564 795 697** |

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca 724 mill kr ved slutten av året. Den andre kategorien er Startlån, og er Husbanklån (ca 55 mill kr) som etter bestemte vilkår blir lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar er som vist i tabellen under:

| **Langsiktig lånegjeld** | **2015** | **2014** | **2 013** |
|---|---|---|---|
| Ordinære lån (*) | 724 061 311 | 697 360 343 | 708 998 849 |
| Startlån | 55 631 033 | 65 393 112 | 61 988 128 |
| **Sum langsiktig lånegjeld** | **779 692 344** | **762 753 455** | **770 986 977** |

Kommunen har ein strategi der alle lån vert etablert med flytande rente. I staden for å ha ei pt-rente, der man må følgje tett med for å ha ei rente som er god og marknadsriktig (noko som kan være krevjande å gjennomføre over tid), er det valt å knytte renta på låna i porteføljen til 3M nibor. Låna blir då renteregulert kvar 3. månad lik 3M nibor med justering for ein *margin*. Kommunen har valt å leggje rentereguleringsdatoen til IMM (den 3. onsdagen i hhv. mars, juni, september og desember). Kommunen følgjer opp at den til einkvar tid gjeldande margin er god og marknadsriktig .

I 2015 var det gjort vedtak om låneopptak (eks startlån frå Husbanken) på kr. 55.631.033,-.

**Finansutgifter**

Tabellen under viser finansutgiftene for 2015:

| **Finansutgifter** | **Rekneskap 2015** | **Budsjett 2015** | **Avvik** |
|---|---|---|---|
| Avdragsutgifter | 20 582 561 | 19 000 000 | 1 582 561 |
| Renteutgifter startlån | 1 423 735 | 1 500 000 | -76 265 |
| Renteutgifter ordinære lån | 15 482 863 | 15 863 000 | -380 137 |
| **Sum finansutgifter** | **37 489 159** | **36 363 000** | **1 126 159** |

Vi ser av tabellen ovanfor at finansutgiftene i 2015 vart kr. 1.126.159,- større enn budsjettert. Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på dei langsiktige låna. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc) og attverande levetid til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut etter 2 ulike metodar, forenkla metode og avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode). I 2015 vart avdraga på våre lån kr. 20.582.561,-. Dette er ca 1,6 mill. kr. meir enn budsjettert.

Låneporteføljen er bygt opp av lån med flytande rente som er basert på 3M nibor. Denne renta vert lagt til eller trekt frå ein margin etter avtale med långjevar. Ved utgangen av året utgjer denne marginen +0,55% (+55 basispunkt) for alle lån som vi har i Kommunalbanken. Marginen vil auke til 0,7% i mars 2016

For sertifikatlånet er marginen 0,19%.

I tillegg er det etablert rentebytteavtaler (renteswappar) som sikrar kommunen fast rente på deler av sine innlån. Renteswappane har eit omfang som gjer at fastrentedelen i låneporteføljen er 13,8% ved årsskiftet. Dermed er 86,2% flytande rente. Låna forfell slik:

| | **Saldo 2015** | **Utløpsdato** |
|---|---:|---:|
| Sertifikatlån | 130 136 000 | juni 2016 |
| Kommunalbanken flytende margin | 175 725 521 | desember 2025 |
| Kommunalbanken flytende margin | 170 000 000 | desember 2025 |
| Kommunalbanken flytende margin | 79 621 790 | desember 2025 |
| Kommunalbanken flytende margin | 87 683 000 | juni 2030 |
| Kommunalbanken flytende margin | 40 000 000 | mars 2031 |
| Kommunalbanken flytende margin | 21 525 000 | desember 2036 |
| Kommunalbanken flytende margin | 19 370 000 | september 2037 |
| **SUM** | **724 061 311** | |

Ei rentebytteavtale er ei avtale om å byte vilkår på lån eller innskott. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente. Rentebyteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna (som for Volda kommune er låna vi har i Kommunalbanken/sertifikatlånet, og utgjer kr. 724.061.311**,-** pr. 31.12.2015).

Volda kommune har valt å nytte renteswappar (rentebyteavtaler) ved etablering av fastrente. Hovudforklaringa til dette er at det lenge har vore billegare enn å nytte tradisjonelle fastrentelån, der både kreditten, renterisikoen og avdragsstruktur inngår i eit produkt. Renteswap/rentebytteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente. Ein slik avtale inneber byte av fast rente mot flytande/kort rente, som i kommunen sitt tilfelle er 3M nibor.

Volda kommune har 2 rentebyteavtalar på til saman 100 mill:

- Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt desember 2018.

- Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

Volda kommune har rentebytteavtaler på 13,8% av den totale låneporteføljen ved årsskiftet.

*Nøkkeltal*

Vi har følgjande nøkkeltal pr 31.12.2015 når det gjeld låneporteføljen:

- Gjennomsnittleg porteføljerente gjennom året var 2,18%.
- Porteføljerenta pr 31.12.2015 var 2,04%.
- Gjennomsnittleg rentebinding (durasjon) i porteføljen var 0,72 år.

- Største enkelt-lån i porteføljen var 175,7 mill.
- Innløysingsverdi (samla overkurs dersom låna skulle verte innfridde ved årsskiftet) er 15 mill kr. Desse tala er knytt til fastrentedelen av låneporteføljа.
- 18% av låneporteføljen skal refinansierast innan eit år. Dette gjeld sertifikatlånet på kr 130.136.000.
- Volda kommune har ved utgangen av 2015 ei langsiktig lånegjeld tilsvarande kr. 86.278,- per innbyggjar (kr. 84.968,- i 2014).
- Lånegjelda er kr. 80.122,- per innbyggjar (kr. 77.683,- i 2014) dersom vi ser bort frå Startlåna, dvs berre tek med ordinære lån i grunnlaget.
- 13,8% av låneporteføljа har fastrente.

Det er ikkje heile den ordinære langsiktige lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

| Ordinære langsiktig lånegjeld | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Omsorgssatsing | 41 788 659 | 44 108 997 | 46 429 329 |
| Sjølvkost (vatn og avlaup) | 65 586 930 | 58 214 383 | 57 320 137 |
| Grunnskolereform 97 | 40 465 861 | 17 763 000 | 17 763 000 |
| Kyrkjebygg | 3 368 787 | 3 630 959 | 3 630 959 |
| Investering i skulebygg (2001) | 17 763 000 | 18 852 392 | 20 491 925 |
| Lån som belastar kommunen sin økonomi | 555 088 074 | 554 790 613 | 563 363 499 |
| **Sum** | **724 063 326** | **697 360 343** | **708 998 849** |

Figuren under viser at det er 77% av kommunens i låneporteføljе som direkte belaster kommunens økonomi.




*Diagram 1. Ordinære langsiktig lånegjeld*

Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. Ca 65.6 mill kr av den ordinære lånegjelda er knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån.

Fram til 2017 vil vi få i rentekompensasjon frå staten vedkomande investeringar (kr 17.763.000) i samband med grunnskulereforma 97.

Dei neste åra vil vi få avdragskompensasjon kr (+ renter) frå staten i samband med investeringar i omsorgsbustader og omsorgssenteret. I 2015 var kompensasjonsgrunnlaget i underkant av 42 mill kr.

I tillegg får vi rentekompensasjon vedkomande investeringar i skulebygg (ordninga vart innført i 2001). Kompensasjonsgrunnlaget er ca 40,5 mill kr.

**Finansinntekte**

Tabellen under viser finansinntektene som Volda kommune kunne føre i rekneskapen for 2015. Budsjettala er også med.

| **Finansinntekter** | **Rekneskap 2015** | **Budsjett 2015** | **Avvik** |
|---|---|---|---|
| Renteinntekter Formidlingslån | 1 137 980 | 1 050 000 | 87 980 |
| Ordinære renteinntekter | 2 339 327 | 1 500 000 | 839 327 |
| Utbytte Tussa | 2 662 000 | 2 662 000 | 0 |
| Avkastning | 939 565 | 600 000 | 339 565 |
| Andre finansinntekter | 94 744 | 0 | 94 744 |
| **Sum finansinntekter** | 7 173 616 | 5 812 000 | 1 361 616 |

Utbyte Tussa

Det ordinære utbyte frå Tussa var kr. 2.662.000,- (kr 5.500,- pr aksje) i 2015.

**Aktiva (plasseringar i obligasjonsfond, pengemarknadsfond og eigedomsfond)**

Volda kommunes portefølje er plassert hos Storebrand. Under er årsrapporten frå vår forvaltar som er Storebrand

*Tabellen nedenfor viser porteføljen fordelt på aktivaklasser og fond ved utgangen av desember 2015:*

| **Aktiva** | **Verdi pr 31.12.2015** | **Andel** |
|---|---|---|
| Storebrand Norsk Kreditt IG 20 | 10 849 373 | 19,2 % |
| Storebrand Global Kreditt IG | 10 206 514 | 18,0 % |
| **Sum obligasjonsfond** | **21 055 886** | **37,2 %** |
| Storebrand Likviditet | 23 016 408 | 40,7 % |
| Storebrand Rente+ | 6 105 530 | 10,8 % |
| **Sum pengemarkedsfond** | **29 121 938** | **51,4 %** |
| **Storebrand Eiendomsfond Norge KS** | **6 432 084** | **11,4 %** |
| **Sum totalt** | **56 609 908** | **100,0 %** |

** Markedsverdi ekskl. bankbeholdning.*

Porteføljen ga en totalavkastning på 1,70 % i 2015, som er 0,26 % høyere enn referanseindeksen. Storebrand Eiendomsfond bidro mest til avkastningen i 2015, mens obligasjoner og pengemarked ga en begrenset avkastning for året. Grafen nedenfor viser porteføljens utvikling i 2015 sammenliknet med benchmark/referanse.




*Det etablert et sett av forhåndsdefinerte referanseindekser for å kunne evaluere forvalternes avkastning i forhold til markedet forøvrig. En referanseindeks gir uttrykk for en veid sammensetning av verdipapirene (f.eks. obligasjoner) i et marked. Endringer i indeksens verdi viser markedets utvikling i gjennomsnitt.*

*Alle Storebrands fond og pensjonsmidler har krav til samfunnsansvar.*

*Vurdering og håndtering av finansiell risiko*

*Kommunen vurderer fortløpende sin finansielle risiko i porteføljen.*

***Markedskommentar***

***Renteheving i USA***

*Den amerikanske sentralbanken (Fed) satte som ventet opp renten med 0,25 prosentpoeng i desember. Dette er første renteheving fra Fed siden 2006 og første renteendring siden finanskrisen i 2008. Selv om rentehevingen var godt varslet, har det vært mye frem og tilbake i tillegg til at den har blitt utsatt mange ganger. Ikke minst var markedsuroen i august og september med på å skape usikkerhet om Fed i det hele tatt kom til å heve renten. Rentehevingen markerer på mange måter en friskmelding av den amerikanske økonomien, som ikke lenger trenger støtte fra ekstraordinær pengepolitikk som pengetrykking i form av kvantitative tiltak og nullrente. Arbeidsledigheten har falt fra 10 prosent etter finanskrisen til 5 prosent, og det er tegn til at lønnsveksten øker noe for første gang på lenge. Oljeprisfallet har også hjulpet på vekst i privat konsum hos husholdningene, selv om det også har lagt en demper for oljeinvesteringene i USA. Inflasjonen er fortsatt lav, men holdes delvis nede av temporære effekter fra energiprisene. Alt i alt er rentehevingen og utsiktene til videre normalisering av pengepolitikken et sunnhetstegn og en indikasjon på økonomien kan stå på egne ben.*

***ECB skuffet tross rentekutt***

*Mens Fed leverte som ventet, skuffet den europeiske sentralbanken (ECB) markedene i desember. Dette til tross for at ECB kuttet renten igjen og varslet forlenget periode for obligasjonskjøp og såkalte kvantitative tiltak. Forventingene i markedene hadde bygget seg opp om at ECB i tillegg ville øke de månedlige obligasjonskjøpene fra 60 milliarder euro til 70-80 milliarder. På sistnevnte punkt gjorde ECB ingen endringer, som førte til at euroen styrket seg og europeiske langrenter steg. Trolig ble ECB - og andre sentralbanker - påvirket av markedsuroen i august og september i sine uttalelser og signaler tidligere. Dette har de måttet moderert og skalert noe tilbake i sin retorikk og handlinger i etterkant. Med tanke på den økonomiske utviklingen i Eurosonen, er det heller ikke noe som skulle tilsi nødvendigheten av såpass aggressiv opptrapping av pengepolitikken. Vekstmomentet er fortsatt positivt og arbeidsledigheten fallende. I tillegg har en sterkere dollar hjulpet å holde euroen relativ svak.*

***Videre fall i oljeprisen***

*Oljeprisen falt videre i desember og til det laveste nivået siden 2004. Etter at oljeprisen halverte seg fra sommeren 2014 og frem til januar 2015, var det en viss stabilisering før den har falt videre igjen de siste to månedene. Det var knyttet noe spenning rundt potensielle signaler om produksjonskutt i forkant av OPEC-møtet i desember, men resultatet var skuffende og bidro til å sende oljeprisen ned. De siste månedene har trolig dollarstyrkingen som følge av renteutsiktene i USA også forsterket trenden, ettersom råvareprisene er notert i dollar. Dollar handelsvektet er på sitt sterkeste nivå siden 2002 som følge av divergerende renteutsikter med store deler verden*

***Kreditt***

*Kredittspreadene målt ved Barclays Global Credit Indeks trakk ut i desember. Samlet har kredittspreadene trukket ut med 24 basispunkter i 2015. Skuffende ECB, renteheving fra Fed og fallende oljepriser bidro alle til den videre spreadutgangen i desember. Spreadutgangen var tydeligst i high-yield, men var bredt basert."*

Tabellen under viser netto finansutgifter for dei siste åra.

| | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Sum finansutgifter | 37 489 159 | 45 481 735 | 43 332 560 |
| Sum finansinntekter | 7 173 616 | 12 118 717 | 19 041 803 |
| Netto finanskostnader | 30 315 543 | 33 363 018 | 24 290 757 |

Rekneskapen for 2015 viser netto finanskostnader på kr. 30.315.543,-. Det budsjetterte beløpet var kr. 30.551.000,-.

## 2.6 INVESTERINGAR

Tabellen under viser investeringane for 2015. Første talkolonne viser rekneskapstala. Siste talkolonne viser revidert budsjett.

| Investeringsprosjekt | Regnskap 2015 | Regulert budsjett 2015 |
|---|---|---|
| Næringsområde i Furene | 10 182 | 0 |
| Nødstrømsaggregat | 0 | 400 000 |
| EDB-utstyr rådhus | 772 178 | 990 749 |
| Forhandlingsmodulen i Agresso, 2015 | 275 927 | 0 |
| Breibandutbygging i Volda kommune | 1 434 249 | 0 |
| Interkommunale IKT investeringar | 749 273 | 827 014 |
| Oppgradering Ephorte | 0 | 125 000 |
| Fråversmodul i RS med integrasjon mot ALTINN | 0 | 130 000 |
| Innkjøp nytt journalsystem og oppgradering maskinpark - Volda legesenter | 0 | 27 461 |
| Lesebrett til politikarane | 219 775 | 268 093 |
| Oppgradering Win Tid/Min Tid | 44 500 | 117 000 |
| Volda rådhus - Inventar | 1 057 103 | 1 650 000 |
| IKT-satsing i grunnskulen | 51 194 | 500 000 |
| Volda rådhus - Inventar Barnevern | 1 051 810 | 500 000 |
| IKT-satsing i grunnskulen | 339 565 | 39 254 |
| Grunnskulen, inventar | 0 | 75 203 |
| IKT-utstyr helseavdelinga | 0 | 103 911 |
| Kombidamparar avdelingskjøkkena | 0 | 330 000 |
| Helsenett | 0 | 48 322 |
| Innkjøp hjelpemidlar | 0 | 183 385 |
| Håndstyrte terminalar PLO | 9 363 | 112 507 |
| Utskifting av fatvaskarar | 81 819 | 625 000 |
| Buss | 0 | 950 000 |
| Alarmanlegg Omsorgssenteret | 27 738 | 0 |
| Digitalisering byggesaksarkiv | 0 | 63 971 |
| Skatepark | 11 390 | 61 776 |
| Volda u-skule, opprusting | 250 779 | 1 474 256 |
| Skular, spelemiddeltiltak | 0 | 357 180 |
| Ny Øyra skule | 36 013 645 | 39 000 109 |
| Fjordsyn, opparbeiding/opprusting av uteområde | 15 375 | 13 308 |
| Varmepumpe omsorgssenteret | 14 262 | 14 263 |
| Ombygging Folkestadtun | 229 507 | 1 866 143 |
| Bratteberg skule, byggetiltak | 102 825 | 81 495 |
| Dusj/garderobe Voldahallen | 34 407 | 866 317 |
| nytt branndepot Dravlaus | 86 451 | 0 |
| Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua | 46 789 | 2 096 219 |
| ENØK tiltak (i henhald til klimaplanen) | 338 060 | 1 028 216 |
| Ombygging ny brannstasjon | 144 368 | 120 232 |
| Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging | 6 438 977 | 7 911 696 |
| Brannskade Røyslidvegen 11A, forsikringssak | 46 619 | 187 909 |
| Mork skule, leikeapparat | 0 | 98 948 |
| Energimerking kommunale bygg | 168 214 | 1 500 000 |
| Samfunnshuset - taktekking | 18 375 | 1 692 191 |
| Omsorgssenteret - taktekking | 0 | 1 000 000 |
| Alarmanlegg Omsorgssenteret | 34 887 | 5 277 216 |
| Forprosjekt Campus Høgskulen | 0 | 100 000 |
| Rådhus 2. etasje, ombygging | 4 498 662 | 5 517 589 |
| Kyrkja i postlokala - ombygging/tilpassing av lokalet | 2 611 226 | 3 436 659 |

| Investeringsprosjekt | Regnskap 2015 | Regulert budsjett 2015 |
|---|---|---|
| Omsorgssenteret - renovering varmeanlegg | 113 352 | 815 564 |
| Fjordsyn - renovering varmeanlegg | 90 894 | 815 564 |
| Oppgradering Mork/Nilletun | 520 091 | 1 000 000 |
| Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen | 291 498 | 2 000 000 |
| Lyskjelder kinosal | 10 605 | 500 000 |
| Bilar i høve omorganisering driftt./vaktmeister | 341 100 | 300 000 |
| Maurtua/gamle gymnas - taktekking | 0 | 1 600 000 |
| Rehabilitering av personheis Ivar Aasenbygget HVO | 187 499 | 187 500 |
| Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg | 208 830 | 1 700 000 |
| Bustad Kleppevegen | 569 225 | 472 000 |
| Bustad Smalebakken | 30 643 | 660 000 |
| Bustad Torvmyrvegen 7 | 207 203 | 0 |
| Legesenteret, kontorplass turnuslege | 12 057 | 800 000 |
| Sal av Innselset gamle skule | 280 000 | 0 |
| Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket | 0 | 600 525 |
| Engeset/Klepp, 3. byggesteg | 0 | 871 760 |
| Bustadfelt Bratteberg | 29 677 | 0 |
| Kommunale vegar, utbetring | 4 098 918 | 4 032 540 |
| Trafikktrygging og miljøtiltak | 595 256 | 1 783 255 |
| Gatelys, utskifting PCB-armatur | 123 939 | 123 939 |
| Gatemiljøtiltak | 0 | 2 095 528 |
| Friluftsliivstiltak | 415 257 | 1 092 303 |
| Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra | 71 460 | 1 000 000 |
| Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn | 0 | 3 245 752 |
| Næringsområde Øvre Rotset | 1 083 184 | 1 000 000 |
| Bustadfelt på bygdene | 25 472 | 17 500 |
| Veg bak Uppheim til Storgata | 155 297 | 0 |
| Kommunal del sentrumsutvikling | 1 332 583 | 2 808 126 |
| Myldreområde i rådhusparken | 154 511 | 862 500 |
| Utbygging felt Bratteberg | 396 300 | 940 311 |
| Køyretøy (utskifting av 1993-modell) | 99 764 | 0 |
| Plentraktor | 0 | 21 000 |
| Utbygging bustadfelt K 10, Klepp | 2 732 896 | 6 985 045 |
| Arbeidsbil/kombibil 5-seters 4WD | 0 | 218 681 |
| Kyrkjegardsgravar | 0 | 41 250 |
| Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale | 515 429 | 500 000 |
| Sambindingsveg over Håmyra | 279 066 | 4 783 708 |
| Lerkane - Storgata, veg og rundkøyring | 4 496 888 | 4 696 482 |
| Turveg Flommen gbnr 18/186 | 442 125 | 62 500 |
| VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen | -61 623 | 0 |
| Skulebakken Haugen Lauvstad | 0 | 500 000 |
| Plentraktor (2015) | 140 625 | 175 000 |
| Flomsikring Volda sentrum Melshornsida | 79 891 | 0 |
| Veghøvel (2015) | 0 | 200 000 |
| Vaktbil Teknisk vakt (2015) | 465 664 | 490 000 |
| Utbytting veglys til LED finansiert ved straumsparing | 1 000 316 | 1 700 000 |
| Fast dekke kommunale vegar | 3 497 194 | 3 500 000 |
| Hjullastar (2015) | 33 760 | 2 550 000 |
| Bustadfelt Gôtene, Lid | 104 876 | 0 |
| Nødnett (RIH) | 279 209 | 800 000 |
| Bustadfelt Bratteberg | 68 014 | 0 |
| Industriareal Furene | 24 215 | 0 |
| Kommunal kloakk, hovudplan | 3 513 949 | 1 634 486 |
| Kommunal kloakk, avløpsreinsing | 12 861 | 0 |
| Kommunal kloakk, avlaupsreinsing samla pott | 81 895 | 3 979 395 |

| Investeringsprosjekt | Regnskap 2015 | Regulert budsjett 2015 |
|---|---|---|
| Driftsentral VA, edb-program og varsling | 0 | 66 694 |
| Volda Vassverk, grunnvassboring Vassbotnen | 0 | 113 807 |
| Lauvstad Vassverk, ombygging | 0 | 130 000 |
| Hovudplan vatn (leidningsnett, behandling, reinsing) | 927 746 | 8 431 019 |
| Dravlausbygda vassverk ny inntaksledning | 128 026 | 0 |
| ATV med belter for tilkomst vassverk | 133 680 | 0 |
| Køyretøy (utskifting av 1993-modell) | 193 267 | 0 |
| Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn | 82 331 | 0 |
| Vikeneset og Mork Silanlegg | 181 290 | 6 873 764 |
| Utbygging bustadfelt K 10, Klepp | 419 101 | 0 |
| Lerkane - Storgata, veg og rundkøyring | 2 921 955 | 0 |
| VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen | 2 788 480 | 2 451 432 |
| Spylevogn/spylehenga | 434 285 | 468 125 |
| Traktor (2015) | 0 | 320 000 |
| Volda skisenter, grunnkjøp m.m. | 0 | 608 968 |
| Program GIS | 265 705 | 694 394 |
| Digitalt kartleggingsprosjekt | 146 976 | 484 618 |
| Modul for eigedomsskatt | 0 | 51 339 |
| **SUM** | **95 004 196** | **166 624 966** |

## 2.7 DIVERSE NØKKELTAL

*Skattedekningsgrad og rammetilskottsgrad*

Skattedekningsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som blir dekt av skatt på formue og inntekt, og viser kor mykje skatteinntektene har å seie for finansiering av drifta. Kommunar med høg skattedekningsgrad er mindre avhengig av andre driftsinntekter (vice-versa).

Rammetilskottsgraden viser tilsvarande kor mykje av drifta som blir dekt av rammetilskottet frå staten. Tabellen under viser nøkkeltala for dei 3 siste åra:

| | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Rammetilskott | 250 765 956 | 247 835 089 | 233 297 632 |
| Skatteinntekter | 193 969 561 | 184 301 005 | 187 885 132 |
| sum driftsutgifter | 740 827 631 | 720 939 627 | 642 330 714 |
| **Rammetilskottsgrad** | **33,85 %** | **34,38 %** | **36,32 %** |
| **Skattedekningsgrad** | **26,18 %** | **25,56 %** | **29,25 %** |
| **Samla** | **60,03 %** | **59,94 %** | **65,57 %** |

Vi ser av tabellen ovanfor at rammetilskotsgrad og skattedekningsgrad gikk vesentleg ned i frå 2013 til 2014. Forklaringa til det er etablering av interkommunalt barnevern i 2014. Dette medførte stor auke i brutto driftsutgifter, og vert dekt av refusjonsinntekter frå samarbeidskommunane. Det er liten endring frå 2014 til 2015.

*Netto resultatgrad*

Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan bli brukt til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2013-2015.

| **Netto resultatgrad** | | | |
|---|---|---|---|
| **År** | **2015** | **2014** | **2 013** |
| Netto driftsresultat | 24 602 765 | 14 329 660 | 3 725 062 |
| Sum driftsinntekter | 765 080 146 | 740 099 492 | 642 693 340 |
| **Netto resultatgrad** | **3,22 %** | **1,94 %** | **0,58 %** |

Teknisk beregningsutvalg tilrår at netto resultatgrad bør vere 1,75%, blant anna for å ha noko eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for (auka renter, nedgang på børsen, dyrare lønsoppgjer enn kva som var føresetnaden etc.). Resultatgraden er auka frå 1,94% i 2014 til 3,22% i 2015, og er nesten dobbelt så stort som målet til Teknisk beregningsutvalg.

*Brutto investeringar i % av driftsinntektene*

Tabellen under viser kor mykje brutto investeringar utgjer av dei totale driftsinntektene.

| | **2 015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 765 080 146 | 740 099 492 | 642 693 340 |
| Investeringer | 95 004 196 | 98 108 519 | 47 083 415 |
| **Brutto investeringer i % av driftsinntektene** | **12,42 %** | **13,26 %** | **7,33 %** |

*Renter og avdrag (eksklusive renter formidlingslån) i % av driftsinntektene*

Nøkkeltala i tabellen under seier oss kor mykje brutto finanskostnader (frå driftsrekneskapen) utgjer av sum driftsinntekter:

| | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Renter og avdrag i % av driftsinntektene | 4,71 % | 5,96 % | 6,54 % |

*Likviditet*

I dette avsnittet skal vi sjå på likviditeten til Volda kommune. Det vil bli sett nærare på utviklinga i arbeidskapitalen, stamlikvidar samt likviditetsgrad 1 og 2.

Arbeidskapitalen blir definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er i teorien den kapitalen som er tilgjengelig til investeringar og innkjøp. Tabellen under er ikkje korrigert for premieavvik.

Tabellen under viser endringa i arbeidskapital for dei 3 siste åra.

| **Arbeidskapital** | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Omløpsmidler | 304 840 606 | 300 154 783 | 322 517 233 |
| Kortsiktig gjeld | 131 766 796 | 118 623 661 | 98 881 676 |
| Arbeidskapital | 173 073 810 | 181 531 122 | 223 635 557 |
| Endring i Arbeidskapital | -8 457 312 | -42 104 435 | 41 244 094 |

Det vart berre gjennomført låneopptak på 10,8 mill kr i 2014 fordi Volda kommune var i ROBEK dette året, og har bidrege sterkt til reduksjon i arbeidskapitalen dette året. Arbeidskapitalen har gått ytterlegare ned med 8,4 mill kr i 2015.

Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2.

Likviditetsgrad 1 seier noko om kommunen si evne til å dekke kortsiktig gjeld. Dette nøkkeltalet bør vere større enn 1, og vert utrekna med å dividere pengebehaldning (kasse, bankinnskott) med kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2 vert rekna ut ved å dividere omløpsmidlar med kortsiktig gjeld, og må være større enn 2 dersom kommunen skal ha god likviditet. Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2 for dei tre siste åra.

| **Likviditetsgrad 1 og 2** | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Kasse/bankinnskudd | 118 405 350 | 101 980 951 | 137 569 248 |
| Omløpsmidler | 304 840 606 | 300 154 783 | 322 517 233 |
| Kortsiktig gjeld | 131 766 796 | 118 623 661 | 98 881 676 |
| **Likviditetsgrad 1** | **0,90** | **0,86** | **1,39** |
| **Likviditetsgrad 2** | **2,31** | **2,53** | **3,26** |

Dersom ein tek utgangspunkt i kontantbehaldning/kontantar og korrigerer for likvider som er bundne til ulike formål (ubrukte lånemidlar, bundne fondsmidlar, konto for skattetrekk), kjem vi fram til kor mykje kommunen har i stamlikvidar. Tabellen under viser stamlikvidar for dei 3 siste åra:

| | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Kasse/bankinnskudd (*) | 101 425 812 | 85 671 059 | 123 714 385 |
| (-) Bundne fond | 30 152 068 | 38 376 188 | 51 748 150 |
| (-) Ubrukte lånemidlar | 14 128 544 | 40 594 404 | 85 642 914 |
| **Stamlikvidar** | 57 145 200 | 6 700 467 | -13 676 679 |

*(*) = Skattetrekkskonto er trekt ut*

Vi ser av tabellen at stamlikvidane har auka med ca 52,4 mill kr. Bankinnskot har auka med nesten 16 mill kr samanlikna med 2014. Bunde fond og (spesielt) ubrukte lånemidlar er samtidig sterkt redusert. Endringa er enno meir dramatisk når vi samanliknar 2015 med 2013.

Premieavviket på pensjonsområdet vil vere ei stor belastning for likviditeten framover. Her vert det vist til kapittel 4.11 i årsmeldinga for nærmare omtale.

## 2.8 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune har ved utgangen av 2015 om lag 127,3 mill kr på ulike fond:

| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Ubundne driftsfond | 31 956 285 | 11 960 136 | 270 274 | 11 504 701 |
| Bundne driftsfond | 23 880 691 | 26 224 058 | 28 479 488 | 31 880 097 |
| Ubundne investeringsfond | 65 214 241 | 63 104 108 | 63 364 839 | 65 301 182 |
| Bundne investeringsfond | 6 271 377 | 12 152 130 | 23 268 662 | 22 085 326 |
| **Sum** | **127 322 594** | **113 440 432** | **115 383 263** | **130 771 306** |

*Bundne driftsfond*

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2015 hadde Volda kommune i overkant av 23,8 mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 121 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk er på 3,8 mill kr
- Sjølvkostområdet vassverk er på kr 645.000.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer ca 2,5 mill kr.
- Konsesjonsfond for kraftfondet utgjer 1.363.000

- 4.25 mill kr bunde driftsfond knytt til integrering av flyktningar.

*Ubundne driftsfond*

Tabellen under viser utviklinga til disposisjonsfondet i perioden 2013-2015:

| | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | 31 956 285 | 11960136 | 270 274 |
| **Sum** | **31 956 285** | **11 960 136** | **270 274** |

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Plutseleg auke i den flytande renta. 1%-poeng renteoppgang inneber ca 7 mill kr. i meirutgifter for Volda kommune sine innlån.
- Lønnsoppgjeret vert dyrare enn det som var føresetnaden
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

*Ubundne investeringsfond*

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del–finansiering av kommunale investerings prosjekt. Fonda utgjer samla 65,2 mill kr ved 31.12 2015.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjer i overkant av 59,6 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarande redusert.

Det er om lag 0,5 mill kr på fond momskompensasjon generert frå investeringar, medan fond mindreforbruk frå tidlegare år er på om lag 5 mill kroner.

*Bundne investeringsfond*

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr 6.271.377,- ved utgangen av 2015. Dette er ein reduksjon på ca 5,9 mill kr i høve til 2014. Hovudforklaringa til reduksjonen er at fondet ”nedbetaling Husbanklån” (som var det største fondet i 2014 med kr 10.941.463) vart redusert i 2015 til kr. 4.029.336.

## 2.9 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar)

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Forklaringar til tabellane under:

- Kolonnen heilt til venstre er tala for Volda kommune.
- Tala for Ørsta kommune er i neste kolonne.
- Deretter kjem gjennomsnitt for eigen kommunegruppe. Statistisk sentralbyrå (SSB) plasserer kommunane i grupper. Volda kommune er med i gruppe 11.
- Gjennomsnitt for kommunane i Møre og Romsdal kjem i neste kolonne.
- Gjennomsnitt for landet utanom Oslo er i kolonne nr 5.
- Gjennomsnitt for alle landets kommunar er i 6. og siste kolonne.

Vi skal sjå på finansielle nøkkeltal, prioritering og dekningsgrader. Tala er basert på rapporteringa vi gjorde 04.03.2016. SSB publiserte tala 15. mars 2016. Vi gjorde endeleg rapportering den 21.april. SSB vil rapportere dei endelege tala for 2015 den 15. juni. Dei endelege KOSTRA-tala (som blir publisert av SSB i juni) vil difor kunne avvike frå tala som vert kommentert her.

**Finansielle nøkkeltal**

| | Volda | Ørsta | Kostragr. 11 | Møre og Romsdal fylke | Landet uten Oslo | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansielle nøkkeltall** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 3,2 | 3,9 | 2,1 | 2,8 | 2,5 | 2,4 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 3,4 | 4,3 | 2,3 | 2,2 | 2,9 | 3 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | 49 213 | 50 064 | 51 813 | 50 302 | 49 762 | 50 618 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 211,3 | 217 | 229,3 | 241,5 | 216,9 | 215 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter | 18,2 | 8,5 | 15,1 | 19,5 | 19,6 | 16,6 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger (*) | 79 666 | 57 767 | 68 954 | 76 062 | 61 391 | 58 738 |

*(*) =ubrukte lånemidlar er ikkje med her.*

Her er kommentarar til nokre av tala:

*Brutto driftsresultat*

Tabellen ovanfor viser eit brutto driftsresultat som er positivt (3,2 % av driftsinntektene). Dette er eit høgare resultat enn 4 av gruppene i tabellen ovanfor.

*Netto driftsresultat*

Volda kommune sitt netto driftsresultat for 2015 vart kr. **24.602.765,-** og tilsvarte 3,22 % av driftsinntektene. Dette forholdstalet bør vere på 1,75 % for at kommunen skal ha økonomisk handlingsrom.

*Langsiktig gjeld/ Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar*

Hovudutfordringa til Volda kommune er den svært høge lånegjelda. Dei høge rente og avdragsutgiftene fører til at vi har svært låg økonomisk handlefridom. KOSTRA-tala for 2015 viser at Volda kommune har lånegjeld som er ca 13,4% høgare enn samanliknbare kommunar (gruppe 11). Til samanlikning var lånegjelda 20,93% høgare enn gruppe 11 i 2014.

I tabellen ovanfor står det at langsiktig gjeld er 211% av brutto driftsinntekter. Her inkluderer langsiktig gjeld pensjonsforpliktingar.

Volda kommune er vertskommune for interkommunalt barnevern. Våre driftsinntekter inkluderer refusjon (ca 57 mill kr) frå samarbeidskommunane. Når vi korrigerer for dette, så utgjer langsiktig gjeld 230% av driftsinntektene i 2015.

Kommunen vert sårbar med så høg lånegjeld. Kommunen nyttar minsteavdragsprinsippet som inneber at det tek lang tid å nedbetale gjeld. Samtidig må det frigjerast midlar til auka renteutgifter når renta stig på eit normalt nivå.

## Prioritering

| | Volda | Ørsta | Kostragr.11 | Møre og Romsdal fylke | Landet uten Oslo | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritering** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | 136 189 | 134 949 | 128 599 | 133 386 | 130 549 | 131 808 |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger | 13 675 | 12 369 | 13 598 | 13 295 | 12 703 | 12 630 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten | 2 015 | 2 053 | 2 594 | 2 368 | 2 384 | 2 348 |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten | 17 110 | 18 064 | 18 710 | 18 076 | 16 197 | 15 903 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år | 1 903 | 1 838 | .. | .. | 3 222 | 3 600 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern | 7 889 | 7 744 | 8 621 | 7 710 | 8 323 | 8 363 |
| Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb. | 4 455 | 3 469 | 4 525 | 4 494 | 4 265 | 4 020 |

Kommentarar til tabellen ovanfor

KOSTRA skal i utgangspunktet vere 100 % organisasjonsnøytral. Like ting skal rapporterast likt, uansett korleis kommunane er organisert. Men vi ser likevel at kommunar ikkje alltid rapporterer på lik måte. Dette gjeld spesielt tenesteområdet administrasjon der ein må vere merksam på at ulik føring i kommunane vil gi dårlegare grunnlag for samanlikning.

*Barnehage*

Vi har i 2015 netto driftsutgifter på kr 136.189,- pr innbyggjar (1-5år). Til samanlikning var dette talet kr 127.722,- i 2014. Netto driftsutgifter til Volda kommune låg tett opp under MR fylke og snittet for heile landet, men er høgare enn gruppe 11 i tabellen ovanfor.

*Grunnskule*

Netto driftsutgifter har gått ytterlegare opp frå 2014 til 2015. Driftsutgiftene var i 2014 vesentleg høgare samanlikna med dei andre gruppene i tabellen ovanfor. Desentralisert skulestruktur med barne- og ungdomsskule i alle bygdesentra inklusive skulefritidsordning er hovudforklaringa til det. Det var vidare ein relativt høg andel av elevane som fekk spesialundervisning.

*Kommunehelse*

Vi har i 2015 netto driftsutgifter på kr 2.015,- pr innbyggar. Til samanlikning var dette talet kr 2.091,- i 2014. Dette er lågare enn samtlege grupper.

*Pleie og omsorg*

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg, ligg litt under gjennomsnittet for kommunegruppe 11 som Volda skal samanlikne seg med.

*Sosial tenesta*

Netto driftsutgifter (kr. 1.903,- per innbyggjar) er også i 2015 mykje lågare enn i dei andre gruppene. Det er likevel grunn til å merke seg at Volda kommune fekk ein auke i sosialutgiftene i 2015 i høve til året før, med kr.307,- pr. innbyggar.

*Barnevern*

Netto driftsutgifter til barnevern er også i 2015 lågare enn dei andre gruppene. Barnevern hadde meir i driftsutgifter til barnevern enn Ørsta i 2014, men vi låg også då under dei andre gruppene. Til samanlikning så var utgiftene i 2012 høgare enn dei andre gruppene. For Volda sin del har netto driftsutgifter til barnevern har gått opp med 0,90% sidan 2014, men vi er framleis litt under kommunegruppe 11.

*Administrasjon*

Volda kommune ligg under gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Som nemnt gir ulik tolking av KOSTRA-rettleiaren ulik utslag på føring av administrasjonsutgiftene mellom

kommunane. I Volda kommune kan det synest som at eit forsøk på å ajourføre tekniske endringar har gitt utslag i høgare administrasjonsutgifter utan at desse reelt sett har auka. Volda kommune må også bruke meir ressursar på administrasjon for å drive så mange einingar i skule og barnehage. Volda er vertskommune for barnevern. Ei så stor verksemd med 60 tilsette og fleire administrative ledd er også med å påverke administrasjonsutgiftene.

**Dekningsgrad 2014**

| | Volda | Ørsta | Kostragr.11 | Møre og Romsdal fylke | Landet uten Oslo | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Dekningsgrad** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** | **2015** |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 97,9 | 94,2 | 91,1 | 93,1 | 91,1 | 90,4 |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 8,1 | 6 | 8,2 | 8,6 | 7,9 | 7,9 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 11,3 | 12,3 | 11,6 | 11,2 | 10,5 | 10,4 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 7,2 | 8,3 | 9,6 | 8,1 | 9 | 9 |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | 100 | 90,8 | 96 | 92,1 | 94,4 | 94,8 |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | 11,8 | 14,3 | 12,9 | 14 | 13,1 | 13,4 |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år | 2,9 | 2,4 | .. | .. | 3,9 | 4 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år | 6,8 | 4,6 | : | 5,1 | 4,8 | 4,8 |
| Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb. | 4 | 22 | 28 | 38 | 51 | 46 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere | 26 | 22 | 23 | 22 | 21 | 21 |
| Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere | 0,38 | 0,81 | .. | 0,71 | 0,74 | 0,73 |

*Kommentar*:

Tabellen for dekningsgrader stadfestar mange av konklusjonane frå tabellen som viste prioritering. Dette ser vi til dømes ved at:

- Volda kommune har full barnehagedekning. KOSTRA sine tal (97,9 %) er basert på tal barn i barnehagealder sett i forhold til tal born som faktisk går i barnehage. Alle barn som vil ha, får tilbod om barnehageplass i Volda kommune. Det er ikkje alle barn som har ordinær barnehageplass - nokre barn nyttar Volda Opne barnehage som har ope ein dag per veke.
- Talet på elevar som får spesialundervisning ligg no på 8,1%. Dette er ein auke i forhold til 2014 (då denne var på 7,3%).
- Det er fleire barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggjarar 0-17 år i Volda enn det er i dei andre gruppene.
- Kommunen har framleis låg fysioterapidekning i forhold til dei andre gruppene. Vi ligg under alle gruppene når det gjeld fysioterapiårsverk.

- Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar er på 11,3% og er uendra frå 2014. Volda kommune har full dekningsgrad for einerom på institusjon.
- Talet på sosialhjelpsmottakarar har gått opp frå 1,8% i 2014 til 2,9% i 2015.

I mai 2016 så vil det verte gjennomført ei total gjennomgang av Volda kommune sine KOSTRA tal for 2015. Analysen vert utarbeidd av KS konsulent, med brei involvering frå sektorane.

# 3 PERSONALPOLITIKK

**Stillingsressursar og tilsette**

Volda kommune har pr. 31.12.15 680,82 stillingar. Stillingane er fordelt på 949 tilsette. 717 kvinner er tilsett i til saman 526,03 av stillingar og 232 menn i til saman 154,79 stillingar.

Gjennomsnittleg stillingsstørrelse for kvinner er på 73% og for menn 83% (i denne utrekninga har vi halde dei små stillingane i brannvernet utanfor).

KS sin offsielle PAI-statstikk har noko avvikande tal frå det vår oversikt viser. Det er fordi rapporten byggjer på litt anna informasjon enn faste stillingar.

**Sjukefråvær, IA og Bedriftshelseteneste**

Vårt interne fråversprogram viser at sjukdom blant arbeidstakarane førte til 14.413 tapte dagsverk i 2015, det vil seie eit sjukefråver på 8,62 %. Talet gjeld både eigenmeldt og legemeldt sjukefråver. Utover hausten 2014 og i byrjinga av 2015 auka sjukefråveret til over 11,5%. Det vart sett ekstra fokus på saka og utover sommaren og hausten var fråværsprosenten nede på 8-talet igjen. For heile 2015 var sjukefråværet 8,62%.

Sjukefråversoversikta viser fordeling på korttidsfråver og langtidsfråver slik:

| **Fråværsdata** | **Dagsverk** | **Fråværsprosent** |
|---|---|---|
| Moglege dagsverk (Alle dagsverk som er med i sjukefråversstatistikken) | 167112 | |
| Eigenmeldt fråver dagsv. | 2064 | 1,24 % |
| Sjukemeldt fråver 1-3 dagsv. | 506 | 0,30 % |
| Sjukemeldt fråver 4-16 dagsv. | 1842 | 1,10 % |
| **Korttidsfråver (1-16 dagar)** | **4412** | **2,64 %** |
| Fråvær 17-56 dagsv. | 4751 | 2,84 % |
| Fråvær over 56 dagsv. | 5250 | 3,14 % |
| **Langstidsfråver (>16 dager)** | **10001** | **5,98 %** |
| **Total fråversdagar** | **14413** | **8,62 %** |

Det er stor variasjon i sjukefråvær i dei ulike avdelingar og sektorar. Det gledelege er at nesten alle har reduksjonen i sjukefråveret utover i 2015. Tilbakemelding frå sektorane er at den største utfordringa er langtidsfråveret og å greie å leggje til rette slik at sjukmelde kan kome tilbake på jobb heilt eller delvis. Sektorane rapporterer at dei arbeider systematisk med

å redusere sjukefråver ved samtalar og tilrettelegging. Mange tilsette har tungt fysisk arbeid og fleire arbeidstakarar er over 60 år. Det medverkar til at sjukefråversarbeidet er utfordrande.

*IA-avtalen*

Volda kommune er ei inkluderande arbeidslivs-bedrift og har eit nært samarbeid med NAV Arbeidslivssenter om gjennomføring av avtalen. Som IA-bedrift har vi tilgang på ulike verkemiddel som tilretteleggingstilskot og systemtilskot. Vi har eigen kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter.

IA-arbeidet handlar ikkje berre om sjukefråver og tilretteleggjing for å hindre sjukefråver, det handlar også om å gi tilbod til personar på arbeidstrening. Dei kjem via NAV, Furene og Volda læringssenter (språkpraksis for innvandrarar).

Eit anna mål er å få tilsette til å stå lengre i arbeid. Det overordna målet har vore at ingen skal gå av med pensjon før dei har fylt 65 år.

Ei oversikt viser at i arbeidstakargruppa 55 år+ har Volda kommune tilsaman 167 kvinner og 47 menn. Av dei er 17 kvinner og 6 menn over 65 år.

*Helse-, miljø og sikkerheit (HMS)*

Vi har jobba med å betre rutiner i HMS-arbeidet slik at alle sektorar utført internkontroll og systematisk HMS-arbeid. Arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvald, verneombod, bedrifts-helseteneste og arbeidsmiljøutval har alle roller i dette arbeidet.

Volda kommune har avtale med Stamina Helse AS om kjøp av bedriftshelseteneste.

**Likestilling**

Kommunen er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av 949 tilsette er 717 kvinner, d.v.s. over 75% av arbeidstokken er kvinner.

Det er eit mål for kommunen å ha eit positivt arbeidsmiljø som på alle områder omfatter begge kjønn**.** Vi har fokus på å prøve å få til lik fordeling av kvinner og menn i leiarstillingane på alle nivå.

I leiarteamet til rådmannen var det 6 menn og 3 kvinner i 2015 og i gruppa for mellomleiarane 7 menn og 21 kvinner.

Den gjennomsnittlege stillingsstørrelsen for kvinner er på 73% og for menn 83%.

Ufrivilllig deltid har kommunen jobba for å gjere noko med. Fleire tilsette har dette året fått auka opp si stilling. Det vert kartlagt ufrivillig deltid i deler av organisasjonen.

Kommunen har tilsett fleire med annan etnisk bakgrunn både i administrasjonen og i tenesteområda, men vi har ikkje oversikt over tal på dette området

Kommunen har ein lønspolitikk med mål om lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat uavhengig av kjønn. Det blir jobba med å revidere dei lønspolitiske retningslinene som del av arbeidsgivarstrategien.

**Generelle kommentarar**

*Rekruttering og kompetanse*

Vi har gjennom heile året hatt bra tilgang på kvalifiserte søkjarar til faste stillingar innan dei fleste kategoriane. Vi har likevel utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar medan vi no opplever betre søking frå ingeniørar. Når det gjeld ledige lærarstillingar har vi der også tilstrekkelig med søkjarar til å dekke behovet.

Søkjarar til lærlingestillingar i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget auka og er fleire enn vi har lærlingeplass til. Til IKT-servicefag og institusjonskokkefaget er det lite søknad.

For å sikre rekruttering av nye kompetente medarbeidarar, må vi ha faste stillingar og helst heile stillingar. Fast tilsetting er hovudregelen etter arbeidsmiljølova, med nokre unntak. Volda kommune har eit relativt høgt tal deltidsstillingar, særskilt innan helse og omsorg. Sjølv om mange har fått auka sin stillingsprosent siste året, har vi framleis mange tilsette som ønskjer høgre stillingsprosent.

# 4 SEKTORANE

## 4.1 INNLEIING

Tabellen under viser rekneskap og budsjettala for 2015, samt avvik mellom rekneskap og budsjett.

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Rådmann | **1 547 211** | 1 542 211 | 5 000 |
| Samfunn og rådgjeving | **1 405 249** | 1 286 625 | 118 624 |
| Personal og organisasjon | **9 929 360** | 11 651 797 | -1 722 437 |
| Økonomi | **5 397 215** | 6 283 840 | -886 625 |
| NAV Kommune | **8 444 817** | 8 448 331 | -3 514 |
| Opplæring og oppvekst | **185 033 749** | 189 288 097 | -4 254 348 |
| Helse og omsorg | **165 752 435** | 168 325 712 | -2 573 277 |
| Service og kultur | **8 795 396** | 9 903 763 | -1 108 367 |
| Politisk verksemd | **3 091 600** | 3 081 292 | 10 308 |
| Teknisk | **29 405 900** | 28 152 218 | 1 253 682 |
| Sjølvkosttenester | **0** | -106 183 | 106 183 |
| Utvikling | **4 600 621** | 5 502 997 | -902 376 |
| Barnevern Volda kommune | **15 281 253** | 16 876 667 | -1 595 415 |
| **Sum sektorane** | 438 684 804 | 450 237 367 | -11 552 563 |
| Fellesutgifter /fellesinntekter | **-5 043 039** | 4 979 059 | -10 022 098 |
| **Sum totalt** | 433 641 766 | 455 216 426 | -21 574 660 |

*(*) = negative tal indikerer mindreforbruk i høve til budsjett*

Tabellen ovanfor viser at sektorane hadde eit samla netto mindreforbruk på kr. 11 012 283,- i 2015.

Vi ser at kapittelet for Felles utgifter og inntekter kan vise til eit netto mindreforbruk på kr 10.235.356,- og kan i hovudsak forklarast ved premieavvik på pensjonsområdet (sjå kapittel 4.10 for meir informasjon). Dersom vi ser heile tenesteproduksjonen i samanheng (og inkluderer felles utgifter/inntekter), så får vi eit netto mindreforbruk på kr. 21 247 639,-.

## 4.2 PERSONAL OG ORGANISASJON

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Personal og organisasjon | **9 929 360** | 11 651 797 | -1 722 437 |

**Folkehelse**

Folkehelsearbeidet i personal og organisasjonsstaben dreier seg om å ha fokus på arbeidsmiljøet. Målet er å ha godt samarbeid og godt miljø mellom dei tilsette. Det er viktig med informasjon og at alle føler seg verdsette. Dette påverkar arbeidet og tenestene staben yter til resten av kommunen.

Det fysiske arbeidsmiljøet er blitt betra siste året ved at alle kontor har fått ventilasjon og alle tilsette har fått heve/senke skrivebord.

**Årsverk og stillingar**

Personal og organisasjon har pr. 31.12.15 til saman 11,79% stillingsressursar fordelt på 17 personar.

- Personalsjef 100%
- Løn- og personalmedarbeidarar 520%
- Lærlingekoordinator 30%
- IKT-personale 300%
- Rådgjevar innvandring 50%
- Ansvarleg Kvalitetslosen 10%
- Retrettstilling 34%
- Hovedtillitsvalde og hovedverneombod 135%

Staben består av 10 kvinner og 7 menn.

**Omtale av 2015**

*Personal og organisasjon*

Året 2015 har vore eit krevjande år med vakanse i stillingar i tillegg til nokre nye medarbeidarar.

Vi har hatt fokus på dei dagleg arbeidsoppgåvne og hatt lite tid til å jobbe strategisk og framtidsretta. Året har vore det første året med A-meldingen, noko som har krevd ein del meirarbeid for å få til å fungere.

| Aktivitet: | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| Handsama saker i tilsetjingsutvalet | 95 | 100 | 65 | 75 | 98 (232 tilsetjings-vedtak) |
| Handsama saker i administrasjonsutvalet | 4 | 1 | 1 | 1 | 4 |
| Handsama saker i arbeidsmiljøutvalet | 0 | 7 | 8 | 7 | 6 |
| Tal løns- og trekkoppgåver | 2089 | 2133 | 2186 | 2331 | 2549 |
| IA utval | 4 | 4 | 2 | 2 | 1 |

Rådmann, personalsjef og personalkonsulent gjennomfører månadlege kontaktmøte med dei tilsette sine organisasjonar (hovudtillitsvalde). Målet med møta er open dialog og informasjonsutveksling.

Stamina Hele AS samarbeider med kommunen om å oppfylle våre pliktar innan bedriftshelseteneste. Det vert utarbeida aktivitetsplan for året saman med bedriftshelsetenesta.

Både NAV, NAV Arbeidslivssenter og Stamina deltek på møta i IA-utvalet.

Personalsjef eller personalkonsulent deltek på dialogmøte etter melde behov frå avdelingane.

*IKT*

Mykje av fokuset dette året har vore samarbeidet med SSIKT, førebuing og flytting av tenester til driftssenteret der. Vi har migrert over 1000 brukerkontoar til SSIKT.

Det har også vore ein del arbeid med nye Øyra skule som held fram vidare.

IT-leiar fekk permisjon for å prøve seg i ei anna stilling. Vi har i den samanheng fått inn ein vikar som har som hovudområde å ta generell support, primært 1. linje.

Det er også jobba med å ferdigstille fibertilknytning både til Bratteberg skule, Vikebygda skule og Hamna 20 i tillegg til fiberen til Ørsta. Det har vore eit svært krevjande år med mange nye oppgåver og for lav bemanning

*Innvandring*

Tabellen under viser status på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune 2010-2015.

| **Aktivitet** | **2015** | **2014** | **2013** | **2012** | **2011** | **2010** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Busetjing av flyktningar | 40<br>32 asy<br>9 fam<br>8 em | 30<br>26 asy<br>6 fam<br>5 em | 29<br>21 asy<br>3 fam<br>5 em | 35<br>2 off<br>19 asy<br>8 fam<br>6 em | 30<br>15 asy<br>9 fam<br>6 em | 46<br>7 off<br>25 asy<br>4 fam<br>10 em |
| Tal flyktningar inkl. fam som utløyser integreringstilskot | 157 | 159 | 166 | 157 | 156 | 138 |
| Flytting i integrerings-tilskotsperioden | 11 | 12 | 11 | 8 | 7 | 11 |
| Tal deltakarar i introduksjonsprogram | 56 | 47 | 49 | 53 | 51 | 51 |
| Avslutta program | 15 | 20 | 19 | 20 | 18 | 13 |
| Deltok mindre enn to år | 8 | 7 | 7 | 4 | 8 | 4 |
| Stans grunna høgt fråver, atferd, flytting | 1 | 0 | 2 | 0 | 1 | 0 |
| Overgang til NAV-tiltak, anna | 4 | 2 | 3 | 5 | 6 | 5 |
| Overgang til grunnskule | 0 | 3 | 4 | 3 | 2 | 4 |
| Tal deltakarar med overgang til arbeid/utdanning | 10 (7+3)<br>Volda 67% | 11 (6+5)<br>Volda 55 %<br>Nasjonalt 44% | 10 (2+8)<br>Volda 53%<br>Nasjonalt 47% | 11 (6+5)<br>Volda 56%<br>Nasjonalt 47% | 6 (5+1)<br>Volda 33%<br>Nasjonalt 47% | 4 (4+0)<br>Volda 31%<br>Nasjonalt 42% |

*(off=overføringsflyktning, asy=busett frå asylmottak, fam=familiesameinte, em=einslege mindreårige)*

Flyktningane som var busett i 2015 er frå Eritrea: 22, Afghanistan: 8, Syria: 4, Palestina: 4, Somalia: 1 og Sudan: 1.

Volda kommune er ei av satsingskommunane til staten i arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar, og den forpliktande samarbeidsavtalen mellom kommunen og IMDi vart fornya med fire nye år, for perioden 2015-2018. Kommunen er dermed i posisjon til å søke tilskot til utviklingsprosjekt for å betre busetjings- og kvalifiseringsarbeidet, og resultata i norskopplæringa og introduksjonsprogrammet. Det er viktig at arbeidet er berekraftig, at vi har resultatfokus og når måltala for overgang til arbeid/utdanning. Statlege finansierte utviklingsmidlar gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og tiltakskapasitet for å gi gode og tilpassa busetjings- og kvalifiseringstiltak. I 2015 fekk vi tilskot frå IMDi til prosjektet *Kvalifisering til lokalt arbeidskraftbehov*. Vi har lukkast å få fleire deltakarar over i arbeid/utdanning og bli sjølvberga økonomisk, etter avslutta introduksjonsprogram. I snitt er 82% av flyktningane som bur i kommunen eitt, to og tre år etter avslutta introduksjonsprogram, sjølvberga økonomisk.

Gjennom Husbanken har vi fått tilskot til utviklingsprosjektet *God og effektiv busetjing av flyktningar*, der vi m.a. har delteke i Møreforsking sitt prosjekt *Å koordinere det fragmenterte*. Vidare er det arbeid med utgreiing av modellen *Frå leige til eige* og rutinar for *Privat leige av bustad*, som skal ferdigstillast i 2016.

Det er søkt utviklingsmidlar frå NAV og IMDi til tre ulike utviklingsprosjekt i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet i 2016.

**Etikk**

Dei etiske retningslinene er kjende for dei tilsette i staben og vert følgde.

**Økonomi**

Budsjettert ramme var på vel 11,6 mill. medan rekneskapen syner eit netto forbruk på kr. 9,9 mill. Staben hadde eit mindreforbruk på 1.722.437 i høve til budsjett. Avviket skuldast langt på veg at det har vore vakanse i stillingar, samt høgare refusjonar enn rekna med. På grunn av den kommunale økonomien så har vi heile tida hatt ein restriktiv holdning bruk av midlar.

**Rapportering på mål**

| MÅL | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| <u>IKT</u><br><br>Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter. | | |
| IKT-investeringar skal gi positiv kost/nytte | | Grunna stort arbeidspress er ikkje alle prosjekt gjennomført. |
| <u>Innvandring</u><br><br>Busetje 25 flyktningar i samsvar med gjeldande k-vedtak og samarbeidsavtale med IMDi. | | Ramma for busetjing vart auka i 2015, frå 25 til 40 i k-sak 66/15 i møte 18.06.15. |
| 50% av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing. | | Det vert i dag nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar. I 2015 vart 55% av flyktningane busett direkte i private bustader. |
| 30% av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing | | Vi har ikkje statistikk som gir grunnlag for å måle resultatet. Fleire flyktningar har kjøpt eigen bustad siste åra. Berre i 2015 kjøpte seks familiar eigen bustad, innan seks år etter busetjing. |

| | | |
|---|---|---|
| <u>Løn og personal</u><br><br>Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar | | |
| Sjukeoppfølging som fremjar nærver | | Har hatt fokus på sjukefråvers-oppfølging, men skulle satsa noko meir på nærver og sjukefråversførebygging |
| Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål | | |
| Korrekte tenester til rett tid | | Grunna stort arbeidspress så ligg vi noko på etterskot i somme saker |
| Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten | | |
| Koordinere og bistå i gjennomføring av omstillings- og effektiviseringsprosessar | | |
| <u>Felles for heile staben:</u><br><br>Nærver min 97 % | | Målet blei ikkje nådd. Nærver på 91,79% |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette | | På grunn av skifte av personalsjef så har det ikkje vore gjennomført medarbeidrsamtale med tilsette |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | |

## 4.3 ØKONOMISTABEN

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Økonomi | **5 397 215** | 6 283 840 | -886 625 |

**Folkehelse**

Fokehelsearbeid inneberer å svekke det som medfører helserisiko, og styrke det som bidreg til betre helse. Avdelinga har fokus på det psykiske arbeidsklimaet internt, gjennom utstrakt samarbeid og godt miljø mellom arbeidstakarane. Den fysiske delen vert teke omsyn til ved å kjøpe heve og senke bord når det er behov for det, samt at kontora ligg slik til at det vert ein del gåing.

**Årsverk og stillingar**

Økonomistaben består pr 31.12.2015 av 10 personar (930 % stillingsheimlar):

- Økonomisjef
- Økonomikonsulent (arbeid med rapportering, budsjett og økonomiplan, årsmelding, samt diverse anna)
- Rekneskap samt diverse utfakturering ( Rekneskapssjef + 250% )
- Skatt og innkrevjing (skatteoppkrevjar + ca 50% konsulentstilling)
- 230% til diverse anna (skanning av faktura, bustøtte, startlån, eigedomsavgifter, eigedomsskatt, sal av tomter osb)

Staben består av 70 % kvinner og 30 % menn.

**Omtale av 2015**

*Rapportering gjennom året*

Det vart utarbeidd månadsrapportar for februar, mars, mai, juni, september, og oktober. Tertialrapportane (april og august) kom i tillegg. Månadsrapporten for november ble utarbeidet bare administrativt og ikkje handsama politisk.

**Etikk**

Dei etiske retningslinene for Volda kommune er kjende i staben.

**Økonomi**

Tildelt ramme var kr. 6.283.840,-, medan rekneskapen syner eit netto forbruk på kr. 5.397.215,-. Avdelinga har med andre ord hatt eit mindreforbruk på kr. 886.625,- i høve budsjett. Vakanse og permisjon i stillingar, samt meirinntekter i høve til budsjettet er hovudforklaringane til mindreforbruket.

**Rapportering på mål**

| MÅL 2015 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk | | |
| Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav | | |
| Betale fakturaer til rett tid | | Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen. |
| Økonomireglement som gir god internkontroll | | Det har vore god utvikling i oppfølging av økonomistyring, men det står att å samle rutinene i eit samla økonomisk internkontrollsystem som vert distribuert og følgt opp med opplæring i organisasjonen. |
| Sektorane oppleve god støtte og opplæring | | Det er ikkje gjort måling på dette. |
| Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status | | |
| Nærver min 93,1 % | | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette | | Det vart gjennomført medarbeidersamtale med 80 % av dei tilsette i økonomistaben. |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | Har generelt fokus, men ikkje noko konkret tiltak i perioden. |

## 4.4 NAV/ Sosialavdelinga

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| NAV Kommune | **8 444 817** | 8 448 331 | -3 514 |

**Folkehelse**

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. NAV sin verksemdstrategi har m.a. «arbeid først» som mål. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødeligheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å kome tilbake til/vere i jobb/aktivitet aukar sjølvkjensla og gir betre både generell og psykisk helse.

Høg yrkesdeltaking gir det einskilde menneske økonomisk sjølvstende og handlingsrom, og er samstundes den viktigaste arenaen for sosial inkludering. Å lukkast med å styrke brukarane sine mogelegheiter for å kome i arbeid/aktivitet, er eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

**Antal årsverk/stillingar**

| | **Tal stillingar** | **Kjønn M K** | **Stillingsstorleik (antal 50% > )** | **Totalt årsverk** |
|---|---|---|---|---|
| ***Volda** | 4 - rettleiarar/ sosialkuratorar | Kvinner – 4 | 2- 100%<br>1- 80%<br>1 - 20% | 3,0 + 0,25 |
| ***Ørsta** | 6 - rettleiarar/ sosialkuratorar | Kvinner – 6 | 3 – 100%<br>1 – 85%<br>1 – 50%<br>1 – 40% | 4,75 + 0,25 |
| ***Volda/Ørsta + NAV M&R** (kommunal stilling) | 1 -sosialkurator/ Rettleiar | Kvinne - 1 | 1 – 100% | 0,5 statleg finansiering<br>8,75 komm. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | årsverk |
| **Stat**<br><br>***Ørsta/Volda** | 15,53 - rettleiarar<br><br>1 - leiar | Kvinner – 14<br><br>Menn - 4 | 15 – 100%<br><br>1 – 80%<br><br>1 -50% | 15,80 + 0,5<br><br>(0,5 årsv. er del av kommunal stilling) |

**Vakanser 2015:**

| **Antal årsverk** | **Periode** | **Årsak** |
|---|---|---|
| 1,0 | 010115 - 300415 | Nyoppretta stilling. Tid til rekruttering medførte at ein ikkje fekk tilsett nokon før frå 010515.<br><br>Stillinga skal delast mellom Ørsta (25%) og Volda (25%) kommuner, samt NAV M&R (50%). |

*Volda kommune pr. 311215: 3,25 faste årsverk. I dette ligg 0,2 årsverk til gjeldsrådgjeving og 0,25 årsverk til del av stilling delt mellom Volda og Ørsta kommuner, samt NAV M&R.

*Ørsta kommune pr. 311215: 5,0 faste årsverk. I dette ligg 0,4 årsverk til gjeldsrådgjeving og 0,25 til stilling delt mellom Volda og Ørsta kommuner, samt NAV M&R.

*Stat, samla Ørsta/Volda pr. 311215: 17,03 faste årsverk. I dette ligg 1,0 årsverk til marknadskoordinator for Sunnmøre, 0,5 årsverk til settekontor, 0,2 årsverk til besluttarrolle og 0,5 årsverk til delt stilling mellom NAV M&R og Volda og Ørsta kommuner.

**OMTALE 2015**

| Hovedmål | Delmål (arbeidsmål) |
|---|---|
| 1. Ein velfungerande arbeidsmarknad med høg yrkesdeltaking<br>2. Eit inkluderende samfunn som sikrar alle mogelegheit til deltaking<br>3. Sikre økonomisk tryggleik for den einskilde<br>4. Bekjempe fattigdom og utjamne økonomiske og sosiale ulikskapar<br>5. Ei helheitleg, effektiv og brukerorientert arbeids- og velferdsforvaltning | 1. Fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad<br>2. Eit inkluderende arbeidsliv<br>3. Verksemder med ledige jobbar får dekka sitt behov for arbeidskraft<br>4. Bidra til at personar med nedsatt funksjonsevne kan ha ein aktiv kvardag<br>5. Eit økonomisk og sosialt bærekraftig pensjonssystem<br>6. Betre levekåra for dei vanskelegast stilte<br>7. Tenester og informasjon tilpassa brukarane sine behov<br>8. Rett stønad til rett tid<br>9. Effektiv drift og god gjennomføring av reformer |

NAV har også i 2015 jobba mot ovannemnde hovedmål og delmål. Prioriterte målgrupper har vore personar med nedsett funksjonsevne, sjukmelde, ungdom, innvandrar og langtidsledige. Til grunn for arbeidet vårt ligg verksemdstrategien for Arbeids- og velferdsetaten og styringsdokument frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Både Mål – og disponeringsbrev for den statlege delen av NAV og Nasjonale mål, hovedprioriteringar og tilskott innanfor dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga (Kommunebrevet), gir retning og val av satsingsområder. Kommunen sine satsingar og prioriterte områder har vore styrande på lik line med statlege føringar.

Også i 2015 har mykje fokus og ressursar gått til å få vårt relativt nye kontor til å fungere på ein god og effektiv måte. Å slå saman to kontor, med to ulike kulturar, samt å skulle jobbe opp mot to kommuner med ulik organisering og ulike kulturar, har vore krevjande.

Vi har dette året jobba vidare med å finne felles form og rutiner både internt og ut mot kommuner og samarbeidspartar. Vi har jobba mykje med arbeidsmiljø og nærvær, samt med kompetanseheving. Veiledningsplattformen, metodikk og verktøy for kompetanseheving i høve veiledning av/samtale med brukarar, har vorte innført. Leiar har gjennom året delteke på leiarutviklingsprogram. Vi har hatt auka fokus på kvalitetsheving i både arbeid og brukarmøter.

Vi starta i august -15 opp eigenvurdering (tilsyn) av våre kommunale tenester i NAV-kontoret. Dette er i regi av Fylkesmannen. Arbeidet er framleis pågåande og skal sluttførast våren -16.

Gjennom året har vi hatt auka fokus på arbeidslina, marknadskompetanse og samarbeid med arbeidsgjevarar og næringsliv. Dette er avgjerande for å få fleire av våre brukar ut i arbeid og aktivitet, og for at færre vert gåande på stønad.

Elles har mykje av våre ressursar gått til råd/rettleiing og økonomisk bistand. Vi har jobba for å auke fokus på, og deltaking i, kvalifiseringsprogrammet. Arbeid med gjeldsrådgjeving og bustadproblematikk (midlertidig bustad) har også dette året vore gjeldande.

Opplæring/kurs i regi av Fylkesmannen har vore prioritert for alle tilsette også i 2015.

**Aktivitet:**

| **År** | **Antal mottakarar av Sosialhjelp** | **Antal saker** | **Antal månader med utbetaling, gj.snitt** | **Sakshandsamingstid, gj.snitt i dagar** |
|---|---|---|---|---|
| 2011 | 125 | 722 | 5,13 | 18,23 |
| 2012 | 159 | 793 | 4,90 | 16,86 |
| 2013 | 164 | 800 | 4,62 | 27,93 |
| 2014 | 154 | 622 | 4,73 | 20,33 |
| 2015 | 165 | 621 | 4,09 | 14,47 |

Vi ser av utviklinga at vi i 2015 har hatt noko fleire brukarar enn året før, likevel har vi om lag likt antal saker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har gått noko ned og stønadslengda er også redusert.

**Økonomi:**

Årsrekneskapen for 2015 viser eit meirforbruk på kr. 496.486,- samanlikna med det opphavlege budsjettet. Dette skuldast i hovudsak auke i utbetaling av sosialhjelp. Det vart vedteke ei tillegsløyving på kr 500.000 på slutten av året, og det endelege resultatet etter dette vart eit mindreforbruk på kr 3.514,-.

Vi ser fylgjande utvikling vedr. utbetaling av sosialhjelp:

| Utbetaling av sosialhjelp | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Overføring til andre (norske)** | 1.700.580,- | 1.522.276,- | 1.350.325,- | 1.357.949,- | 2.278.091,- | 2.787.181 |
| **Overføring til spesielle grupper (flyktning)** | 2.813.639,- | 1.517.240,- | 1.858.239,- | 2.048.067,- | 2.138.289,- | 2.966.236 |
| **Lån** | | | 37.984,- | 9000,- | 37.074,- | 95.821,- |
| **Samla:** | 4.514.219,- | 3.039.516,- | 3.208.564,- | 3.406.016,- | 4.453.455,- | 5.849.238 |

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Norske** | **Flyktning** | **Norske** | **Flyktning** | **Norske** | **Flyktning** |
| **Livsopphald** | 628.564 | 890.238 | 584.212 | 1183.736 | 1175.721 | 1021.295 |
| **Husleige** | 336.142 | 353.367 | 367.956 | 402.114 | 653.424 | 470.130 |
| **Straum** | 105.300 | 186.601 | 151.764 | 178.484 | 73.565 | 114.084 |
| **Etablering** | 58.933 | 62.693 | 49.348 | 67.600 | 22.086 | 94.499 |

| | 2015 | |
|---|---|---|
| | **Norske** | **Flyktning** |
| **Livsopphald** | 1362.333 | 1225.322 |
| **Husleige** | 595.148 | 490.718 |
| **Straum** | 102.519 | 142.816 |
| **Etablering** | 63.080 | 222.323 |

Tala viser ein auke i utbetaling av sosialhjelp i 2015, samanlikna med året før. Dette er samanfallande med utviklinga i landet. Postane med størst auke er stønad til livsopphald, husleige og stønad til etablering til flyktningar. NAV legg til grunn statlege rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp. Satsane vert regulerte sentralt kvart år. Vi ser at m.a. auke i

buutgifter dei seinare åra har ført til at fleire brukarar har mindre att til eige livsopphald, og difor kan ha rett til høgare stønad til livsopphald frå NAV enn tidlegare år.

**Resultatmål:**

1. Nå måltala i Kvalifiseringsprogrammet – målet er ikkje nådd
   I 2015 hadde vi 6 deltakarar i programmet. 3 er framleis i KVP. Ein er avslutta til anna NAV-tiltak, ein til status ukjent og ein til arbeidsavklaringspengar.

2. Ingen langtidsmottakarar (over 26 veker) under 25 år, som har sosialhjelp som hovedinntektskilde – ikkje nådd
   Truleg for ambisiøst mål.

3. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid under 21 dagar – målet er nådd.

4. Sjukefråvere under 6,7% - målet er ikkje nådd. Få tilsette gir fort utslag på sjukefråversprosenten. Fråværet er ikkje arbeidsrelatert.

NAV-kontoret styrer etter eit statleg målstyringssystem, målekort. Dette inneheld i utgangspunktet statlege indikatorar og måltal, der vi sjølve også kan legge inn kommunale parameter. Etter samanslåing av kontora har det vore utfordringar med å få på plass nytt, felles målekort for kontoret. Frå 1. mai -14 har vi difor ikkje hatt reine kommunale indikatorar på dette.

## 4.5 OPPLÆRING OG OPPVEKST

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Opplæring og oppvekst | **185 033 749** | 189 288 097 | -4 254 348 |

**Folkehelse**

Undersøkingar som *Ungdata* viser at mange unge slit med si psykiske helse. Overvekt er også ei utfordring som må møtast med informasjon og førebyggande arbeid. Tenestene under opplæring og oppvekst har psykisk helse og kosthald som satsingsområde.

Godt kvalifiserte og engasjerte vaksne i barnehagar, skular og på helsestasjonen er ein av dei viktigaste ressursane kommunen har for å medverke til god psykisk og fysisk helse hjå barn og unge. Det er kvaliteten på det daglege arbeidet som er avgjerande for resultat av arbeidet.

Hausten 2015 vart det rekruttert ny kommunepsykolog som tek til i stillinga etter påske 2016. Kommunespykologen blir ein viktig ressurs for sektoren.

**Klima**

I det faglege arbeidet i skulane er haldningar og kunnskap om klima integrert i fleire av kompetansemåla i skulen. Haldningar og kunnskap om klima er integrert i fagområda i rammeplanen for barnehagane sitt innhald, og barnehagane driv haldningsskapande arbeid gjennom heile året.

**Etikk**

Dei etiske retningslinjene er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

**Innkjøpspraksis**

Alle som gjer innkjøp i sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette vert følgt.

**Årsverk og stillingar 2015**

| | Tal stillingar | | Menn | | Kvinner | | Årsverk | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2014** | **2015** | **2014** | **2015** | **2014** | **2015** | **2014** | **2015** |
| Stab+logoped | 6 | 6 | 1 | 1 | 5 | 5 | 5,4 | 5,9 |
| Grunnskule, SFO, kulturskule og vaksenopplæring inkl norskoppl | 241 | | 56 | 54 | 185 | 190 | 175,2 | 180,7* |
| Spesped førskule | 2 | | 0 | 0 | 2 | | 1,6 | 1,9 |
| Kommunale barnehagar | 84 | | 4 | 1 | 80 | 83 | 64,9 | 67,67 |
| Helsestasjon | 13 | | 0 | 0 | 13 | 13 | 9,15 | 9,65** |
| **Sum** | **337** | | **67** | | **271** | | **261** | **265,82** |

**Auke med 2,5 årsverk knytt til undervisning av EMA*
***Auke frå november 2015 knytt til asyl*

**Sjukefråvær**

I 2015 hadde sektoren eit samla sjukefråvær på 6,73 %. For sektoren samla sett har det vore ein nedgang i sjukefråværet på 18,42 % frå 2014 til 2015. I 2014 var sjukefråværet på 8,25 %.

Nokre delar av sektoren har høgare sjukefråvær enn andre, og det er særleg barnehagedrifta med 10,26 % sjukefråvær som dreg opp snittet for sektoren. Mindre enn halvparten av skulane har meir enn 5 % sjukefråvær, og ein ser at det er SFO som oftast dreg opp snittet.

Det er retta merksemd mot fråværet, og leiarane er tett på medarbeidarane som har høgt fråvær. Ofte er det eldre arbeidstakarar som etter eit langt yrkesaktivt liv har kroniske helseplager som i periodar vanskeleg samsvarar med arbeidsoppgåvene. I nokre barnehagar er det tilsett faste vikarar løna av sjukepengar ein av erfaring veit vil kome i løpet av året. Dette ser så langt ut til å verke positivt.

***Omtale av 2015***

2015 har vore eit spanande og krevjande år for opplæring og oppvekst. Sektoren har ansvar for eit breitt tenesteområde:

- ✓ Jordmorteneste
- ✓ Helsestasjon
- ✓ Skulehelseteneste
- ✓ Logoped
- ✓ Barnehagedrift
- ✓ Spesialpedagogiske tiltak for barn i føskulealder
- ✓ Grunnskuledrift
- ✓ Vaksenopplæring
- ✓ Norsk- og grunnskuleopplæring for einslege mindreårige asylsøkarar i mottak
- ✓ Norskopplæring for innvandrarar og vaksne asylsøkarar i mottak
- ✓ Introduksjonsordninga

Ny organisering har knytt nye og sterkare band mellom tenesteområda som arbeider med barn og unge, og saman arbeider ein no meir strukturert og målretta. Tenesteområda samhandlar særleg i det førebyggande arbeidet retta mot psykisk helse og kosthald.

Det har teke tid å etablere gode og tenlege strukturar og rutinar, og sektoren justerer framleis der oppvektsjefen ser det er formålstenleg.

Eitt av tiltaka i det tverrfaglege arbeidet er ressursteamet for barn og unge, som etter oppstarten mot slutten av 2014 viste seg å kome i møte eit stort behov i barnehagane og skulane.

***Helsestasjon***

Psykisk helse i skulen har eit sterkt fokus. I 2015 blei det innført eit program for ungdomsskulane, *«Psykisk helse i skolen».* Dette er innført i eit samarbeid mellom skule og skulehelsetenesta. Helsesøster gir også tilbod om jentegruppe i 9. klasse ved Volda ungdomsskule. I skulehelsetenesta vert verktøyet *«Psykologisk førstehjelp»* nytta.

I skulehelsetenesta blei det sett fokus på kvardagsvanane si betydning for læring. I samarbeid med fysioterapitenesta var det etablert eit opplegg for temakveld for 1.klasse-foreldre på kvar av sentrumskulane, og ein utkantskule med 1.-4. klasse-foreldre. Temakvelden har overskrifta**: Kosthald, fysisk aktivitet og læring – kvardagsvanane si betydning for borna våre**

Volda busette i 2015 40 flyktningar mot tidlegare 28. Talet på faste plassar for vaksne asylsøkarar har auka frå 145 (160 frå nov. 2014) til 190 faste plassar. Hausten 2015 blei det i tillegg etablert mottak for einslege mindreårige asylsøkarar (EMA) med 40 plassar. Helsestasjonen fekk då tilført ei 50 % stilling knytt til mottakssamtalar og vaksinering. Førebyggande arbeid med «mor – barn grupper» har blitt nedprioritert grunna ressursmangel.

Jordmor fekk auka stillingsressurs med 15% for å kunne følgje betre opp alle gravide flyktningar og asylsøkjarar som kjem. Jordmor skal også ta del i gruppeundervisning i kvinnehelse.

Helsestasjonen har tilpassa Helsedirektoratet sitt konsept «Bra mat for betre helse» til asylsøkarar og flyktningar i samarbeid med læringssenteret. Helsestasjonen fekk tildelt Volda kommune sin innovasjonspris for dette arbeidet.

Kvar torsdag er det etablert open helsestasjon, som er ein uformell møteplass for mor og barn. Ein gong pr månad har vi tema med m.a. helsesøster, fysioterapeut eller tannpleiar. Alle som har født vert også invitert til ei samling i barselgruppe med jordmor og helsesøster 6-8 veker etter fødsel.

Ørsta kommune har inngått samarbeid med Volda kommune om felles helsestasjon for ungdom, aldersgrense opp til 23 år. Volda held lokale og legeressurs og Ørsta gir ein årleg kompensasjon samt at dei stiller med ei helsesøster.

Utfordringane for 2016 er å få på plass eit tilbod for oppfølging av psykisk helse til dei med minoritetsbakgrunn og etablere eit tverrfagleg team for minoritetshelse, og å kunne gi tilbod i barselomsorga etter dei nyaste nasjonale retningslinjene. Det er framleis ei utfordring å kunne samhandle godt elektronisk med samarbeidspartnarar, sidan helsestasjonsprogrammet HsPro har vanskar med å levere godt nok program.

***Barnehage***

Kommunen har 13 heildagsbarnehagar, sju kommunale og seks private barnehagar. I tillegg til heildagsbarnehagar så har Volda kommunen opne barnehage som er open ein dag i veka.

Kommunen har god barnehagedekning. Det er auka pressområde på Mork/Egset, og ikkje alle barn i nærområdet som får barnehageplass i Mork barnehage.

Det er med uro vi ser på det fysiske miljøet vi tilbyr barn og tilsette i dei kommunale barnehagane. Barnehagane har trong for å betre det fysiske miljøet for å stette krava til ein moderne barnehage. Det er fleire kommunale barnehagar som ikkje har tilrettelagt arbeidsplassar til barnehagelærarane.

Dårleg utbygd infrastruktur i barnehagane gjer det vanskeleg å møte barna og dei tilsette sine behov for å nytte teknologiske hjelpemidlar i det daglege arbeidet.

**Voldaprosjektet** er ein del av studien "Barn i Midt-Noreg". Prosjektperioden er frå 2013-2017 og alle barnehagane i Volda kommune er med. Prosjektet skal gje personalet i barnehagane meir kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagen. Det blir gjennomført forsking for å sjå effekten av opplæringa, og for å få meir informasjon om psykisk helse for barn i denne aldersgruppa.

Alle barnehagelærarane i kommunen fekk tilbod om å ta rettleiarutdanning. Studiet er eit samarbeid med Høgskulen i Volda og Ørsta kommune. Det er totalt 42 barnehagelærarar som tek studiet.

Det er totalt ni barnehagelærarar som tek del i "Nytt på Nytt". Dette er eit rettleiingstilbod til nyutdanna, i regi av Høgskulen i Volda.

Assistentane har fått tilbod om å ta del på assistentopplæring i regi av barnehagenettverket Sjustjerna, og det er Ørsta vidaregåande skule som har ansvar for det faglege innhaldet. Tre assistentar frå Volda tek del på denne kompetansehevinga.

Åtte av barnehagane i Volda kommune er i gang med leiaropplæring. Målet er å utvikle barnehagane i kommunen til meir lærande organisasjon gjennom tydeleg leiing og merksemd på kvaliteten i det daglege arbeidet med barna

Det er etablert nettverk for støttepedagogane i dei kommunale barnehagane der spesialpedagogane har ansvaret for det faglege arbeidet.

Gjeldande frå 01.05.2015 vart det innført redusert foreldrebetaling. Den nasjonale ordninga går ut på at eit hushald ikkje skal betale meir enn 6 % av inntekta si til ein barnehageplass. I 2015 gjeld dette for hushald med samla årsinntekt under kr 473 000,-. Frå 01.08.2015 vart det i tillegg innført 20 t gratis opphaldstid for alle 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, og som bur i hushald med årsinntekt under kr 405.000,-.

Våre satsingsområder det siste året: Voldaprosjektet, mentorutdanning, Nytt på Nytt, leiaropplæring og assistentopplæring vil bidra til at vi skal nå målet om å tilby gode barnehagar med høg kvalitet. Vi meiner at kompetansehevinga vi har sett i gang vil på sikt lette arbeidet for dei tilsette og samtidig sikre kvaliteten overfor barn og føresette.

I 2015 vart det gjennomført tilsyn i tre barnehagar.

***Grunnskule***

Bygginga av ny Øyra skule er godt i gong, og både elevar og tilsette gler seg over dette. Likevel er det med uro ein må konstatere at dei mange elevane i sentrum manglar tilfredsstillane kroppsøvingsfasilitetar som inkluderer basseng.

Også ved Volda ungdomsskule er det behov for utbetringar/rehabilitering for å kunne møte krava til den standarden og funksjonalitet ein set i dag.

Ein avtale med Høgskulen i Volda gir skulane noko tid i bassenget på Idrettsbygget. Oppvekstsjefen skulle gjerne sett at elevane hadde meir tid i basseng for å kunne sikre at elevane har gode symjeferdigheiter og at ein elles har tilstrekkeleg tid til at elevane når dei nye kompetansemåla i læreplanen.

Dei eldste elevane på Øyra skule nyttar tid Volda kommune disponerer i Voldahallen. Det har gitt elevane eit noko betre tilbod.

Åtte lærarar byrja i 2015 på vidareutdanning gjennom den statlege satsinga på vidareutdanning for lærarar: *Kompetanse for kvalitet.*

Ved sidan av den ordinære grunnskuledrifta er det stor utviklingsaktivitet i skulane. Hausten 2015 arbeidde skulane i nettverk med å utarbeide læreplanar i norsk, engelsk og matematikk. Ved sidan av læreplanane, ser ein stor eigenverdi i samhandling på tvers av skulane i kommunen.

Volda ungdomsskule avslutta si deltaking i ungdomsstegssatsinga ved årsskiftet. Det neste store satsinga i Voldaskulen er den statlege satsinga *Vurdering for læring*.

Det er etablert gode nettverk mellom skulane innan spesialundervisninga, språkopplæringa for elevar frå språklege minoritetar og psykisk helse. Hausten 2015 vart det innført program for psykisk helse på ungdomssteget.

***Vaksenopplæring***

Det har også vore stor aktivitet ved Volda læringssenter, som tilbyr grunnskuleopplæring for vaksne og norskopplæring for innvandrarar og asylsøkarar i mottak. Det har etter måten vorte ein stor skule, og verksemda inkludert programrådgjevarane i introduksjonsordninga kan vise til gode resultat. 66 % av flyktningane busett i Volda har kome seg ut i skule/arbeid to månader etter enda introduksjonsprogram.

Hausten 2015 vart det oppretta mottak for einslege mindreårige asylsøkarar. På kort tid vart det etablert eit grunnskuletilbod med vekt på norskopplæring for 40 unge asylsøkarar. Tilbodet er lokalisert til nyinnreidde lokale ved Volda læringssenter.

### *Kulturskule*

Kulturskulen har oppretthalde nivået på drifta frå 2014. Kulturskulen har lenge hatt ringe kår i dei lokala skulen held til i. Kulturskulen skal flytte til nye Øyra skule når den står ferdig, og dei tilsette ser fram til realiseringa av den nye skulen. Samlokalisering med Øyra skule kan også gje mogelegheiter for nye samarbeidsformer.

### *Økonomi*

Opplæring og oppvekst fekk tildelt ei ramme på kr. 191.788.097,- for 2015. Denne ramma vart seinare regulert ned til kr. 189.288.097,-. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 185.377.474,-. Sektoren har med andre ord hatt eit mindreforbruk på kr. 4.254.348,- i høve til regulert budsjettramme.

Det er to hovudforklaringar på mindreforbruket:

1. Mindre tilskot enn budsjettert til dei private barnehagane.
2. Større inntekter enn budsjettert, særleg statlege tilskot til norskopplæring.

God økonomistyring og budsjettdisiplin pregar sektoren. Dei seinare åra har talet på lærarstillingar vorte redusert, og innan barnehagedrifta er det gjort gode grep som har fått positiv økonomisk effekt utan å ramme innhaldet i barnehagane. Feriestenging, berre 100 % plassar og eigen kapitalsats som har gitt effekt på kapitalstilskotet i utrekninga av tilskota til dei private barnehagane, har redusert dei kommunale utgiftene.

Oppvekstsjefen har vanskar med å sjå at ein no kan hente ut meir gevinst i drifta av barnehagane og grunnskulane. Då må ein i tilfelle gjere strukturelle endringar.

Som ein ser av oversikta så er tilskotsatsen til dei private barnehagane lågare enn nasjonal sats for drift inkl. administrasjon. Volda kommune låg også vesentleg under nasjonal sats når det gjeld kapitaltilskot i 2015. Dei kommunale barnehagane er mellom dei eldste i kommunen, og sidan det vert investert lite i dei kommunale barnehagane, vert kapitalsatsen låg.

Tabellen under viser nasjonal sats og Volda kommune sin sats for 2015.

| | **Nasjonale satser 2015 pub. 01.12.2014** | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Per time** | | | **Per heltidsplass** | | |
| | **Drift inkl. adm** | **Kapital** | **Totalt** | **Drift inkl. adm** | **Kapital** | **Totalt** |
| Tilskudd ordinære barnehager - små barn | 91,5 | 4,4 | 95,9 | 197 600 | 9 500 | 207 100 |
| Tilskudd ordinære barnehager - store barn | 44,5 | 4,4 | 48,9 | 96 100 | 9 500 | 105 600 |
| | **Volda kommune** | | | | | |
| | **Per time** | | | **Per heltidsplass** | | |
| | **Drift inkl. adm** | **Kapital** | **Totalt** | **Drift inkl. adm** | **Kapital** | **Totalt** |
| Tilskudd ordinære barnehager - små barn | 88,9 | 1,7 | 90,6 | 191 985 | 3 714 | 195 699 |
| Tilskudd ordinære barnehager - store barn | 42,7 | 1,7 | 44,4 | 92 259 | 3 714 | 95 972 |

Målet er å drive dei kommunale barnehagane slik at tilskotet til dei private barnehagane ligg nær nasjonal sats. Oppvekstsjefen er nøgd med det økonomiske resultatet av drifta i 2015.

**Rapportering på mål**

| MÅL 2015 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass. | | |
| Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert. | | På dette punktet har sektoren utviklingspotensiale |
| Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova. | | Tre tilsyn vart gjennomført |
| Gjennomføre systemrevisjon etter forskrift om miljøretta helsevern i tre barnehagar. | | To tilsyn vart gjennomført |
| Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving. | | Kompetanseheving og auka merksemd har gjort sektoren betre, men trur likevel at det framleis er utviklingspotensiale på dette området |
| Utgifter til drift av kommunale barnehageplassar skal vere lik nasjonal sats. | | |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter oppsett plan. | | |
| Resultat frå nasjonale prøver og eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet. | | Volda har betre eksamensresultat og grunnskulepoeng enn fylket og landet, men har ikkje nådd målsetjinga når det gjeld dei nasjonale prøvene |
| Tal på elevar med spesialundervisning og bruk av ressurs til spesialundervisning skal vere på nivå med 2014. | | I 2015 har talet på elevar med spesialundervisning og ressursbruken til spesialundervisning gått noko opp |
| 60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program. | | |

| | | |
|---|---|---|
| Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning. | | |
| Etablere gruppetilbod og implementere tverrfagleg drøftingsteam i barnehagar og i skular for å førebygge psykiske vanskar. | | Tverrfagleg ressursteam er etablert |
| Styrke innbyggarane sin kunnskap om kosthaldet si innverknad på helse. | | Tilbod om opplæring for foreldre til 1. klassingar etablert |
| Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje. | | To besøk før veke 6 ikkje etablert |

## 4.6 HELSE OG OMSORG

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Helse og omsorg | **165 752 435** | 168 325 712 | -2 573 277 |

**Folkehelse**

Folkehelse er sentralt i all planlegging av helse- og omsorgstenester og for innbyggjarane i Volda. Omsorgsplan og demensplan er utarbeidd og politisk vedtekne, folkehelsearbeid er mykje omtalt der. Helse- og omsorg sine lågterskeltilbod som dagtilbod/aktiviseringstilbod med m.a. turar ut, middag utandørs med tilbereding av mat på bålpanne, scootertur, opparbeiding av åker, og nytt for året, ein gapahuk. Samarbeid Styrk og Hamna dagsenter med utlevering av strøbøtter, kulturelle spaserstokk og rullatormaraton. Rehabiliteringstilbod gjennom Klokkarstova, oppstart kvardagsrehabilitering, eit pasientretta tilbod for å styrke "kvardagsferdigheiter", med tanke på at folk skal kunne bu heime lenger. I tillegg førebyggande heimebesøk og Frisklivssentralen sine gode tilbod. I tillegg arrangerer ein ulike kulturopplevingane som konsertar, sangstunder, filmar på storskjerm m.m.

**Årsverk og stillingar/Organisering**

2015 vart første heile driftsåret etter omorganiseringa i 2014. Det er åtte einingsleiarar sektorsjef. I tillegg er det oppretta teamleiarfunksjonar under einingsleiarane. Einingsleiarane har vore på plass heile året, men nokre teamleiarane manglar endå.

Tenestene i sektoren er mange, det er støttekontakt, omsorgsløn, brukarstyrt personleg assistanse og ulike avlastingstilbod. Vi har tilbod om dagsenter for eldre og dagsenter/møteplass for personar med psykiske vanskar og Hamna dagsenter. Vi yter hjelp i heimen på ulike nivå som heimehjelp, opplæring, heimesjukepleie, tryggleiksalarm, matlevering, kvardagsrehabilitering m.m. gjennom heimetenestene, tenesta for funksjonshemma og tenesta for psykisk helse. HO har utleige av 154 omsorgsbustader og yter tenester til bebuarane i bustadane. I tillegg er utleigeansvaret for alle dei andre kommunale utleigebustadane lagt til sektoren sitt tildelingskontor. På slutten av året vart det starta planlegging av å redusere talet bueiningar på Mork bustader, då ein over tid har hatt redusert tal bebuarar der. Dette er tenkt skal frigjere ressursar som kan nyttast på andre områder i sektoren. Dei sjukaste og mest hjelpetrengande eldre får hjelp på sjukeheimen.

Tabell under viser at årsverk og stillingar i sektoren med følgjande spesifikasjonar:

| Tal tilsette | Kjønn K/M | Stillingsstorleik 50%> | Totalt årsverk |
|---|---|---|---|
| 352 | 306K/ 46M | 62 | 249,15 |

Faste tilsette som fekk auka stilling i 2015:

| Tal tilsette | Kjønn K/M | Gjennomsnitt % auke | Samla omgjering til faste stillingar |
|---|---|---|---|
| 15 | 15K/ 0M | 21,3 | 320% |

Ved utgangen av året var det 8 lærlingar i sektoren.

Årsverk administrasjon/fellestenester: 0,8 årsverk kontor/sentralbord, 2 årsverk leiarstillingar, 1,2 årsverk sekretær, 2,95 årsverk sakshandsamar, 1 årsverk sjåfør, 1 årsverk materialforvaltar, 60% datakonsulent, og 75% vaskeri.

Kontinuerleg utviklingsarbeid pregar kvardagen på dei fleste områder. Dette gjeld både i høve tenesteutfordringar, samhandlingsreforma, på teknologisida, økonomiforvaltning og organisering av sektoren. *Tildelingskontoret* sin plass i sektoren vart ytterlegare styrka både ved å verte meir innarbeidde på rolla i sektoren, men og fordi det vart tilsett ein leiar for denne stabsfunksjonen. Kontoret har gradvis tatt over forvaltning av plassar og fullført sakshandsaming med tildeling av tenester. Det er fatta 774 tenestevedtak (1009 i 2014). Funksjonen *koordinerande eining(KE)* er knytt til tildelingskontoret. Elektronisk samhandling over Helsenett gjennom Gerica Elink er vidare utvikla i 2015 og slik kommunikasjon har blitt sentralt og viktig i forvaltninga.

På grunn av omlegging på driftssenteret klarer vi ikkje ta ut like spesifiserte data som i 2014, men vi har desse: mellom Volda kommune v/ helse- og omsorg og:

| **Instans** | **Mottatt** | **Sendt** |
|---|---|---|
| Volda legesenter | 1281 | 1602 |
| Totalt til/frå samarbeidspartar | 5082 | 2151 |

**Sjukefråvær**

Sjukefråværet for dei ulike einingane i HO varierer stort, men i snitt har fråværet vore på 11,05 % i 2015, ein nedgang på 1,62 % frå 2014. Tenesteytinga i avdelinga er fysisk krevjande og vi ser at langtidsfråværet 17- 56 dagar og 56< utgjer heile 74% av fråværet. Vi har mange tilsette som har jobba i omsorgsyrket ei årrekke. Mange har kroniske slitasjeskader og mange av desse jobbar på sjukeheimen. Dei blir fulgt tett opp av leiarane og erstatta av fleksipleiarar som primært vert lønna av refusjonar på sjukeløn. Ei god ordning.

**Etikk**

Dei etiske retningslinene har vore tema på leiarmøte og i personalmøte i dei ulike einingane. Retningslinene er kjende og vert følgde.

Kreftkoordinator

Prosjektmidlar frå Kreftforeininga frå oktober 2012 medførte oppretting av *kreftkoordinatorstilling* i 50 %. Desse midlane vert gradvis fasa ut frå no og tre år fram, men

stillinga vert vidareført med kommunale midlar. Målet er at pasientar, pårørande og tilsette kan få råd, rettleiing, samtalar og sikre trygg og heilskapleg omsorg. Koordinatoren har vore med arbeidet med å utarbeide og innføre palliativ plan saman med andre koordinatorar i Sjustjerna.

*Arbeidsmiljøundersøking* starta hausten -15 med bakgrunn i at rådmannen engasjerte Stamina Helse i prosessen med å klargjere forholda i helse og omsorg ved å gjennomføre ein arbeidsmiljøprosess. Arbeidet er overordna sett heimla i AML §1- målsetjing om å sikre eit helsefremmande og fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

**Kompetanseheving**

Rekruttering av kvalifisert personell på alle nivå har vore vanskeleg. Ein har 10,7 årsverk med fleksipleiarar. Målet med fleksipleiarar er både auka fagkompetanse inn i vikarvakter der det er behov for det, men det har og vist seg som ein god måte å rekruttere fagfolk inn i faste stillingar etter ei fartstid som fleksipleiar.

Det er høgt fokus på kompetanseheving, både for dei med høgskuleutdanning frå før og for dei med grunnutdanning på lågare nivå. Gjennom "*Kompetanseløftet 2015*" har vi fått tilskot til to tilsette som har fullført vidareutdanning i kreftomsorg/ lindrande behandling. Ein har fått tilskot til grunnutdanning helsefagarbeid, på høgskulenivå har ein fått for 8 personar, ein for omsorg ved alvorleg sjukdom, ein på rehabilitering/ habilitering, to for psykisk helsearbeid og fire for sakshandsaming. I tilllegg har 16 personar gått demensomsorgens abc, 10 har gått kursrekka meistring og mangfald. I tillegg har det vore kurs knytt til brannopplæring, medikamenthandtering, bruk av tvang overfor utviklingshemma, "normen"/ informasjonssikkerheit, sakshandsaming, fleire kurs både i høve Gerica og RS, kvalitetslosen/ avvikshandtering og det er tilgang til ulike E- læringskurs. Til slutt har ein fått tilskot til kurs på frisklivssatsing og teiknspråkkurs.

I 2014 vart *Gerica Mobil pleie* tatt i bruk. I 2015 er dette vidareutvikla, og tenesta for psykisk helse står for tur til å ta dette i bruk. Elles har mykje tid gått med til datasamanslåing med dei seks andre kommunane i sjustjerna. Dette gav store utfordringar gjennom året, men no ser det ut til å vere på plass.

Kommunen løyvde midlar til å investere i nye pasientvarslingsanlegg på omsorgssenteret, Fjordsyn, Folkestadtun, Mork bustader og Barstadtun. Arbeidet skal vere avslutta april-16. Saman med denne utskiftinga vert det og investert i trålaust nett i alle desse bygga. Dette opnar for nye muligheiter både for bruk av velferdsteknologi og sosiale medier for bebuarar/ pårørande. Det vart og løyvd midlar til innkjøp av digitale tryggleiksalarmar. Slike vil i løpet av 2016 verte kjøpt inn.

Støttekontakt, avlastingstiltak for barn/ unge, brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsløn

I 2015 hadde 101 personar vedtak om støttekontakt. Åtte familiar var tildelt privat avlasting, 12 hadde avlasting i den kommunale avlastingstenesta og ein person budde i barnebustad. Sju personar har brukarstyrt personleg assistanse og 18 personar hadde omsorgsløn for tyngjande

omsorgsarbeid. Det er ei utfordring å finne støttekontaktar til tenestemottakarar med store hjelpebehov og i tiltak der det er behov for bil. Å skaffe private avlastarar har blitt gradvis vanskelegare, noko som gir auka etterspurnad på den kommunale tenesta.

**Omtale av 2015**

Felles kommuneoverlege

Kommuneoverlegen er administrativt underlagt helse- og omsorgssjefen. Han har gjennom 2015 hatt stort fokus på samfunnsmedisinske utfordringar og overvaking, sakshandsaming og rådgjeving. Av saker kommuneoverlegen har jobba med kan nemnast ombygging av Volda legesenter, oppgradert drift av felles legevaktsentral og for implementering av Nødnett helse/ nasjonalt legevaktnummer 116117 lokalisert til Volda sjukehus, deltaking i drøftingar i Sjustjerna om framtidig legevakt "legevakt på søre Sunnmøre", omfattande arbeid i samband med tilsyn og systemrevisjon innanfor miljøretta helsevern i skular og barnehagar, jobba i prosess og utarbeidd sak/ innspel om "Nasjonal helse- og sjukehusplan" om sjukehusstruktur, akuttkirurgi og beredskap. Engasjert i tverrfagleg teamarbeid omkring innvandring, mottak av flyktningar, smittevern, palliativt prosjekt, kommunaplanarbeid i høve "helse- i plan". Til slutt kan nemnast pågåande prosess i høve funksjon og rolle for kommuneoverlegen, eit evalueringsarbeid for kommuneoverlegen med mål å tydelegare definere funksjon og rolle for stillinga.

Sentralkjøkkenet

Sentralkjøkkenet leverer 181 porsjonar fullkost dagleg til sjukeheimen og omsorgsbustader. Til heimebuande har det vore ein liten nedgang samanlikna med 2014. Det har vore omsetningsauke både på sal i kantina og på catering. Det har vore jobba mykje med logistikk og styring av forbruk, noko førte til gitt tørrvarekostnader nesten på 2011- nivå. Kommuniksasjonen mellom einingane og kjøkkenet er jamt god gjennom året og er med å halde innkjøpsutgifter/ svinn nede. Utstyret på kjøkkenet har vorte 12 år og ein merkar at slitasje og reparasjonar er aukande.

Hjelpemiddelformidling

Arbeidet er i hovudsak utlevering, innhenting og reparasjon av hjelpemiddel i tilknyting til hjelpemiddelsentralen i Møre og Romsdal og ansvar for internkontrollen på kommunalt medisinsk- teknisk utstyr. Det er auke i talet aktive brukarar i 2015, og talet hjelpemiddel inn og ut har auka vesentleg. Gode og tilgjengelege hjelpemiddel er ofte nøkkelen til å kunne gi teneste på lågast mogleg nivå, og at folk dermed kan bu lenger i eigen heim.

| Årstal Volda | Folke-Tal | Tal aktive brukarar | Brukarar i % av folketal | Brukarar med utlån | Nye brukarar | Hjelpe-middel utlevert | Innlevert hjelpe-middel | Samla verdi for utlevering |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2011 | 8573 | 798 | 9,3 | 247 | 66 | 1651 | 461 | 5154062 |
| 2012 | 8650 | 782 | 9,0 | 265 | 72 | 1774 | 656 | 6382866 |
| 2013 | 8827 | 734 | 8,3 | 278 | 84 | 1607 | 1283 | 4810025 |
| 2014 | 8909 | 912 | 10 | 249 | 59 | 1522 | 746 | 4833667 |
| 2015 | 8990 | 997 | 11,1 | | | 2588 | 1525 | 5066335 |

*Nav Hjelpem.sentral Møre og Romsdal - kommunestatestikk for Volda 2011, 2012, 2013,2014 og 2015. Kjelde: Fylkesstatistikk*

Byggjetiltak og planar

Sektor helse- og omsorg disponerer 154 omsorgsbustadar, same som i 2014. Av desse er 19 bustader for utviklingshemma. Det er 13 bustadar til personar med psykiske vanskar. Dei andre bustadane er til eldreføremål. Ein starta prosess med å redusere tal bueiningar til 16- 17 einingar ved Mork bustader seinhaust-15. Planar og teikningar for bygging av fem nye omsorgsbustader for utviklingshemma er på plass, men prosess stoppa litt pga klage frå naboar knytt til regulering. Fem personar(frå eigedom og helse- og omsorg) har vore på synfaring til Oslo for ulike former for ROP-bustader(rus- og psykisk helse), med tanke på at slike bustader skal byggast i Volda. Ombygging av legesenter for mottak av turnuslege vart planlagt i 2015 og gjennomført to første månadane i 2016.

**Sjukeheimen 2. g 3. etg**

Sjukeheimen har 74 pasientrom med 77 plassar i døgnkontinuerleg teneste. I 3.etg er 4 bugrupper. Klokkarstova er "forsterka" sjukeheimsavdeling/ bugruppe der ein tek imot utskrivingsklare pasientar og Øyeblikkeleg hjelp(ØH) pasientar. Kapasiteten på Klokkarstova er 9 rom med 12 plassar og 1,5 av desse plassane skal vere tilgjengelge til

ØH-pasientar. Kommunen får tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Møre og Romsdal for ØH-plassane.

Andre etg. har 37 plassar for aldersdemente (18 av dei skjerma), fordelt på fire bugrupper.

I 2. etg opplever ein stadig at einskilde brukarar har behov for ekstra oppfølging/ tilsyn. I 2015 fekk 2 etg tilført 3 årsverk, spesielt for å styrke bemanninga på kveldstid og i helgar. I tillegg er det i budsjettet for 2016 tilført ytterlegare ressursar. Styrkinga er eit resultat av at ein heile tida har utfordrande pasientsituasjonar der ein har måtte løyse utfordringane med ekstra innleige. Ein kan no løyse dette med å auke grunnbemanninga og skape meir stabilitet og auka kompetanse, noko som er sentralt for å handtere desse utfordringane.

Stillinga for sjukeheimslege vart auka til 80 %, for å lettare rekruttere ny lege til sjukeheimen. Til tross for tre x utlysing, har det ikkje lukkast å tilsette ny sjukeheimslege.

Tal liggedøgn viser nedgang på bruk av langtidsplassar, reduksjon i korttidsopphald og reduksjon i avlasting på institusjon for pårørande(i tillegg kjem avlasting gitt i omsorgsbustader). Bruken av institusjonsplassane i 2015 viser at det er færre som har budd på institusjonen samanlikna med 2014. Dette er i tråd med oppfatninga, der ein har opplevd å ha ledige plassar på fleire av bugruppene i periodar. Dette er i samsvar med ynskje, for at ein skal kunne handtere situasjonar som oppstår på best mogleg vis. Dette har konsekvensar for etterspurnad på heimebaserte tenester og på reduserte inntekter på institusjonen. Øyeblikkeleg hjelp(ØH) har tal overnattingsdøgn auka frå 2014, men utifrå statistisk berekning på 1,5 plass som var helsedirektoratetet si stipulering av behovet for Volda, er ein ikkje på det nivå i dag.

| Type teneste | **2015** | **2014** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|---|---|
| Langtidsopphald | 22.660 | 23.503 | 23.096 | 23.282 |
| Korttidsopphald | 2416 | 2.641 | 3.144 | 2.866 |
| Avlastingsopphald for pårørande | 162 | 186 | 305 | 163 |
| Øyeblikkeleg hjelp(ØH) | 142 | 104 | 99 | |
| Liggedøgn totalt | 25.380 | 26.434 | 26.644 | 26.311 |

Matematisk kapasitet liggedøgn på sjukeheimen i høve tal rom er 27.010 pr. år. Det kan i tillegg leggast inn 3 pasientar ekstra på dobbeltrom ved behov på Klokkarstova. Ein strategi er å alltid ha ledig kapasitet til å ta imot utskrivningklare pasientar frå sjukehus.

Kommunen har tatt imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i 2015.

Øyeblikkeleg hjelp

Som statistikken over viser var ØH- tilbodet nytta 142 døgn i 2015. Brukarane varierer i alder frå 50- 89 år. Årsaker til innlegging har vore:

| | Fall | Smerte | Rus | Sosialt | Infeksjon | Palliasjon | Demens | Anna | Samla |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | 13 | 5 | 2 | 4 | 9 | 2 | 3 | 2 | 40 |
| 2015 | 9 | 8 | 6 | 8 | 15 | 2 | | 1 | 49 |

**Heimetenestene**

Eininga omfattar ansvar for alle heimebuande i heile kommunen, samt Folkestadtun, legeloftet og Dagsenteret for eldre.

Eininga har ved utgangen av 2015 206 brukarar. I løpet av året har ein avslutta 99 vedtak om heimesjukepleie og 34 har avslutta vedtak om heimehjelp. 15 har ordning om levering av varm middag heim. Utetenesta er delt inn i to grupper med kvar sin teamleiar, og har delt kommunen geografisk mellom seg. Samhandlingsreforma har medført auka direkte utskriving av pasientar frå sjukehus til heimen/omsorgsbustad. Dette utfordrar kommunal kompetanse, men for å sikre god samhandling, har alle vakter ein sjukepleiar som ansvarsvakt.

Ansvarsvakta er utstyrt med mobiltelefon. Både sjukehus, palliativt team, Volda legesenter ringer og kan bli oppringt når det er behov for assistanse og råd. Likeeins kan alle andre tilsette i utesona ta kontakt med ansvarsvakt for vurderingshjelp, behov for legetilsyn med mer. Eininga har stor nytte av samarbeidet med kreftkoordinator.

Eininga har jobba med kvardagsrehabilitering i ei tverrfagleg satsing der også ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider om å gi spesifikk trening på sjølvhjelpsferdigheiter, for å betre muligheitene til å kunne bu heime lenger.

For fjerde året på rad er det gjennomført kartleggings/- informasjonsbesøk til 80 åringar som bur heime i eigen heim. 34 av 80- åringane takka ja til besøket.

Dagsenteret for eldre

Gjennom året har dei hatt 40 brukarar. Ved utgangen av 2015 var det 28 personar med innvilga tilbod fordelt på to "stover". Dagsenteret har fire årsverk. Salsinntektene er låge, då produksjonen går ned i takt med brukarane si helse. Brukargruppa har hatt eit alders- spenn på nesten 40 år, dette utfordrar tiltaket å finne gruppeaktivitetar som femner alle. I takt med utviklinga har Dagsenteret lukkast med å setje i gang nye aktivitetar, skrivegruppe, matverkstader og større grad av samarbeid med barnehagar. Nytt av året er arrangering av vinterveke og kjerringrådveke. Nytt er også at Gapahuken vart offisielt opna hausten -15. Dei tilsette har jobba med internundervisning, fagutvikling, HMS arbeid, brannrunde, fyrstehjelpskurs og handlingsplanar. Eit overordna mål med tiltaket er at enkeltpersonar skal kunne bu heime lengst mogleg.

**Heimetenestene, omsorgsbustader**

Denne eininga har ansvar for Fjordsyn, Barstadtun og Mork bustader. Kvar av bustadane har ein teamleiar.

Eininga har 48 årsverk, eininga med flest tilsette i sektoren. Til saman har dei tre bustadane 79 husvere. I nokre av leilegheitene bur ektepar, slik at talet brukarar kan variere.

Ved utgangen av året var åtte husvere ved Mork bustader ikkje i bruk. I august vart det sett i gong ein prosess for å dreie ressursar frå Mork bustader og over til kvardagsrehabilitering, demensteam og ambulerande heimetenester. Samla vert bemanninga ved Mork redusert med 2,25 årsverk frå januar 2016. På fagsida har det vore jobba med sjølvstudieopplegget demensomsorgens ABC(på Fjordsyn), elles har det vore fokus på etiske retningsliner, retningsliner for sosiale media, arbeidsmiljø og rutinar for avvikshandtering. Ei stor utfordring eininga står overfor er å sørgje for at bebuarane får dekka sine behov for å vere aktive i kvardagen. *Morgendagens omsorg* (stortingsmelding)er retningssettande, men det trengst stor innsats/ fokus for å få til dei gode tilboda, der både frivillege og pårørande kan supplere med viktig samspel. 2016 får vise kva ein kan få til.

**Butenesta for funksjonshemma**

Eininga består av tre samlokaliserte bukompleks med fleire omsorgsbustader, Sevrinhaugen 1, Kleppevegen 1 og Bømarka 8. Eininga har 30 brukarar, 17 av dei bur i samlokaliserte kommunale omsorgsbustader, dei andre i eigne leilegheiter. Tenesteomfang varierer frå to timar i veka til teneste heile tida. Dei tre bukompleksa har blitt meir samkøyrde gjennom året. Personal har blitt nytta på tvers av bustadane og på dagtid(Hamna Dagsenter) / avlastinga for barn og unge. Dette har vore mogleg av di dei tilsette utviser stor fleksibilitet og posivitet. I budsjettarbeidet vart det sett fokus på å styrke bemanninga i tråd med at talet brukarar har auka siste åra utan at bemanninga har auka. Dette har ført til meirforbruk i form av ekstrainnleige og høgt overtidsbruk.

**Tenesta for funksjonshemma**

Denne eininga består av Hamna dagsenter og avlastingstenesta for barn og unge. Hamna dagsenter har hatt 26 brukarar gjennom 2015. To nye starta hausten, ein slutta. Ni av dei er frå Ørsta, 17 frå Volda. Tilbodet vert individuelt tilrettelagde utifrå den einskilde sine behov for aktivisering, trening, arbeid og meistring. Det vert lagt stor vekt på fysisk aktivitet. Ved å "treffe" med tilrettelegging og motivasjon, kan dei fysiske aktivitetane vere mangfaldige. Vedproduksjon, riding, symjing, turar i skog og mark, postrunder, fotball, trening inne i sal, sansetrening og mykje meir.

Butenesta er dagleg med å styrke bemanninga ved dagsenteret. Hamna dagsenter har og eit personalmessig tett samarbeid omkring den kommunale avlastingstenesta.

Kommunal avlasting for barn og unge  har etablert seg skikkeleg i kjellaren på Fjordsyn. Det er no 13 barn som får avlastingstilbod der, samt at det er etablert ein barnebustad der. Gjennom 2015 fekk tiltaket styrka bemanninga for å kunne tilby faste stillingar til dei ressursane som må til for å tilby denne tenesta. Gjennom 2015 kom det nye brukarar til tenesta og nokre fekk utvida tilbodet sitt der. Det vert jobba mykje for å legge til rette for at barna skal trivast og på same vis gjere foreldre trygge på at barna blir tatt godt vare på når dei er der.

**Rus- og psykisk helseteneste**

Eininga består av psykisk helseteam, rustenesta, døgnbemanna omsorgsbustader, dagtilbodet Gnisten og arbeidstilbodet STYRK.

Eininga hadde samala 212 brukarar som nytta dei ulike tenestene i 2015.

Samhandlingsreforma gir auka press på dei kommunal tenestene på grunn av reduksjon i leggedøgn i spesialisthelsetenesta, auka poliklinisk behandling og heimebehandling. Det er auka etterspurnad og behov for fleire døgnbemanna bustader til personar i målgruppa.

Auka etterspurnad gjer at tenesta i 2015 gav bistand til 18 brukarar i døgnbemanna bustad.

I løpet av 2015 har Psykisk helseteam gitt tilbod til 90 brukarar. 27 av desse var nytilviste og 31 vart avslutta i løpet av året.

Rustenesta gav tilbod til 69 brukarar i 2015. Det vart tilvist 14 nye brukarar og 12 vart avslutta. Ei stor utfordring for kommunen er at ein skal medverke til å skaffe eigna varige bustader til personar med psykiske problem og/eller rusproblem.

Gnisten hadde ved årsskiftet 22 aktive brukarar og er midlertidig plassert på legeloftet. Lokala er små og kapasiteten sprengt. Det er behov for nye, permanente lokalar. Det er sett av midlar til å planlegging av nye lokaler i 4 etg. på omsorgssenteret i 2016.

STYRK- arbeid er eit lavterskel arbeid- og aktivitetstilbod. Styrk arbeid gav tilbod om arbeidstrening til 15 personar i 2015. Tre avslutta i løpet av året på grunn av skulegang på høgskulenivå eller andre arbeidsretta tiltak i NAV regi.

Rus og psykisk helseteneste fekk i 2015 prosjektmidlar til kommunalt rusarbeid frå Fylkesmannen tilsvarande 1,3 årsverk, for å satse meir på arbeid og aktivitet for rusmisbrukarar. Prosjektet starta opp hausten 2014 og skal nytte seg av dagaktivitetar og arbeidstrening som ligg til tenesta, samt andre aktuelle tilbod i kommunen for målgruppa.

Tenesta er aktiv i ei tverrsektoriell arbeidsgruppe som arbeider med betre gjennomstrøyming i dei kommunale gjennomgangsbustadane. Kommunen får med bakgrunn i dette, tilskot til prosjektet "Frå mellombels til varig bustad", som starta opp oktober 2013. Prosjektet vert avslutta i 2016 og det vert etablert ei fast 60% stilling for å vidareføre arbeidet.

**Førebygging, rehabilitering og legeteneste**

Einingta inkluderer frisklivssentral, fysioterapi, ergoterapi og legeteneste inkl. nattlegevakt. Frisklivssentralen har enno status som ressurssentral i fylket. Ein del kommuner tek derfor kontakt for hospitering og erfaringsutveksling. I 2015 har ein hatt tre faste treningsgrupper, basseng, spinn 30 + sirkeeltrening 45 og utetrening. Dei køyrer og Bra- mat- kurs og snus- og røykeslutt.

Leiar for eininga fekk prosjektansvar for kvardagsrehabilitering. Arbeidet er no godt etablert og er eit tett samarbeid med ergoterpaut, fysioterapeut og utetenesta for eldre. Prosjektevaluering skal skje på nyåret no i 2016.

Legetenesta har gjennomført første året etter inngått privat legeavtale mellom kommunen og fastlegane. Legetenesta har ledig listekapasitet etter fleire år utan. Det har vore utskifting av fastlegeheimlar i 2015 og ein ser at dette krev mykje administrativ ressurs å få på plass. Likeeins har det vore arbeidd mykje med å rekruttere ny tilsynslege(tidlegare lege slutta sommaren 2015) til sjukeheimen utan å lykkast.

Fysioterapien ser at ventelistene aukar. Fysioterapisenteret Leidulv Langvatn er starta ein treårig nedtrappingsplan, der Pål Kristian Brautaset no har overtatt 60% av driftstilskotet der. Frå 2016 vert det utdelt 50% auka driftstilskot årleg i tre år til Aarflot fysikalske. Ergoterapien har eit nært samarbeid med materialforvaltar og med heimebasert teneste.

**Økonomi**

Gjennom 2015 fekk sektoren tilført auke i ramma på 7.500.000,-. Resultat for heile sektoren viser ved årsslutt eit mindreforbruk på kr. 3.476.199,-. Gjennom heile 2015 har ein følgt ressursforvaltninga tett. Det var knytt stor usikkerheit til refusjonskrav til andre kommunar og betalingsansvar for Volda til ei anna kommune. Usikkerheita var knytta til fleire forhold og mange millionar. Dette gjorde det vanskeleg å forutsjå korleis resultatet ville bli heilt inntil seinare tid.

**Klimaplan**

Sektoren har to elbilar. Dei er ofte eit førsteval for mange av våre tilsette. Tiltak på matlogistikken har vist positivt resultat, forbruket på matinnkjøp har berre marginal auke samanlikna med 2014, som var det lågaste på fem år. Den daglege drifta i sektoren har oftast fokus på effektiv drift, der klimavenleg drift ikkje alltid har same fokus. Store forflytningsbehov og dårleg tid utfordrar klimafokuset! Ein prøver likevel å ha forbruksfokus både når det gjeld mat og medisinsk forbruksmateriell. Ved store innkjøp lagt ut på Doffin er miljøperspektivet alltid er tildelingskriterium. Det er stort forbetringspotensiale for kjeldesortering av boss. Det må leggast betre til rette med lokale sorteringssentralar og sortert avfallshenting. Å legge dette til rette utan at det medfører ekstraarbeid for tilsette, bør vere eit mål.

**Innkjøpspraksis**

Alle som skal gjere innkjøp for sektoren kjenner til regelverket for offentlege innkjøp. Det har likevel skjedd at tilsette utan innkjøpsansvar har gjort mindre innkjøp.

**Resultatmål**

Inkludert definerte mål, både frå plo, helseavdeling og Hamna dagsenter.

| MÅL | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette | | Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange småstillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på. |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak<br>1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2015.<br>2. Omorganisering i heimetenestene med endra driftseiningar og implementering av handhålte terminalar og aktiv bruk av Gerica gir auka ATA(ansikt til ansikt tid). | | 1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis.<br><br>2.Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA. |
| Nærvær på 90 % | | Nærværprosent 88,95 % |
| Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren. | | Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå leiing ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg |
| Tildelingskontoret er forvaltereining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå. | | Rett teneste på rett nivå<br>Standardardar med forankring i kommunestyre. |
| Arbeide med utvikling innan heiltid- og deltid stillingar. | | Auke i 2013 med 312,8% still. fordelt på 27 tilsette<br>Auke i 2014 pr. 31.05 med 66,35%still fordelt på 5 tilsette.<br>Kartlegging av ufrivillig deltid.<br>Arbeide i prosess med leiing og arbeidstakarorganisasjonar om tiltak |

## 4.7 KULTUR OG SERVICE

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Service og kultur | **8 795 396** | 9 903 763 | -1 108 367 |

**Folkehelse**

Sektor for kultur og service sitt arbeid er i særleg stor grad publikumsretta, og sektoren legg derfor stor vekt på å møte innbyggjarane på ein positiv måte.

Dei tilsette på servicekontoret legg vekt på at publikum skal oppleve å få den rettleiinga og dei opplysningane dei treng, og at dei evt. blir sett i kontakt med rett sakshandsamar eller rett avdeling. Det er viktig at publikum ikkje føler at terskelen for å spørje om hjelp blir for høg, og vi skal også vere hjelpsame og serviceinnstilte overfor alle tilsette slik at dei syns det er lett å be oss om hjelp.

Kulturavdelinga bidreg gjennom aktivitetane som kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb tilbyr, i stor grad til integrering, førebygging av rusproblem, rekreasjon, møte mellom menneske, kompetansebygging, utvikling og trivsel for innbyggarane.

Psykisk helse er ein vesentleg del av folkehelsearbeidet. Utan det førebyggande arbeidet som sektor kultur og service gjer på mange område, måtte kommunen i større grad reparere og sette inn tiltak for å betre helsa til folk etter at problem har oppstått.

**Årsverk og stillingar**

| Tal stillingar | Kjønn K/M | Stillingsstorleik (antal 50% og større) | Totalt årsverk |
|---|---|---|---|
| 20 | 13/7 | 11 | 12,91 |

**Omtale av 2015**

Volda folkebibliotek merkar god auke i besøkstala etter at det flytta til nye og lett tilgjengelege lokalar i 1. etg. på den nye delen av rådhuset i mars 2015. Skuleelevar, flyktningar og asylsøkjarar er storforbrukarar av bibliotektenester. Bibliotek og frivilligsentral samarbeidde om å arrangere kulturminnedagen i september og "lån ein volding" kvar laurdag på biblioteket.

Frivilligsentralen har som ein av sine primære oppgåver å bidra til *møteplasser:* Mat og prat, seniornett, flyktningeguiden, sommarprogram for barnefamiliar med totalt 16 aktivitetsdagar gjennom heile skuleferien, TV-aksjonen og julefest 1. juledag er nokre døme på dette. Frivilligsentralen har også ansvar for kulturformidling for eldre i institusjon gjennom den

kulturelle spaserstokken, totalt var det 25 slike arrangement i 2015, og har også medvirka i festivallivet og gitt sitt bidrag til m.a. X2 og Dei nynorske festspela. Dagleg leiar i frivilligsentralen har sidan hausten vore student i Innovasjonsskulen, med prosjektet *Integrering gjennom entreprenørskap*. Truleg får vi sjå konkrete resultat av denne satsinga alt i 2016.

Det har dei siste par åra vore sterkt fokusert på drifte Volda Filmteater i samsvar med dei økonomiske rammene som kinoen er tildelt, og 2015 blei det første året på lenge utan overforbruk. Kinoen har hatt auke i besøkstala samanlikna med året før.

Ungdomsklubben held til i Salongen (2. etg) på samfunnshuset, klubben har vore i drift der frå september 2014. Klubben har eit forholdsvis lite lokale, og kan ikkje gje same mangfold i tilbod som tidlegare. Ungdomsklubben fekk ny klubbleiar frå september 2015.

Ungdomens kulturmønstring blei for første gong arrangert i samarbeid med Ørsta kommune, dette var vellukka og samarbeidet blei også vidareført i 2016.

Hovudområda for servicekontoret er informasjon mot publikum, sentralbord, sekretariat for dei politiske utvala og arkiv. I tillegg har servicekontoret mellom anna systemansvar for fleire datasystem, redaktøransvar for kommunen si heimeside og for kommunen sine kontoar på facebook og twitter, arkivansvar, postføring, ansvar for hustrykkeri, ansvar for praktisk oppfølging av den overordna informasjonssikkerheita, sal av eigedomsopplysningar og tenester etter alkohol- og serveringslova.

Nytt i 2015 var at det blei innført adgangskontroll av besøkande på rådhuset: dei må melde seg i servicekontoret, som deretter sørger for å ta kontakt med sakshandsamar for møte. Adgangskontrollen gir gevinst for sakshandsamarane som får ein meir roleg og forutsigbar arbeidsdag – utan uventa avbrudd. Sentralbordet for kommunen, som er plassert på servicekontoret, er frå 2015 også sentralbord barnevernstenesta med om lag 40 tilsette og for omsorgssenteret 4 timar pr dag.

Det vart totalt halde 72 møte og handsama 682 saker i dei ulike utvala.

| | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Formannskapet** | 162 | 163 | 166 | 232 | 219 | 220 | 200 |
| **Driftsstyret** | 51 | 58 | 71 | 78 | 53 | 46 | 40 |
| **Forvaltningsstyret** | 88 | 81 | 68 | 80 | 105 | 64 | 89 |
| **Valnemnd** | 7 | 8 | 11 | 18 | 10 | 9 | 11 |
| **Valstyret** | 16 | 5 | 17 | 3 | 15 | 4 | 6 |
| **Kommunestyret** | 101 | 143 | 143 | 175 | 192 | 169 | 156 |
| **Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt (inkl. klagenemnd)** | | | | | | 185 | 180 |
| **Totalt** | **560** | **602** | **574** | **586** | **584** | **697** | **682** |

Eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet skriv eigne årsmeldingar, og er derfor ikkje med i denne oversikta.

Kommunen har også hatt eit svært aktivt år på sosiale media (facebook og twitter), og når eit stort publikum via desse kanalane. Heimeside og sosiale media gir oss gode muligheiter til å drive aktiv omdømebygging for Volda kommune, og desse mediene har ein viktig funksjon når vi treng å informere om kriser og andre viktige ting som skjer. I tillegg er dei sjølvsagt også sentrale faktorar i ein meir døgnopen kommune.

Ved påsketider 2015 kunne servicekontoret flytte tilbake til nyoppussa og fine lokaler i 1.etg å på rådhuset. Kommunen sitt arkivmateriale kunne også flyttes tilbake til arkivlokala i kjellaretasjen på rådhuset.

**Etikk**

Dei etiske retningslinjene for Volda kommune er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

**Innkjøpspraksis**

Innkjøpa som sektoren gjer, er i tråd med innkjøpsavtalene Volda kommune og innkjøpssamarbeidet har gjort.

**Resultatmål**

Alle resultatmåla til sektor kultur og service var oppfylt ved utgangen av året, med to unntak: Ungdomsklubben ikkje har greidd målsettinga om å arrangere 2 temakveldar/kurs pr månad. Årsaka er at ungdomsklubben har hatt vakanse på ei stilling og at oppslutninga om klubben har vore dårlegare enn forventa. Biblioteket har hatt eitt debattmøte (og ikkje to slik målet var). Forklaringa er at bibliotekslokala er ikkje store nok til at ein kan ha slike arrangement i vanleg opningstid, og at det er begrensa med personalressursar til å kunne gjennomføre slike arrangement.

**Økonomi**

Rekneskapet viser at avdelinga totalt sett har eit mindreforbruk på kr. 1.108.367,-.

Hovedforklaringa til mindreforbruket er generelt ei nøktern drift, i tillegg til følgjande:

- Kinodrifta hadde eit mindreforbruk på 242.776 kr. Forklaringa er nøktern drift, både når det gjeld lønsutgifter og generelt, i tillegg til auke i billettinntektene i forhold til det som var budsjettert.
- Ungdomsklubben hadde eit mindreforbruk på 169.596 kr, som har si årsak i at det er brukt færre midlar på nytt utstyr pga at lokalet til klubben er mindre enn før og lågare besøkstal på klubben.
- Servicekontoret hadde eit mindreforbruk på 404.054 kr. Årsaka er hovudsakleg auka inntekter frå skjenkegebyr, sal av eigedomsopplysningar og interne overføringar frå

sjølvkostområdet, og at kontingent for medlemsskap i interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal ved ein feil blei ført på 2014 i staden for 2015.

***Rapportering på mål***

| MÅL 2015 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda | | |
| Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen. | | |
| Ingen negativ omtale av avdelinga i media | | |
| Ungdomsklubben skal engasjere minst ti ungdomar i crew på dei opne klubbkveldane | | |
| Ungdomsklubben skal arrangere 2 temakvelder/kurs for ungdom pr månad | | Det har vore vakanse i ei stilling på ungdomsklubben, og dårlegare oppslutning om klubben. |
| Arrangere to debattmøter i biblioteket | | Manglande ressursar og størrelse på biblioteklokala. |
| Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000. | | |
| Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor i løpet av 2015. | | |
| Frivilligsentralen skal gjennomføre minst eit tiltak retta mot frivillig sektor i samarbeid med StudiebygdA | | |

## 4.8 TEKNISK

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Teknisk | **29 405 900** | 28 152 218 | 1 253 682 |

**Sjukefråvær:**

Samla sjukefråvær i teknisk sektor enda på 8,95 %, dette er høgare enn snittet i Volda kommune og må kommenterast. Sjukefråværet i teknisk sektor er verkeleg ikkje særleg høgt med tanke på at vi har mange arbeidstakarar i hardt fysisk arbeid der fleire er over 60 år. Det som gjer at vi fekk såpass høg prosent i 2015 er at der har vore nokre langtidssjukemeldingar i alle tre avdelingane, som ikkje har samanheng med tilhøva på arbeidsplassen. Der er ikkje sett i verk nokon tiltak utover oppfølgings samtaler med dei sjukemelde.

**Folkehelse:**

Teknisk etat er ein viktig bidragsytar på førebyggande folkehelsearbeid i form av:

- levering av reint drikkevatn til 8000 personar og bortleiing av spillvatn frå dei same personane.
- organisere vegvedlikehald på kommunalt vegnett vurdert i eit liv/ helse perspektiv.
- teknisk vaktordning som går 24 timar i døgnet.
- beredskapseining som kan setjast inn ved ekstremvèr med personell og maskinelt utstyr.
- Ivaretaking av inneklima i alle kommunale bygg.
- Universell utforming og tryggingstiltak i kommunale bygg.

Brannavdelinga bidreg sterkt gjennom førebyggande tiltak, som tilsyn med piper, eldstadar og særskilte brannobjekt, samt informasjon og kurs/opplæring, legg vi til rette for at innbyggarane i Volda skal få den informasjon som trengs for å bu trygt, og at dei skal kunne opphalde seg i offentlege bygg utan fare for liv og helse med tanke på brann. I samarbeid med dei andre naudetatane har vi ei redningsteneste som sikrar at innbyggarane får naudsynt hjelp om dei vert råka av brann eller ulukke.

**Etikk**

Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventa at desse vert følgde.

**Klimaplan**

I høve til klimaplan oppfølging har teknisk sektor mykje å gå på kompetansemessig. Per i dag treng fleire tilsette kursing i dette faget. Vi følger opp innmeldte forureiningssaker som i stor grad vert vidaresendt til politiet.

Eigedomsavdelinga har sett i verk planlegging av eit større program for energisparekontrakter for kommunale bygg. Prosjektet vil starte opp i 2016.

**Innkjøpspraksis**

Teknisk sektor gjennomforer mange store innkjøp i løpet av året. Lov for offentlege anskaffelser er eit stort og krevjande fagfelt som vi ikkje kan seir vi meistrar 100% i teknisk sektor. Vi gjer likevel så godt vi kan og innhenter konsulenthjelp ved større innkjøp slik at vi er sikre på at vi følger regelverket. Vi ser fram til å inngå ein rammeavtale på innkjøpshjelp med ekspertar i faget i 2016.

***Årsverk og stillingar inkludert sjølvkost***

| Tal Stillingar | Kjønn | Stillingsstorleik % | Totalt årsverk |
|---|---|---|---|
| 67 | M | 66,45% | 37,4 |
| 24 | K | 33,5% | 18,86 |

Nokre fagarbeidarstillinger har vore vakante i nokre månader medan vi har vore i tilsetjingsprosess for å erstatte dei som har slutta, eller pensjonert seg.

**Omtale av 2015**

2015 var eit år der dei store organisatoriske omleggingane frå 2014 skulle gå seg til. Tre tidlegare sjølvstendige avdelingar vart samordna under teknisk sektor. Brann, Eigedom og kommunalteknisk hadde tidlegare eigne budsjett som vart arva av teknisk sektor. Sjølvkostteneser vart utskilt budsjett og rekneskapsmessig frå resten av teknisk sektor. Alt dette vart gjort i løpet av 2014, og vi trudde vi hadde sortert ut alle nedarva budsjett usikkerheitar. Der viser seg å vera ein del avklaringar som gjenstår, særleg i høve periodisering av budsjett. Det har vist seg at det vi rapporterar pr. tertial og månadsrapportar, ikkje nødvendigvis stemmer ved årslutt.

Der er fleire grunner til budsjettoverskridinga. Der har vore utført store investeringar med asfaltering i Volda kommune i 2015, ved gjennomgong av asfalterte areal viste det seg delar av det måtte førast på drift då dette pr. rekneskapsreglar ikkje kunne definerast som investering. Brannstasjonen som er ombygd frå Gjersdal trevarefabrikk trengde nytt låsesystem som sikrar den viktige beredskapsutrustinga vår. Der var hendelsar som gjekk ut over kritisk utstyr slik at vi måtte hindre at uvedkommande hadde tilgong til bygget. I avdelinga for Drift og Anlegg vart der i 2015 tilsett 3 mann øyremerka for arbeid med Vatn og Avløp. Der vart utskilt eigen avdeling for drift Vatn og Avløp 1. April 2015, slik at vi skulle unngå for mykje arbeid på tvers av områda i Drift Anlegg. Dette har vi ikkje lukkast heilt med og der vart ei auke i lønsutbetaling belasta kommunalteknisk avdeling. I tillegg har vi auka straumutgifter på omsorgsenteret grunna tom varmebrønn til varmepumpa, EPC tiltak

vil betre virkningsgraden til brønnen. Auka utgifter til nødnett vart belasta brannavdelinga i 2015. Tap på finansiell handel av straum har også vorte belasta eigedomsavdelinga på slutten av året. Alt dette ilag med store snøryddingsutgifter gjer at Teknisk sektor gjekk 1,2 millionar over budsjett. I forhold til det vi visste då budsjettet vart laga hausten 2014, er dei overskridingane som er nemnt ovanfor større enn den rekneskapsmessige overskridinga, og vi har såleis greidd å begrense den budsjettmessige overskridinga med nøysam drift.

Teknisk sektor har gjennomført mange tiltak i 2015 Dei mest synlege prosjekta er Rundkøyringa Storgata/Lerkane og oppstart av anlegget Øyra skule. I tillegg har der vore asfaltert mange grusvegar på bygdene og reasfaltering kring sentrum. Der har vore brukt mykje ressursar på planlegging og inngåing av EPC kontraktar og omsorgsbustader, som kjem til utføring i 2016. Området for sjølvkosttenester er utskilt frå Drift Anlegg i eiga avdeling med 6 mann, dei har i 2015 gjennomført fleire anlegg med utskifting av vass og avløpsrør.

**Rapportering på mål**

| MÅL | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 3 veker | | Grunna lav bemanning og rekrutteringsvanskar ser det ikkje ut til at vi greier å halde unna med 3 veker svarfrist for alle henvendelser |
| Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma | | Teknisk sektor overskred budsjettramma i 2015. |
| Behalde og rekruttere personell | | Vi har lukkast med rekruttering i 2015 |
| Nærver på min 95 % | | Teknisk sektor har eit fråvær på 8,95% . |
| Brannberedskapen skal opplevast som god | | Her har vi lukkast. |
| Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen | | Brannavdelnga har tilsett brannmeister. Vi har då bemanning som tilfredsstiller minimumskravet i dimensjoneringsforeskrifta |
| Redusere tal unødige brannalarmar | | Har ei positiv utvikling. |
| Tilsyn i minst 90 % av §13 objekta | | I mangel av brannmester mykje av året og sjukefråver hjå brannsjefen har branningeniøren måtte utføre andre oppgåver enn tilsyn. Men det førebyggande er likevel bra ivareteke. |
| Feiing kvart 2 år og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar | | Kommunen fekk tilsett feiar i juni. Han er godt i gong med feiinga og kom i rute før nyttår. |

| | | |
|---|---|---|
| Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte | | Har gjennomført øvingar etter oppsett plan. Det må likevel påpeikast at manglande resursar gjer at øvingane ikkje alltid vert godt nok opplagt. |
| Førebyggande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen | | Gjennomført om hausten |
| Serviceinnstilt og påliteleg | | Det meiner vi sjølv i alle fall. |
| Vedlikehald og rehabiliteringsplan for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse | | Der vert utført mykje godt arbeid på den kommunale bygningsmassen, og betre skal det bli med EPC i 2016 |
| God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp. | | Ressurssituasjonen var sterkt pressa i heile 2015. Nyrekruttering kom ikkje på plass før årskiftet til 2016. Mange prosjekt har vore godt utført, men der gjenstår også mange prosjekt som vi ikkje har hatt ressursar til. |
| Få etablere base for driftsteknikarane og reinhaldarane på Gjersdalbygget | | Basen er delvis etablert, men der er ikkje sett av ressursar til innvendig ferdigstilling av bygget. Dette står som investering 2016 |
| Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall. | | Grunna sjukefråvær hos leiar har ikkje dette vore gjort i Kommunalteknisk avdeling og overordna i Teknisk sektor. |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | Vi har mange innovative tiltak i planleggjing i høve EPC tiltak. |

**Økonomi**

Teknisk sektor har eit meirforbruk på kr 1.253.000. Dette har i hovudsak to forklaringar. Den eine er andel av asfaltering som er reasfaltering, og som ikkje kan førast på investeringsrekneskapen, men på drifta. Dette utgjer om lag kr 650.000. Det andre er at fagarbeidarar, som etter planen skulle nyttast fullt ut på sjølvkostområdet, også har vore nytta på andre område.

## 4.9 UTVIKLING

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Utvikling | 4 600 621 | 5 502 997 | -902 376 |

**Folkehelse**

Kommunedelplan for Trafikktrygging og reguleringsplanen for turveg rundt Rotevatnet har det vore arbeidd med gjennom året. Elles så har vi kartlagt alle leikeplassar i Volda sentrum og er godt i gang med eit prosjekt som går på kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i heile kommunen. Sektoren har også stått for planlegging og gjennomføring av ny leikeplass ved rådhuset. Generelt så har folkehelse eit stort fokus i all planlegging ved sektoren.

**Årsverk og stillingar**

| Tal stillingar | Kjønn | | Stillingsstorleik | Totalt årsverk |
|---|---|---|---|---|
| | M | K | (antal 50 % > | |
| **8** | **6** | **2** | **Alle 100%** | **8** |

Dei 8 stillingsheimlane er fordelt på 1 leiar, 1,5 på bygge- og delesak, 2 på kart/oppmåling og 3 på plan.

**Aktivitet**

*Bygge- og delesak*

Grunna langtidssjukemelding har vi hatt lengre sakshandsamingstid enn tidlegare år, men alle saker vart handsama innanfor lovbestemde tidfristar. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter har vore nedprioritert grunna redusert kapasitet.

Tabellen under viser tal på søknadar som vart ferdighandsama (fatta vedtak) i fjor fordelt på søknads- og tiltakstype.

| | Sum | Einebustad | Tomanns-bustad | Andre småhus | Fritidsbustad | Næringsbygg | Andre mindre tiltak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammeløyve | 17 | - | 4 | 5 | 1 | 1 | 6 |
| Eit-trinns (12-vekersfrist) | 53 | 7 | 1 | 2 | 4 | 2 | 37 |
| Utan ansvarsrett | 43 | | | | | | 43 |
| Igangsetting | 23 | | | | | | |
| Mellombels bruksløyve | 40 | | | | | | |
| Ferdigattest | 85 | | | | | | |
| Andre løyver* | 53 | | | | | | |
| **Total sum** | **314** | | | | | | |

**Endringsløyve, tilbygg, fasadeendringar mm.*

*Kart og oppmåling*

Etter fleire år med rydding av gamle saker og nokre langtidssjukmeldingar så har ein god framdrift no på oppmålingsavdelinga.

*Plan*

Fokus på planarbeidet i 2015 har særleg vore på Kommuneplan, der arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel er prioritert. Planprogram godkjent kommunestyret 27.08.2015. Innspel og medverknadsprosess gjennomført i samsvar med godkjent program.

Ut over dette har det i året blitt arbeidd med fylgjande reguleringsprosjekt for bustad og næringsareal som dels vert vidareført i 2016:

Urbakkfoten

Bustadområde Heltne-Bratteberg B58

Bustadfelt Ottagarden (Bratteberg)

E39 Volda Hamn – Elvadalen, m.fl

Oversikt over kommunedelplanar og reguleringsplanar godkjende/vedtekne i 2015 er slik:

Reguleringsplanar:

PlanID 2011003 - Bustadområde Håmyra - - 26.02.2015
PlanID 2013002 - Dalsfjord Fyrmuseum m.m - 26.02.2015
PlanID 2014003 - Bustadområde Kvislagrova (på Egset)t - 28.05.2015
PlanID 2012011 - B60 – Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl - 26.11.2015

*Innføring av eigedomsskatt*

Sektoren har også hatt ansvaret for innføringa og oppfølging av eigedomsskatt. Dette har vore mykje oppfølging i samband med klagesaker.

*Landbruk*

Vi har felles landbrukskontor i saman med Ørsta kommune der Ørsta er vertskommune. Dei lagar til ein felles årsmelding.

**Klimaplan**

I høve til klimaplan er rutine for oppfølging og kontroll av avfallsplanar i byggesaker etablert og følgjast opp. Elles er også interkommunalt byggesaksforum etablert der deling av kompetanse og erfaringar om klimatiltak skjer jamleg.

**Økonomi**

Sektoren hadde eit netto budsjett på kr 5.502.997. Rekneskapen viste eit netto forbruk på kr 4.600.621. Dette gir eit netto mindreforbruk på kr 902.376. Hovudgrunnane til mindreforbruket er at vi har hatt ein stilling på planseksjonen ståande vakant halve året samstundes som vi hatt mindre utgifter til konsulenttenester enn budsjettert. I tillegg så har vi fått inn meir gebyrinntekter enn forventa.

**Innkjøpspraksis**

Alle som gjer innkjøp ved sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette verte følgd.

**Etikk**

Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventa at desse vert følgde.

**Resultatmål**

| MÅL 2015 | RESULTAT | KOMMENTAR |
|---|---|---|
| Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging | | Det har høgt fokus. |
| Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak | | Søkt om tilskot til 4 tiltak. |
| Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar | | Gjort no i vår og ny runde til hausten. |
| Halde den økonomiske ramma | | Eit mindre forbruk på kr 0,9 mill. |
| Medarbeidarsamtale med alle tilsette | | Gjennomført før sommaren |
| Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova | | |
| Initiere innovative/nytenkjande tiltak | | I samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel vart det nytta mange nye måter for å få inn innspel. Til dømes eige lokale i sentrum og utdeling hefte på ferga. |
| Nærver 95 % | | Grunna langstidsjukemelding klarte vi ikkje dette målet, men enda på 91,1 % |
| Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome | | |
| Rett kompetanse i alle stillingar | | |
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | | |
| Alle som vender seg til Volda kommune skal få i samsvar med krava i forvaltningslova | | |
| Forbetre innhald og struktur på heimesida, særs når det gjeld Planinnsyn og kart | | Det er forbetra noko, men framleis under arbeid. |
| Gjennomføre eigne planoppgåver etter prioriteringa i vedteken kommunal planstrategi og tilpassa tilgjengeleg planleggingsressurs | | Planstrategien skal verte revidert i 2016, men vi er ligg godt an framdriftsmessig når det gjeld kommuneplanen sin samfunnsdel. |
| Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor | | Ikkje kome skikkeleg i gong enno, men har eit mål om å få dette betre i 2016. |
| Få inn pkt om naturmangfaldslova i malen for saksframlegg | | Dette er på plass i malen til alle saksframlegg no. |
| Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune | | |

## 4.10 ANSVARSOMRÅDE 80 (FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER)

| Sektor | Rekneskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik |
|---|---|---|---|
| Fellesutgifter /fellesinntekter | **-5 043 039** | 4 979 059 | -10 022 098 |

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einskilde avdeling. Dette gjeld blant anna:

- Ulike tilskot (kyrkjeleg fellesråd, frivilligsentral osb)
- Nokre kontingentar, som til dømes KS- kontingenten
- Momskompensasjon
- Kalkulatoriske renter og avdrag (inntekter frå VAR-området)
- Avskrivingar
- Premieavvik pensjon
- etc.

Føresetnaden i revidert budsjett for 2015 var ei netto utgift på kr 4.979.059,- på dette ansvarsområdet. Den endelege rekneskapen viser ei netto inntekt på kr 5.043.039,-. Avviket på ca 10 mill kr. kan i all hovudsak forklarast reduserte pensjonsutgifter. Pensjonsselskapa fakturerte oss mindre enn det som var lagt til grunn i prognosane frå selskapa (gjeld heile kommunesektoren).

Under følgjer ein kort omtale av dei mest sentrale tala på dette ansvarsområdet.

*Pensjon*

Når ein skal budsjettere, vil det alltid vere usikre faktorar. Hovudforklaringa til det er lovendringa som tok til å virke frå og med 2002. Fram til 2001 var det den betalte pensjons-premien som vart utgiftsført i rekneskapen. I 2002 vart dette endra. Pensjonsleverandøren reknar ut kva som er pensjonskostnaden for det enkelte år:

- Dersom innbetalt premie i året er større enn pensjonskostnad (utrekna av pensjonsleverandøren sine aktuarar), får vi eit positivt premieavvik.

- Dersom innbetalt premie i året er mindre enn pensjonskostnad, får vi eit negativt premieavvik.

Premieavvik vert ført slik i rekneskapen:

- Positivt premieavvik (dvs når innbetalt premie er større enn netto pensjonskostnad ) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsutgift dei neste 15 åra med like årlege beløp.

- Negativt premieavvik (dvs når innbetalt premie er mindre enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsutgift i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsinntekt dei neste 15 åra (med like årlege beløp).
- Premieavvik som oppstod i 2011-2013 skal amortiserast over 10 år (ikkje 15 år som for premieavvik oppstått i perioden 2002-2010).
- Premieavvik som oppstår frå og med 2014 skal amortiserast over 7 år.

Pr 31.12.2015 har Volda kommune kr. 42.321.052,- i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast årleg fram til 2025. Dette er ei stor belastning for likviditeten, og er no også mykje debattert på nasjonalt nivå (har vore omtalt i alle Volda kommune sine budsjettdokument og årsmeldingar sidan 2005). Det har vore gjort anslag som viser at samla premieavvik på landsbasis er over 30 milliardar kroner. Ein av dei fremste ekspertane på kommuneøkonomi (Asbjørn Pedersen, leiar av Norges kemner og kommunekassererforbund) samanlikar kommunerekneskapane med Enron-skandalen. Det seier han fordi premieavviket inneber at kommunerekneskapane ikkje gjev eit korrekt bilde av den økonomiske situasjonen til kommunane.

I 2015 var det eit netto negativt premieavvik på kr. 3.396.672 (inkludert arbeidsgjevaravgift), og vart ført som ei utgift i driftsrekneskapen. Amortisering av premieavvik frå tidlegare år (inkludert arbeidsgjevaravgift) utgjorde ein netto utgift på kr.6.539.304. Premieavviket gir dermed ei netto utgift på kr. 9.935.976,- i rekneskapen for 2015 (3.396.672 plus 6.539.304).

Årets premieavvik, kr 3.396.672,-, skal som omtalt ovanfor inntektsførast over dei neste 7 åra.

# ØRSTA KOMMUNE
**Landbrukskontoret Ørsta Volda**

Ørsta landbruksnemnd
Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Volda kommune
Stormyra 2, 6100 Volda

| *Saksnr* | *Løpenr.* | *Saksansvarleg* | *Arkiv* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2014/2100 | 4577/2016 | ASTEINNE | V00 | 01.04.2016 |

## ÅRSMELDING 2015

### RESSURSAR

Ørsta og Volda kommunar har inngått vertskommuneavtale om felles landbrukskontor, der Ørsta er vertskommune. Landbrukskontoret er organisert som ei eining i seksjon kultur og næring. 2015 var det første heile året med felles kontor, som vart oppretta 1. september 2014. Kontoret har hatt 4,2 årsverk, fordelt på 5 tilsette. 1 årsverk sto vakant første 3 månadene. I tillegg var det første halvår 1 årsverk som landbruksvikar knytt til kontoret, vedkomande var utleigd til Landbruk Nordvest, og slutta 1. juli.

Første året har vore prega av innarbeiding av nye rutinar og vakanse i stilling, og dermed større arbeidspress på resten av dei tilsette. Det har også vore problem med det datatekniske, for å få tilgang og innsyn til kart og sakshandsamarprogram i Volda.

Dei tilsette har delteke på aktuelle kurs og konferansar for landbruksforvaltninga i fylket og lokalt. Det har vore sendt ut (e-post og post) to infoskriv til aktive gardbrukarar og andre interesserte, i begge kommunane.

### LANDBRUKSMYNDE

Ørsta har landbruksnemnd og vilt- og innlandsfiskenemnd, medan Volda har forvaltningsstyre med begge desse funksjonane. Dei tilsette har vore sakshandsamarar for desse nemndene i aktuelle saker.

Dei økonomiske verkemidlane i landbruket som kommunen har avgjerdsmynde på, vert handsama som delegerte saker. Landbrukskontoret handsama søknader som gav ein total sum tilskot på 40,5 mill. kr til gardbrukarar i Ørsta, og 19,7 mill. kr til gardbrukarar i Volda. Dette er litt nedgang i forhold til 2014. Tal bruk/føretak i drift var 177 stk. i Ørsta, 101 stk. i Volda. Dette er ein nedgang på 1 bruk i Volda, elles uendra sidan 2014.



Postadresse:
6153 ØRSTA
postmottak@orsta.kommune.no
700 49 700 700 49 711
www.orsta.kommune.no
939461450 MVA 3992.07.30144

**Omdisponering av jord 2015** (tal rapportert i Kostra):

| | Ørsta | Volda |
|---|---|---|
| Jordlova | 10,9 da dyrka | 2 da dyrka |
| | 3 da dyrkbar | 0 da dyrkbar |
| Plan- og bygningslova | 33,7 da dyrka | 13,1 da dyrka |
| | 20,9 da dyrkbar | 0 da dyrkbar |

# JORDBRUK

Det var fatta vedtak i 2 saker med godkjenning av plan for nydyrking på totalt 21,1 daa, begge sakene var i Ørsta.

I 2015 meldte 2 kumjølkprodusentar kvota inn for sal. Det var i 29 produsentar som kjøpte kvote frå staten, og totalt sett auka produksjonsramma litt.

| 2015 | Hentestader: | Liter mjølkekvote: |
|---|---|---|
| Samla aktiv kvote (kumjølk) | 95 | 14.920.795 |
| Samla aktiv kvote (geitmjølk) | 7 | 909.645 |
| | Einingar: | |
| Eigarar som leiger ut kumjølkkvote | 36 | 2.036.638 |
| Samdrifter | 15 | |

Tabell: Mjølkekvoter

Kommunane har 10 aktive beitelag som organiserer beiting i utmark for sau, geit, storfe og hest.

| År | Aktive medl. | Vaksne sauer sleppt | Vaksne sauer tapt | Taps% Vaksen sau | Lam sleppt | Lam tapt | Taps% lam | Geit sleppt | Geit tapt | Taps% geit | Storfe sleppt | Storfe tapt | Taps% storfe |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | 92 | 2.256 | 59 | 2,62 | 3.700 | 204 | 5,51 | 79 | 4 | 5,10 | 469 | 2 | 0,43 |

Tabell: Organisert beitebruk - samla oversyn for Ørsta og Volda.

Til SMIL-tiltak fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 400.000 og Volda kommune kr 250.000, i tillegg kom inntrekte midlar. 24 handsama søknader med kostnadsramme på 2,1 mill. kr.

Det vart handsama 13 søknader om dispensasjon for spreiing av husdyrgjødsel på eng etter frist. Tal søknader er kraftig redusert etter at det vart innført tilskot for tidleg spreiing.

1. januar vart det starta opp eit 3-årig prosjekt; *"Vegval med mjølk- og kjøtproduksjon i Ørsta og Volda"*, til dagleg kalla *mjølkeprosjektet*.
Initiativet kom frå produsentlag, og det er Tine som er eigar og har prosjektleiar. Prosjektet har fått økonomisk støtte frå Fylkesmannen, og Landbrukskontoret er med i styringsgruppa. Målet er å halde oppe - og helst auke, produksjonen på storfe i Ørsta/Volda. Behova for fornying er store då området har mange båsfjøs. I februar vart det halde fagmøte for interesserte produsentar, med om lag 50 frammøtte, og det var fjøssafari til Hornindal og Stryn i oktober.




## SKOGBRUK

Aktiviteten i skogbruket i Ørsta og Volda i 2015 viser større aktivitet både på skogkultur og hogst. Tala under er samla for Ørsta og Volda, oppdeling kommunevis går fram av tabellane.

Det vart i alt sett ut om lag 120.000 skogplanter, mot 66.000 i 2014. Det er likevel eit for stort etterslep i plantinga for å kome à jour med hogsten. Det vart i alt ytt kr 350.000 i statstilskot til skogkultur i 2015. Aktiviteten med gjenplanting av orkanflatene er den viktigaste saka for skogbruket i Ørsta/Volda komande år. Det var Allskog med mannskap frå Aust-Europa som utførte arbeidet med skogplanting.

Hogsten tok seg kraftig opp i høve til 2014, det vart hogd bortimot 40.000 $m^3$ mot 22.000 $m^3$ i 2014. Til drift i bratt/vanskeleg terreng vart det ytt kr 317.000 i tilskot, dette var ein stor nedgang frå året før då det vart utført mykje dyr drift med taubane.

Aktivitet og tilskot til vegbygging gjekk mykje opp i høve til 2014, mange anlegg er ferdigstilt. Det vart i 2015 godkjend 4.465 m ny bilveg og 380 m oppgradering til vel 4,1 mill. kr, som genererte 2,4 mill. kr i statstilskot.

Ein hemsko for rasjonell skogsdrift i området er det offentlege vegnettet, fleire fylkes- og kommunevegar har for låg standard for utkøyring av tømmer.

Ørsta, 01.04.2016

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Roger Nedreklepp
Fagansvarleg skogbruk

Vedlegg: Tabellar med oversikt over Ørsta og Volda kommunar

# ÅRSOVERSIKT

## over jordbruket i Ørsta kommune for året 2015 og 2014

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.1. og 31.7. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane.

| | | Kode | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|---|
| Bruk i drift (= > 10 daa (søknader) | | | 177 | 177 |
| Jordbruksareal i drift: daa | | 299 | 33.967 | 34.134 |
| **Bruken av jorda:** | | | | |
| ENG | Fulldyrka jord til slått og beite | 210 | 21.124 | 21.247 |
| | Overflatedyrka jord, til slått og beite | 211 | 409 | 416 |
| | Innmarksbeite | 212 | 12.402 | 14.426 |
| | Andre grovforvekstar | 213 | 0 | 28 |
| | Grøngjødsling | 223 | 0 | 0 |
| KORN OG ANNA FRØ TIL MOGNING | Vårkveite | 240 | 0 | 0 |
| | Haustkveite | 247 | 0 | 0 |
| | Rug | 241 | 0 | 0 |
| | Rugkveite | 249 | 0 | 0 |
| | Bygg | 242 | 0 | 0 |
| | Havre | 243 | 0 | 0 |
| VEKSTHUS OG DRIVBENKAR | Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3. | 251 | 0 | 0 |
| | Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7. | 250 | 0 | 0 |
| GRØNNSAKER OG POTETER | Poteter | 230 | 3 | 3 |
| | Grønnsaker på friland inkl. urter | 264 | 0 | 0 |
| FRUKT, BÆR, PLANTESKULE OG BLOMSTER | Epler | 272 | 0 | 0 |
| | Pærer | 273 | 0 | 0 |
| | Planteskuleareal | 285 | 0 | 0 |
| BÆR | Jordbær | 280 | 0 | 0 |
| | Andre bær | 281 | 0 | 0 |
| EVENTUELT ANNA | Jordbruksareal i drift, brakk (sjå rettl.) | 290 | 0 | 4 |
| | Jordbruksareal i drift, ikkje rett til tilskot | 294 | 29 | 10 |
| JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT | Fulldyrka/overflatedyrka | 292 | 78 | 47 |
| | Innmarksbeite | 293 | 606 | 654 |
| SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal) | | 299 | 33.967 | 34.134 |

| HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7) ØRSTA | | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Hest | (115 – 116) | 117 | 113 |
| Mjølkekyr | (120) | 1.350 | 1.331 |
| Ammekyr | (121) | 31 | 25 |
| Andre storfe | (119) | 2.284 | 2.268 |
| Voksne sauer over 1 år | (137) | 1.627 | 1.757 |
| Sauer under 1 år | (138) | 744 | 659 |
| Mjølkegeiter over 9 mnd. | (140) | 604 | 664 |
| Ammegeiter for kjøttproduksjon | (142) | 3 | 4 |
| Bukkar og ungdyr, medrekna kje | (144) | 299 | 272 |
| Avlspurker | (155) | 129 | 125 |
| Avlsråner | (156) | 0 | 2 |
| Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl) | (158) | 25 | 17 |
| Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl) | (159) | 0 | 0 |
| Smågriser under 2 mnd. | (154) | 1088 | 938 |
| Griser selde, slakt og livdyr | (184) | 3747 | 3.439 |
| Verpehøner over 20 veker | (160) | 6.354 | 6.358 |
| Livkyllingar, påsett til verpehøns | (175) | 15 | 0 |
| Slaktekyllingar | (176) | 23 | 34 |
| Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon | (168) | 25 | 13 |
| Livkyllinger, selde | (185) | 0 | 0 |
| Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta | (186, 187, 188, 189) | 0 | 15 |
| Minktisper | (170) | 1.620 | 2.030 |
| Revetisper | (171) | 771 | 753 |
| Kaniner (meir enn 1 kull) | (180) | 6 | 11 |
| Bikuber | (194) | 4 | 2 |
| Lama | (196) | 5 | 5 |
| Kyr av bevaringsverdig rast | (720) | 2 | 2 |

| Diverse produksjonar m.m. | 2015 | 2014 |
|---|---|---|
| Meierleveranse *) liter<br>Her av økologisk | 9.313.738<br>784.974 | 9.214.500<br>730.947 |
| Slakteleveranse kg | 713.085 | 718.679 |
| Fordeling kumjølk/geitmjølk:<br>Kumjølk produsentar<br>Geitmjølk " | <br>69* 8.912.977<br>4* 400.761 | <br>70* 8.792.404<br>4* 422.096 |

*Henteplassar

| YMSE TILSKOT, UTBETALT ØRSTA | Tal søknader | | Tilskot kr | |
|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2014 | 2015 | 2014 |
| Bu-midlar, frå fylkesmannen | 0 | 2 | 0 | 64.094 |
| Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) | 9 | 28 | 198.500 | 718.180 |
| Organisert beitebruk, investeringstilskot | 2 | 4 | 38.400 | 98.000 |
| Friskare geiter | 1 | 2 | 4.950 | 339.256 |
| Tilskot til drenering | 4 | 4 | 44.945 | 47.100 |
| **Produksjonstilskot:** | | | | |
| Produksjonstilskot husdyr | 133 | 144 | 10.169.488 | 10.299.792 |
| Areal- og kulturlandskapstilskot grovfôr | 175 | 181 | 9.911.316 | 11.185.801 |
| Tilskot til dyr på utmarksbeite<br>Tilskot til dyr på beite | 108<br>143 | 111<br>148 | 1.387.767<br>1.437.436 | 1.445.016<br>1.477.873 |
| Bevaringsverdige storferaser | 1 | 2 | 2.000 | 6.000 |
| Kjøttfeproduksjon | 3 | 2 | 69.000 | 55.575 |
| Driftstilskot i mjølkeproduksjonen | 74 | 79 | 9.219.500 | 9.592.600 |
| Økologisk landbruk Arealtilskot<br>Omleggingstilskot<br>Husdyrhald | 12<br>1<br>5 | 13<br>2<br>5 | 46.591<br>5.825<br>392.670 | 50.740<br>39.250<br>361.210 |
| Botnfrådrag/trekk | 175 | 185 | 1.113.646 | 580.000 |
| **Regionalt miljøprogram:** | | | | |
| Eiga seter<br>Fellesseter | 2<br>16 | 3<br>18 | 60.000<br>84.952 | 90.000<br>112.500 |
| Bratt areal 1447 da (2108 da) | 58 | 70 | 184.500 | 227.795 |
| Automatisk freda kulturminne 16 stk. (22) | 11 | 10 | 15.000 | 15.000 |
| Utsett jordarbeiding, eittårig raigras 5 da (8 da) | 1 | 1 | 250 | 400 |
| Tilskot til fôring sau som går ute heile året, skjøtsel av kystlynghei | 1 | 1 | 2.640 | 4.050 |
| Areal i soner m/særleg verdifullt kulturlandskap<br>Fulldyrka/overflatedyrka 1329 da (1323)<br>Innmarksbeite 585 da (646)<br>Gjødselspreiing vår/haustsesong 9071 da (6246)<br>Bruk av slangespreiiar/gylleanlegg 499 da (505) | <br>13<br>10<br>56<br>4 | <br>14<br>11<br>54<br>5 | <br>170.770<br>23.340<br>373.126<br>29.940 | <br>191.835<br>25.660<br>374.760<br>30.300 |
| Tilskot til beitelag: Sau/lam 3389 dyr (3481)<br>Storfe/hest 584 dyr (579) | 8<br>7 | 8<br>7 | 50.835<br>11.680 | 38.291<br>11.140 |
| Trekk | 17 | 0 | 17.000 | 0 |
| Avløysarordning ferie og fritid | 125 | 134 | 6.033.478 | 6.193.223 |
| Avløysing under sjukdom | 28 | 40 | 591.778 | 1.179.189 |
| Sum | | | 40.560.677 | 43.838.570 |

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Ørsta
for året 2015

## SKOGRESSURSAR:

| | | daa |
|---|---|---|
| Produktivt skogareal | Høg bon. (G17 og høgre)<br>Middels " (G11 til G14)<br>Låg " (G 8 og lågare) | 59.426<br>23.889<br>3.149 |
| | SUM | 86.464 |

| | | m3 |
|---|---|---|
| Ståande kubikkmasse | Furu<br>Gran<br>Lauv | 32.800<br>625.300<br>281.000 |
| | SUM | 939.100 |

| | | m3 |
|---|---|---|
| Tilvekst | Furu<br>Gran<br>Lauv | 1.350<br>35.950<br>12.750 |
| | SUM | 47.750 |

## HOGST:

| | | 2015 m3 | 2014 m3 |
|---|---|---|---|
| Skur og spesialtømmer | Furu<br>Gran | 13 981 | 3349 |
| Massevirke | Furu<br>Gran | 9 003 | 5151 |
| Bartrevirke (Industrivirke, flis, vrak, o.l.) | | 53 | 62 |
| Sum tømmer | | 23 037 | 8562 |
| Ved (lauv og bartre) | | | |
| Sum hogst av ved og tømmer | | 23 037 | 8562 |
| Bruttoverdi i kr | | 6 468 611 | 2 191 055 |
| Juletresal 500 Bruttoverdi i kr 165.000 | | 165.000 | 180.000 |

## INVESTERINGAR OG TILSKOTT I ØRSTA 2015 :

| | Tal planter/ m3/ meter veg | Areal da | Kostnad kr | Statstilskot Kr | | Kommunalt tilskot, kr 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2015 | 2014 | |
| Flaterydding | | | | | | |
| Plantekjøp og Plantearbeid | 84 525 | 368 | 491 200 | 250 593 | 159 998 | |
| Mekanisk etterrydding | | | | | 20.371 | |
| Markbered-ning | | | | | | |
| Avstands-regulering | | | | | 14.130 | |
| Gjødsling fast-mark | | | | | | |
| Grøfting Nyanlegg | - | | - | | - | - |
| Drift i vanskeleg terreng | 5 500 | 95 | 1102 500 | 200 000 | 531 900 | |
| Hogst energivirke | | | | | | - |
| Bilv.bygging: Nybygg Opprusting | 4 465 380 | | 3 723 420 405 080 | 2 258 926 192 249 | 1.500.203 42.500 | |
| Traktorveg-bygging | | | | | | |
| Juletreplanting | 4.000 | 12 | 45 000 | | | |

| FORVALTNINGSSAKER ELLES ØRSTA | | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga | | 36 | 46 |
| Av dette: | | | |
| Våningshus | | 0 | 0 |
| Gardkjøp/tilleggsjord | - Rentelån | 0 | 0 |
| Tradisjonelt jordbruk | - Vanleg ordinær bruksutbygging | 6 | 3 |
| | - Etableringstilskot | 1 | 2 |
| | - Bedriftsutviklingstilskot | 1 | 0 |
| Organisert beitebruk, investering i beitefelt | | 0 | 2 |
| SMIL-søknader | - Kulturlandskapstiltak | 15 | 14 |
| | - Forureiningstiltak | 3 | 6 |
| | - Stell av kulturlandskap | 0 | 2 |
| | - Drenering | 6 | 15 |
| Tilleggsnæring | - Stipend | 0 | 0 |
| | - Investering | 0 | 0 |
| | - Idèavklaring | 1 | 0 |
| Anna | - Turisme | 0 | 0 |
| | - Tidlegpensjon | 3 | 1 |
| Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte | | 0 | 1 |
| Landbruksnemndsaker, i alt | | 92 | 89 |
| Av dette: | | | |
| Delegerte saker | | 35 | 20 |
| Saker etter | | | |
| Odelslov | | 0 | 0 |
| Konsesjonslov | | 11 | 10 |
| Jordlov, Skoglov | | 25 | 25 |
| Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m. | | 6 | 9 |
| Andre saker | | 15 | 25 |
| Tal møter landbruksnemnda | | 7 | 7 |

# ÅRSOVERSIKT

## over jordbruket i Volda kommune for året 2015 og 2014

Tal bruk, areal, arealfordeling og husdyrtal bygg på data frå søknader om produksjonstilskot pr. 1.1. og 31.7. og talkodene i parantes refererer seg til desse søknadane. Areal og dyr som ikkje er med på desse søknadane er heller ikkje med i oversynet. (Særleg aktuelt for areal ute av drift.)

| | | Kode | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|---|
| Jordbruksforetak, kvalifiserte til produksjonstilskot | | | 101 | 102 |
| Jordbruksareal i drift: daa | | 299 | 15.432 | 15.703 |
| **Bruken av jorda:** | | | | |
| ENG | Fulldyrka jord til slått og beite | 210 | 11.431 | 11.617 |
| | Overflatedyrka jord, til slått og beite | 211 | 293 | 303 |
| | Innmarksbeite | 212 | 3.677 | 3.750 |
| | Andre grovforvekstar | 213 | 0 | 0 |
| | Grøngjødsling | 223 | 0 | 0 |
| KORN OG ANNA FRØ TIL MOGNING | Vårkveite | 240 | 0 | 0 |
| | Haustkveite | 247 | 0 | 0 |
| | Rug | 241 | 0 | 0 |
| | Rugkveite | 249 | 0 | 0 |
| | Bygg | 242 | 1 | 0 |
| | Havre | 243 | 0 | 0 |
| VEKSTHUS OG DRIVBENKAR | Veksthus og drivbenkar oppvarma pr. 1.3. | 251 | 0 | 0 |
| | Andre veksthus og drivbenkar pr.31.7. | 250 | 0 | 0 |
| GRØNNSAKER OG POTETER | Poteter | 230 | 1 | 0 |
| | Grønnsaker på friland inkl. urter | 264 | 0 | 0 |
| FRUKT, BÆR, PLANTESKULE OG BLOMSTER | Epler | 272 | 0 | 0 |
| | Pærer | 273 | 0 | 0 |
| | Planteskuleareal | 285 | 0 | 0 |
| BÆR | Jordbær | 280 | 0 | 0 |
| | Andre bær | 282 | 2 | 2 |
| PLANTESKULE-AREAL | | 285 | 0 | 4 |
| EVENTUELT ANNA | Jordbruksareal i drift utan rett til tilskot t.d. brakka areal | 290 og 294 | 27 | 27 |
| JORDBRUKSAREAL UTE AV DRIFT | Fulldyrka/overflatedyrka | 292 | 24 | 15 |
| | Innmarksbeite | 293 | 181 | 102 |
| SUM JORDBRUKSAREAL (kode 210 - 299) = eige + leigd - bortleigd jordbruksareal) | | 300 | 15.432 | 15.703 |

| HUSDYRTAL (MEDEL 1.1. OG 31.7) VOLDA | | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Hest | (115 – 116) | 81 | 64 |
| Mjølkekyr | (120) | 539 | 568 |
| Ammekyr | (121) | 19 | 13 |
| Andre storfe | (119) | 948 | 976 |
| Voksne sauer over 1 år | (137) | 1.701 | 1.642 |
| Sauer under 1 år | (138) | 719 | 656 |
| Mjølkegeiter over 9 mnd. | (140) | 563 | 442 |
| Ammegeiter for kjøttproduksjon | (142) | 0 | 0 |
| Bukkar og ungdyr, medrekna kje | (144) | 291 | 233 |
| Avlspurker | (155) | 24 | 27 |
| Avlsråner | (156) | 0 | 0 |
| Ungpurker (over 6 mnd. bestemte for avl) | (158) | 0 | 0 |
| Ungråner (over 6 mnd. bestemte for avl) | (159) | 0 | 0 |
| Smågriser under 2 mnd. | (154) | 122 | 69 |
| Verpehøner over 20 veker | (160) | 7.543 | 7.521 |
| Livkyllingar, påsett til verpehøns | (175) | 0 | 0 |
| Slaktekyllingar | (176) | 0 | 0 |
| Ender, gås og kalkun. Bruksproduksjon | (168) | 0 | 0 |
| Kyllingar, ender, kalkuner, gjess, slakta | (186, 187, 188, 189) | 0 | 0 |
| Minktisper | (170) | 0 | 0 |
| Revetisper | (171) | 0 | 0 |
| Bikuber | (194) | 12 | 10 |
| Lama | (196) | 1 | 1 |
| Kyr av bevaringsverdig rase | (720) | 20 | 24 |

| Diverse produksjonar m.m. | 2015 | 2014 |
|---|---|---|
| Meierleveranse *) liter | 3.875.646 | 4.061.253 |
| Slakteleveranse kg | 349.071 | 359.848 |
| Fordeling kumjølk/geitmjølk:<br>Kumjølk produsentar<br>Geitmjølk " | <br>24* 3.539.856<br>3* 335.790 | <br>30* 3.810.111<br>2* 251.142 |

*Henteplassar

| YMSE TILSKOT, UTBETALT VOLDA | Tal søknader | | Tilskot kr | |
|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2014 | 2015 | 2014 |
| Bu-midlar, frå fylkesmannen | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Spesielle spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) | 8 | 9 | 192.500 | 149.000 |
| Organisert beitebruk, investeringstilskot | 2 | 0 | 205.100 | 0 |
| Eteblerarstipend | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Økologisk utviklingstiltak | 0 | 1 | 0 | 11.250 |
| Friskare geiter | 2 | 1 | 253.200 | 174.820 |
| Tilskot til drenering | 1 | 3 | 20.000 | 39.000 |
| **Produksjonstilskot:** | | | | |
| Produksjonstilskot husdyr | 80 | 80 | 5.689.409 | 5.867.838 |
| Areal- og kulturlandskapstilskot grovfor | 101 | 100 | 4.729.270 | 5.047317 |
| Produksjonstilskot planteproduksjon | 2 | 2 | 8.700 | 8.700 |
| Tilskot til dyr på utmarksbeite<br>Tilskot til dyr på beite | 66<br>87 | 66<br>86 | 907.209<br>797.571 | 894.903<br>814.291 |
| Bevaringsverdige storferaser | 1 | 1 | 42.000 | 48.000 |
| Kjøttfeproduksjon | 2 | 1 | 67.579 | 22.801 |
| Driftstilskot i mjølkeproduksjonen | 28 | 35 | 3.403.500 | 4.086.600 |
| Botnfrådrag/trekk | 115 | 107 | 661.752 | 325.000 |
| **Regionalt miljøprogram:** | | | | |
| Eiga seter<br>Fellesseter | 0<br>1 | 1<br>0 | 0<br>3.333 | 30.000<br>0 |
| Bratt areal 1251 da (1261) | 39 | 42 | 160.630 | 184.440 |
| Automatisk freda kulturminne 6 stk (6) | 2 | 2 | 6.000 | 6.000 |
| Areal i soner m/særleg verdifullt kult.landsk.<br>Fulldyrka/overflatedyrka (11 da) | 0 | 1 | 0 | 1.595 |
| Gjødselspreiing vår/haustsesong 2922 da (1762)<br>Bruk av slangespreiiar/gylleanl. 896 da (454) | 23<br>9 | 16<br>6 | 126.672<br>53.760 | 105.720<br>27.240 |
| Tilskot til beitelag: Sau/lam 2235 (1907)<br>Storfe/hest 68 (87) | 4<br>3 | 5<br>5 | 33.525<br>1.360 | 20.977<br>1.740 |
| Trekk | 1 | 0 | 1.000 | 0 |
| Avløysarordning ferie og fritid | 75 | 75 | 2.830.776 | 3.103.937 |
| Avløysing under sjukdom | 8 | 20 | 239.107 | 596.019 |
| Sum | | | 19.771.201 | 21.242.188 |

ÅRSOVERSIKT
over skogbruket i Volda
for året 2015

## SKOGRESSURSAR:

| | | da |
|---|---|---|
| Produktivt skogareal | Høg bon. (G17 og høgre)<br>Middels " (G11 til G14)<br>Låg " (G 8 og lågare) | 37.800<br>31800<br>2300 |
| | SUM | 71.900 |

| | | m3 |
|---|---|---|
| Ståande kubikkmasse | Furu<br>Gran<br>Lauv | 211.000<br>340.000<br>237.000 |
| | SUM | 788.000 |

| | | m3 |
|---|---|---|
| Tilvekst | Furu<br>Gran<br>Lauv | 6.200<br>18.500<br>9.800 |
| | SUM | 34.500 |

## HOGST:

| | | 2015<br>m3 | 2014<br>m3 |
|---|---|---|---|
| Skur og spesialtømmer | Gran og Furu | 11 306 | 6 290 |
| Massevirke | Furu<br>Gran | 5 408 | 7 233 |
| Bar – og lauvtrevirke (Industrivirke, flis, vrak o.l.) | | 92 | 97 |
| Sum tømmer | | | |
| Ved (lauv og bartre) | | | |
| Sum hogst av ved og tømmer | | 16 806 | 13 620 |
| Bruttoverdi i kr | | 4 956 078 | 2 141 728 |
| Juletresal Bruttoverdi i kr | | | |

## INVESTERINGAR OG TILSKOTT I VOLDA I 2015:

| | Tal Planter/ m3/ meter veg | Areal da | Kostnad kr i alt | Statstilskot Kr | | Kommunalt tilskot, kr 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2015 | 2014 | |
| Flaterydding | | | | | | |
| Plantekjøp og Plantearbeid Naturleg forynging | 34 000 | 152 | 205 450 | 99 975 | 121 148 | |
| Mekanisk etterarbeid | | 25 | 5 500 | 3 300 | 11 700 | |
| Mark-beredning | | | | | | |
| Avstands-regulering | | | | | | |
| Gjødsling fast-mark | | | | | | |
| Grøfting Nyanlegg | | | | | | - |
| Drift i v.terreng | 1 463 m3 | 37 | 461 960 | 117 610 | 1 130 665 | |
| Energitilskot | | | | | | |
| Bilvegar Nybygg Opprusting | | | | | | |
| Traktorvegar | | | | | | |
| Juletreplanting | Planter - | Areal | | | | |

| FORVALTNINGSSAKER ELLES VOLDA | | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Søknader til Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga | | 15 | |
| Av dette: | | | |
| Våningshus | | 0 | |
| Gardkjøp/tilleggsjord | - Rentelån | 0 | |
| Tradisjonelt jordbruk | - Vanleg ordinær bruksutbygging | 5 | |
| | - Etableringstilskot | 0 | |
| Organisert beitebruk, investering i beitefelt | | 1 | |
| SMIL-søknader | - Kulturlandskapstiltak | 6 | |
| | - Forureiningstiltak | 0 | |
| | - Stell av kulturlandskap | 0 | |
| | - Drenering | 3 | |
| Tilleggsnæring | - Stipend | 0 | |
| | - Investering | 0 | |
| Anna | - Turisme | 0 | |
| | - Tidlegpensjon | 0 | |
| Pantefråfall, prioritetsvik, debitorskifte | | 0 | |
| Forvaltningsstyret, i alt | | 21 | |
| Av dette: | | | |
| Delegerte saker | | 8 | |
| Saker etter | | | |
| Odelslov | | 0 | |
| Konsesjonslov | | 3 | |
| Jordlov, Skoglov | | 10 | |
| Høyringssaker etter plan- og bygningslov m.m. | | 0 | |
| Andre saker | | 0 | |
| Tal møter forvaltningsstyret | | 10 | |

BARNEVERNSTENESTA
HAREID-ULSTEIN-VOLDA-ØRSTA

# ÅRSMELDING MED REKNESKAP 2015

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om Barnevernstenester og er todelt :
For det første skal vi sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For det andre skal vi bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår. Vi har dermed ei todelt oppgåve, ved at vi skal arbeide i forhold til enkeltbarn og deira familiar, samstundes som vi skal drive førebyggande arbeid og følgje med i born sine oppvekststilhøve.

1.1.2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. Denne årsmeldinga omhandlar det andre driftsåret med denne organisasjonsmodellen. I 2014 dreiv vi ei "desentralisert" interkommunal teneste medan vi venta på at lokala i Volda rådhus skulle bli ferdige. I mai 2015 flytta vi inn i dei nye lokala, ein flytte- og etableringssjau som var nokså krevjande ved sida av vanleg drift og tenesteyting. Ved slutten av året hadde vi også fått på plass møte/samtalerom i alle samarbeidskommunane.

## ÅRSVERK

Ved utgangen av 2015var det vel 60 årsverk i tenesta, det same som i 2014; 31,3 av desse var *i den lovpålagte barnevernstenesta* (barnevernssjef, kontorfagleg personale, fagteamleiarar, barnevernskonsulentar og tiltakskonsulentar), medan omlag 30 årsverk var knytt opp mot *arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta* (fagleiar, miljøarbeidarar og miljøterapeutar).

## ORGANISERING

Personalet er organisert og oppdelt i fagteam, organisert etter fasane i ei barnevernssak. Kvart team har sin leiar. I tillegg har vi øyremerka 100 % stilling (fordelt på to personar), som har ein særleg fokus på førebyggande, tverrfagleg og tverretatleg arbeid i samarbeidskommunane. Når det gjeld omsorga for einslege mindreårige flyktningar har vi det vi kallar "Fagteam EM". Her har Volda og Ørsta etablerte bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar, med eige personale som går i døgnturnus. Det er også etablert "oppfølgingsteneste"; personale som

følgjer opp dei som har flytta ut av bufellesskapen. Dette tiltaket, som ikkje er ei lovpålagt oppgåve, vart lagt inn under barnevernssjefen sitt ansvarsområde frå 1.1.2014. I og med at tiltaket berre gjeld for to av dei fire samarbeidskommunane, vil det bli omtala i eit eige kapittel i årsmeldinga.

Organisasjonskartet vårt ser slik ut:




**DRIFT OG AKTIVITET GJENNOM ÅRET**

Ved sida av flytteprosess, dagleg drift og ivaretaking av mellom 300 og 400 barn i ulike tiltak, har vi også dette året arbeidd mykje med å etablere den nye organisasjonen; Fire ulike praksisar, rutinar og arbeidsmåtar har kravd mykje oppryddings-, samordnings- og samkøyringsarbeid.

Hovudregelen er at ei undersøking skal avsluttast etter tre månader. Også i år har vi hatt *fristoverskridingar* i denne fasa. Som ein av fleire barnevernstenester har vi hatt tilsyn frå Helsedirektoratet (utført av Fylkesmannen) gjeldande overskridingar av tidsfristar. I kjølvatnet av dette har vi sett i verk tiltak for få kontroll over desse; auka personalressurs på undersøkingsteamet, endring av rutinar, og strammare oppfølging.

Sjølv om alle samarbeidskommunane gjennom fleire år har nytta det same fagprogrammet, *Familia,* viste det seg i samanslåingsprosessen at bruken av programmet har vore ulikt praktisert. Også i 2015 har vi brukt mykje tid på å etablere ein felles praksis og bruk av dette programmet. Dette er viktig for å få ein god og systematisk oversikt over sakene, men også for å få eit likt grunnlag for rapportering og statistikk. Tidleg i 2015 gjennomførte vi også ei *samanslåing av databasane* i dei fire samarbeidskommunane, noko som har forenkla sakshandsaminga i fagprogrammet. Vidare er *økonomidelen* av fagprogrammet Familia ikkje i bruk. Dette vil vere ein nyttig reiskap for å få oversikt over kostnadane ved kvart tiltak, og vi satsar på å få dette implementert i løpet av 2016.

For i størst mogleg grad å kunne nå hovudmålsettingane i barnevernslova, har vi arbeidd strategisk for å *utvikle gode hjelpetiltak* til barn og familiar. Vi har lagt ned forholdsvis store ressursar i *samarbeidet med andre kommunale instansar*, i von om å gi barn og deira foreldre rett hjelp til rett tid, i von om å kome tidleg inn, og for å gi vårt bidrag til at barn og unge får gode oppvekstvilkår. Vi har også arbeidd for å forbetre talet på barn som har sin eigen *plan*, enten dei tek imot hjelpetiltak i heimen eller dei bur utafor heimen i fosterheim eller institusjon.

For å sikre *eit tilgjengeleg barnevern*, er alle tilsette utstyrt med mobiltelefonar. I tillegg har vi vårt eige fasttelefonnummer, og alle kan nå oss via Volda kommune sitt telefonnummer. Alle barnehagar og skular i samarbeidskommunane også sin faste *kontaktperson* i barnevernstenesta. Vi har *presentert* og diskutert barnevernets arbeid på rektor- og barnehagestyrarsamlingar, på fødeavdelinga i Volda, med ambulansepersonell og med psykiatrisk personale i kommunane. Vi har *faste samarbeidsmøter* med alle kommunale instansar som arbeider med barn og unge, samt med politiet. Vi har også hatt både lege-, politi og sosialarbeidarstudentar i praksis.

Barnevernssjefen og fagteamleiarane har delteke i KS sitt nasjonale nettverk for utvikling av barnevernet. Dette er eit utviklingsarbeid, og ein prosess, der vi vonleg får avslutta arbeidet med ei skriftleg "teneste og kvalitetsanalyse" i første halvår 2016.
Vi arbeider også med implementering av *brukarmedverknad og brukarevaluering*. Her har vi teke i bruk ein metode der både barn og foreldre gir tilbakemelding om korleis dei opplever å samarbeide med oss. Vi har også blitt eit "Mitt Liv"-barnevern, ved at vi har etablert eit forpliktande samarbeid med "Forandringsfabrikken" og «Barnevernsproffane», som har sitt utspring i "Landsforeningen for barnevernsbarn". Gjennom dette nettverket peiker tidlegare barnevernsbarn på utvikling og forbetringsområde for barnevernet.

Likeeins har alle barn som bur utafor heimen krav på *sin eigen tilsynsførar*. Også her har det vore manglar. Dette har vi gjort noko med, ved å øyremerke eige personell for å sjå til at denne ordninga fungerer som den skal i framtida.

Vidare har vi delteke i ulike typar kurs og fagsamlingar, og vi har hatt interne opplærings- og skuleringsdagar. Kurs arrangert av Fylkesmannen og det regionale nettverket "Mission Possible" har vore prioritert, men vi har også hatt felles fagutvikling med sosialarbeidarutdanninga ved Høgskulen i Volda. Gjennom "Mission Possible" har vi arbeidd med å utvikle og utarbeide felles rutinar for alle kommunane på Sunnmøre gjeldande oppfølging av fosterbarn. Vi har også deltatt på fagdagar gjennom "Bulystprosjektet" i kommunane i ytre.

Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin teamleiar, dei har tilbod om fagleg rettleiing i grupper, og vi har gjennomført medarbeidarsamtaler med alle tilsette. Vi har arbeidd med organisasjonsutvikling og vårt eige arbeidsmiljø, og vil halde fram med dette i 2016.

## ARBEIDET PÅ DEI ULIKE TEAMA

### Kontorpersonalet

Det er totalt 2,1 stillingar på kontorfagleg side i tenesta. I 2015 heldt arbeidet i kjølvatnet av samanslåinga fram. Det er lagt ned eit stort arbeid med rydding i arkiv og fjernarkivering av gamle saker i kommunane. Alle konteringar, adresser og overføring av all aktivitet er overført til Volda kommune. Ulike praksisar, for konteringar og utbetalingar, også i forhold til klientar og oppdragstakarar (besøksheimar, fosterheimar, støttekontaktar m fl), har blitt samordna. Dette har blitt utarbeidd nye skjema og nye rutinar på fleire område. Personalet har også endra sine arbeidstider (deltidsstillingar), slik at det er kontorpersonale på jobb kvar dag i kontortida.

### Melding og undersøkingsteamet

Teamet besto ved utgangen av 2015 av 7 personar, totalt 6,1 % stillingar. Teamet si hovudoppgåve er mottak, gjennomgang og vurderingar av meldingar, samt gjennomføring av undersøkingar. Lov om Barnevernstenester legg tydelege premissar for denne delen av arbeidet, og det er her ein er underlagt dei fleste lovfesta tidsfristane.

Teamet har faste møter, der ein går gjennom innkomne meldingar, drøftar sakene i høve alvorsgrad, og legg strategi for undersøkinga. Det vert lagt vekt på å snakke med barna i alle undersøkingar. Vi har utarbeidd rutinar for arbeidet, noko som utgjer ein viktig del av barnevernstenesta sitt kvalitetssystem. Saksdrøftingar, i teamet, og med den einskilde sakshandsamar vert prioritert.

Det er ei utfordring å halde fristane i alle saker. Ei undersøking skal som hovudregel gjennomførast innan tre månader etter mottak. I 2015 hadde vi færre fristbrot i undersøkingane enn i 2014, og det er sett i verk tiltak som vi etter kvart ser effekt av.

I følgjande tabell kan vi sjå utviklinga når det gjeld nye meldingar (tal frå barnevernet sitt fagsystem, *Familia*):

| | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Hareid | 53 | 61 | 72 |
| Ulstein | 38 | 55 | 44 |
| Volda | 81 | 90 | 61 |
| Ørsta | 116 | 75 | 78 |
| **Samla** | **288** | **281** | **255** |

Samanlagt ser ein at talet på meldingar er redusert i 2015 i høve til dei to førre åra. Noko av forklaringa på dette kan vere at ein i fleire kommunar har fungerande ressursgrupper som gjer at mindre alvorlege vanskar kan finne si løysinga andre stader enn i barnevernstenesta. Ein kan også gå ut ifrå at dette er ein «naturleg variasjon» frå år til år.

Det er ingen automatikk i at færre meldingar medfører mindre arbeid i undersøkingsfasa, eller at tiltaka som må settast i verk blir mindre omfattande: Nokre saker er meir omfattande og

arbeidskrevjande enn andre, og det er ikkje eintydig å kunne peike på kva som er dei mest framtredande problemstillingane i meldingane. Det kan verte formidla ulike signal/vanskebilde i ei og same melding, og ofte ser ein at undersøkinga kan syne heilt andre problemområde enn det som vart meldt.

Over fleire år syner både nasjonale og lokale oversyn at det er familiane sjølv som oftast melder til barnevernstenesta. Slik er det også i vår teneste. I tillegg er skulane hyppige meldarar. Meldingstalet frå barnehagane varierer, og det er fleire større barnehagar i distriktet som aldri melder til barnevernstenesta. Det er likevel ei endring mot at vi får fleire meldingar på yngre born, noko som er i tråd med faglege målsetjingar.

Dei siste åra har det vore ein markert auke i meldingar om vald og seksuelle overgrep mot barn. I dei fleste tilfella inneber dette at vi må melde til politiet, med påfylgjande dommaravhøyr av barna og eit svært omfattande etterarbeid for barnevernstenesta. Vi ser vidare eit høgt tal på saker som omhandlar partskonfliktar (konflikt mellom mor og far). Nokre av desse kan finne si løysing andre stader, til dømes hos Familievernet. Likevel medfører desse sakene stor arbeidsbelastning, utan at barnevernet kan avgjere om barnet skal bu hjå mor eller far. Særs mange undersøkingar syner behov for rettleiing til foreldra/omsorgsgjevarane.

**Hjelpetiltaksteamet**

Tiltaksteamet bestod ved utgangen av 2015 av 9,1 sakshandsamarstillingar, samt 4,2 årsverk med tiltakskonsulentar i Familieteamet. Det har vore noko vakanse i 2015 grunna sjukemeldingar, permisjonar og AFP-reduksjon.

Teamet arbeider i hovudsak med å gi hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Etableringa av ei interkommunal barnevernsteneste gjorde det muleg å etablere *eit eige familieteam*, som arbeider med endringsarbeid; familieterapi og anna familierettleiing, til dømes PMTO og Marte-Meo. I 2015 fekk dette teamet tilmeldt 37 nye saker, og ein ser eit stort behov for desse hjelpetiltaka.

Tal på barn som har motteke hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året (Tala i parantes syner talet på barn som har motteke hjelpetiltak gjennom året)

| | **2014** | **2015** |
|---|---|---|
| Hareid | 32 | (36) 26 |
| Ulstein | 41 | (47) 34 |
| Volda | 57 | (85) 57 |
| Ørsta | 47 | (67) 52 |
| **Samla** | **177** | **(235) 169** |

Når ein ser på barn som har motteke hjelpetiltak ser vi at det her har vore ei viss «gjennomstrøyming» ved at saker vert avslutta. Hjelpetiltaksteamet har som fokus å styrke foreldra til sjølve å ta vare på barna sine. Mange har derfor tiltak over ei avgrensa tid, der desse har ført til positiv endring, og familien kan klare seg på eiga hand.

I nokre tilfelle vil barna halde fram med å ta imot hjelp frå andre instansar enn barnevernet. I andre tilfelle treng dei ikkje hjelp lenger. Nokre barn får ein kombinasjon av endringsbaserte og kompenserande tiltak, mens andre vil trenge kompenserande tiltak gjennom heile barndomen for å kunne vekse opp ilag med foreldra sine.

På lik linje med dei andre fagteama har tiltaksteamet hatt ansvar for fleire akuttsituasjonar i 2015. Mellom anna har vi måtte "hasteplassert" 10 barn. Fleire av desse vart tilbakeført til foreldra etter at det akutte i situasjonen opphørte. Teamet har ført saker vedkomande fem barn i Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker, og fleire ankesaker i rettsapparatet. Eit barn vart i 2015 plassert i institusjon med samtykke frå foreldra, som eit hjelpetiltak.

Generelt ser vi ein auke i behovet for dommaravhøyr av barn, og tiltaksteamet har bistått politiet i fleire slike saker. Teamet samarbeider med undersøkingsteamet og omsorgsteamet i ulike saker, der vi hjelper kvarandre og samarbeider tett i ulike situasjonar.

Det faglege hovudfokuset har vore å vidareutvikle arbeide med tiltaksplanar og evaluering av desse. Bakgrunnen for å fokusere på dette er eit ynskje om i større grad å ha oversikt over kva hjelp det er behov for i den einskilde familie, og å syte for at tiltak vert endra og avslutta når det er behov for det. På denne måten vil vi sikre at barn får rett hjelp til rett tid, og at ein ikkje er i kontakt med familiar i lengre tid enn naudsynt. Vi erfarer at vi gjennom godt metodisk arbeid kan hindre plassering av barn, og unngå hasteplasseringar.

Samarbeidet med "Barnevernsproffane" og deltaking i Mitt-Liv-prosjektet har medført utprøving av nye arbeidsmåtar. Dette erfarer vi at har ført oss inn i ein prosess der barnet kjem meir i fokus og vert hovudperson i eiga sak. Vi ser at dette styrkar barnet si deltaking i samarbeidet med barnevernstenesta vedkomande tiltaka som er sett inn i familien. Barnevernsproffane er opptekne av at barna skal få rom til å gi tilbakemelding på korleis dei opplever kontakta med barnevernstenesta. Tiltaksteamet innførte dette som rutine før vi gjekk inn i Mitt Liv-prosjektet, og dette er no ein innarbeidd arbeidsmåte. Vi opplever at dette gir oss meir tryggleik i høve kva tiltak som skal settast inn, og at barna og foreldra i større grad er med på å sette mål for tiltaka. Ein anna arbeidsmåte som vi ser barna oppfattar positivt, er at tiltaksplanen no har overskrifta «Barnet sin plan», til dømes Sofie sin plan. Dette viser at det ikkje er dei store endringane som skal til for å gi barnet rett plass i eiga sak.

Inntrykket er at mange av dei som får hjelp har behov for at foreldra skal få styrka sin foreldrekompetanse. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Vi ser også eit aukande tal saker som handlar om barn og unge med høgt skulefråvær, der foreldre, lærarar og hjelpeapparatet elles ikkje finn løysingar for barnet. Dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre utgjer også ein stor del av vårt arbeid.

Samarbeid med andre tenester instansar er i mange høve avgjerande for at barnet og familien får god hjelp.

**Omsorgsteamet**

Omsorgsteamet består av 6 stillingar, samt ein vikar, og tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen; i fosterheim eller i institusjon. Ved utgangen av 2015 hadde omsorgsteamet ansvar for å følge opp 91 barn. 59 av desse var under barnevernets omsorg, dvs at foreldra ikkje har ansvaret for den daglege omsorgen, men at denne er overlatt til det offentlege. Åtte av dei 91 barna som vi arbeider med budde i fosterheim eller institusjon som eit frivillig tilbod, der foreldra har gitt sitt samtykke til at dette vil vere det beste for barnet.

Barn som har vore i omsorgstiltak og som når myndighetsalderen, har rett til *ettervern* fram til dei fyller 23 år. Erfaringane tilseier at mange ønsker og har behov for det. 24 av dei 91 barna omsorgsteamet fylgde opp i 2015 var i denne gruppa.

Det er eit krav i barnevernslova om at barn som bur utafor heimen skal ha sin eigen *omsorgsplan*, og at barnevernstensta skal besøke barnet minst fire ggr pr år. Dette kravet er ikkje fullstendig oppfylt i 2015, sjølv om vi har oppnådd betre resultat enn tidlegare år. Dette vil det bli arbeidd vidare med i 2016.

Å følgje opp barn/ungdommar som bur utafor heimen er eit tids- og kostnadskrevjande arbeid. Det medfører ofte lange reiser, hovudsakleg fordi BUF-etat ikkje finn eit tilbod til desse barna i vår region/fylke. Fleire er plasserte ulike stader i landet, og det går med mykje tid og ressursar til reiseverksemd for dei som arbeider i omsorgsteamet. I tillegg kjem planlegging, praktisk arbeid og utgifter i samband med gjennomføring av samvær mellom barna, deira biologiske foreldre og sysken.

I nokre høve må eit barn/ungdom flytte frå èin fosterheim til ein annan, eller frå èin institusjon til ein annan. I 2015 har vi hatt 5 slike flyttingar. Dette medfører meirarbeid og meirkostnadar - sjølv om det sjølvsagt er mest uheldig og til dels traumatisk for dei det gjeld. I 2015 har slike hendingar råka tre barn frå våre kommunar. Vi har også hatt to barn/ungdom som har flytta tilbake til sine foreldre i løpet av året. Ved utgangen av 2015 budde ni  barn og unge i institusjon.

Skjematisk oversikt over barn med tiltak utafor heimen pr 31.12.2015

| | **Barn i fosterheim som eit frivillig hjelpetiltak** | | **Barn under omsorg (i fosterheim eller institusjon)** | | **Barn med etterverns-tiltak (oppfølging etter fylte 18 år)** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2014** | **2015** | **2014** | **2015** | **2014** | **2015** |
| Hareid | 2 | 2 | 15 | 15 | 0 | 1 |
| Ulstein | 6 | 5 | 14 | 16 | 12 | 7 |
| Volda | 5 | 1 | 14 | 12 | 7 | 12 |
| Ørsta | 1 | 0 | 17 | 16 | 4 | 4 |
| **Samla** | **14** | **8** | **60** | **59** | **23** | **24** |

Som tabellen viser, er talet på barn i ulike omsorgstiltak nokså lik i 2015 og i 2014. Men her vil det alltid vere noko variasjon, i løpet av eit år, men også frå år til år, der nokre saker blir avslutta og nye kjem til.

Omsorgsteamet har også arbeidd med utvikling av interne arbeidsrutinar, eit arbeid som skal halde fram i 2016. Ved sida av interne fagsamlingar, har vi teke del på Fylkesmannen sin Barnevernskonferanse i Geiranger, og andre relevante kurs gjennom året. Vi tek aktivt del i Mitt Liv-prosjektet, og søkjer å ha auka fokus på barna/dei unge sine opplevingar og framtidsplanar. Teamleiar har også delteke aktivt med utarbeiding av felles rutinar og sjekklister for barn i fosterheim gjennom Mission Possible-nettverket.

**Tilsynsførarordninga**

Samarbeidskommunane har *tilsynsansvar* for 76 barn som kjem frå andre kommunar, men som bur i fosterheim i våre kommunar (Volda 32, Hareid 14, Ulstein 12, Ørsta 18). For to av desse barna  er vi både setteverje og tilsynsansvarlege. Fleire barn hadde sin eigen tilsynsførar i 2015 enn i tidlegare år. Inntil vidare tek barnevernstenesta ansvar for denne ordninga, og har tilsett ein person i 50% stilling som frå 2016 skal ha ansvar for at tilsynsordninga fungerer etter intensjonane og at alle barn får sin eigen kompetente tilsynsførar.

## ØKONOMI OG REKNESKAP

I barnevernstenesta rapporterer ein til SSB etter Kostrafunksjonane 244, 251 og 252. Kostra 244 skal innehalde *alle driftsutgifter*, og er for oss fordelt mellom samarbeidskommunane etter ein fordelingsnøkkel. Denne delen av verksemda er mest forutsigbar og mogleg å styre.

Kostra 251 (hjelpetiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafor heimen) er noko mindre forutsigbare då ein ikkje veit kva saker og behov som vil dukke opp i løpet av eit år.

Neste tabell gir ei oversikt over kommunane sine utgifter til drift av barnevernstenesta dei tre siste åra, samt budsjettala for 2015 og 2016.

**Kostra 244 (fellesutgifter etter fordelingsnøkkelen mellom kommunane):**

| | Rekneskap 2013 (Tal frå SSB-Kostra) | Rekneskap 2014 (kommunetala) | Rekneskap 2015 (kommunetala) | Budsjett 2015 | Budsjettert 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| Hareid | 3 300 000 | 2 833 877 | 3 280 721 | 2 883 126 | 3 075 286 |
| Ulstein | 5 700 000 | 4 186 566 | 5 483 441 | 5 011 507 | 5 560 420 |
| Volda | 4 700 000 | 4 239 791 | 4 768 847 | 4 986 349 | 5 335 729 |
| Ørsta | 3 300 000 | 5 307 812 | 5 687 420 | 6 027 897 | 6 470 011 |
| **Samla** | **17 000 000** | **16 568 046** | **19 420 816** | **18 909 880** | **20 441 445** |

I denne tabellen kan vi sjå den kommunevise utviklinga over driftsutgifter frå 2013 til 2015. Vi ser at Hareid og Ulstein har hatt ein liten reduksjon i driftsutgiftene frå 2013 – 2015, Volda

har hatt ein liten auke, medan Ørsta har hatt ein forholdsvis stor auke. Her er det barnetalet i kommunen 0-18 år som dannar grunnlaget for kva kvar kommune skal betale. Ørsta har flest innbyggarar i denne aldersgruppa og får derfor det høgaste beløpet. Men den auken som kjem fram i dette oppsettet kan også skuldast at kommunane/barnevernstenestene har hatt ulike måtar å føre rekneskap, refusjonar etc på før samanslåinga.

Tabellen viser vidare at den samla tenesta i 2015 hadde eit overforbruk på ca kr 500 000 i forhold til det budsjetterte på denne delen av drifta. Dette skuldast at vi har hatt utgifter til etablering i nye lokalar, vi har betalt noko av møblane over eige budsjett, vi har kjøpt inn nytt datautstyr til dei 35 kontora, audiovisuelt utstyr til møteroma, vi har fått nye husleigeutgifter, hatt utgifter i samband med samanslåinga av databasane, vi har måtta lease fleire bilar, og har auka utgifter på kjøring. Alle desse tilhøva har bidrege til at utgiftene har vore vanskelege å stipulere eksakt.

**Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafor heimen)**
Desse funksjonane tek føre seg utgifter for enkeltbarn, noko som kan vere svært vanskeleg å forutsjå frå år til år. Dei kan også vere vanskeleg å skilje i budsjettsamanheng, fordi eit barn kan variere mellom tiltak i og utanfor heimen i løpet av eit år.

Hjelpetiltaka kostar, men det er særleg tiltaka for barn som bur utafor heimen som er kostnadskrevjande. Dette gjeld i hovudsak når barn må plasserast i fosterheimar eller institusjon: Når Fylkesnemnda har vedteke omsorgsovertaking for eit barn, har det statlege barnevernet, BUF- etat avgjerande innverknad på kva tilbod barnet skal få og kvar i landet det skal bu. Ei handsaming i Fylkesnemnda er ressurskrevjande på fleire område, og kostar kommunen minimum eitt hundre tusen kroner (eiga saksutgreiing, advokathjelp, overnattingar og utgifter til vitnar). I nokre høve må barnevernstenesta ut med ytterlegare eitt hundre tusen kroner til ein "sakkyndigrapport". Når barn så får ein annan plass å bu, ofte i andre delar av landet, fell i stor grad også utgiftene til samværsreiser for familien/foreldre/søsken på barnevernstenesta. I tillegg skal ein representant frå barnevernstenesta besøke barnet /fosterheimen/institusjonen minimum fire ggr pr år. I mange høve krev situasjonen for barnet at barnevernstenesta må stille på møter etc langt oftare enn dette minimumskravet, noko som fører til auka kostnadar.

Viss barn ikkje lenger kan bu ilag med sine foreldre er det langt rimelegare viss vi finn ein fosterheim i staden for at barnet må bu i institusjon. I nokre høve må likevel fosterforeldra "kjøpast fri" frå sin ordinære jobb for å vere heime med barnet på heil tid. Då kan ei fosterheimsplassering verte nesten like kostnadskrevjande som ein institusjonsplass.

BUF-etat refunderer i dei fleste høve kommunane sine utgifter som overstig kr 31 500 pr månad. Imidlertid har BUF-etat kutta ned på kva dei refunderer og ikkje, og kommunen sin eigenandel ved plasseringar av barn i institusjon har gått kraftig opp dei siste åra. Dette er ein ønska politikk frå statlege styresmakter, der ein ser at færrast mogleg barn bur i

barnevernsinstitusjonar. I nokre tilfelle er dette ikkje til å unngå, særleg når vi snakkar om ungdomar som ein ikkje klarer å finne eigna fosterheim til.

Den kommunale eigenandelen for ein institusjonsplass var i 2013 på kr 30 000 pr månad. I 2014 vart den auka til kr 50 000, og frå 2015 er den ytterlegare auka, til kr 66 900 pr månad. Ein institusjonsplass vil dermed i 2015 koste kommunen i overkant av kr 800 000 berre i eigenandel til det statlege barnevernet. Når reiser og andre utgifter kjem i tillegg, kan ein rundt rekne at den kostar kommunen omlag 1 million kroner pr år, og dette merkast sjølvsagt i rekneskapstala. Likeeins har det vore ein kraftig auke i den kommunale eigenandelen for opphald i senter for foreldre og barn, MST (multisystemisk terapi) og andre nødvendige hjelpetiltak som BUF-etat driftar.

**Ved ei oppdeling av Kostra 251 (tiltak i heimen) og 252 (tiltak utafor heimen) ser rekneskapstala slik ut for 2015:**

| | **Kostra 251** | **Kostra 252** |
|---|---|---|
| Hareid | 670 739 | 5 917 615 |
| Ulstein | 1 173 303 | 11 063 155 |
| Volda | 432 269 | 6 787 096 |
| Ørsta | 1 798 131 | 8 827 125 |

Her er det store variasjonar over utgiftene pr kommune, også viss vi fordeler tiltakskostnaden pr barn. Forklaringa på dette er at både Ulstein og Ørsta har fleire barn på institusjon, medan Hareid har ingen slike. Volda har på si side hatt ein nedgang i utgiftene på grunn av at fleire barn har nådd myndighetsalder, der det tidlegare har vore inne omfattande tiltak.

Det er også viktig å vere merksam på at det kan vere omfattande tiltak inne i ein familie, som til dømes foreldrerettleiing eller familieterapi, utan at dette belastar Kostra 251 eller 252, men som dekkast over lønnsutgiftene på Kostra 244. I nokre tilfelle vert det også sett inn omfattande tiltak i heimar, som eit alternativ til plassering.

### Litt om tiltaksutviklinga/behovet i kvar kommune i perioden 2013 - 2015

I det følgjande ser vi kommunane sine utgifter til tiltak for året 2013, 2014 og 2015, samt det budsjetterte for 2016. Beløpa er i heile millionar kroner:

**Kostra 251 og 252 samla:**

| | **Rekneskap 2013 (nto driftsutgifter-SSB-Kostratal)** | **Rekneskap 2014** | **Rekneskap 2015** | **Budsjett 2015** | **Budsjett 2016** |
|---|---|---|---|---|---|
| Hareid | 8,2 | 6,4 | 6,6 | 6,8 | 8,4 |
| Ulstein | 11,0 | 11,3 | 12,2 | 9,7 | 13,3 |
| Volda | 10,1 | 8,3 | 7,2 | 9,3 | 10,3 |
| Ørsta | 8,2 | 9,3 | 10,6 | 8,1 | 10,5 |
| Samla | **37, 5** | **35,0** | **36,4** | **33,9** | **42,7** |

**Hareid**
Her ser vi at Hareid balanserte akkurat når det gjeld rekneskapen for 2015 opp mot det budsjetterte.

**Ulstein**
Rekneskapen for Ulstein viser at tiltaksutgiftene vart 2,5 millionar høgare enn det opprinneleg budsjetterte i 2015. Denne problemstillinga såg ein allereie tidleg i 2015, noko det vart varsla om, og det vart gjort budsjettkorrigeringar. I tabellen over ser vi også at Ulstein har vore for lågt budsjettert i forhold til forbruket/ behovet som rekneskapstala for både 2014 og 2013 syner. Vonleg er budsjettet for 2016 meir i tråd med det reelle behovet.

**Volda**
Rekneskapen for Volda viser at forbruket på tiltakssida er innafor budsjettramma i 2015, på same måte som dei to førre åra.

**Ørsta**
Ørsta var i stor grad i same situasjon som Ulstein, der tiltaksutgiftene vart om lag 2,5 millionar høgare enn det budsjetterte i 2015. Denne problemstillinga såg ein allereie tidleg i 2015, noko det vart varsla om, og det vart gjort budsjettkorrigeringar. I tabellen over ser vi også at Ørsta har vore for lågt budsjettert i forhold til forbruket/ behovet som rekneskapstala for både 2014 og 2013 syner. Vonleg er budsjettet for 2016 meir i tråd med det reelle behovet.

**OPPSUMMERT**
Oppsummert har også 2015, som det andre driftsåret med interkommunal barnevernsteneste for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, vore eit krevjande år på fleire område for alle som arbeider i barnevernstenesta. Etablering av den nye organisasjonen, flytteprosessen og samordning av ulike praksisar har krevd mykje.

Det er generelt mange usikre faktorar og uforutsigbare hendingar i vårt felt. Dette gjeld særleg på tiltakssida, det vi omtalar som Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (tiltak utafor heimen). Etter kvart vil vi vonleg i større grad kunne forutsjå kor mange barn som vil kunne *kome inn*, og kor mange som vil kunne *gå ut* av barnevernstiltak kvart år. Men akutte situasjonar og nye barn som ein ikkje kjenner til frå før, samt behovet blant innflyttarar til kommunane, vil vi uansett ikkje kunne forutsjå. Å få implementert og tatt i bruk økonomidelen i fagprogrammet *Familia* vil på si side vere avgjerande som styringsreiskap for å få oversikt og kontroll med kostnadane av ulike tiltak.

Når vi no er på plass i dei nye lokala, er det viktig at vi nå får ro til å fokusere på den daglege drifta i den nye organisasjonen, og arbeide mot dei måla vi sette for den interkommunale barnevernstenesta; ei robust, fagleg sterk teneste, som gir eit mest mogleg likt tilbod til alle barna som treng barnevernstenester i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

## MÅLOPPNÅRING FOR 2015

Vi sette vi opp følgjande mål for tenesta i 2015. Desse vert kort kommentert her:

| Hovedmål | Resultatmål/Tiltak | Resultat |
|---|---|---|
| **Innflytting i Volda Rådhus medio april 2015** | Samanslåing av databasane i fagprogrammet Familia | Gjennomført |
| | Rydde og arkivere gamle saker/klientmapper | Gjennomført |
| | Planlegge innkjøp, møblering og klargjere dei nye lokala | Gjennomført |
| **Sikre eit kvalitativt godt barnevernsarbeid** | Overhalde fristane for dei ulike fasane som barnevernslova set for arbeidet | Forbetring, men ikkje i mål |
| | Utvikle gode rutinar, kontroll av framdrift, effektivisering og kvalitetssikring på kvart fagteam sitt område | Forbetring, men ikkje i mål |
| | Sikre at alle barn har tiltaks- og omsorgsplanar | Forbetring, men ikkje i mål |
| | Innføre brukarevaluering i alle saker | Forbetring, men ikkje i mål |
| | Sikre at alle barn under omsorg har tilsynsførar, at ordninga fungerer og vert utført på ein fagleg tilfredsstillande måte | Ikkje oppnådd, men blir prioritert i 2016 ved øyremerka personale |
| . | Utarbeide rutinar for internkontroll på alle områder i tenesta | Forbetring, men ikkje i mål |
| | Vurdere oppretting av barnevernsvakt | Ikkje gjort - prioriterast i 2016 |
| | Utarbeide kompetanseplan for tenesta | Ikkje gjort - prioriterast i 2016 |
| **Sikre involvering, medverknad og engasjement frå alle tilsette** | Gjennomføre medarbeidarsamtaler kvar haust | Gjennomført |
| | Involvere personalet i drift og utvikling av tenesta | Gjennomført |
| | Sjå til at alle tilsette får høve til kurs og opplæring | Gjennomført |
| | Fagleg veiledning til alle fagtilsette | Gjennomført |
| | Arbeide for nærvær på minst 90 % | Oppnådd |
| **Samarbeide med andre** | Deltaking i nettverket Mission Possible | Gjennomført |
| | Erfaringskonferanse med andre interkommunale barnevern | Ikkje gjort - prioriterast i 2016 |
| | Sikre deltaking i aktuelle tverrfaglege samarbeid i alle samarbeidskommunane | Gjennomført |

| | | |
|---|---|---|
| | Delta på implementering av "Tidleg Inn"-prosjektet | Eit kontinuerleg arbeid |
| | Opprette faste kontaktpersonar for alle barnehagar og skuler | Gjennomført |
| | Felles fagdag med:<br>- PPT/helsestasjonane<br>- NAV/helse-og omsorgsetatane<br>- Familievernet<br>-Voksenpsykiatrisk/rusteamet<br>- BUP avd Volda | Ikkje gjort eksplisitt, men likevel samarbeidd på ulike arenaer. Hatt samling for helsestasjonane og gitt info om barnevernet på samlingar for rektorar og barnehagestyrarar |
| **Utarbeide informasjonsplan for tenesta** | | Ikkje gjort - prioriterast i 2016 |
| **Ferdigstille "Kvalitetsanalyse" av tenesta og avslutte deltakinga i KS sitt barnevernsnettverk** | | Ikkje gjort - prioriterast i 2016 |

**SJUKEFRÅVÆR**

For den samla tenesta hadde vi eit sjukefråver på 9,84 % i 2015, ein liten nedgang frå i fjor. Fleire tilsette som er tilsett i full stilling, er sjukemeldt i delar av stillinga. Nokre har hatt denne ordninga gjennom mange år pga kroniske sjukdomar. Andre har vore/er sjukemeldte pga sjukdomar som kan ramme kven som helst. Nokre sjukemeldingar, over kortare eller lengre tid, kan også skuldast stort arbeidspress, stress og tøffe påkjenningar gjennom det å jobbe i barnevernet. Det vert lagt stor vekt på å følgje opp dei sjukemeldte, og det vert søkt å finne gode løysingar for den enkelte. Ein stor del av dei tilsette i barnevernstenesta er også i den alderen der ein har omsorg for eigne barn i førskule- og i skulealder. Vi har derfor ein nokså stor del eigenmeldingar, der foreldre er heime nokre dagar pga eigen sjukdom eller med sjuke barn. Eg kan ikkje sjå, og har heller ingen signal frå tillitsvalde eller verneombod, om at vi har sjukemeldingar som skuldast dårleg arbeidsmiljø eller omorganiseringsprosessen i seg sjølv.

**FOLKEHELSEPERSPEKTIVET**

Barnevernstenesta si verksemd bidreg i all hovudsak til å betre folkehelsa. Det er eit mål å kunne kome tidleg inn for å hjelpe barn og familiar slik at problema ikkje veks seg for store, særleg med tanke på barn si psykiske utvikling. Samarbeid med andre som arbeider med barn og unge er derfor ein høgt prioritert del av verksemda vår.

**HJELPETILTAKA FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR (EM) FOR VOLDA OG ØRSTA**

Gjennom fleire år har Volda og Ørsta drifta bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Dette tiltaket vart lagt inn under barnevernssjefen sitt ansvarsområde frå 1.1.2014. I motsetnad til andre barnevernstenester er kommunane si drift av tiltak for einslege mindreårige flyktningar ikkje ei lovpålagt teneste.

Barnevernstenesta driftar i dag tre bufellesskap - to i Ørsta og eitt i Volda. Ørsta og Volda har hatt kvar si oppfølgingsteneste med miljøpersonale som fyljer opp dei ungdomane som har flytta ut av bufellesskap og inn på eigen hybel. Frå 1.10.15 slo ein desse to tenestene saman til ei felles interkommunal oppfølgingsteneste.

**Busetjing og flyttingar i 2015:**

Ørsta: Kommunen busette fire EM i 2015, tre av desse vart busett i andre halvår. Ein tidlegare EM-ungdom flytta frå kommunen i andre halvår pga utdanning.

Volda: Kommunen har busett åtte EM i 205. Av desse vart fem busett i andre halvår. To tidlegare einslege mindreårige flytta frå kommunen andre halvår, ein flytta tilbake. Ungdomane som har flytta har gjort dette i samband med utdanning. Ein ungdom fekk familiegjenforeining.

**Drift**

Ørsta:

Sidekroken bufellesskap: Fire ungdomar har budd der i andre halvår. To ungdomar som har budd utanfor bufellesskapa har blitt følgt opp av personalet i Sidekroken fram til 1.10.15

Einehøgda bufellesskap: Seks ungdomar har budd der i andre halvår, fem av desse har budd der ein kort periode samstundes. Personalet i Einehøgda har følgt opp seks ungdom på hybel fram til 1.10.15, då overtok oppfølgingstenesta alle, så nær som ein.

Oppfølging på hybel: Sju ungdomar har blitt følgt opp av oppfølgingstenesta etter 1.10.15.

Ved utgangen av året var det knytt 17,05 årsverk til EM Ørsta. Av desse står 0,12 årsverk vakant. Ved utgangen av 2014 stod 1,4 stillingar vakante då ein hadde svært få ungdomar som budde på hybel. I løpet av 2015 har fleire flytta ut, og det no tilsett personale i desse stillingane.

Volda:

Smilebakken bufellesskap: Ni ungdomar budde der ved utgangen av 2015, totalt har tretten ungdomar budd i bufellesskapet i løpet av andre halvår. I tillegg har ein hatt behov for eit eksternt einetiltak med ekstra bemanning i andre halvår.

Oppfølging på hybel: Elleve ungdomar har blitt følgt opp utanfor bufellesskapa i løpet av året. Ungdomar som flyttar ut av bufellesskapet bur i private eller kommunale husvære. Volda har ikkje husvære på framleige. Fem ungdomar i tiltaket leiger kommunal hybel.

Ved utgangen av året var det knytt 13,66 årsverk til EM-tenesta i Volda. 0,64 årsverk har stått vakant delar av halvåret.

**Omlegging av oppfølgingstenesta.**
Etter utflytting frå bufellesskap får alle ungdomane tilbod om oppfølging på hybel. Både Ørsta og Volda har hatt ei slik teneste før barnevernstenesta vart interkommunal. Etter samanslåinga, såg ein at det var hensiktsmessig om oppfølgingstenesta i dei to kommunane vart samordna, og frå 1.10.2015 vart det ei felles oppfølgingsteneste for begge kommunane. Tenesta har base i Smiebakken bufellesskap i Volda.

Oppfølgingstenesta har også tatt oppdrag frå øvrig barnevern, der det har vore behov for oppfølging på hybel. Dette kan gjelde både ungdomar som aldri har vore einslege mindreårige flyktningar og ungdom på ettervern som hadde status einsleg mindreårig flyktning fram til fylte 20 år. I 2015 har oppfølgingstenesta hatt oppdrag i høve sju ungdomar for øvrig barnevern.

**Finansiering av tiltaket**
Dei største kostnadane til EM-tiltak er knytt til dei ungdomane vi søkjer refusjon for, altså der kostnadane pr ungdom overstiger kommunen sin eigendel på 16 600 pr. månad. I hovudsak gjeld dette dei ungdomane som bur i bufellesskapa og mottek heildøgnstenester. Frå oppstart og fram til 31.12.13 fekk ein 100% refusjon på driftskostnadar utover eigendelen. Dette vart endra frå 01.01.14, då staten innførte ei ordning med 20% medfinansiering av refunderbare kostnadar. Som kompensasjon auka ein samstundes EM-tilskotet til kommunane.
Ørsta har i 2015 hatt ni ungdomar med i refusjonsgrunnlaget både første og andre halvår. For Volda sin del er åtte ungdomar med i refusjonsgrunnlaget første halvår, andre halvår var 14 ungdomar med i refusjonsgrunnlaget.

Gjennom å tilby tett og god oppfølging gjennom heildøgnstenester den første tida etter busetjing, ser ein at ein at ungdomane etter kvart i stor grad meistrar kvardagen sin med oppfølging på hybel. Ungdomane lukkast i stor grad med å leige på den private bustadmarknaden, dei lukkast med vidaregåande opplæring eller alternativt får seg inntektsgivande arbeid. Nokre av ungdomane som har hatt status einsleg mindreårige tok i løpet av 2015 til på høgskule og universitet. Svært få har hatt behov for økonomisk sosialhjelp frå NAV, dei har også i liten grad behov for bistand frå psykiatriteneste, rusteneste og liknande.

**Økonomi og rekneskap**
Kommunane får i prinsippet dekt 80 % av utgiftene etter eiga refusjonsordning. Endelege rekneskapstal vil verte lagt fram for Volda og Ørsta når desse er klare.

Volda 4.mars 2016

Brynhild Solvang

barnevernssjef

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Marija Ostojic | Arkivsak nr.: | 2015/2289 |
| | | Arkivkode: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 90/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |
| | Kommunestyret | |

**REKNESKAP 2015**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Årsrekneskapen for 2015 (drifts-, investerings- og balanserekneskap) vert godkjend.**

2. **Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 på kr 25.397.311 vert avsett til disposisjonsfond.**

3. **Ubrukte løyvingar på investeringsprosjekt for 2015 vert overførde til 2016.**

4. **Udisponerte salsinntekter på kr 1.915.816 vert sett av til ubunde investeringsfond.**

**Vedleggsliste:**

1. Rekneskap for 2015 med hovudoversyn og notar.
2. Revisjonsmelding
3. Uttale frå kontrollutvalet

**Uprenta saksvedlegg:**
Ingen

**Samandrag av saka:**
Rekneskapen for 2015 viser eit overskott på kr. 25.397.311 etter at pliktige avsetningar til fond og bruk av fond er gjennomført. Netto driftsresultat er på kr 24.602.764. Dette er vel kr

794.547 større enn det overskotet. Differansen skyldast at bruk av fond er kr 794.547 større enn avsetjing til fond.

**Saksopplysningar:**

Den 15.02. året etter rekneskapsåret er fristen for innrapportering av rekneskapsdata til den nasjonale KOSTRA-databasen (KOSTRA = Kommune Stat Rapportering). Denne databasen vert administrert av Statistisk Sentralbyrå. Den 15.04. er fristen for rapportering av endelege rekneskapsdata.

Kontrollutvalet handsama rekneskapen i møte den 04.05.2016. Uttalen frå kontrollutvalet er med som vedlegg til saka. Etter § 48, nr 3 i kommunelova skal formannskapet fremje innstilling til kommunestyret om godkjenning av kommunerekneskapen.
Årsrekneskapen er samansett av investerings-, drifts- og balanserekneskap, hovudoversikter og noteopplysningar (sjå vedlegg 1).

Årsmeldinga for 2015 vert fremja i eiga sak. Dette dokumentet gir ein grundig omtale og vurdering av den økonomiske situasjonen for Volda kommune.

**Vurdering og konklusjon:**

For å ha god økonomistyring er intensjonen i kommunelova at nye tiltak skal handsamast i årsbudsjettet og økonomiplanen. Rådmannen vil derfor åtvare kommunestyret mot å disponere av overskotet når rekneskapen skal godkjennast. Eventuelle nye føresetnader og situasjonar som skulle oppstå må vurderast ut frå utgreiing av behov og konsekvensar i budsjettreguleringssamanheng. Slike utgreiingar skal også sjåast i samanheng med kommunen si økonomiske styring. Rådmannen foreslår derfor at midlane vert sett av til ubunde driftsfond/disposisjonsfond.

Teknisk beregningsutvalg rår til at kommunane har eit netto driftsresultat på 1,75 % av totale inntekter (resultatgrad). Volda kommune treng å byggje opp buffer til å tole svingingar i drifta og auka renteutgifter. Kommunen har også store investeringsbehov i åra framover, der det vil verte behov for fondsmidlar til eigenfinansiering.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ubrukte løyvingar i investeringsrekneskapen vert tilrådd overført til 2016 (punkt 4 i tilrådinga til vedtak). I dei budsjetterte rente- og avdragsutgiftene for 2016 er det teke høgde for dette.

Rekneskapsresultatet for 2015 vil vere med på å legge premissane for den framtidige drifta av Volda kommune.

Elles er resultatet for 2015 ei styrking av økonomien for Volda kommune. Rådmannen vil åtvare mot å disponere av overskotet til nye tiltak som ikkje er konsekvensutgreidde og førebudde i eigne saker. Det er ikkje lenge sidan Volda kommune vart utmeldt frå ROBEK, og det er viktig at kommunen held fast ved gode rutinar for økonomistyring.

Det skal leggjast fram sak om budsjettkorrigering i juni d.å. der ev ekstraordinære situasjonar vil verte konsekvensutgreidd og vurdert i høve eventuell tilleggsløyving eller budsjettendring.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Vi kan ikkje sjå at denne saka vil ha direkte beredskapsmessige konsekvensar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Gunnar L. Lillebø
leiar rekneskapsseksjonen

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
Vest Kontrollutvalssekretariat (VKUS)
Kommunalbanken
Sektor- og stabsleiarane
Økonomistaben

Rune Sjurgard
Rådmann

Gunnar L. Lillebø
leiar rekneskapsseksjonen

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

# Volda kommune

# Rekneskap 2015

til politisk handsaming


**s. 03** Rekneskapsskjema 1A og 1B
**s. 05** Rekneskapsskjema 2A og 2B
**s. 08** Økonomisk oversyn balanse
**s. 10** Økonomisk oversyn drift
**s. 11** Økonomisk oversyn investering
**s. 12** Tilgang og bruk av midlar
**s. 13** Driftsrekneskap
hovudpost pr. sektor
**s. 17** Balanserekneskap
pr. konto
**s. 25** Notar
oversyn over 28 notar



## Vedlegg 1
## Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

| Tall i 1 kroner | Regnskap 2015 | Regulert budsjett 2015 | Opprinnelig budsjett 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| **FRIE DISPONIBLE INNTEKTER** | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | -193 969 561 | -190 000 000 | -202 747 000 | -184 301 005 |
| Ordinært rammetilskudd | -250 765 956 | -250 665 000 | -238 813 000 | -247 835 089 |
| Eiendomsskatt verk og bruk | -3 384 834 | 0 | 0 | -3 374 472 |
Dette skal dei gjere ved å utarbeide og utgi rekneskaps-standardar og ved å kome med tilrådingar om prinsipielle rekneskapsspørsmål.
Medlemane i foreininga kjem frå:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD),
- Kulturdepartementet (KUD)
- Kommunenes Sentralforbund (KS),
- Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og
- Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK).

Dei kommunale standardane frå GKRS har 4 "nivå":

1. Notat - kan (les: bør) følgjast.
2. Høyringsutkast - kan følgjast, men er ikkje bindande.
3. Foreløpig rekneskapsstandard - sterk tilråding og bør (les: skal) følgjast.
4. Kommunal rekneskapsstandard - er bindande og skal følgjast.

Pr. februar 2015 er status slik:

- 5 endelege rekneskapsstandarder – KRS 1, 2, 3, 5 og 9 og
- 7 foreløpige rekneskapsstandarder – KRS 4, 6, 7, 8, 10, 11 og 12.

For dei som vil vite meir, syner vi til nettstaden til foreningen for God Kommunal Regnskaps-Skikk (GKRS): http://www.gkrs.no/

**Endring i rekneskapsprinsipp:**
I 2008 vart det innført 2 nye kapittel i balanserekneskapen under eigenkapital for bruk ved endring i rekneskapsprinsipp. Dette er:

**2 580** Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital (investering)
**2 581** Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital (drift)

# Note 11

## ORGANISERING AV VERKSEMDA TIL VOLDA KOMMUNE

**(GKRS-bestemt note nr 2)**

**Ny organisasjonsmodell frå 01.01.2014:**
Ut 2013 hadde Volda kommune ein organisasjonsmodell basert på flat struktur. Vi hadde 19 ulike avdelingar og stabar som er resultateiningane til Volda kommune. (Sjå rekneskapsskjema 1B for inndelinga.)

Ny organisasjonsmodell vart gradvis innført i løpet av siste halvdel av 2013 med full gjennomføring frå 01.01.2014. Stikkord for utarbeidinga av den nye organisasjonsplanen var

- færre resultateiningar,
- betre logikk i funksjonsfordelinga mellom dei einskilde resultateiningane og
- større fokus på interkommunalt samarbeid.

I 2015 har denne nye organisasjonsmodellen gått seg til.
Når det gjeld samarbeidstiltak som Volda kommune er med i, syner vi til notane 4 og 8.

# Note 12

## VESENTLEGE POSTAR I REKNESKAPEN

**(GKRS-bestemt note nr 3)**

**Sjukepengerefusjon:**
Volda kommune betalar løn i sjukemeldingsperioden og krev refusjon for dette frå NAV trygd.
Oppstillinga nedanfor syner utviklinga av sjukepengerefusjonen frå NAV trygd:

| Sjukepengar | | | | | %-vis endring | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | Totalt | Fødsels-pengar | Ferie-pengar | Sjuke-pengar | Totalt | Fødsels-pengar | Ferie-pengar | Sjuke-pengar |
| **2008** | **14 822 789** | 2 544 147 | | 12 278 642 | | | | |
| **2009** | **15 712 634** | 3 213 350 | 753 510 | 11 745 774 | **6,00 %** | 26,30 % | | -4,34 % |
| **2010** | **17 984 172** | 3 236 755 | 869 016 | 13 878 401 | **14,46 %** | 0,73 % | 15,33 % | 18,16 % |
| **2011** | **16 707 458** | 2 494 264 | 901 771 | 13 311 423 | **-7,10 %** | -22,94 % | 3,77 % | -4,09 % |
| **2012** | **17 742 965** | 3 593 736 | 961 738 | 13 187 491 | **6,20 %** | 44,08 % | 6,65 % | -0,93 % |
| **2013** | **24 654 005** | 6 201 584 | 1 437 330 | 17 015 091 | **38,95 %** | 72,57 % | 49,45 % | 29,02 % |
| **2014** | **27 698 554** | 6 018 113 | 1 601 499 | 20 078 942 | **12,35 %** | -2,96 % | 11,42 % | 18,01 % |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2015** | **24 274 778** | 5 159 614 | 1 000 343 | 18 114 821 | **-12,36 %** | -14,27 % | -37,54 % | -9,78 % |

Frå 2007 har Volda kommune hatt reskontroføring av sjukepengekrava. Dette har ført til tryggare handtering av krava, og langt betre kontroll med og oppfølgjing av sjukepengekrava mot NAV.
Ein annan gevinst av denne reskontroføringa er sikrare rutiner kring sjukepengehandteringa for dei med kroniske lidinga. Og dette kan gi store utslag i sjukepengerefusjonen. I slike tilfelle skal arbeidsgjevar ha sjukepengar frå første sjukedag, medan det elles vert det rekna 16 karensdagar.

Sjukepengerefusjonen til Volda kommune auka mykje frå 2012 til 2013 og vidare til 2014. Men i 2015 er vi tilbake til under 2013-nivå
Vi meiner det har gitt god utteljing for Volda kommune å prioritere arbeidet med sjukepengerefusjon.

**Ferie og opptening av feriepengar:**
Opptente ikkje utbetalte feriepengar var bokførde med **kr 41.818.075** ved siste årsskifte, - ein auke på kr 2.25 mill frå førre årsskifte.
Berekna arbeidsgjevar-avgift av dette var kr 5 896 813.
Kommunalt tilsette har rett til 5 ferieveker, og dei over 60 år 6 veker.
**4 dagar av ferien er tariff-festa** (ikkje lov-festa).
Oppteninga av feriepengar vert belasta driftsrekneskapen i oppteningsåret.
I driftsrekneskapen får utgiftsføringa av feriepengane den same konteringa som grunnlaget for feriepengane.

**Driftstilskot til private barnehagar:**
I 2011 vart det innført ei ny finansieringsordning for private barnehagar.

| År | Totalt kommunalt tilskot |
|---|---|
| **2011** | 30 890 734 |
| **2012** | 36 665 421 |
| **2013** | 34 951 304 |
| **2014** | 36 276 071 |
| **2015** | 31 417 166 |

Dei nye tilskotsreglane har gjort privat barnehagedrift til ei langt meir lukrativ næring enn tidlegare. Dei 5 åra den nye ordninga har vore gjeldande, har Volda kommune betalt ut nesten 170 mill kr i reint driftstilskot til private barnehagar i kommunen.
I tillegg kjem den snodige ordninga med at kommunen må refundere til dei private barnehagane for deira tapte inntekter p.g.a. syskjenmoderasjon.

**Private vassverk:**
Det meste av vassforsyninga i Volda kommune skjer gjennom offentleg(e) vassverk.
Men framleis er der likevel mange større og mindre private vassverk i drift rundt om i kommunen: Eikrem, Mork, Haukåsen, Kalvatn, Høydal, Helset, Folkestad og Dalsbygd.

**Avtale om overføring av justeringsretten for mva:**
Det ser ut som om slike avtalar vil verte vanlegare i framtida. Særleg ser dette ut til å gjelde for byggefelt klargjorde av private utbyggarar.

- I 2012 inngjekk Volda kommune avtale med utbyggaren av Smiebakken 4 (bustad for einslege mindreårige innvandrarar) om overføring av justeringsretten for meirverdiavgift. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 743.165 netto i moms-kompensasjon fordelt over 8 år rekna f.o.m. 2012.
- I 2015 inngjekk Volda kommune tilsvarande avtale med utbyggaren av byggefeltet Myragjerdet II i Dravlausbygda. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 141 544 netto i moms-kompensasjon fordelt over 10 år rekna f.o.m. 2015.

**Premiefond i pensjonsselskapet KLP (Kommunal LandsPensjonskasse)**

| Tekst | Fellesordninga | Sjukepleieordninga | Sum begge ordningar |
|---|---|---|---|
| **Premiefond 01.01.2015** | 16.259.948 | 55.803 | **16.315.751** |
| **Tilført fond i 2015** | 7.984 430 | 1.042.960 | **9.027.390** |
| **Bruk av fond i 2015** | -10.037.932 | -1.085.843 | **-11.123.775** |
| **Premiefond 31.12.2015** | 14.206.446 | 12.920 | **14.219.366** |

Premiefonda i KLP fekk tilført overraskande mykje midlar i 2014. Også i 2015 fekk desse premiefonda tilført meir enn kr 9 mill Premiefonda kan berre brukast til betaling av pensjonspremie (sjå punkt 1 under premieavvik under note 9).

- Store premiefond i pensjonsselskapet KLP gjorde at vi kunne bruke kr 11 123 775 av desse fonda til å dekke pensjonspremie i 2015. Trass i denne bruken har vi framleis kr 14.219.366 ståande på premiefond hos KLP pr. 31.12.2015.
- Bruk av premiefond til betaling av premie skal registrerast i kommunerekneskapen på kostnadsbærarane (rett KOSTRA-funksjon), og krediteringa skal skje på KOSTRA-funksjon 173 Premiefond.
- Når pensjonspremien er betalt ved bruk av premiefond, skal det ikkje betalast arbeidsgjevaravgift til skatteetaten.

# Note 13

**VESENTLEGE TRANSAKSJONAR I REKNESKAPEN**
**(GKRS-bestemt note nr 4)**

**Periodiseringar:**

a) **Lånerente** påløpt, men ikkje betalt pr. 31.12.2015, er utgiftsført med kr 944 130 i 2015-rekneskapen. Totalt lånerente for 2015 vart kr 16 906 598.
b) **Forventa krav frå tilflyttarkommunar for integreringstilskot** for innvandrarar som har flytta til andre stader i Norge, er utgiftsført med kr 1 242 550.
c) Berekna **minimumsavdrag på innlån** for 2015 vart kr 19 000 032, og det er dette beløpet som er belasta driftsrekneskapen for 2015. (Sjå også note 18.)
d) Frå og med 2010 utgiftsfører Volda kommune **løn som er påløpt i rekneskapsåret, men utbetalt først i januar året etter.**
   - Medrekna arbeidsgjevaravgift vart kr 4 400 837 flytta frå 2015- til 2014-rekneskapen.
   - Og kr 4 106 459 vart flytta frå 2016- til 2015-rekneskapen.
   - Periodisering av lønsutgifter har samla gitt ein netto utgiftsreduksjon i 2015 på kr 294 378.

Denne handteringsmåten har no vorte fast praksis.

e) Handteringa av sjukepengerefusjonen er nærare omtala i note 12. Vi meiner at Volda kommune har god kvalitet i handteringa av sjukepengerefusjonane.
Rett kravsføring av sjukepengerefusjonane gir god økonomistyring.

# Note 14

## ANLEGGSMIDDEL

**(GKRS-bestemt note nr 5)**

Vurderingsreglane for balanseføring av verdiar står i §8 i rekneskapsforskriftene.
Her står også avskrivingssatsar og –reglar for varige anleggsmiddel. Avskrivingstida varierer frå 5 til 50 år etter anleggstype. Tomter vert ikkje avskrivne.
Volda kommune startar avskrivinga året etter at investeringa er gjort.
Økonomisystemet til Volda kommune har ein eigen modul for anleggsverdirekneskap. I denne modulen har vi gruppert anleggsmidla etter levetid.
Nedanfor er ei oppstilling som syner avskrivbare anleggsmiddel pr. 31.12. dei 4 siste åra.

| Konto | Kontotekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22450100 | Anleggsmiddel 5 års avskrivingstid | 29 524 731 | 25 169 237 | 19 081 749 | 16 105 026 |
| 22450101 | Avskriving konto 2 2450 100 | -17 073 562 | -13 397 666 | -10 342 820 | -7 485 742 |
| 22450200 | Anleggsmiddel 10 års avskrivingstid | 25 352 164 | 21 859 720 | 20 863 906 | 16 141 917 |
| 22450201 | Avskriving konto 2 2450 200 | -9 772 266 | -7 598 716 | -5 524 737 | -3 833 764 |
| 22450300 | Anleggsmiddel 20 års avskrivingstid | 52 329 611 | 46 919 133 | 43 180 969 | 41 230 698 |
| 22450301 | Avskriving konto 2 2450 300 | -14 938 324 | -12 045 565 | -9 261 120 | -6 543 113 |
| 22750100 | Anleggsmiddel 40 års avskrivingstid | 477 763 837 | 416 644 530 | 407 999 263 | 393 193 343 |
| 22750101 | Avskriving konto 2 2750 100 | -70 837 805 | -57 655 470 | -44 689 266 | -32 308 515 |
| 22750200 | Anleggsmiddel 50 års avskrivingstid | 403 975 389 | 389 077 616 | 331 205 937 | 326 961 996 |
| 22750201 | Avskriving konto 2 2750 200 | -45 280 711 | -36 471 838 | -28 820 398 | -21 253 837 |
| 22750900 | Tomter | 87 156 575 | 82 540 045 | 63 533 056 | 58 856 944 |
| | **Sum** | **918 199 638** | **855 041 026** | **787 226 539** | **781 064 954** |

# Note 15

## INVESTERINGSOVERSYN

**(GKRS-bestemt note nr 6)**

Vi syner til særleg utskrift for investeringsprosjekta. Dette gjeld rekneskapsskjema 2B som syner investeringssum for det einskilde investeringsprosjekt.
Tidlegare år har det vore altfor vanleg at det som har vore budsjettert, ikkje har vorte gjort; - og det som har vorte gjort, har ikkje vore budsjettert!

Det vert arbeidd med å gjere investeringsbudsjettet til eit betre, meir tenleg, presist og realistisk arbeids- og styringsverktøy. Siktemålet er at investeringsbudsjettet skal ha eit realistisk volum som i større grad samsvarar med det som kommunen har kapasitet til å gjennomføre.

Her har Volda kommune framleis eit stort forbetringspotensiale – sjølv om vi kom eit stykke på veg i 2015.

# Note 16
## FINANSIELLE OMLØPSMIDDEL
## (GKRS-bestemt note nr 7)

| Konto | Kontotekst | IB 2015 | Bevegelse i året | UB 2015 |
|---|---|---|---|---|
| 21838311 | Aksjar Storebrand Global Kreditt | 10 022 746 | 253 834 | 10 276 580 |
| 21838320 | Aksjar Storebrand Obligasjon+ | 4 123 878 | -4 123 878 | 0 |
| 21838330 | Aksjar Storebrand Likviditet | 20 740 280 | 2 276 128 | 23 016 408 |
| 21838331 | Aksjar Storebrand Norsk Kreditt IG 20 | 8 877 698 | 1 971 675 | 10 849 373 |
| 21838520 | Aksjar Storebrand Rente+ | 6 112 753 | -7 223 | 6 105 530 |
| 21838560 | Aksjar Storebrand Eiendomsfond Norge KS | 6 143 319 | 288 765 | 6 432 084 |
| | **Sum Storebrand** | **56 020 674** | **659 301** | **56 679 975** |
| | **Utbytte frå Storebrand Eigedomsfond Norge KS, 4 direkte utbetalingar** | | **280 264** | |
| **19090** | **Gevinst instrument (skjema 1A)** | | **-939 565** | |

No er det Storebrand som er eineforvaltar av pengemarknadsplasseringane til Volda kommune. I 2014 var utbyttet til samanlikning kr 3.759.242.
Utbyttet har gått ned i takt med utviklinga i marknaden og det faktum at Volda kommune no tek mindre risiko i pengemarknadsplasseringane sine. Mindre risiko tyder mindre avkastning.
Volda kommune selde seg dessutan ned med ca kr 32,8 mill hausten 2014.

# Note 17
## OBLIGASJONAR KLASSIFISERT SOM ANLEGGSMIDDEL
## (GKRS-bestemt note nr 8)
Volda kommune har ikkje obligasjonar som er klassifiserte som anleggsmiddel,

# Note 18
## LANGSIKTIG GJELD
## (GKRS-bestemt note nr 9)
Sjå heilt sist i rekneskapsnotane.

# Note 19
## LIKVIDITETSRESERVE
## (GKRS-bestemt note nr 6 og 10)
Sjå note 6.

# Note 20
## VESENTLEGE BINDINGAR FOR VOLDA KOMMUNE
## LEIGEAVTALAR og liknande (GKRS-bestemt note nr 11)

### a) LEIGEAVTALAR FOR HUS (HUSLEIGEAVTALAR)

Leigeavtalar der Volda kommune er leigetakar

ÅRSLEIGE 2015: **kr 4.741.461** 2014: **kr 4.657 888** 2013: **kr 4.315 902**
Kr 1.282.772 av betalt husleige gjeld leigde lokale for det interkommunale barnevernet.

**b) LEIGEAVTALAR FOR GRUNN (FESTEAVGIFT)**

Volda kommune betalar grunnleige basert på 45 ulike avtalar som i sum utgjorde **kr 993.023** i 2015 og **kr 759.564** i 2014 mot **kr 908.336** i 2013.

**c) FINANSIELL LEASING**

Leasingavtalar som vert definerte som finansielle, skal førast i investeringsrekneskapen under føresetnad av at dei har ein totalverdi på kr 100.000 eller meir.

**d) OPERASJONELL LEASING**

Leasingavtalar som ikkje vert definerte som finansielle, er operasjonelle og skal førast i driftssrekneskapen.

**e) RUTINER FOR LEASINGAVTALAR**

Samla er det bokført kr 1.285.121 som leasing-utgifter i 2015 (på kontoane 12095, 12105 og 12205), kr 1.320.713 i 2014, kr 1.459.814 i 2013 og kr 1.292.399 i 2012.

Leasingavtalane bind opp kommunen fram i tid. For ein kommune er det difor viktig å ha eit samla oversyn over gjeldande avtalar. Leasing er ein alternativ måte å låne pengar på.

Nye låneopptak krev kommunestyrevedtak. I 2014 då Volda kommune var i Robek-registeret, så måtte vi også ha fylkesmannen si godkjenning for nye leasingavtalar. Leasing er generelt ein dyrare måte å finansiere driftsmidlar enn å eige.

**Frå og med 1. januar 2016 vert det innført følgjande administrative rutine:**

1) **Etablering (inkludert fornying) av leasingkontraktar må avklarast med rådmannen på førehand.**
2) **Dersom rådmannen seier ja til punkt 1 ovanfor, så kan det forhandlast fram eit utkast til avtale.**
3) **Rådmannen signerer og godkjenner kontrakten.**
4) **Signert kontrakt vert sendt til Økonomistaben.**

Det er viktig til ei kvar tid å ha oversikt over aktive leasingkontraktar. Volda kommune har registrert 51 leasingavtalar med restverdi pr. 31.12.2015 mot 52 ved førre årsskifte. Den nye rutinen omtalt ovanfor vil føre til at ein heretter (frå og med rekneskapsåret 2016) kan vere meir trygge på at oversikten over registrerte leasingkontraktar er i samsvar med gjeldande leasingkontraktar.

## Note 21

**KOMMUNALE SJØLVKOSTTENESTER**
**(GKRS-bestemt note nr 12)**

Rundskriv H-3/14 (februar 2014) frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet omhandlar nye "Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester". Desse retningslinene erstattar rundskriv H-2140 (januar 2003).

For sjølvkostområda vert det kravt at dei respektive tenesteområda skal vere sjølvberande innanfor eit tidsperspektiv på 3 – 5 år. I rundskriv H3/14 er det presisert at:

> **"En generasjon brukere skal ikke subsidiere eller bli subsidiert av neste generasjon."**

I rundskriv av 06.05.2008 presiserte dessutan Kommunal- og Regional-departementet at:

**"...underskudd fra selvkostregnskapet som ikke dekkes ved bruk av selvkostfond, må komme fram som en del av kommunens regnskapsmessige merforbruk, så fremt kommunen i regnskapsåret ikke har andre tilstrekkelige merinntekter i året.."**

I klartekst tyder dette at kommunane ikkje kan operere med negative fond.
Ved inngangen til 2014 var kloakkfondet så stort at det vart vedteke å krevje berre halv årsavgift for kloakk. Det same vart tilfelle for 2015. Dette vart gjort for å redusere kloakk-fondet til eit akseptabelt beløp.
Den same reduksjonen vert gitt i 2016.

| 2015 - Drift sjølvkost | Vann | Avløp | Feiing |
|---|---|---|---|
| Direkte driftsutgifter | 7 774 663 | 4 105 366 | 658 590 |
| Indirekte driftsutgifter | 514 722 | 397 413 | 171 426 |
| Rentekostnad | 660 548 | 526 949 | - |
| Avskrivninger | 1 532 627 | 1 187 362 | - |
| **Gebyrgrunnlag** | **10 482 561** | **6 217 090** | **830 016** |
| Gebyrinntekter | 9 830 781 | 3 074 105 | 1 392 632 |
| **Årets finansielle resultat** (pluss=overskudd) | **-651 780** | **-3 142 985** | **562 616** |
| Avsetning til sjølvkostfond og dekning av fremførbart underskudd | -651 779,80 | -3 142 985 | 562 615,81 |
| Saldo sjølvkostfond/fremførbart underskudd pr 1.1.15 | 1 278 570 | 6 824 404 | 115 894 |
| Alternativkostnad ved bundet kapital på sjølvkostfond eller fremføring av underskudd | 18 482 | 101 906 | 7 706 |
| Saldo selvkostfond/fremførbart underskudd pr 31.12.15 | 645 273 | 3 783 326 | 686 215 |
| **Nøkkeltall:** | | | |
| Årets finansielle dekningsgrad i % | -6 % | -51 % | 68 % |

Negativt sjølvkostfond er avsett til memoriakonto til dekning av gebyr i seinare år.

| Utvikling i sjølvkostresultat | Over-(+)/underskudd (-) | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **2011** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Vatn | 1 291 921 | -721 107 | 614 305 | 686 338 | **-633 298** |
| Avløp | 2 010 068 | 2 141 395 | 1 101 365 | -2 740 259 | **-3 041 078** |
| Feiing | -60 501 | 158 638 | 307 089 | 326 801 | **570 322** |
| | | | | | |
| **Fondsutvikling** | **Positivt(+)/negativt (-)** | | | | |
| Vatn | -862 994 | 428 927 | 592 235 | 1 278 573 | **645 273** |
| Avløp | 4 311 834 | 6 321 902 | 9 564 662 | 6 824 403 | **3 783 326** |
| Feiing | -616 135 | -676 636 | -210 909 | 115 894 | **686 215** |

- I k-sak 0148/08 (budsjett for 2009) vart det gjort følgjande vedtak om sjølvkost i pkt 10:

**"Kommunestyret stadfestar at avgifter vedkomande vatn, avlaup og feiing vert å krevje etter sjølvkostprinsippet. Dette har vore praksis over fleire år, og vert no formelt vedteke."**

- I rundskriv H-3/14 står det at **sjølvkost også kan vere aktuelt for** tenestene plan- og byggesakshandsaming, oppmåling og matrikkelføring og brannvesenets redningsoppgåver.

## Note 22

**TILSETTE – ÅRSVERK, LIKESTILLING M.M.**
**(GKRS-bestemt note nr 13)**

| Tekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk totalt | 680,82 | 629 | 626 | 644 | 602,28 | 574,65 |
| Årsverk kvinner | 526,53 | 487 | 486 | 498 | | |
| Årsverk menn | 154,79 | 142 | 140 | 146 | | |
| Tilsette totalt | 949 | 836 | 807 | 807 | 855 | 834 |
| Tilsette kvinner | 717 | 634 | 636 | 632 | 636 | 629 |
| Tilsette menn | 232 | 202 | 171 | 175 | 219 | 205 |
| Godtgjersle ordførar (100%) | 885 500 | 865 100 | 836 579 | 811.505 | 750.900 | 800.000 |
| Godtgjersle varaordførar (10%) | 88 550 | 86 510 | 83 657 | 81.150 | 75.090 | 80.000 |
| Løn rådmann (100%) | 1 131 000 | 1 100 000 | 1 045 500 | 1.020 000 | 880.000 | 800.000 |
| Søre Sunnmøre Kommunerevisjon | 412 312 | 371 658 | 449 760 | 392.971 | 127.902 | 405.070 |
| Søre Sunnmøre Kontrolutvalssekr. | 298 500 | 285 658 | 250 108 | 213.305 | 191.021 | 192.207 |

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr. 31.12. i rekneskapsåret.
Løna til ordførar og varaordførar er knytta til stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle.
Når det gjeld **likestilling,** syner vi til årsmeldinga frå personalsjefen.

Når det gjeld årsverk og tilsette, totalt og for kvinner og menn, i tabellen ovanfor, så er tala for åra 2013 og 2014 henta frå det såkalla PAI-registeret (Personal-Administrativt-Informasjonssystem). Dette var praksis dei 2 åra.
I tala for 2015 har Personalstaben gått tilbake til teljemåten frå 2012 og tidlegare der Volda kommune sitt personalregister er utgangspunktet.

## Note 23

**TILHØVE MED UVISST UTFALL PR. 31.12.2015**
**(GKRS-bestemt note nr 14)**

**RENTEBYTEAVTALE (rente-SWAP)**
Ein rentebyteavtale er ei avtale om å bytte vilkår på lån eller innskot. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente.
Rentebyteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna ( som er dei låna Volda kommune har i Kommunalbanken, totalt utgjer dei knapt 593 mill kr pr 31.12.2015).
Volda kommune har 2 aktive rentebyteavtaler (renteswapper) pr 31.12.2015:

- Volda kommune inngikk ei rentebyteavtale med Sparebank 1 SMN i juli 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på **50 mill kr**) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt desember 2018.
- Volda kommune inngikk ei rentebyteavtale med DNB NOR i august 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på **50 mill kr**) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har slutttidspunkt juni 2021.

**USIKRE SJUKEPENGEKRAV**
Stundom skjer det at NAV-systemet underkjenner sjukemelding frå lækjar som grunnlag for sjukepengerefusjon. I bakkant av ei slik underkjenning er det gjerne ein klageprosess før endeleg avgjerd ligg føre. For å kunne møte ei slik endeleg avgjerd har vi sett av kr 141.090 på konto 2 3475 100 Usikre sjukepengekrav.

# Note 24
**SAMLA EKSTERN GJELD**
**(GKRS-bestemt note nr 15)**

| Lånetype | | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| 232 | Annen kortsiktig gjeld | - 123 912 140 | -115 585 945 | -95 447 129 | -108 130 927 |
| 239 | Premieavvik (sjå kap 219) | -7 854 656 | -3 037 716 | -3 434 547 | -3 174 381 |
| 240 | Pensjonsforpliktelse | -848 548 841 | -839 559 270 | -793 808 720 | -716 578 075 |
| 243 | Sertifikatlån | -130 136 000 | -84 435 000 | -73 683 458 | 0 |
| 245 | Andre lån | -649 556 344 | -678 318 455 | -697 303 519 | -713 205 914 |
| | **Sum** | **-1 760 007 981** | **-1 720 936 386** | **-1 663 677 373** | **-1 541 089 297** |

# Note 25
**FORMIDLINGSLÅN FRÅ HUSBANKEN**
Bokføring av avdraga for **formidlingslån frå Husbanken – både innlån og utlån,** ordinært og ekstra-ordinært - skjer i investerings-rekneskapen. Rentene derimot vert bokførde i driftsrekneskapen.
Status ved årsskifte dei siste åra har vore:

| Tekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| Innlån | -55 631 033 | -65 393 112 | -61 988 128 | -56 890 504 | -44 353 593 |
| | | | | | |
| Utlån | 50 612 318 | 54 624 493 | 50 970 099 | 47 503 393 | 42 425 065 |
| | | | | | |
| Ubrukte lån | 1 162 225 | 0 | 1 953 065 | 2 784 370 | 0 |
| | | | | | |
| Fond nedbetaling Husbanklån | -4 029 336 | -10 941 463 | -9 237 808 | -6 788 453 | -2 170 161 |

Volda kommune skal bruke fond nedbetaling Husbanklån til ekstraordinært avdrag på innlån.

Vilkåra for utlån til låntakarane frå kommunen er dei same som Husbanken gir på låna til kommunen. I teorien skal såleis ordninga med formidlingslån vere sjølvberande.
Volda kommune har engasjert Lindorff til å administrere formidlingslåna.
Føringane finn du under **KOSTRA-funksjon 283** i kommunerekneskapen **"Husbanken sine formidlingsordningar"**. Avdrag både innlån og utlån vert ført i investeringsrekneskapen. Det gjeld også nye utlån, medan renteutgifter og –inntekter vert ført i driftsrekneskapen.

# Note 26

## INNKREVJING OG HANDTERING AV UTGÅANDE KRAV

### Utsending av krav

| Tekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Utgåande krav | **28 988** | **29 512** | **21 683** | 21 468 | 20 618 | 20 971 |
| Fakturert beløp | **176,2 mill** | **168,5 mill** | **95,7 mill** | 96,6 mill | 85,4 mill | 81,3 mill |
| | | | | | | |
| Purringar | **3 145** | **3 822** | **2 535** | 1 962 | 1 928 | 1 939 |
| | | | | | | |
| Vekkskrivne saker + gebyr | **121** | **242** | **101** | 31 | 35 | 51 |
| Vekkskrive beløp | **104 744** | **207 937** | **113.637** | 304.200 | 229 800 | 233 994 |
| Vekkskrive i % av salssum | **0,06%** | **0,13%** | **0,12%** | 0,32% | 0,27 % | 0,29 % |

Frå 2010 har vi praktisert at dei aller fleste refusjonskrav mot statlege instansar, fylke, kommunar og private også vert registrerte i faktureringssystemet vårt. Krav om EHF-faktura (elektronisk faktura) frå mange statlege instansar har forsterka denne utviklinga.
Vi har kort sagt vorte flinkare til å utnytte faktureringssystemet vårt.

### Innfordring

I Volda kommune er det skatte- og innfordringsseksjonen som står for innfordringa av dei kommunale krava. Dette er ei arbeidsfordeling som vi vurderer som rasjonell og effektiv.
For dei kommunale eigedomsavgiftene handterer vi all innfordring sjølve.
Men for andre kommunale krav samarbeider Volda kommune med inkassofirmaet Lindorff AS når vi finn det naudsynt.

### Vekkskriving

Same kor godt ein gjer innfordringsarbeidet, vil der vere krav som til slutt syner seg å vere ufåande. Desse krava må utgiftsførast i rekneskapen.

**I kommunestyre-sak 0057/2000 fekk administrasjonen fullmakt til å føre vekk enkeltkrav på inntil kr 50 000.**

### Delkredere-avsetjing

Ei ordning med delkredere-avsetjing (t.d. i % av utfakturert volum) - for å møte framtidige tap på krav – kunne vere eit alternativ. Men så langt har Volda kommune valt å ta tapa når dei oppstår framfor å ha ei jamnare avsetning.
Tala ovanfor tyder på at handteringsmåten vår ikkje gir så veldig ujamn belastning.

### Utleige av husvære

Dei kommunale husværa vert no utleigde til personar med særlege behov og berre det.
Det at husværa konsekvent vert brukte til personar med særlege behov, gjer også at ein del av husleigekrava vil vere meir usikre enn tidlegare, og at risikoen for tap er tilsvarande større.
Dette kan vere eit moment i diskusjonen om delkredere-avsetjing.

### Tenesteytingsavtale

Volda kommune har i ei treårsperiode hatt ei tenesteytingsavtale mot refusjon frå Herøy kommune. Avtalen vart oppsagt av Herøy kommune i 2015, og Herøy kommune har opplyst at dei vurderer å bestride denne avtalen.

# Note 27

## TOMTER I KOMMUNALE BYGGEFELT

| Byggefelt | Ledig 01.01.2015 | | Klargjort i 2015 | | Selt i 2015 | | Ledig 31.12.2015 | | Prisar pr. 2015 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tomter | K-areal | Tomter | K-areal | Tomter | K-areal | Tomter | K-areal | Tomter | Verdi |
| Engeset/Klepp Byggesteg II+III | | 2 | | | | | | 2 | 275.000 | 825.000 |
| Bratteberg, austre del | 14 | | | | 3 | | 11 | | 310.000 | 3.410.000 |
| Dalsbygd, Myraskogane | 6 | | | | | | 6 | | 127.000 | 762.000 |
| Steinsvik, Treneset | 7 | | | | | | 7 | | 94.000 | 658.000 |
| Hjartåbygda | 1 | | | | | | 1 | | 56.000 | 56.000 |
| Folkestadbygd, Steinhaugen | 14 | | | | | | 14 | | 122.000 | 1.708.000 |
| Straumshamn | 7 | | | | | | 7 | | 127.000 | 889.000 |
| Bjørkedal, Revsholen | 1 | | | | | | 1 | | 114.000 | 114.000 |
| Lid, Gôtene | 8 | | | | 1 | | 7 | | 118.745 | 831.215 |
| Fyrde | 3 | | | | | | 3 | | 209.000 | 627.000 |
| Totalt | 61 | 2 | | | 4 | | 57 | 2 | | |

Tomteprisane vert indeksregulerte.

Byggeaktiviteten på kommunale tomter har vore bra i 2015.

I sentrum var der 11 byggeklare tomter pr 31.12.2015 medan det rundt om i 8 ulike bygder var til saman 46 byggeklare kommunale tomter.

- Det løyser lite å ha byggeklare tomter dersom der ikkje er aktuelle kjøparar.
- Det kan også vere utfordrande for tomtesøkjarane å leite seg fram til byggeklare tomter.
    - Kommunale tomter i kommunale felt er relativt oversiktlege (sjå ovanfor).
    - Det kan vere vesentleg vanskelegare å få oversyn over byggeklare tomter i private felt. Heimesida til Volda kommune burde kunne vere ein innfallsport dersom kartansvarleg i Volda kommune får opplysningar t.d. om
        - kontaktperson, kartplassering, tal tomter og kanskje prisantydning.

I tidsromet 2001 - 2014 hadde Volda kommune ei tilskotsordning der kommunen betalte ein kronesum til husbyggarar i krinsar der det ikkje var tilgjengelege kommunale tomter.

Frå 2015 er denne tilskotsordninga avvikla og erstatta av ei ordning der kommunen inngår avtale med private utbyggarar om privat utbygging og seinare kommunal overtaking av det tekniske anlegget for drift og vedlikehald. Avtale inngått med Myragjerdet Utvikling AS er tenkt som mal for slike framtidige utbyggingsprosjekt.

Meir informasjon om ledige tomter, kommunale byggefelt, prisar m.m. finn de på heimesidene til Volda kommune.

Heimesidene har også lenke til Sunnmørskart som gir geografisk plassering av tomtene.

Heimesidene til Volda kommune har adresse:

http://volda.kommune.no/

# Note 28

## SAMANDRAG AV REKNESKAPEN

### Lånegjeld pr. innbyggar

| År | Lånegjeld pr. 31.12. | Innbyggartal pr. 31.12. | Ubrukte lån (2.91) | Lånegjeld pr. Innbyggar |
|---|---|---|---|---|
| **2000** | 208.238.029 | **8.319** | 1.819.313 | **25.032** |
| **2001** | 216.688.166 | **8.335** | 2.210.651 | **25.997** |
| **2002** | 433.386.611 | **8.337** | 138.294.115 | **51.984** |
| **2003** | 501.890.702 | **8.378** | 4.257.610 | **59.906** |
| **2004** | 507.872.001 | **8.353** | 428.236 | **60.801** |
| **2005** | 493.024.894 | **8.322** | 1.582.236 | **59.244** |
| **2006** | 511.558.717 | **8.310** | 13.695.294 | **61.559** |
| **2007** | 548.906.937 | **8.406** | 12.725.688 | **65.299** |
| **2008** | 561.859.247 | **8.509** | 20.623.323 | **66.031** |
| **2009** | 566.635.880 | **8.573** | 23.117.247 | **66.095** |
| **2010** | *614.005.452* | **8.655** | *23.353.153* | ***70.942*** |
| **2011** | *681.299.003* | **8.687** | *45.529.696* | ***78.427*** |
| **2012** | *713.205.914* | **8.827** | *42.711.002* | ***80.798*** |
| **2013** | *770.986.977* | **8.909** | *85.642.914* | ***86.540*** |
| **2014** | *762.753.455* | **8.977** | *40.594.404* | ***84.968*** |
| **2015** | *779.692.344* | **9.037** | *14.128.544* | ***86.278*** |

I denne oppstillinga er pensjonsforpliktelse halde utanfor lånegjelda.

Tala i oppstillinga er ikkje indeksregulerte.

Den gode utviklinga for økonomistyring frå dei to føregåande åra ser ut til å ha "sett seg" i organisasjonen i 2015.

**1. Lånegjeld**

- I 2015 auka lånegjelda til Volda kommune til **kr 779.692.344**. Med eit folketal pr 31.12.2015 på 9.037 gir dette ei lånegjeld ved årsskiftet på **kr 86.278 i gjeld pr. innbyggar** (ein auke på kr 1.310 frå forrige årsskifte).
- Det vart teke opp **kr 49.701.000 i nye lån** i 2015. Kr 4 mill av dette var Husbanken sitt formidlingslån.
- Totale avdrag på lånegjeld for Volda kommune vart bokført med **kr 32.762.111** i 2015.
  - Avdrag på vanleg lånegjeld vert bokført i driftsrekneskapen. Kr 19.000.032 vart betalt i 2015.
  - Avdrag på formidlingslån i Husbanken vert bokført i investeringsrekneskapen. Totale avdrag på formidlingslån var kr 13.762.079 i 2015, og av dette var kr 11.200.563 ekstraordinære avdrag.
- Ved siste årsskifte var lånemassen til Volda kommune samansett av 16 lån, og 9 av dei er av Husbanken sine formidlingslån.

- Renteutgifter for innlån vart vel kr 17 mill i 2015 mot kr 24 mill. i 2014 (sjå også note 13 og 18).
- Avdragstida er strekt til det lengst tillatne (sjå note 18).
- 1 %-poeng rente-endring vil gi nærare kr 8 mill i endra renteutgifter for Volda kommune.

**2. Akkumulert premieavvik**

- Pr. 31.12.2015 har Volda kommune sitt akkumulerte premieavvik vorte redusert til **kr 42.321.052**, medrekna arbeidsgjevaravgift. Dette har vorte handtert som driftsinntekt i rekneskapen utan at der følgjer pengar med. (Sjå også note 9).
- Premieavviket vil vere **ei likviditetsmessig bombe** for kommunane dersom ein ikkje gjer avsetningar for å møte den framtidige amortiseringa - eller utgiftsføringa. Dette forholdet har også vorte teke opp på nasjonalt nivå. For kommunesektoren samla har truleg premieavviket passert kr 30 mrd ved siste årsskifte.
- Det at ein brukar papirinntekter som premieavvik til finansiering av ulike tiltak, har over tid skapt likviditets-vanskar for Volda kommune. Tidlegare vart dette løyst ved at vi gjorde budsjetterte låneopptak tidleg i året. Vi hadde såleis mykje ubrukte lånemidlar.
- Streng økonomistyring i 2014 og 2015 har gjort at dette likviditetsmessige trykket har dempa seg noko for Volda kommune. Og vi har fått "normalisert" storleiken på ubrukte lånemidlar ved årsskiftet.

**3. Driftsinntekter og -utgifter**

- Moms-kompensasjon for investeringsutgifter vart inntektsført i driftsrekneskapen t.o.m. 2009. Samla moms-kompensasjon for 2015 er bokført med kr 27 317 080; ein auke på kr 2,2 mill frå 2014.
- Dei siste 6 åra har inntekter frå moms-kompensasjonsordninga utvikla seg slik for Volda kommune (tal i heile tusen):

| Konto | Kontotekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 07290 | Moms-kompensasjon investering frå 2014 | -15 348 | -13 898 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 17280 | Moms-kompensasjon investering (inntekt) | 0 | 0 | -5 814 | -6 277 | -12 039 | -10 606 |
| 17290 | Moms-kompensasjon drift (inntekt) | -11 969 | -11 211 | -10 627 | -9 998 | -11 475 | -10 246 |
| | **Sum** | **-27 317** | **-25 109** | **-16 441** | **-16 275** | **-23 513** | **-20 852** |
| | **Investeringsinntekt - %-del av 17280** | **100 %** | **100 %** | **80 %** | **60 %** | **40 %** | **20 %** |
| | Inntekt overført til investeringsrekneskapen | | | -4 651 | -3 766 | -4 816 | -2 121 |

  - Til og med 2009 vart all moms-kompensasjon inntektsført i driftsrekneskapen.
  - I åra 2010 – 2013 vart moms-kompensasjon opptent i investeringsrekneskapen gadvis omgjort til investeringsinntekt; 20% i 2010, 40% i 2011, 60% i 2012, 80% i 2013 og 100% i 2014.
- **Skatteinntektene og rammetilskotet syner samla kr 444 835 517, eller kr 4 170 517** meir i inntekter enn budsjettert. Dette gir eit avvik på 0,94%-poeng!
- For første gong sidan reglane om føring av **premieavvik av pensjonspremie og amortisering av premieavvik** vart innførde, har Volda kommune eit negativt premieavvik med kr 3 396 673. Ordninga ga oss ei nettoutgift på **kr 9 935 977** (funksjon 170 og 171). (Sjå note 9.)
- 2015 ga vesentleg mindre i faktisk betalt pensjonspremie enn det som var oppgitt som forventa premie av pensjonsselskapet i samband med budsjetteringa for 2015. Same vegen virka det at vi kunne bruke kr 11 179 578 av premiefonda til å dekke pensjons-

premie i 2015. Og denne fondsbruken virka direkte inn på premieavviket for 2015. Sjå elles det som er sagt om premiefond under note 12.

- **Børsplasseringane** til Volda kommune ga ein gevinst i 2015 på **kr 939 565** - eller ca 1/4 gevinsten året før (sjå note 16).

**4. Driftsresultat**

- Resultatomgrepa har hatt følgjande utvikling dei seinare åra.

| Kontotekst | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsresultat | -24 252 515 | -19 159 865 | -2 478 032 | 7 713 075 | -20 316 024 |
| | | | | | |
| Netto driftsresultat | -24 602 764 | -14 329 660 | -3 725 062 | 10 354 801 | -12 390 854 |
| | | | | | |
| Bruk av avsetningar | -30 667 458 | -37 918 575 | -25 735 714 | -26 462 891 | -12 406 621 |
| Avsetningar | 29 872 912 | 33 661 105 | 15 760 552 | 16 108 090 | 24 797 475 |
| Netto avsetningar | -794 546 | -4 257 470 | -9 975 162 | -10 354 801 | 12 390 854 |
| | | | | | |
| Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk | -25 397 311 | -18 587 130 | -13 700 224 | 0 | 0 |

- Det gode netto driftsresultatet i 2015 kan forklarast slik:
  a) god skatteinngang,
  b) mindre pensjonsutgifter enn forventa og budsjettert og
  c) god styring frå sektorane.
- Særleg positivt er det at sektorane samla sett har greidd å halde seg innanfor dei tildelte budsjettrammene. Den gode trenden frå 2013 og 2014 held fram! Skildnadene mellom avdelingane er rett nok store (sjå rekneskapsskjema 1B). Dersom vi tek ytterpunkta, så varierer avviket i sektorane frå 2 sektorar med 3,9 mill kr i mindreforbruk til 2,3 mill kr i meirforbruk. 8 sektorar og stabar har mindreforbruk i høve til tildelt budsjettramme og 3 sektorar har meirforbruk.
  - **I 2015** var samla mindreforbruk kr 11.552.563 fordelt på 14 resultateiningar.
  - I **2014** var samla mindreforbruk kr 8.408 291 fordelt på 14 resultateiningar.
  - I **2013** var samla mindreforbruk kr 5.328.437 fordelt på 18 resultateiningar.
  - I **2012** var samla meirforbruk kr 18.574.128 fordelt på 18 resultateiningar.
  - I **2011** var samla meirforbruk kr 13.556.519 fordelt på dei 19 avdelingane.
  - I **2010** var samla meirforbruk kr 6.620.333.
  - I **2009** var samla meirforbruk kr 8.238.264.
  - I **2008** var samla meirforbruk kr 9.424.510.
- Frå sumline på rekneskapsskjema 1B ser ein at frå 2014 til 2015 har dei styrbare postane netto auka med ca kr 10 mill frå kr 423.602 658 til kr 433 641 766. Dette er ein auke på 2,37%.
- I rekneskapsskjema Økonomisk oversikt drift ser vi at lønsutgiftene har auka med kr 21,8 mill til kr 417.621.123 i 2015. Dette er ein auke på 5,53%.
- I 2014 var tilsvarande auke i lønsutgiftene kr 41 mill frå kr 354 mill. Dette var ein auke på 11,8%.
  Lønsutgifter til barneverntilsette som Volda kommune overtok frå Hareid, Ulstein og Ørsta utgjorde i 2014 ca kr 30 mill av dei auken då.
- Med utgangspunkt i hovudoversikt drift så utgjer **løn + sosiale utgifter 70,96% av sum driftsutgifter i 2015**.
  - Tilsvarande tal for 2014 var 69,6%,
  - og for 2013 var 70,0%.

Arbeidskraft er altså den suverent største innsatsfaktoren i den kommunale tenesteytinga. Fokus på økonomistyring har vorte ein sentral og naturleg del av styringa av Volda kommune!

# Note 29

## VERDIVURDERING RENTESWAPPAR

Renteswappar - motpart, kupong, kurs og verdi.

**Anvendt sikringsinstrument**: renteswap/rentebytteavtale.

**Type risiko:** variabilitet i kontantstrøm.

**Sikringsobjekt**: portefølje av flytende lånemasse.

**Sikringseffektivitet:** Meget høy.

**Formål med sikringen:** sikring av kontantstrøm.

| motpart | kupongrente | sluttdato | volum | markedskurs | markedsverdi | startdato | type sikring |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SMN1 | 4,3300 | imm des 18 | 50 000 000 | 112,14 | 56 070 000 | løpende | kontantstrøm |
| DNB | 4,4700 | imm jun 21 | 50 000 000 | 120,23 | 60 115 000 | løpende | kontantstrøm |

# Note 18

## LANGSIKTIG GJELD (GKRS-bestemt note nr 9)

Sjå dei neste 2 sidene.

# Note 18 Volda kommune Oversyn over innlån 2015

| Kontonr. | Kontotekst | Saldo 01.01. | Ordinære avdrag | Ekstra-ordinære avdrag | Opp- og nedskriving lån | Refinansierte lån | Nye lån i året | Saldo 31.12. | Gj.snitt rente-sats 31.12. | Bet.frist bullet-lån |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 24 399 101 | Sertifikatlån verdipapirmarknaden (forfall 2015.03.18.) | -84 435 000 | | | | 84 435 000 | | 0 | 1,59 % | 18.03.15 |
| 24 399 103 | Sertifikatlån DNB verdipapirmarknaden (forfall 201 | | | | | -84 435 000 | -45 701 000 | -130 136 000 | | |
| 24 619 020 | 9900.200.70515 Kommunalbanken (BULL. 19.09.22) | -8 571 884 | 8 571 884 | | | | | 0 | 1,65 % | 20.11.12 |
| 24 619 030 | 9900.201.00315 Kommunalbanken (BULL. 19.06.30) | -87 683 000 | | | | | | -87 683 000 | 1,65 % | 19.06.30 |
| 24 619 040 | 9900.201.00854 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25) | -170 000 000 | | | | | | -170 000 000 | 1,65 % | 17.12.25 |
| 24 619 050 | 9900.201.00860 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25) | -175 725 521 | | | | | | -175 725 521 | 1,65 % | 17.12.25 |
| 24 619 060 | 9900.201.00864 Kommunalbanken (BULL. 17.12.25) | -90 049 938 | 10 428 148 | | | | | -79 621 790 | 1,65 % | 17.12.25 |
| 24 619 061 | 9900.201.10110 Kommunalbanken (BULL. 19.03.31) | -61 525 000 | | | | | | -61 525 000 | 1,65 % | 19.03.31 |
| 24 619 063 | 9900.201.20519 Kommunalbanken (BULL. 16.09.37) | -19 370 000 | | | | | | -19 370 000 | 1,65 % | 16.09.37 |
| 24 619 885 | 9914.63.13531 D.N.S. Husbank 2008 (form.lån) | -5 687 685 | 245 650 | | | | | -5 442 035 | 2,28 % | |
| 24 619 886 | 9914.63.20730 D.N.S. Husbank 2009 (form.lån) | -4 000 000 | 162 171 | | | | | -3 837 829 | 2,08 % | |
| 24 619 981 | 9914.62.80078 D.N.S. Husbank 2004 (form.lån) | -344 642 | 23 770 | 320 872 | | | | 0 | 2,08 % | |
| 24 619 982 | 9914.62.89822 D.N.S. Husbank 2005 (form.lån) | -5 640 000 | 360 000 | 5 280 000 | | | | 0 | 2,08 % | |
| 24 619 983 | 9914.62.98450 D.N.S. Husbank 2006 (form.lån) | -5 957 173 | 357 482 | 5 599 691 | | | | 0 | 2,28 % | |
| 24 619 984 | 9914.63 07145 D.N.S. Husbank 2007 (form.lån) | -4 960 000 | 280 000 | | | | | -4 680 000 | 2,08 % | |
| 24 619 985 | 9914.63.26855 D.N.S. Husbank 2010 (form.lån) | -6 701 309 | 293 758 | | | | | -6 407 551 | 2,28 % | |
| 24 619 986 | 9914.63.33166 D.N.S. Husbank 2011 (form.lån) | -7 000 000 | | | | | | -7 000 000 | 2,28 % | |
| 24 619 987 | 9914.63.38827 D.N.S. Husbank 2012 (form.lån) | -12 919 422 | 450 006 | | | | | -12 469 416 | 2,28 % | |
| 24 619 988 | 9914.63.45343 D.N.S. Husbank 2013 (form.lån) | -6 682 881 | 220 262 | | | | | -6 462 619 | 2,28 % | |
| 24 619 989 | 9914.63.52315 D.N.S. Husbank 2014 (form.lån) | -5 500 000 | 168 417 | | | | | -5 331 583 | 1,99 % | |
| 24 619 990 | 9914.63.67821 D.N.S. Husbank 2015 (form.lån) | | | | | | -4 000 000 | -4 000 000 | 2,03 % | |
| | **Totalt** | **-762 753 455** | **21 561 548** | **11 200 563** | **0** | **0** | **-49 701 000** | **-779 692 344** | | |
| | **Formidlingslåna sin del av innlånsmassen** | **-65 393 112** | **2 561 516** | **11 200 563** | **0** | **0** | **0** | **-55 631 033** | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| konto 05100 | Ekstraordinære avdrag på innlån (investeringsrekneskap) | 11 200 563 | |
| konto 05100 | Ordinære avdrag på innlån (investeringsrekneskap) | 2 561 516 | |
| | **Sum avdrag investeringsrekneskap** | **13 762 079** | |
| konto 15100 | Ordinære avdrag (driftsrekneskap) | 19 000 032 | |
| konto 15107 | Låneavdrag påløpt ikkje betalt pr 31.12.2015 | 1 582 529 | **Ført som kortsiktig gjeld ved årsskiftet.** |
| | **Sum avdrag belasta driftsrekneskap 2015** | **20 582 561** | |
| | **Betalte avdrag totalt** | **32 762 111** | |

| Kontonr. | Kontotekst | Saldo 01.01. | Ordinære avdrag | Ekstra-ordinære avdrag | Opp- og nedskriving lån | Refinansierte lån | Nye lån i året | Saldo 31.12. | Gj.snitt rente-sats 31.12. | Bet.frist bullet-lån |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fordeling av lån etter långjevar** | | **Tal lån ved årsslutt** | **Saldo 31.12.** | **Prosent fordeling** | **Ordinære avdrag, betalt og belasta** | **Rente-SWAP pr. 31.12.** | **Betalte renter i 2015** | **Gj.snitt rente-sats 31.12.** | | |
| | Sertifikatlån (konto 15000 - F870) | 1 | -130 136 000 | 16,69 | 0 | | 1 675 886 | 1,59 % | | |
| | Kommunalbanken (konto 15000 - F870) | 7 | -593 925 311 | 76,17 | 20 582 561 | | 10 777 005 | 1,65 % | | |
| | Husbanken (konto 15000 - F283) | 11 | -55 631 033 | 7,13 | 2 561 516 | | 1 423 735 | 2,17 % | | |
| swap 6 | Sparebank 1 SMN (rente-SWAP-avtale) - bortfall 19.12.2018 | | | | | -50 000 000 | 1 535 347 | 3,14 % | | |
| swap 7 | DnB Markets (rente-SWAP-avtale) - bortfall 16.06.2021 | | | | | -50 000 000 | 1 581 125 | 3,28 % | | |
| | Endra periodisering i 2015 (gjeldskonto 2 3770 700) | | | | | | 25 418 | | | |
| | **Sum(rentesats er gjennomsnitt for året)** | **19** | **-779 692 344** | **100** | **23 144 077** | **-100 000 000** | **17 018 517** | **2,21 %** | | |
| | Sum SWAP | | | | | | **3 116 472** | | | |

**Forklaringar:**

1. **Rente-SWAP-avtalane er ein del av rentebindinga til Volda kommune.**
2. **Volda kommune sine lån i Kommunalbanken er såkalla bulletlån utan avtalefesta avdrag i løpetida, men med full innfriing ved betalingsfristen.**
3. **Volda kommune sitt låneavdrag vert berekna etter såkalla minimumsavdrag der ein held formidlingslåna og ekstraordinære låneavdrag utanfor. Dei lærde har ulike oppfatningar av korleis dette minimumsavdraget skal utreknast. Volda kommune har valt ein metode der ein brukar vekta attståande levetid for kommunen sine anleggsmiddel ved utrekning av minimums-avdrag. Vektinga i denne reknemodellen vert gjort etter rekneskapstal pr. 31.12. i rekneskapsåret.**
4. **Leasing vert ofte vurdert som eit alternativ til å kjøpe og eige. Men kapitalkostnadene for dette er som ein hovudregel monaleg høgare (sjå note 20).**

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS




Til kommunestyret i Volda

6100 VOLDA

## REVISJONSMELDING 2015

### Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda kommune, som består av balanse pr 31.desember 2015, driftsrekneskap som viser kr. 459.039.076,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbuk på kr. 25.397.311,-, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr denne datoen, og ein beskrivelse av vesentlege anvendte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

*Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Administrasjonssjefen har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valgte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Presiering*
Balanse og note til årsrekneskapen vedkomande pensjonskostnad viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnader og inga reell fordring.

***Konklusjon***

Etter vår meining er årsrekneskapen, med unntak av det som er nemnt ovanfor, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Volda kommune pr 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

## Uttalelsar om andre forhold

*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av rekneskapen som beskreve ovanfor, meiner vi at regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsmelding*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskreve ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Volda kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 21. april 2016

Halldis Moltu

Halldis Moltu

Reg. revisor

# VOLDA KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

**U T S K R I F T**

**frå**

**M Ø T E P R O T O K O L L**

| Utval: | Sak nr.: | Arkiv: | Møtedato: |
|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Volda kommune | 14/16 | 212 | 04.05.2016 |

**SAK 14/15 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2015**
**Vedlegg:**

- Revisjonsmelding 2015(datert 21.04.2016).
- Rekneskap 2015 (utsendt frå kommuneadministrasjonen).
- Årsmelding 2015 (utsendt frå kommuneadministrasjonen).

**Saksopplysning/saksutgreiing**
Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2015.

Driftsrekneskapen viser kr 459.039.076 til fordeling drift.
Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 25.397.311.

Revisjonsmeldinga
Revisjonsmeldinga er det viktigaste dokument kontrollutvalet har som grunnlag for å uttale seg om rekneskapen. Følgjande viktige opplysningar kjem fram:
Rådmannen sitt ansvar

- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Intern kontroll som gjer det mogleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller annan feil.

Revisor si eiga rolle og plikter

- Skal uttale seg om årsrekneskapen på grunnlag av den revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, International Standards on Auditing, som blant anna krev at han lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisors oppgåver og plikter* i revisjonsmeldinga.

Konklusjon

- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen pr. 31.12.15.
- Unntaket (jf. presisering i revisjonsmeldinga) er pensjonskostnader som viser eit premieavvik. Dette er ei teknisk sak som har vore presisert i ei årrekke.

Revisor sin uttale om andre tilhøve

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrift.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering, og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

**Økonomi og annan informasjon**
Det vert vist til årsmelding og årsrekneskap.

Årsmeldinga:
Det vert vist til side 3 og 4 der rådmannen sine kommentarar går fram.
Volda kommune har ca. 53,7% høgare lånegjeld enn samanliknbare kommunar.

Vurdering av Volda kommune sin økonomiske situasjon (side 4 – 31):
2.1 Resultat 2015 – side 5
2.2 Frie inntekter – side 6
2.3 Eigedomsskatt – side 8
2.4 Generelle statstilskot – side 8
2.5 Finansområdet – side 9
2.6 Investeringar – side 16
2.7 Diverse nøkkeltal – side 18
2.8 Fondsmidlar – side 21
2.9 KOSTRA – side 22

Personalpolitikk - side 27
Sektorane - side 30
For meir informasjon og forklaringar må ein sjå i årsmeldinga.

Rekneskapen:
Rekneskapen inneheld obligatoriske skjema og samanlikningar med tidlegare år sine budsjett og rekneskap.
Notane til rekneskapen fylgjer frå side 25. Å sjå på notane gir godt informasjon. Særleg bør ein merke seg note 28 Samandrag av rekneskapen, frå side 46, der bl.a. lånegjeld og akkumulert premieavvik er omtala.
Note 18 omhandlar langsiktig gjeld.

**Rett utskrift**
Åram, 04. mars 2016

Jostein Støylen
Dagleg leiar

**Utskrift til:** Kommunestyret. Skal fylgjer rekneskapssaka frå rådmann – formannskap til kommunestyret.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Kjell Magne Rindal | Arkivsak nr.: | 2014/1705 |
| | | Arkivkode: | S02 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 91/16 | Formannskapet | 10.05.2016 |
| | Kommunestyret | |

**GJENNOMFØRING AV ENERGITILTAK I ENERGISPAREPROSJEKTET (EPC)**

**Administrasjonen si tilråding:**

Alternativ A

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Herav vert prosjekt for 5,4 mill lyst ut som eigne prosjekt, medan 50,6 mill utgjer kontrakt med NEE i samsvar med terskelverdien for offentleg innkjøp. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik finansiering:

| | |
|---|---|
| Kostnader | |
| Samla pakke (50,6 + 5,4) | 56,0 mill eks mva |
| Intern oppfølgingskostnader | 2,0 mill " " |
| Sum kostnadsoverslag | 58,0 mill " " |
| Mva av 56 mill | 14,0 mill |
| Sum kostnadsoverslag | 72,0 mill inkl mva |
| | |
| Eigenandel | 5,9 mill |
| Tilskot Enova | 3,5 mill |
| Lån | 48,6 mill |
| Mva-komp | 14,0 mill |
| Sum finansiering | 72,0 mill |

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

Alternativ B

1. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.

   Voldahallen skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma. Kommunestyret vedtek utløysing av opsjon i eiga sak.

2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.

   Under føresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten. Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysing etter lov om offentleg innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

   Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling  bruken av bygget og finansiering av innreiing.

3. EPC-programmet er planlagt gjennomført over 2 år. Kommunestyret godkjenner slik kostnadsramme og finansiering:

| | |
|---|---|
| Kostnader | |
| Samla pakke | 56,0 mill eks mva |
| Tredje etg Aasenbygget (råbygg) | 16,0 mill " " |
| - reduksjon EPC-Aasenbygget | 9,0 mill " " |
| Intern oppfølgingskostnader | 2,0 mill " " |
| Sum kostnadsoverslag | 65,0 mill eks mva |
| Mva av 63 mill | 15,8 mill |
| Sum kostnadsoverslag | 80,8 mill inkl mva |

| | |
|---|---|
| Finansiering | |
| Eigenandel | 5,9 mill |
| Mva-kompensasjon | 15,8 mill |

| | |
|---|---|
| Tilskot Enova | 3,5 mill |
| Lån | 55,6 mill |
| Sum finansiering | 80,8 mill |

Gjennomføring i 2016 vert dekt innanfor låneramma på kr 25 mill som er avsett i årets budsjett. Resterande løyvingar vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan.

4. Volda kommune inngår ei 5-årig avtale med NEE, med opsjon med høve til forlenging 5 år om gongen i nedbetalingsperioden. Kostnaden er på 175 000 kr/år og skal indeksregulerast. Kostnaden vert å innarbeide i budsjett og handlingsprogram frå det året anlegga vert sett i drift.

5. Energispareprosjekt til ei kostnadsramme på kr 7,2 mill. eks mva. vert gjennomført som eigne prosjekt i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga og finansiert ved ubrukte lånemidlar, ev. ein andel ved statlege tiltakspakkemidlar dersom slik ordning kjem i revidert nasjonalbudsjett eller statsbudsjettet for 2017.

**Saka vert avgjort av:**
Kommunestyret

**Vedlegg:**
A Tabell oversikt samla EPC tiltak
B Oversikt over tiltak pr. bygg gjennomført i EPC prosjektet
C Oversikt over tiltak i eigenregi
D Eksempel på energianalyse (Mork skule)

**Dokument i saka:**

**SAKSOPPLYSNINGAR**

**EPC** (Energi Performance Contracting) er ein modell for gjennomføring av energieffektiviserande tiltak.

EPC inneber at ein ekstern aktør - ein energientreprenør – står for gjennomføringa av avtalte energitiltak og garanterer investeringskostnader og redusert energi og effektbruk for den valte pakka.

Gjennom ei resultatavtale vert det garantert for sparing og lønnsemd i avtalt tiltakspakke. Entreprenør har det økonomiske ansvaret for at investeringskostnader og energireduksjonsmål vert nådd. Entreprenør gjennomfører også alle tilbodskonkurransar for underleverandørar og står som totalansvarleg for gjennomføring. Byggeigar får dermed redusert arbeid og risiko i høve gjennomføring av tiltaka, samt frigjort tid til anna arbeid.

**Volda Kommunestyre har tidlegare gjort desse vedtaka som vedkjem denne saka:**

1. ***I Klimaplan for Volda kommune (kommunedelplan). Godkjend av Volda kommunestyre 11.03.2010 i sak 29/10.***
   *«Volda kommune skal innan 2013 redusere energibruken i kommunen sine bygg og anlegg med 10 % i høve til dagens forbruk, noko som er i underkant av det som er avdekka i kartlegginga til ES.. Innan 2020 er målet å redusere energibruken med 20% i høve dagens forbruk.»*

2. ***Vedtak i kommunestyret – 24.09.2014***

   *1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting).*

   *2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.*

   *3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.*

Volda kommune gjennomførte ein tilbodskonkurranse med utlysing på Doffin i mars 2015. KS har laga malar for gjennomføring av slike konkurransar, desse vart brukt og kommunen har samarbeidd med sivil ingeniør Kjell Gurigard AS i prosessen fram til no. Han er også nytta i nær alle dei 55-60 EPC konkurransane som er køyrd etter KS-modellen i Norge.

Administrasjonen gjennomførte naudsynt arbeid og registrering av bygningsmassen som del av Doffinutlysinga. I konkurransen var det ein føresetnad om at kontraktverdien skulle vere under ein terskelverdi for konkurranse med forhandling som på utlysingstidspunktet var på 40,5 mill kr eks mva. pr i dag er denne terskelverdien 44 mill kr.
Kontrakten som vart inngått med NEE omfatta 36 bygg med totalt oppvarma bruksareal på 53 500 m2. Basert på erfaringar frå andre EPC-prosjekt viser det seg at kommunane investerer mellom 250 og 700 kr/m2. Med valt bygningsmasse og areal ville kommunen difor vere innanfor terskelverdien.

Sommaren og hausten 2015 har vore nytta til synfaringar og utarbeiding av analyser. Det har vore fleire gjennomgangar av analyser og oppdraget er no godkjent og NEE har levert analyser med god kvalitet og med ei tiltakspakke som er minst like god som dei vann konkurransen med. I tillegg er det dokumentert mange tiltak som både er lønsame og som inneber oppgradering av tekniske anlegg og bygg.

For analysefasen har kommunen betalt 325.000 kr eks mva.
Det er i tillegg inngått avtale om energimerking av bygga til sum kr 120.596 eks mva. Denne energimerkinga blir naturleg nok gjort etter at tiltak er gjennomført. Dette er ein eingongskostnad som er tatt med i prosjeket og er lovpålagt å gjennomføre.

**Investeringsprosjektet kan delast i tre**

1. EPC-prosjekt – kontrakt med NEE. Her er det inkludert ny glasfasade og nytt tak på Ivar Åsen – bygget med sum ca kr 9,0 mill kroner, som blir flytta over til punkt 3 ved avgjerlse om gjennomføring av etasjen.
2. Gjennomføring av energitiltak i eigen regi i EPC-bygg, finanisert med eksisterande lånemidlar, eller eventuelt med bidrag frå statleg tiltakspakke dersom det kjem i revidert nasjonalbudsjett eller i statsbudsjettet for 2017.
3. Etablering av 3. etg på Ivar Aasen bygget.

**Del 1: EPC-prosjekt – utført av NEE**

Kvart einaste tiltak beskrive og tilbode av NEE er vurdert. Så er det plukka ut 207 ulike investeringstiltak, i tillegg til eit overordna SD-anlegg (sentral driftskontrollanlegg) og 8 stk info-skjermar plassert i desse bygga: Volda ungdomsskule, Øyra skule, Bratteberg skule, Dalsfjord skule, Folkestad skule, Rådhuset, Samfunnshuset og Omsorgssenteret.

Oversikt del 1:

**Oversikt over økonomi for valgte tiltak**

| Fliknr | Prosjektnr | Bygg | | Besparelse | | | | Investering | Lønnsomhet | | | Forbruk grunndataskjema | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Analyse-ansvarlig | Energi | Effekt | Arbeid/annet | Kroner | Enøk | Nåverdi | Inntjeningstid | Antall tiltak | Forbruk før enøk | % besparelse |
| | | | | KWh/år | KW/år | kr/år | kr./år samlet | kr | kr | år | | | |
| 1 | 780100 | Paviljong B | HNS | 4 261 | - | - | 2 778 | 75 920 | -38 340 | 58,0 | 3 | 33 386 | 13 % |
| 2 | 780200 | Volda Rådhus | TH | 63 850 | 10 | 7 100 | 44 898 | 418 200 | 64 996 | 11,1 | 4 | 581 251 | 11 % |
| 3 | 780300 | Mork gamle skule (felles med den nye sk | MPV | 71 957 | 86 | 7 100 | 49 061 | 1 539 493 | -886 058 | 96,0 | 10 | 203 104 | 35 % |
| 4 | 780400 | Legesenteret | BS | 114 510 | - | 7 100 | 81 761 | 387 400 | 457 165 | 5,2 | 6 | 447 136 | 26 % |
| 5 | 780500 | Dalsfjord skule | MPV | 56 097 | 70 | 7 100 | 58 673 | 601 940 | 191 111 | 12,4 | 6 | 227 300 | 25 % |
| 6 | 780600 | Lettbygg | BS | 23 363 | - | 7 100 | 20 047 | 598 992 | -362 949 | 76,7 | 4 | 100 316 | 23 % |
| 8 | 780800 | Bratteberg skule | IB | 178 507 | 128 | 7 100 | 142 726 | 2 178 500 | -228 549 | 20,7 | 8 | 340 801 | 52 % |
| 10 | 781000 | Vikebygda skule A nye | RT | 37 439 | - | 7 100 | 31 511 | 1 081 516 | -679 910 | - | 8 | 72 966 | 51 % |
| 11 | 781100 | Vikebygda skule B gamle | BES | 36 924 | - | 7 100 | 31 175 | 1 278 184 | -851 684 | - | 12 | 80 577 | 46 % |
| 12 | 781200 | Ivar Aasen bygget | HSK | 271 319 | 65 | 1 421 300 | 1 588 680 | 15 227 070 | 15 061 799 | 11,5 | 13 | 447 108 | 61 % |
| 13 | 781300 | Folkestad skule | IB | 84 403 | 33 | 7 100 | 62 277 | 2 616 900 | -1 815 481 | - | 13 | 304 820 | 28 % |
| 14 | 781400 | Volda ungdomskule | BS | 275 269 | 40 | 31 010 | 210 732 | 4 257 602 | -1 674 583 | 31,5 | 12 | 595 232 | 46 % |
| 15 | 781500 | Omsorgsenteret-Inkl forbruk for Barstadr | DR | 1 281 615 | 212 | 21 300 | 783 688 | 5 462 790 | 5 788 616 | 7,9 | 7 | 2 419 158 | 53 % |
| 17 | 781700 | Austefjord skule bygg A | IB | 61 716 | 9 | 7 100 | 43 435 | 977 400 | -511 484 | 38,0 | 7 | 327 437 | 19 % |
| 18 | 781800 | Lauvstad barnehage | MPV | 13 684 | - | - | 8 922 | 507 829 | -388 018 | - | 5 | 45 848 | 30 % |
| 19 | 781900 | Engeset barnehage | TH | 38 045 | - | 7 100 | 31 907 | 365 030 | -13 145 | 14,2 | 9 | 110 111 | 35 % |
| 20 | 782000 | Mork barnehage | HNS | 16 151 | - | 7 100 | 17 631 | 213 950 | -28 928 | 15,3 | 6 | 89 854 | 18 % |
| 21 | 782100 | Folkestad omsorgsenter | VS | 40 266 | - | - | 26 655 | 226 400 | 91 806 | 10,0 | 4 | 220 011 | 18 % |
| 22 | 782200 | Oppigarden Barnehage | BS | 13 858 | - | 7 100 | 16 136 | 198 100 | -36 440 | 15,5 | 7 | 96 741 | 14 % |
| 23 | 782300 | Sollia Barnehage | HNS | 11 540 | - | 7 100 | 14 624 | 205 570 | -57 659 | 18,5 | 5 | 111 042 | 10 % |
| 25 | 782500 | Smiebakken 4 | ATL | 7 946 | - | 500 | 5 681 | 26 673 | 54 964 | 5,1 | 3 | 49 352 | 16 % |
| 31 | 783100 | Nilletun | BS | 130 090 | - | 1 210 | 72 111 | 4 378 196 | -3 249 325 | - | 12 | 340 057 | 38 % |
| 33 | 783300 | Fjordsyn (rehab 2006. har væske vann V | IB | 43 486 | - | - | 23 700 | 183 100 | 69 142 | 8,9 | 6 | 286 549 | 15 % |
| 34 | 783400 | Voldahallen | TH | 63 000 | 68 | 400 000 | 454 735 | 2 646 870 | 5 984 439 | 6,5 | 7 | 196 521 | 32 % |
| 35 | 783500 | Samfunnshuset | IB | 187 300 | 85 | 1 775 | 129 354 | 8 613 900 | -6 849 404 | - | 20 | 316 264 | 59 % |
| 36 | 783600 | Prestegata 33 FDV/Brannstasjon | BS | 142 277 | 15 | 7 600 | 89 641 | 1 114 044 | -50 722 | 15,8 | 10 | 305 948 | 47 % |
| 37 | 783700 | Nytt toppsystem | EWJ | - | - | 17 750 | - | 303 480 | -152 069 | - | | | |
| 38 | 783800 | Infoskjermer | DR | - | - | - | - | 225 000 | -749 607 | - | | | |
| | | **Sum** | | **3 268 873** | **821** | **2 001 845** | **4 042 539** | **55 910 049** | **9 139 685** | **18,1** | 207 | **8 348 890** | **39 %** |

Investeringskollonna (kollonne 6) er i saka og i framlegget til vedtak avrunda oppover frå kr 55 910 049 til kr 56 mill.

Samla energiforbruk (korrigert for utetemperatur) for bygga var i gjennomsnitt 8 856 432 kWh og 2657 kW i 2011-13. Dette er basisforbruk i prosjektet og det er dette sparegarantien blir målt mot.

Ved gjennomføring av investeringspakka i tabellen over så garanterer NEE energi/effektreduksjon på 90% av 3,23 mill kWh og 821 kW. Denne garantien står fast sjølv om kommunen gjennomfører ein del av tiltaka sjølve.

I kollonna «Arbeid/annet» i tabellen er det sett på andre kostnadsreduksjonar (utover energi/effektreduksjon) kommunen vil få ved gjennomføring av tiltaka. Dette kan vere færre innkjøp og arbeid med lysskift ved å bytte til LED-armaturar, færre innkjøp og skifte av viftreimer ved å skifte til ventilasjonsvifter med direktedrivne motorar osv.

For nærare informasjon om tiltaka på dei enkelte bygga vert det vist til vedlegg B.

Det kan knyttast eit par kommentarar til to store summar i tabellen over (gulmerka):

- Ivar Aasen – bygget:av summen på 1 421 300 kr/år så er 1,4 mill kr forventa auka leigeinntekt etter gjennomføring av prosjekt. Auka er forsiktig anslått, men skal forhandlast om når EPC prosjekt har vore behandla.
- Voldahallen: summen på 400 000 kr/år er forventa auka leigeinntekt pga prosjektet

Ivar Aasen-bygget

Høgskulen (HVO) betaler i dag ei låg leige, i underkant av kr 400 pr m² som er om lag kr 1000 pr m² under normal leigepris i Volda. Dette har samanheng med tidlegare avtalar og manglande investering og vedlikehald på bygget gjennom lang tid.

I denne saka vert kommunestyret invitert til å godkjenne EPC-tiltak i Ivar Aasen-bygget etter to modellar. Den eine er å gjere nødvendige tiltak i eksisterande bygningsmasse for som gir betre innemiljø og reduserer energikostnadene. I tillegg vil ein kunne foreta oppgradering av fasade og leggje nytt tak. Den andre modellen er å flytte kostnadene med noko av dette over på ei tredje etasje og på denne måten kunne realisere ei ekstra etasje på om lag 1200 m² råbygg til ein netto kostnad på kr 7 mill eks mva.

Uansett val av modell så ligg det ein risiko i dette prosjektet. Gjennomføringa av rehabiliteringa i 1. og 2. etg bør planleggjast i samarbeid med HVO og intensiverast i sommarferieperioden. Dette kan tidlegast gjennomførast i 2017. HVO planlegg saman med Statsbygg eit nytt undervisningsbygg og vil flytte aktiviteten dei i dag har ut av Aasen-bygget, slik at kommunen vil ikkje ha garanti for utleige til HVO lenger enn ut 2020 dersom det vert bygt nytt bygg på Campus. Sunnmøre Kulturnæringshage, Volda kommune og HVO har i lag drøfta om Aasen-bygget kan byggjast om til ein kunnskapspark. Kulturnæringshagen har laga eit lite forstudie av dette konseptet som grunnlag for vidare arbeid mot søknad av statlege midlar til forprosjekt. Ideen er interessant og dersom dette kan verte ei base for kulturnæringar og grunderar så kan det vere mogleg å få inn SIVA i prosjektet. I dette forstudiet har 2 etg vist som mogleg areal for ombygging til hyblar/overnatting etter modellen for bed & breakfast. Dette skisser i ei tidleg idefase, og det må gjevast mandat frå samarbeidspartane for å jobbe fram prosjektet. Det er også naturleg å kople inn Studentsamskipnaden i eit slikt samarbeid.

Den andre modellen går på at ein i tillegg til oppgradering av eksisterande bygg også byggjer ei 3 etasje. Her kan ein med EPC-modellen kunne realisere denne som råbygg (ikkje innreidd) til ei kostnadskalkyle på netto 7 mill eks mva. Totalkostnaden med etasjen er kr 16 mill eks mva, der 9 mill eks mva. kan overførast til EPC-prosjektet innanfor ramma som vist på vedlegg A til saka. Rådmannen legg fram forslag i to alternativ der ein i alternativ B tek med tredje etasjen. Det er viktig å vere merksam på at dersom ein går for å ta med denne ekstra etasjen, så betingar det at Volda kommune greier å finne ein tenleg bruk der den samla kostnaden med råbygg, innreiing og opparbeiding av parkeringsplassar mv kan finansierast av leigeinntekter. Eit mogleg scenarie kan vere at kommunen kan flytte læringssenteret frå Hamna 20 til Aasen-bygget i 3 etg, ev i den delen som vert frigjort når HVO flyttar ut dersom det vert nytt undervisningsbygg på Campus, og under føresetnad at ikkje heile eksisterande arealrom skal nyttast til ev kunnskapspark.

Det er viktig at kommunestyret er klar over at ein tek ein risiko enten ein vel modell ein med EPC-rehabilitering av eksisterande bygg, og at denne vert større dersom ein samtidig tek med bygging av råbygg for ei 3. etasje. Samtidig inneber dette potensiale for utvikling, men prosjekta er i tidleg fase og ein kan ikkje seie noko sikkert om dette enda. Eksisterande lokale i Aasen-bygget er i alle høve så dårlege at modell ein for EPC/oppgradering av bygget bør realiserast for at HVO skal ha tilfredsstillande lokale så lenge dei er i bygget.

Voldahallen

Det er innhenta teknisk rapport som viser at det er store kostnader med å få hallen opp på eit tidsmessig nivå med ei levetid tilsvarande nyinvestering. Dette ser ein ikkje som realistisk. EPC-

analysen har avdekt at det med relativt små midlar er mogleg å gjere tiltak der ein kombinerer energisparande tiltak med nødvendig rehabilitering for å forlenge levetida for halle med 10 - 15 år. Det er nedsett ei arbeidsgruppa som skal utgreie alternativ for løysing av hallspørsmålet. Det viser seg at det spørsmålet om ny hall er svært komplisert ettersom ulike brukarar og interessenter skal samordnast. I budsjett og økonomiplanen er det innarbeidd ei finansiering som er avgrensa til oppføring av ein hall med same storleik som dagens Voldahall og med fylkeskommunal finansiering på 44 %. I premissane har det vore lagt til grunn at idretten må kome med ekstern finanisering for å byggje ein hall med to speleflater. Kommunen treng kroppsøvingslokale og må ved bygging av ein større hall truleg delta i ein større andel av finansieringa enn den som er lagt til grunn til no. Samordning av fleire brukarar avgrensar også kvar ein ny hall kan lokaliserast. Rådmannen vurderer det slik at partane treng planleggingstid til å avklare romprogram, lokalisering og finansiering. I mellomtida finn rådmannen det tenleg å nytte seg av potensialet som EPC-modellen gir til å gjere nødvendige tiltak for å halde Voldahallen i drift nokre år til. Dette vil ikkje vere noko erstatning for ein ny hall, men kan også i ei avgrensa periode vere eit godt supplement. Høgskulen opplyser også at dei har ledig kapasitet i Idrettsbygget, og det bør i fasen til permanent hallavklaring ligg føre vurderast om Idrettsbygget kan dekkje noko av behovet saman med Voldahallen.

Voldahallen er i dag utleigd fullt ut frå kl 0800 - 2300, der MRFK leiger på dagtid (Øyra skule har nokre timar i veka). Dersom opsjon på gjennomføring av EPC-tiltak for Voldahallen vert innløyst vil ein gå i kontraktsforhandling med Møre og Romsdal fylkeskommune. Eksisterande Voldahall vil uansett være ei kortsiktig løysing, der ein framleis må arbeide saman med fylkeskommunen og idretten for realisering av ny hall. Idretten betalar i dag ein svært lav leige i Voldahallen, denne må ein ta opp til regulering i samband med behandling av budsjett og økonomiplan for 2017-2020, og vert å sjå i samanheng med normal leige for liknande anlegg i andre kommunar.

**Del 2 – Prosjekt i eigenregi**

Det er plukka ut 14 tiltak som kommunen tenkjer å gjennomføre i eigenregi. Dette er tiltak som administrasjonen meinar dei sjølve kan få gjennomført til ein mindre kostnad ved utlysing sjølve og bruk av eksisterande rammeavtalar . Desse tiltaka blir finansiert ved å bruke ubrukte løyvingar frå tidligare år. Dette blir konkretisert ved handsaming av korrigering av budsjett for . halvår 2016. Oversikt kostnad tiltak i eigenregi.

| Pros | Prosjektnamn | Kostnad |
|---|---|---|
| | Folkestadtun | 1 600 000 |
| | Nilletun | 1 700 000 |
| | Voldahallen | 1 100 000 |
| | Samfunnshuset | 900 000 |
| | Rådhuset | 1 900 000 |
| | Sum | 7 200 000 |

**Del 3 – Etablering av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget – eige sjølvstendig prosjekt**

I del 1 over er det teke med nytt ventilasjonsanlegg, glasfasade og nytt tak. I samband med desse tiltaka er det vurdert til å gje reduserte investeringskostnader ved å samstundes byggje på ein etasje.

Råbygg og innreiing av 3. etasjen  må finansierast i eige prosjekt delt i to:

1. Etablere råbygget og inkludere fasade – og tak-tiltaket frå EPC-prosjektet. Dette er estimert til kr 16.000.000 eks mva (der kr. 9.000.000 eks mva blir redusert i EPC prosjektet). Netto kostnad med denne etasjen utan tilordning innvendig, blir då estimert til kr 7.000.000 eks mva.

2. Dersom kommunestyret går for realisering av 3 etasje råbygg må ein kome attende med eiga sak der kommunestyret tek stilling til bruken av etasje og nivå av tilordning i denne (alt etter bruk). Finansiering av etasjen blir gjennom husleige. Normert husleige er rekna til å verte høgare enn kapitalkostnad ved realisering av etasje.

Dersom del 3 ikkje blir valt der ein reduserar Kr 9 mill i EPC over i etasje prosjektet, må kommunen drage ut ytterligare Kr 5,3 mill frå EPC prosjektet å gjennomføre i eigenregi, eller utlyse ny konkurranse tilsvarande Kr 5,3 mill. Dette for å halde seg innanfor reglar om offentlig anskaffing og terskelverdiar.

**Energimerking**

Når fase 2 (gjennomføringsfasen) i EPC-prosjektet er gjennomført så skal bygga energimerkast og tekniske anlegg skal målast og dokumenterast i høve til Nasjonal forskrift om energimerking. Dette inngår som ein del av kontrakta mellom kommunen og NEE.
Desse bygga inngår:

| Kommune: | Volda | | |
|---|---|---|---|
| Grønnmerka er EPC-bygg - under 1000 m2, Berre tilstandskontroll tekniske anlegg | Gulmerket er EPC-bygg - energimerking 1.g | | |
| Bygg som skal energimerkes | Type | Oppvarma bruksareal | Antall ventilasjons-anlegg |
| Volda rådhus | Rådhus/Kontorbygg | 4 394 | 2 |
| Legesenter | Kombinasjonsbygg | 2 799 | 2 |
| Samfunnshuset | Kulturhus | 1 387 | 2 |
| Solla barnehage | Barnehage | 544 | 2 |
| Oppigarden barnehage | Barnehage | 445 | 2 |
| Ivar Aasen bygget | Høgskule/kontor | 2 350 | 1 |
| Lettbygget | Kontorbygg | 646 | 1 |
| Austefjord skule bygg A | Skulebygg | 1 184 | 6 |
| Austefjord skule bygg B | Skulebygg | 1 119 | 1 |
| Folkestad skule | Skulebygg | 2 275 | 5 |
| Folkestad omsorgsenter | Omsorgsenter / Barnehage | 1 121 | 3 |
| Dalsfjord skule | Skulebygg | 3 072 | 4 |
| Omsorgbustadar Lauvstad | Omsorgsleiligheiter | 278 | 0 |
| Lauvstad barnehage | barnehage | 203 | 1 |
| Bratteberg skule | Skulebygg | 2 944 | 3 |
| Vikebygda skule bygg A | Skulebygg | 617 | 1 |
| Vikebygda skule bygg B | Skulebygg | 265 | 1 |
| Engeset barnehage | Barnehage | 500 | 1 |
| Prestegata 33 | Kombinasjonsbygg | 2 758 | 3 |
| Barstadmarka 4 | Pleie og omsorg | 1 731 | 1 |
| Bømarka 8 | Omsorgbustadar | 402 | 6 |
| Fjordsyn | Pleie og omsorg | 2 893 | 1 |
| Kleppevegen 1 | Omsorgsleiligheiter | 258 | 6 |
| Kleppevegen 3 | Omsorgsleiligheiter | 376 | 4 |
| Mork barnehage | Barnehage | 432 | 1 |
| Mork gamle skule | Skulebygg | 0 | ? |
| Mork Nye skule | Skulebygg | 1 051 | 9 |
| Nilletun | Omsorgbustadar | 1 820 | 1 |
| Omsorgsenterert | Omsorgsenter | 7413 | 7 |
| Paviljong B | Kontorbygg | 171 | 0 |
| Severinhaugen 3 | Omsorgbustadar | 1198 | 6 |
| Severinhaugen 5 | Omsorgbustadar | 224 | 0 |
| Sjuaren | Omsorgbustadar | 382 | 6 |
| Volda ungdomskule | Skulebygg | 6252 | 4 |
| Volda hallen | Idrettshall | 2000 | ? |
| Smiebakken 4 | Bufelleskap mindreårige | 424 | 1 |

**Forhold til overordna plan:**

<u>Klimaplanen</u>
I klimaplanen for 2010-2020 har kommunestyret vedteke minimum å redusere energiforbruket i kommunale bygg med 5 % innan 2013, og 20 % innan 2020.
Ved gjennomføring av EPC tiltaka så blir totalt kjøpt energi redusert med 39 %.
Volda kommune viser at dei har fokus på handling og gjennomføring. Kommunen tek ei leiande rolle i heile regionen ved gjennomføring av denne tiltakspakka. Vi ser allereie at fleire kommunar i regionen no har starta opp arbeid med vurdering av EPC, blant anna Herøy kommune.

<u>Budsjett og økonomiplan</u>
Til EPC-programmet er det avsett kr 25 mill i 2016-budsjettet og kr 20 mill i 2017. Dette er kostnadsoverslag før det vart utarbeidd analyse for byggobjekta med oversikt over effekt for energiforbruk, økonomisk og potensial for rehabilitering. No som denne analysen ligg føre vert det lagt fram samla pakke for EPC-tiltak. Dette viser ei høgare kostnadsramme, men samtidig ei akseptabel nedbetalingstid i prosjekta. Når det gjeld Aasen-bygget så vert det vist til eiga

risikovurdering rundt etterbruk, og at EPC-tiltak for dette konkrete prosjektet er basert på føresetnader om utleige etter at HVO flyttar ut når dei får nytt undervisningsbygg på Campus.

**Miljøkonsekvensar:**
Redusert energibruk basert på fornybar energi vil frigjere energi til anna energikrevjande produksjon, og vil kunne erstatta forureinande energiproduksjon– noko som er heilt i tråd med vedteke Energi og Klimaplan, men også nasjonal Klimapolitikk.
Om ein legg til grunn at produksjon av 1 kWh elektrisitet tilsvarar eit utslepp på 123 g CO2 vil ein reduksjon på 3,23 mill kWh kWh føre til at Volda kommune bidreg til redusert klimagassutslepp med 3,23 mill kWh/år * x 123 g/kWh = snautt 400 tonn CO2 pr år

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**
Gjennomføring av fleire av tiltaka vil medføre vesentleg miljøbetring for brukarar av bygg, men og for drifta av bygg. Det er fleire av tiltaka som inneber betre ventilasjon, betre varmestyring, mindre kald trekk frå vindauge osv

**Økonomiske konsekvensar:**
I NEE sine berekningar er gjeldande marknadspris for straum nytta, og det vil då bety ein årleg redusert energi/effektkostnad for kommunen på ca 2 mill kr per år. I tillegg kjem det andre driftsreduksjonar og auka leigeinntekter på om lag 2 mill kr (basert på føresetnadene som er gitt for Aasenbygget og Voldahallen)

Offentleg støtte:
Det vil bli søkt Enova om investeringsstøtte til tiltakspakka. Det er ein fordel å søkje om større pakker og porteføljer av bygg fordi ein då også vil kunne få støtte til tiltak og bygg som er for små til å kunne søkje åleine. Kor mykje støtte ein kan få er vanskeleg å seie sikkert, men erfaringsmessig bør ein kunne oppnå rundt 3,5 mill kr i støtte. Maksimal støtte i prosjektet slik det er presentert over er ca 4,1 mill kr. Nivå veit vi først ved behandling av søknadar.

Kommunal eigenandel
I tillegg er det lagt inn 500 000 kr i kommunal i årleg støtte i nedbetalingsperioden på 14,9 år (sum kr 5,9 mill). Bakgrunnen er at kommunen står ovanfor mange oppgraderingsprosjekt som må til for å ta vare på verdien til kommunen, samt fortsett kunne leige ut/halde drift i bygga. Vidare er det viktig at kommunen har eigenandel i investeringane. Kommunal eigenandel vert å kome attende til i samband med handsaming av komande budsjett og økonomiplan.

Driftsavtale i garantiperioden
For oppfølging av garantien som er gitt på energisparinga, gjennomførar opplæring til driftspersonell og har opplegg for skuleverket. Samla kostnad for kommunen som skissert her er på kr 175 000 i ein 5-årsperioden (med opsjon om ev lenging). Dette er ein liten del sett mot å måtte gjennomføre oppgraderingstiltaka på ordiner måte gjennom låneopptak med 30 års nedbetaling. I dette prosjektet er dette kalkulert til å vere nedbetalt på 14,9 år.

NEE har kartlagt og kalkulert energisparepotensialet i bygga som er med i kontrakta. Energibesparelsen finansierar investeringa. Dersom garantert sparing ikkje blir nådd, skal NEE utføre korrigerande tiltak for eiga regning og/eller betale differansen mellom garanterte og oppnådde sparingar. Dersom årlig sparing overstiger sparegarantien kan Volda kommune og NEE dele tilleggsbesparinga etter avtalt fordelingsnøkkel. Dette er regulert i NS 6430:2014

Med desse føresetnadane blir økonomien i prosjektet slik:

**Oversikt over økonomi for valgte tiltak**

| Fliknr | Prosjektnr | Bygg | | Besparelse | | | | Investering | Lønnsomhet | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Analyse-ansvarlig | Energi | Effekt | Arbeid/annet | Kroner | Enøk | Nåverdi | Inntjeningstid |
| | | | | KWh/år | KW/år | kr/år | kr./år samlet | kr | kr | år |
| | | **Sum** | | **3 268 873** | **821** | **2 001 845** | **4 042 539** | **55 910 049** | **9 139 685** | **18,1** |

**Årlige kostnader og støtte**

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Tilskott frå kommunen | 14,9 | | | | 500 000 | - | 5 937 300 | |
| | | Kostnad i fase 3 | 8,5 | | | | -175 000 | - | -1 296 003 | |
| | | **Sum** | | **3 268 873** | **821** | **2 001 845** | **4 367 539** | **55 910 049** | **13 780 981** | **16,4** |

**Samlet økonomi med engansstøtte fra Enova**

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Enova-tilskott beregnet til kr. 4 100 000,- | | | | | | -4 100 000 | | |
| | | **Sum** | | | | | **4 367 539** | **51 810 049** | **16 663 791** | **14,9** |

Med føresetnadane som ligg i EPC-modellen og føresetnadene som elles er opplyst i saka så er er investeringspakka sjølvfinansierande. Rådmannen presiserer dei risikomomenta som er kommentert når det gjeld Aasen-bygget.

Straumpris per kwh inkluderar kraftpris (spotpris), forbruksavgift, grøn el-sertifikat og nettleige. Dersom kommunen går for EPC- fase 2, og følgjer opp avtala med NEE, ligg det ei betydeleg innsparing i tid og arbeidsprosessar for kommunen, sidan NEE tek ansvar for alt arbeid med kontrahering av underentreprenørar og leiar sjølve gjennomføringa. NEE har gjennom kartleggings - og analysefasa hatt fleire møter i kommunen, og med driftspersonell og eigedomsansvarleg. NEE har saumfart kvart bygg, og har no detaljkjennskap til desse.

Prosessen har tilført administrasjonen verdifull kompetanse og tilstandsdokumentasjon, men og alternative forslag til løysningar. Det er grunn til å tru at EPC fase 1 i seg sjølv inneber ei innsparing på drift av bygningsmassen framover.

EPC som gjennomføringsmodell inneber også at tiltaka vert definert som investering så lenge dette vert gjennomført som ei samla leveranse.

Rådmannen har vore oppteken av at gjennomføring av tiltak skal så langt det er mogleg kome lokale entreprenørar til gode. NEE stadfester at dei ved gjennomføring av tiltak finn det naturleg å nytte lokal kompetanse så lenge dei er konkurransedyktige på pris og kvalitet. Slike investeringar er innanfor Kommunalbanken sine krav til å få «grøn rente» på eit evt lån. Lånerenta er 0,1 % under den ordinære flytande p.t- renta i kommunalbanken.

Når det gjeld meirverdiavgifta for Voldahall og Aasen-bygget vil ein måtte forhalde seg til både refusjons- og kompensasjonsordninga. Dette må gåast nærare gjennom i samband med planlegginga av gjennomføring. For Aasenbygget vil ein truleg måtte gå via avtale om justeringsrett for meirverdiavgift som inneber refusjon med 1/10-del over 10 år. Kor vidt ein får att heile momsen på investeringa i bygget er avhengig av kva aktivitet som vert i bygget. Dette er pr tidspunkt uavklart, og det må derfor takast eit atterhald om dette i samband med mva-kompensasjon i finansieringa.

**Kurs og opplæring som del av avtalen**

Dersom kommunestyret vedtek gjennomføring av EPC fase 2 og 3, der sistnemnte er garantiperioden på 5 år så skal NEE jamføre kontrakt årleg gjennomføre kursing av personell og brukarar av bygga. Kommunen har ein opsjon på å forlenge 5-års kontrakta inntil innteningstid på investeringspakka (dvs 14,9 år) Dette gjeld også kurs og samlingar i skule og barnehage. Dette er fine kurs for opplæring av borna, som lett kan knytast opp mot skulefaglege emne. Dermed blir dette viktig kunnskapsheving for alle.

**OPPSUMMERING OG KONKLUSJON**

EPC gjer det mogeleg for kommunen å realisere sparetiltak som elles ikkje ville blitt gjennomført på ein svært rasjonell måte. Ein ekstern aktør/energientrepenør (NEE) står for planlegging og gjennomføring av avtalte energitiltak. Reduksjon i energikostnader dekkjer normalt nedbetaling av investeringa. Kontraktslengde blir dimensjonert slik at summen av kapitalkostnader, energikostnader og drift av tiltak etter gjennomføring av tiltak ikkje blir høgare enn dagens energikostnad. Garanti for reduksjon for tiltakspakka blir kontraktfesta. Redusert arbeid og risiko med gjennomføring av tiltaka er resultatet for byggeigar.

Ved å stille eigenkapital til rådvelde blir totalkostnaden lågare enn ved entreprenør finansiering.

Kommunen har ein einsidig opsjon på å gå vidare frå analysefase til gjennomføringsfase Rådmannen har gjennomgått NEE sine tilrådingar og analyser og vil etter ei samla vurdering tilrå kommunestyret om at EPC- fase 2 vert gjennomført med omfang som vist under.

I vedlegg A er det vist samla investeringskostnad eks. mva. eks. støtte ENOVA, redusert antal kwh og straumkostnad årleg. I tillegg er reduserte kW vist for dei bygga som har effekttariff.

Tiltaka krev ei samla investering på:

Kr 56.000.000 eks mva i tillegg kjem internkostnad for administrasjon og oppfølging av tiltaka i heile byggjeperioden. Ut frå erfaringar frå EPC-prosjekt i andre kommunar vert det tilrådd å setje ei total investeringsramme på prosjektet på kr 58.000.000 eks mva. Dette fordi interne kostnadar i prosjektet med for eksempel løn må belastast prosjektet i gjennomføringsperioden. Prosjektleiar må følgje prosjektet opp med overtaking og kontroll av gjennomførte tiltak, samt administrering saman med kontraktspart. Dette er grunnpakka for det samla programmet i anbodet med NEE. I tillegg er det skissert eit alternativ med ei 3. etasje for Aasenbygget. Dersom ein utvidar EPC-pakka med denne etasjen vil samla EPC-pakke utgjere kr 65 mill eks mva.

Kor stor del av EPC-prosjektet som som blir gjennomført av NEE og kor mykje som blir gjort i eigenregi i kommunen er avhengig av kva kommunestyret vedtek og sluttforhandlingane med NEE.

Det er også planlagt mindre EPC-tiltak innanfor ei kostnadsramme på kr 7,5 mill eks mva som kommunen gjennomfører som eigne anbod. Det er vurdert som meir tenleg å gjennomføre desse utanfor den samla pakken. Finansieringa vert foreslått ved ubrukte lånemidlar, ev ved tiltakspakkemidlar dersom staten kjem med det i samband med revidert nasjonalbudsjett inneverande år og/eller statsbudsjettet for 2017.

Med energiprisar pr mars 2016, reelle teknisk/økonomiske levetider pr tiltak og 3 % kalkulasjonsrente så gir investeringspakka på 207 tiltak til ein kostnad på 56 mill kr ei inntjeningstid på 14,9 år. Internkostnad i prosjektet med administrasjon og oppfølging kjem i tillegg.

Ein del av tiltaka over er isolert sett ulønsame, dvs redusert energibruk vil ikkje betale ned investerings. Det er likevel teke med fleire av desse tiltaka fordi:

- Dette er tiltak som likevel må gjennomførast som del av bygningsdrift framover, det gjeld td. ventilasjonsoppgradering og bygningsmessig oppgradering
- Desse tiltaka blir no med på ein søknad om støtte frå Enova og utløyse økonomisk støtte. All støtte frå Enova skal i prinsippet vere utløysande, difor er denne typen tiltak prioritert. Søknader med færre tiltak blir ofte for små til å oppnå støtte. Enova-tilskot er teke med i finansieringsplanen, men ein gjer merksam på at ein ikkje i forkant kan forskottere kva ein kan få i tilskot.
- Investeringspakka inneheldt også oppbygging av eit sentralt driftskontrollanlegg for bygga. Dette gjer det mogeleg for driftspersonellet å ha god oversikt over tekniske anlegg og kunne drive bygg og anlegg optimalt.

Rådmannen legg fram to alternative forslag til vedtak. Ut frå kommunen kommunen si økonomiske stilling med høg lånegjeld og pressa drift, så meiner rådmannen at kommunestyret ut frå behovet for forutsigbarheit bør velje alternativ A. Samtidig meiner rådmannen det er viktig å synleggjere potensialet for å kunne skaffe eit rimeleg lokale, og peike på moglegheitene dette kan gi for utviklinga i kommunen i eit sentralt geografisk område tett opp mot framtidig E 39-traseen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

# Oversikt over økonomi for valgte tiltak

| Fliknr | Prosjektnr | Bygg | | Besparelse | | | | Investering | Lønnsomhet | | | Forbruk grunndataskjema | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Analyse-ansvarlig | Energi | Effekt | Arbeid/annet | Kroner | Enøk | Nåverdi | Inntjeningstid | Antall tiltak | Forbruk før enøk | % besparelse |
| | | | | KWh/år | KW/år | kr/år | kr./år samlet | kr | kr | år | | | |
| 1 | 780100 | Paviljong B | HNS | 4 261 | - | - | 2 778 | 75 920 | -38 340 | 58,0 | 3 | 33 386 | 13 % |
| 2 | 780200 | Volda Rådhus | TH | 63 850 | 10 | 7 100 | 44 898 | 418 200 | 64 996 | 11,1 | 4 | 581 251 | 11 % |
| 3 | 780300 | Mork gamle skule (felles med den nye sk | MPV | 71 957 | 86 | 7 100 | 49 061 | 1 539 493 | -886 058 | 96,0 | 10 | 203 104 | 35 % |
| 4 | 780400 | Legesenteret | BS | 114 510 | - | 7 100 | 81 761 | 387 400 | 457 165 | 5,2 | 6 | 447 136 | 26 % |
| 5 | 780500 | Dalsfjord skule | MPV | 56 097 | 70 | 7 100 | 58 673 | 601 940 | 191 111 | 12,4 | 6 | 227 300 | 25 % |
| 6 | 780600 | Lettbygg | BS | 23 363 | - | 7 100 | 20 047 | 598 992 | -362 949 | 76,7 | 4 | 100 316 | 23 % |
| 8 | 780800 | Bratteberg skule | IB | 178 507 | 128 | 7 100 | 142 726 | 2 178 500 | -228 549 | 20,7 | 8 | 340 801 | 52 % |
| 10 | 781000 | Vikebygda skule A nye | RT | 37 439 | - | 7 100 | 31 511 | 1 081 516 | -679 910 | - | 8 | 72 966 | 51 % |
| 11 | 781100 | Vikebygda skule B gamle | BES | 36 924 | - | 7 100 | 31 175 | 1 278 184 | -851 684 | - | 12 | 80 577 | 46 % |
| 12 | 781200 | Ivar Aasen bygget | HSK | 271 319 | 65 | 1 421 300 | 1 588 680 | 15 227 070 | 15 061 799 | 11,5 | 13 | 447 108 | 61 % |
| 13 | 781300 | Folkestad skule | IB | 84 403 | 33 | 7 100 | 62 277 | 2 616 900 | -1 815 481 | - | 13 | 304 820 | 28 % |
| 14 | 781400 | Volda ungdomskule | BS | 275 269 | 40 | 31 010 | 210 732 | 4 257 602 | -1 674 583 | 31,5 | 12 | 595 232 | 46 % |
| 15 | 781500 | Omsorgsenteret-Inkl forbruk for Barstadr | DR | 1 281 615 | 212 | 21 300 | 783 688 | 5 462 790 | 5 788 616 | 7,9 | 7 | 2 419 158 | 53 % |
| 17 | 781700 | Austefjord skule bygg A | IB | 61 716 | 9 | 7 100 | 43 435 | 977 400 | -511 484 | 38,0 | 7 | 327 437 | 19 % |
| 18 | 781800 | Lauvstad barnehage | MPV | 13 684 | - | - | 8 922 | 507 829 | -388 018 | - | 5 | 45 848 | 30 % |
| 19 | 781900 | Engeset barnehage | TH | 38 045 | - | 7 100 | 31 907 | 365 030 | -13 145 | 14,2 | 9 | 110 111 | 35 % |
| 20 | 782000 | Mork barnehage | HNS | 16 151 | - | 7 100 | 17 631 | 213 950 | -28 928 | 15,3 | 6 | 89 854 | 18 % |
| 21 | 782100 | Folkestad omsorgsenter | VS | 40 266 | - | - | 26 655 | 226 400 | 91 806 | 10,0 | 4 | 220 011 | 18 % |
| 22 | 782200 | Oppigarden Barnehage | BS | 13 858 | - | 7 100 | 16 136 | 198 100 | -36 440 | 15,5 | 7 | 96 741 | 14 % |
| 23 | 782300 | Sollia Barnehage | HNS | 11 540 | - | 7 100 | 14 624 | 205 570 | -57 659 | 18,5 | 5 | 111 042 | 10 % |
| 25 | 782500 | Smiebakken 4 | ATL | 7 946 | - | 500 | 5 681 | 26 673 | 54 964 | 5,1 | 3 | 49 352 | 16 % |
| 31 | 783100 | Nilletun | BS | 130 090 | - | 1 210 | 72 111 | 4 378 196 | -3 249 325 | - | 12 | 340 057 | 38 % |
| 33 | 783300 | Fjordsyn (rehab 2006. har væske vann V | IB | 43 486 | - | - | 23 700 | 183 100 | 69 142 | 8,9 | 6 | 286 549 | 15 % |
| 34 | 783400 | Voldahallen | TH | 63 000 | 68 | 400 000 | 454 735 | 2 646 870 | 5 984 439 | 6,5 | 7 | 196 521 | 32 % |
